


**«How many conveniences, nay, almost necessities of life, they can now have in exchange for their produce, to which formerly they were strangers!»**

**BRITISKE OG TYSKE REISESKILDRINGAR AV PRODUKSJON OG FORBRUK I NOREG OG SVERIGE, CA. 1790–1840**

**Miriam Finset Ingvaldsen**




**Masteroppgåve i historie**

**Institutt for arkeologi og historie**

**Universitetet i Oslo**

**Våren 2014**





*Leitha Byrne, sculp.*

### **Jarngruvene i Persberg**

Bilete er henta frå: Clarkes reiseskildring, del 2., biletesside mellom s. 102–103.

Sitat frå framsida: Leopold von Buch. *Travels through Norway and Lapland, during the Years 1806, 1807, and 1808*. London: British and Foreign Public Library, 1813, s. 32.

© Miriam Finset Ingvaldsen

2014

Britiske og tyske reiseskildringer av produksjon og forbruk i Noreg og Sverige, ca. 1790–  
1840

Miriam Finset Ingvaldsen

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

## **Førord**

Eg har vore på reise. Saman med dei åtte reisande eg har skrive om har eg fått følgje med over mange fjell og dalsøkk i Noreg og Sverige dei siste to åra. Samtidig har det å skrive masteroppgåva vore ei reise som har gitt meg aller mest stor glede, men også mange utfordringar. Fortvila har eg stadig glana på teksten min, rådlaus, slik fleire av dei reisande måtte glane på dei øydelagde karjolane sine. Det har ikkje alltid vore lett å sjå kvar ein tok vegen. Men dei reisande kom seg til slutt heim, og det har eg òg, med denne oppgåva i hendene. For ei oppleving, og for ein rundtur desse åtte reisande har teke meg med på! Eg vil rette ein stor takk til rettleiar Hilde Sandvik, for gode og konstruktive tilbakemeldingar. Du har vore ein inspirasjon, samtidig som at du har skapt tryggleik hos ein forvirra og stressa masterstudent. Takk til gode venner på og utanfor lesesalen. Takk til Henrik Olav Mathiesen for store mengder te, makronar, for Montaigne-sitat og Sherlock-smil. Takk til Anna Oxaal Kaasen for gode ord og pep-talk. Takk til Ane Høyem for kaffikoppar og den herlege sjølvironien. Takk til Andreas Bagås Lien med alle spennande tankar om norsk litteratur og dikt, og for at du – i beste, om ikkje verste, masterinnspurtperiode – fekk meg med på Vesaas' *Fuglane* på kino. Takk til mamma og pappa, og for den beste staden ein alltid kan kalle for heime: Finset. Takk til tantebarna som held meg nede på landjorda. Takk til svigers med middagar, målarkost og hammar. Og til den aller beste: Takk, Morten!

Blindern, mai 2014

*Miriam Finset Ingvaldsen*



## Samandrag

I denne oppgåva har eg teke utgangspunkt i åtte reiseskildringar skrivne av seks britar og to tyskarar i tidsrommet 1795–1833. Eg har undersøkt korleis desse utlendingane vurderte produksjon og forbruk i Noreg og Sverige i ein periode prega av store omveltingar politisk, sosialt og økonomisk. På midten av 1700-tallet kom det idear som omhandla *luksus* i den europeiske debatten. Kjøp av luksusvarer vart synonymt med økonomisk vekst, til dømes skildra fleire dansk-norske embetsmenn innlandsproduserte luksusvarer som bra for økonomien. Ein argumenterte gjerne for at auka sysselsetting kom av produksjonen, medan eit anna argument var at *behovet* for luksusvarer fekk menneska til å arbeide hardare. Eg synest det er interessant å sjå etter tilnærmingar til produksjon og forbruk, og korleis vurderingar kring dette vart gjort av utanlandske reisande i Noreg og Sverige. Var dei reisande positive eller negative til eit meir marknadsretta arbeidsliv og forbrukskultur? Ser ein endringar i vurderingane, og i så tilfelle korleis skal/kan ein forklare dette?

Gjennom arbeidet mitt har eg funne ut at dei reisande generelt stilte seg positive til ei produserande befolkning. Dei var derimot ofte kritiske til det dei oppfatta som overforbruk av nyttingsprodukt. Alle dei reisande fremma *kunnskap* som heilt naudsynt, både innanfor produksjonen og forbruket. Kunnskap førte til ei forbetring i produksjonen, betre framstillingsmåtar og derfor også betre kvalitet på varene. Kunnskap i forbruket gjorde ein til ein kritisk og fornuftig forbrukar.

## Innhald

|                        |             |
|------------------------|-------------|
| <b>Forord</b> .....    | <b>v</b>    |
| <b>Samandrag</b> ..... | <b>vii</b>  |
| <b>Innhald</b> .....   | <b>viii</b> |

### **1. Ei tid prega av kontrastar** ..... **1**

|     |  |    |
|-----|--|----|
| 1.1 | Utgangspunkt, tematikk og relevans .....           | 1  |
| 1.2 | Problemstillingar .....                            | 4  |
| 1.3 | Tidlegare forskning og behovet for ny .....        | 6  |
| 1.4 | Kjeldene: kjeldesituasjon, utval og kritikk .....  | 8  |
| 1.5 | Kjeldekritisk vurdering.....                       | 9  |
| 1.6 | Avgrensing og struktur .....                       | 11 |
| 1.7 | Metodiske problem og tilnærming .....              | 13 |
|     | Å tolke tekst.....                                 | 13 |
|     | Å samanlikne vurderingar i reiseskildringane ..... | 14 |
|     | Den komparative metode.....                        | 15 |
| 1.8 | Oppgåva si oppbygging.....                         | 16 |

### **2. Reiseskildringar som sjanger og kjelde**..... **17**

|     |  |    |
|-----|--|----|
| 2.1 | Innleiing.....   | 17 |
|     | Om reiselitteraturens mange uttrykk .....                                    | 17 |
| 2.2 | Å skilje reiselitteraturen og den topografisk litteraturen som sjangrar..... | 19 |
|     | Sjangerkonvensjonar .....  | 20 |
|     | «Vi» og «dei andre» som grunnlag og problem .....                            | 22 |
|     | Individoppfatningar .....  | 24 |
| 2.3 | Om jordbruk i reiseskildringane .....  | 25 |
| 2.4 | Oppsummering .....   | 28 |

### **3. Tre britar på reise i 1790-åra** ..... **29**

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 3.1 | Produksjon.....                         | 31 |
|     | Gruver, verk, tømmerdrift og fiske..... | 31 |
|     | Tekstilar og anna handverk .....        | 38 |
| 3.2 | Handels- og forbruksvarer.....          | 46 |
|     | Tankelaust og smaklaust forbruk.....    | 47 |
|     | Good Old Times som ideal.....           | 48 |



|  |           |
|--|-----------|
| Nye matvaner: Eit tankelaust forbruk og som utnyttingsmetode blant kjøpmenn .....                | 52        |
| 3.3 Oppsummering .....   | 55        |
| <b>4. To tyskarar observerer i 1798–1808, i åra før og under blokaden .....</b>                  | <b>56</b> |
| Situasjonen i Tyskland .....   | 57        |
| 4.1 Produksjon.....  | 58        |
| Gruver, verk, tømmerdrift og fiske.....  | 58        |
| Tekstilar og anna handverk .....   | 63        |
| 4.2 Handels- og forbruksvarer.....   | 67        |
| Bysamfunnas internasjonalisering i strid med nasjonale særtrekk .....                            | 67        |
| Trondheim – ein framtidsretta by .....   | 70        |
| 4.3 Oppsummering .....   | 72        |
| <b>5. Tre britar reiser i nytt politisk landskap, 1812–1833 .....</b>                            | <b>74</b> |
| 5.1. Produksjon.....   | 77        |
| Gruver og verk, tømmerdrift og fiske.....  | 77        |
| Handverk og tekstilar .....  | 81        |
| Observasjonar og vurderingar av kvinner .....  | 85        |
| 5.2. Handels- og forbruksvarer.....  | 88        |
| Eit uunnverleg naudsyn .....   | 89        |
| Kvinnens lidenskap til kaffi, menn til brennevin og tobakk .....                                 | 90        |
| Klede og mote .....  | 92        |
| Tilgang på eksotiske produkt.....  | 94        |
| 5.3. Oppsummering .....  | 95        |
| <b>6. Samfunnsøkonomiske diskusjonar: Tankar om produksjon og forbruk hos dei reisande .....</b> | <b>96</b> |
| 6.1 Om økonomiske idear til debatt .....   | 96        |
| Om Skandinavia, 1795–1833 .....  | 96        |
| Om tida etter 1814.....  | 99        |
| Om reaksjonar. Nye idear og ideal i Storbritannia .....  | 101       |
| 6.2 Om produksjon.....   | 102       |
| Om Culture of Capitalism, og Adam Smith som argumentasjon i reiseskildringane.....               | 102       |
| Om flittigheit og reinsemd.....  | 104       |
| Om kunnskap: Eit grunnlag for utvikling og spesialisering .....                                  | 105       |

|  |            |
|--|------------|
| 6.3 Om forbruk .....   | 110        |
| Om den industriøse revolusjon – eit ønskje om ei individuelle lukke.....                           | 110        |
| Om luksusdebatten .....  | 112        |
| Kunnskap, patriotisme og moral som grunnlag for klokt forbruk.....                                 | 116        |
| Frå overflod til overskot, frå forfengelegheit til forfining.....                                  | 118        |
| 6.4 Oppsummering .....   | 120        |
| <b>7. Avslutning .....</b>   | <b>121</b> |
| Vurderingar av produksjon og forbruk.....  | 122        |
| Sjangermessige spørsmål. Reiseskildringane og den topografiske litteraturen.....                   | 123        |
| Betraktningar .....  | 124        |
| <b>Kjelde- og litteraturliste: .....</b>   | <b>125</b> |
| Trykte kjelder: .....  | 125        |
| Sekundærlitteratur: .....  | 127        |
| Nettstader: .....  | 133        |
| <b>Vedlegg I, kart: .....</b>  | <b>134</b> |
| «Denmark, Sweden, and Norway» frå 1827. Anthony Finley (1790–1840), amerikansk kartograf.<br>..... | 134        |

## 1. Ei tid prega av kontrastar

It was the best of times, it was the worst of times, it was the age of wisdom, it was the age of foolishness, it was the epoch of belief, it was the epoch of incredulity, it was the season of Light, it was the season of Darkness, it was the spring of hope, it was the winter of despair, we had everything before us, we had nothing before us, we were all going direct to Heaven, we were all going direct the other way – in short, the period was so far like the present period, that some of its noisiest authorities insisted on its received, for good or for evil, in the superlative degree of comparison only.<sup>1</sup>

Sitatet er henta frå Charles Dickens' roman *A Tale of Two Cities* (1859) der handling er lagt til Europa i siste halvdel av 1700-talet. No har ikkje denne oppgåva noko med Charles Dickens å gjere, ei heller boka hans. Men sitatet syner på sett og vis det denne masteroppgåva undersøker, nemleg korleis enkeltmenneske opplevde og tolka hendingar i ein periode prega av store omveltingar og utvikling; ei motsetnadsfylt tid der ein diskuterte alt frå det frie mennesket, kyrkja si rolle, eineveldet sin maktkonsentrasjon, og dei store skilnadene i levevilkåra. Dette var også tida då handelsnettverk – med aukande grad av eksport og import av varer – vart meir omfattande, noko som også vart debattert og problematisert. I denne oppgåva skriv eg om korleis åtte reisande på besøk i Noreg og Sverige i perioden 1795–1833 vurderte det dei såg av produksjon og forbruk i Noreg og Sverige. Dei åtte er britiske Mary Wollstonecraft som reiste i 1795, med publisert skildring i 1796/97. Thomas Robert Malthus og Edmund D. Clarke reiste i 1799, der Clarkes skildring vart publisert i 1819/23,<sup>2</sup> medan Malthus' notatar først vart funne på 1960-talet og publisert i 1966. Thomas Thomson reiste i 1812, der skildringa kom ut året etter, Henry D. Inglis reiste på midten av 1810-talet og publiserte skildringa i 1829, Robert G. Latham reiste i 1833 med førsteutgåve av tobindsverket i 1840. Tyske Carl G. Küttner reiste i 1798–99, med publisert skildring i 1805, medan Leopold von Buch reiste i åra 1806–1808, og skildringar vart publisert i 1813.

### 1.1 Utgangspunkt, tematikk og relevans

Forsking på produksjon og forbruk har vore – og er – omfattande. Det å produsere og ikkje minst forbruke er ein tidlaust debatt, og derfor interessant å studere også i eit historisk perspektiv. Ved å nytte reiseskildringar som kjeldemateriale, har eg valt å fokusere på korleis utanlandske besøkande har *vurdert* norsk og svensk produksjon og forbruk i perioden 1795–1833. Men for å kunne forstå innhaldet i vurderingane reisande har gjort seg, så lyt ein forstå innhaldet av ordet: For kva vil det seie å vurdere? Definisjonen av ordet er «å gje ei (kritisk)

---

<sup>1</sup> Dickens, Charles. *A Tale of Two Cities*. Oxford: Oxford University Press, 2008, s. 7.

<sup>2</sup> Når det gjeld Clarkes reiseskildringar har eg nytta publikasjonar frå 1823, 1824 og 1838. Sjå litteraturlista.

fråsegn om» eller «det å fastsetje verdien av noko».<sup>3</sup> Vurderingane til dei reisande viser med andre ord ei kritisk *verditolking* dei har gjort. Kva som påverka verditolkinga avheng av fleire faktorar: Både dei kulturelle brillene dei reisande hadde med seg – fordommane – og også kva for debattar og diskusjonar som føregjekk i dei miljøa dei høyrde til.

Det er interessant å sjå korleis reisande vurderte menneskeleg verksemd og ytre påverknader – nettopp i ei tid då varer og handel slo stadig større om seg – medan dei vandra over landegrensar. Mote og nyting var for alvor noko som hadde byrja å etablere seg, og som stadig ville auke i omfang i tida som følgde. Gjennom andre halvdel av 1700-talet og heilt inn på 1800-talet føregjekk det ein diskusjon som vert kalla *luksusdebatten*. Ein stilte spørsmål og diskuterte kven som skulle få tilgang til dei nye varene som vart importert inn, og kva desse varene gjorde med dei menneska som skaffa seg dei.<sup>4</sup> Historikarane Christer Ahlberger og Pia Lundqvist skriv at forbruket fekk ein heilt spesiell rolle då middelklassa vaks fram som sosial gruppe i det industrielle samfunnet. Den aktive forbrukaren nyttar både nye og gamle produkt idet han forsøkte å skape eit uttrykk ovanfor andre.<sup>5</sup> Likevel hadde mange nær sagt ein dystopisk tanke om kva luksusgode gjorde med moral og dyd. Særskilt embetsmenn og geistlege var kritiske til at allmugen skulle få tilgang til dei nye produkta som kom på marknaden, då mange rekna særskilt denne samfunnsgruppa som moralsk svake i møte med freistingar.<sup>6</sup> I overgangen til det nye hundreåret var likevel mange varer gått frå å verte rekna som luksusgjenstandar til å verte oppfatta som naudsynte produkt i kvardagen til dei fleste. Her låg Storbritannia framfor Skandinavia, men også dei nordiske landa var på veg til å få ei ny forståing for kva som var luksus og kva som var naudsynt.

Maria Halles masteroppgåve frå 2009 har vore ein inspirasjon, ikkje minst med tanke på kjeldevalet og når det gjeld undersøkingar av *vurderingar* som har vorte gjort kring

---

<sup>3</sup> *Nynorskordboka*, s.v. «vurdere». 24.04.2014. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=vurdere&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>.

<sup>4</sup> Å skildre varene som «nye» er ikkje heilt treffande, då mange av produkta i seg sjølv ikkje var nye. Hos dei mest velståande var mykje kjent frå før. Det som skjedde på 1700-talet var at stadig fleire blant ålmenta fekk tilgang og moglegheit til å skaffe seg desse, og det var dette ein diskuterte. Ragnhild Hutchison. *In the Doorway to Development. An Enquiry into Market Oriented Structural Changes in Norway ca. 1750–1830*. Ph.D.avhandling. Leiden: Brill, 2012, s. 178.

<sup>5</sup> Ahlberger, Christer og Pia Lundqvist (red.). *Varans vägar och världar. Handel och konsumtion i Skandinavien ca. 1600–1900*. Skrifter från Historiska institutionen i Göteborg, nr. 9. Göteborg: Göteborgs Universitet. Historiska Institutionen, 2007, s. 21.

<sup>6</sup> Luksusdebatten vil eg ta nærmare for meg seinare. Men sjå gjerne Maxine Berg og Elizabeth Eger. *Luxury in the Eighteenth Century. Debates, Desires and Delectable Goods*. New York: Palgrave Macmillan, 2003; eller Mikkel Venborg Pedersen. *Luksus. Forbrug og kolonier i Danmark i det 18. Århundrede*. København: Museum Tusulanums Forlag, 2013, s. 242–268.

marknadsretta produksjon og forbruk.<sup>7</sup> Halle har undersøkt den topografiske litteraturen, og korleis topografane – som i hovudsak var norske og svenske embetsmenn – vurderte produksjon og forbruk på landsbygda i Noreg og Sverige frå 1750–1800. Aller først vil eg nemne at det er verdt å merke seg at tidsperiodane Halle og eg har valt er noko ulike, noko som gir oss to ulike utgangspunkt. Ut over dette har Halle på si side fokusert særskilt på vurderingar av kvinnene, der eg primært har valt å undersøke vurderingar av både menn og kvinner. Og medan Halle hovudsakleg skriv om landsbygda, har eg valt å fokusere på gruver og verk, fiske og tømmer, samt handelsverksemd – både i by og bygd – med tekstilar og anna handverk. Dette er det fleire årsaker til.

For det første ser det ut til at dei reisande fann det interessant å undersøke verksemdar som produserte varer som deira eige land hadde interesser i. Funna frå desse områda er dermed mest omfattande. For det andre har det vore utfordrande å skilje mellom kva for vurderingar dei reisande gjorde som dreia seg om marknadsretta produksjon, og kva for vurderingar som dreia seg om produksjon til eige bruk. På oppgåva si framside kan ein sjå ein illustrasjon frå Persberggruvane i Sverige som Clarke besøkte og skreiv utførleg om. Slike skildringar har vore enkle å skilje frå den resterande forteljinga, sidan dei reisande aktivt oppsøkte desse produksjonsverksemdene. Som oftast har det derimot vore vanskeleg å skilje mellom vurderingar kring produksjon og forbruk, ikkje minst det å fordele dei i kategoriar. Vurderingane av både produksjon og forbruk er mest å finne som korte kommentarar i den store forteljinga til den reisande. I tillegg har det vore vanskeleg å vite kva for vurderingar som dreia seg om marknadsretta produksjon og kva som var meint til eige bruk, då dette ofte ikkje var spesifisert frå dei reisande si side. Funna er i stor grad samanvovne med heile reiseskildringa sitt innhald, noko som står i kontrast til topografane sin meir skjematisk stil. Derfor har eg ikkje lagt like stor vekt på jordbruksartiklar, slik Halle har gjort. Likevel har reiseskildringane eg har undersøkt ofte skildringar om naturen, og vidare også om vekstar, planter og gardsdrift. Trass i at vurderingar kring produksjon til sjølvberging og eige bruk fell utanfor problemstillinga mi, er det likevel naturleg å presentere kort kva for vurderingar dei reisande gjorde seg om jordbrukstilhøva, og om det er nokon tendensar å finne. Dette vil eg presentere i kapittel 2.

For det tredje var dei reisande i denne perioden generelt opptekne av å sjå etter utvikling og framsteg. Og Norden, som hang etter Storbritannia, gav moglegheiter for utanlandske

---

<sup>7</sup> Halle, Maria. «Her er Qvindfolkene meget drivtigel». *Topografenes syn på markedsrettet arbeid og forbruk i Norge og Sverige 1750–1800*. Masteroppgåve i historie, UiO, 2009.

reisande til å gjere seg opp tankar om korleis framtida kunne sjå ut for dei nordiske bebruarane. Den romantiske oppblomstringa ut over 1800-talet – med fokus på naturen, med det enkle og nasjonale – gjorde fleire av dei reisande i perioden ambivalente til kva dei skulle vurdere som ei positiv utvikling og kva som strida mot patriotiske eller moralske dydar. Dette er tema som står sentralt i oppgåva mi.

## 1.2 Problemstillingar

Problemstillinga mi er som følgjer: Med utgangspunkt i åtte reiseskildringar skrivne av seks britar og to tyskarar i tidsrommet 1795–1833, og utjevne mellom 1796–1840 – samt Malthus' i 1966 – analyserer eg korleis reisande vurderte arbeid og forbruk i Noreg og Sverige i ein periode prega av store omveltingar politisk, sosialt og økonomisk, med industrialiseringa sin frammarsj og den aukande etterspurnaden etter varer. Var dei reisande positive eller negative til ein meir marknadsretta produksjon og forbrukskultur? Kan ein sjå endringar i vurderingane, og i så tilfelle korleis skal eller kan ein forklare dette?

Samfunnet under overgangen til det nye hundreåret og i perioden som følgde var prega av kaos. Etter kvart som ein kom inn mot midten av 1800-talet hadde Europa opplevd fleire revolusjonar, og ein veksande industri. Stadig fleire idealistar og aktivistar kjempa for rettane sine, det vere seg kvinner, eller aktivistar mot slaveri. Ein kjempa for utdanning og stemmerett. Dette førte med seg store omveltingar, ikkje minst demografiske, men også når det gjaldt levevilkåra. I same tid vaks det fram ei ny og stadig større gruppe kalla arbeidarar. Dei fleste av desse hadde bevega seg – meir eller mindre friviljug – frå landbruket til den produserande eininga fabrikken og industrien, der mange freista å kjempe for betre levevilkår. Fagforeiningar og sosialisme vaks fram. Dette gjorde noko med tankesettet og haldningane til folk flest, også blant dei betre stilte. Standssamfunnet vart til eit klassesamfunn på 1800-talet.

Dei som reiste på 17- og 1800-talet var ein betrestilt del av befolkninga, då gjerne frå Storbritannia, men også frå Frankrike og Tyskland. Sjølv om dei gjerne var på reise for å oppdage og utforske framande samfunn og kulturar, var dei også prega av kva for samfunn og kultur dei sjølve kom frå, og hadde også ein levestandard dei var vande med. Nettopp derfor er det interessant å sjå korleis dei opplevd andre menneske sin produksjonsevne og forbruksvanar. At forståinga av *lüksus* var mangetydig og stadig endra innhald er noko eg vil vise er til stades i vurderingane hos dei reisande i perioden.

Heilt sentralt i oppgåvearbeidet har vore nettopp den aukande involveringa allmugen fekk innanfor kjøp og sal i tidleg-moderne tid, også i Noreg og Sverige. Det å kunne auke eigen

produksjon for å kunne få eit overskot ein igjen kunne få inntekt for og dermed ha moglegheit til å kjøpe seg varer ein elles ikkje hadde moglegheit til å lage sjølv eller skaffe, er ei interesse og ei drivkraft som historikaren Jan de Vries forklarar i omgrepet *den industriøse revolusjon*.<sup>8</sup> Teorien til de Vries dreiar seg om at det føregjekk ei endra økonomisk åtferd lenge før den industrielle revolusjonen kom, dette vil eg kome tilbake til i kapittel 6. Det er vurderingane dei reisande gjorde seg om denne nye drivkrafta og vareinteressa eg har hatt som utgangspunkt.

Når det gjeld produksjonsaspektet har eg undersøkt korleis dei reisande vurderte marknadsretta produksjon i Sverige og Noreg. Korleis opplevde dei han, og skildra dei han som positiv? Storbritannia var i perioden ein kolonimakt, ei handelsmakt og eit føregangsland for nyvinningar innanfor industrien, derfor har det vore naturleg å undersøke kva dei reisande vurderte som framgang, og kva for haldningar dei meinte nordmenn og svenskar hadde når dei vart stilt ovanfor utvikling og ytre påverknad og idear. Ikkje minst har eg stilt spørsmål om dei reisande opplevde det marknadsretta arbeidet dei såg som nyttig.

Når det gjeld forbruksaspektet har eg hatt som eit overordna tema å sjå om dei reisande var positive eller negative til det forbruket dei observerte. Vidare har eg stilt spørsmål om kva dei reisande la i den positive eller negative vurderinga. Hevda dei reisande at dei såg ei endra økonomisk åtferd blant nordmenn og svenskar? Endra i den forstand at dei såg eit skandinavisk forbruksmønster som likna på det dei sjølv opplevde i Storbritannia og Tyskland.

Eg vil i tillegg til desse aspekta stille funna mine opp mot Maria Halles, idet vi begge har undersøkt kjelder der vi har teke utgangspunkt i *vurderingar* gjort av samfunnets betrestilte. Kan vi sjå likskapstrekk i den topografiske litteraturen og reiseskildringane?

Eg vil argumentere for at dei reisande generelt stilte seg positive til ei produserande befolkning. Dei var derimot ofte kritiske til det dei oppfatta som overforbruk av nyttingsprodukt, og produksjonsformer som var tungvinte, gamaldagse og lite lønnsame. Kritikken mot forbruk botna på 1700-talet i at luksus var fordervande i seg sjølv. Det eg meiner vi tydeleg kan sjå i reiseskildringane er ei stor tiltru, og nesten eit krav om, kunnskap og danning som avgjerande for korleis ein skulle få eit reflektert forbruk og ein aukande produksjon. Dette finn vi også i skildringane og vurderingane av arbeid og arbeidsmoral.

---

<sup>8</sup> de Vries, Jan. «The Industrial Revolution and the Industrious Revolution», i: *Journal of Economic History*, Vol. 54, nr. 2, Cambridge University Press, 1994.

Debatten er framleis aktuell etter hundreårsskiftet, ikkje minst var krigen med på å halde han varm. Ein kan likevel sjå ei meir generell liberalistisk haldning til det økonomiske aspektet; kring både produksjonsverksemd og handel. Samtidig vart det i kjølvatnet av Napoleonskrigane eit fokus på det patriotiske aspektet. Det å sjå verdien i sitt eige lands ressursar og moglegheiter, som igjen vil kunne skape ei fornuftig haldning til importerte varer. Dei utanlandske varene var ikkje lenger skadeleg og umoralsk i seg sjølv, men gjennom ukritisk kjøping og nyting av nye produkt kunne ein lett oppleve eit moralsk forfall. Ein kan kanskje sjå ei sterkare individualistisk haldning til korleis mennesket takla samfunnsomveltingar og nye strøymingar i samtida.

### 1.3 Tidlegare forskning og behovet for ny

Forskinga på reiselitteratur frå 17- og 1800-talet er omfattande. Tyngda har hovudsakleg vore på dei imperialistiske britane som reiste rundt om i heile verda, og særskilt i område der orientalisme og det eksotiske var noko som vart utforska og definert.<sup>9</sup> Reiselitteraturen frå stader i Afrika, Sør-Amerika eller Asia «enlarged [the british] understanding of the role of literature in establishing and sustaining uniform, consensus-based images of ‘the other’».<sup>10</sup> Reiser til Norden har det derimot vorte skrive mindre om. Kanskje fordi skildringane frå dette området ikkje var like spennande å skildre som besøk frå «det mørke Afrika», eller at Norden faktisk ikkje var så framand og annleis for andre europeiske reisande. Dei siste åra har det likevel komne fleire bøker om reisande i Norden.

Det er hovudsakleg fire verk eg vil nemne som står sentralt når det gjeld reisande i Noreg og Sverige.<sup>11</sup> Det første er Arnold Bartons bok *Northern Arcadia. Foreign Travelers in*

---

<sup>9</sup> For å nemne nokre: Leask, *Curiosity and the Aesthetics of Travel Writing, 1770–1840*. Oxford: Oxford University Press, 2002; Anka Ryall, *Odyssevs i skjørt*. Oslo: Pax forlag, 2004; Arnold H. Barton, *Northern Arcadia: Foreign Travelers in Scandinavia, 1765–1815*. Carbondale and Edwardsville: Southern Illinois University Press, 1998; Mark Davies, *A Perambulating Paradox: British Travel Literature and the Image of Sweden c. 1770–1865*. Lund: Lund University, 2000; Brian Dolan, *Exploring European frontiers: British travellers in the age of Enlightenment*. Basingstoke: Macmillan, 2000; James Duncan og Derek Gregory. *Writes of Passage: Reading Travel Writing*. London: Routledge, 1999; Marjorie Morgan. *National Identities and Travel in Victorian Britain*. Basingstoke: Palgrave, 2001.

<sup>10</sup> Davies, 2000, s. 19.

<sup>11</sup> Ein lyt også merke seg at verk om einskilde reisande også finst, det gjeld i særskilt grad dei reisande som var kjende for noko anna enn sjølv reisa og reiseskildringa. Mary Wollstonecraft gav ut *Vindication of the Rights of Women* berre nokre få år før reisa til Noreg. Ho argumenterte for lik utdanning for kvinner som for menn, og kritiserte kvinnesynet som florerte i denne perioden. Grunntanken hennar var at kvinner var like intellektuelle som menn, men at samfunnet hadde skapt ein unaturleg skilnad med ulike rettar. Thomas Malthus gav ut *An Essay on the Principle of Population* året før han tok turen til Skandinavia. Og kom seinare med ein utvida utgåve av denne, der han hadde med nye observasjonar frå besøka i Noreg og Sverige. Avhandlinga hans handla om befolkningslære: at mennesketalet stig raskare enn den mengda av livbergingsmiddel rekk å auke. Eg har kikka på bøker skrivne om Wollstonecraft og Malthus, men har elles i liten grad nytta dei i arbeidet mitt, då dei er meir av biografisk natur enn direkte om skildringane dei skreiv. Eg har sett på bøker skrivne av Patricia James, om Malthus, og Anka Ryall, som har skrivne om Wollstonecraft. Sjå Patricia James. *Population Malthus. His Life*



*Scandinavia, 1765–1815*, frå 1998, der han gir eit oversiktsbilete av utanlandske reisande i Skandinavia.

Det andre verket er skriven av Peter Fjågesund og Ruth Symes: *The Northern Utopia. British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century* frå 2003. Dei har teke for seg britiske reisande i Noreg frå slutten av 1700-talet og gjennom heile 1800-talet. Fjågesund hevdar det har vore lite djupleikforskning i historiefaget om dei som besøkte Noreg, kva dei skreiv om og kvifor. Prosjektet til Symes og Fjågesund har derfor vore å sjå korleis britar – under det turbulente og handlingsmetta 1800-talet – utforma og utvikla forholdet sitt til nordmenn. Ikkje så mykje for å kome med «facts about exactly what Norway was like and how it differed from Britain»,<sup>12</sup> men meir for å sjå kva for observasjonar som var truverdige, og korleis dei vart uttrykt av dei reisande. Fjågesund skriv vidare at boka i hovudsak er eit oversiktsverk over reiseskildringar, som han håpar nyfikne finn interesse i å studere nærmare.

Det tredje arbeidet gjeld antologien *Northbound. Travels, Encounters, and Constructions 1700–1830* som kom ut i 2007.<sup>13</sup> Prosjektet tek både for seg korleis dei reisande skapte seg ein konstruksjonen av Norden som område, og med dei stereotypiske ideane om nordbuarane, samt om korleis dei møtte og opplevde Norden.<sup>14</sup>

Når det gjeld studiar av reisande i Sverige er Mark Davies' doktoravhandling *A Perambulating Paradox. British Travel Literature and the Image of Sweden c. 1770–1865* frå 2000 definerande for fagfeltet. Han skriv innleiingsvis at avhandlinga tek utgangspunkt i *motsetnader*, og han spør: «Was there a characteristically ‘British’ idea, experience and interpretation of this nation, and, if so, how was this expressed through the medium of travel literature?». <sup>15</sup> Vidare har han også undersøkt korleis britane identifiserte seg sjølv, nettopp i ljøs av forståinga av «vi» og «dei andre». Davies har gjennom arbeidet sitt vore interessert i å

---

*and Times*. London, Boston and Henley: Routledge, 1979; Anka Ryall. *Odyssevs i skjørt*. 2004. James har også skrive kort om Clarke, sidan Malthus og han kjende kvarandre og var saman under delar av reisa i Sverige. James skildrar Clarke slik: «Edward Daniel Clarke is difficult to describe in a few paragraphs. [...] To this day his manuscript letters seem to emit sparks of energy and excitement with which he pursued», i James, *Population Malthus. His Life and Times*, 1979, s. 70. William Otter, som var med på reisa til Noreg og Sverige, skreiv på 1800-talet ein biografi om Clarke, sjå Otter. *The life and remains of Edward Daniel Clarke, Professor of mineralogy in the University of Cambridge*. London: George Cowie and Co., 1825.

<sup>12</sup> Fjågesund, Peter og Ruth Symes, *The Northern Utopia. British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century*. Amsterdam: Editions Rodopi, 2003, s. 13.

<sup>13</sup> Povlsen, Karen Klitgaard (ed.), *Northbound. Travels, Encounters, and Constructions 1700–1830*. Århus: Aarhus University Press, 2007.

<sup>14</sup> Her vil eg særskilt anbefale Povlsens «introduction» s. 11–24, og artikkel «Persistent Patterns. The Genre of Travel Writing in the Eighteenth Century», s. 325–340. Samt Bjarne Rogans artikkel «Travelling – Between Materiality and Mental Constructs: Encounters in Norway in the Eighteenth and Nineteenth Centuries», s. 243–264, i: Povlsen, *Northbound*, 2007.

<sup>15</sup> Davies, 2000, s. 11.

sjå om skildringane til dei reisande tok utspring i sjølvrefleksjon, eller i korleis lokalbefolkninga vurderte og resonnererte. Gjennom arbeidet kom han fram til at skildringane i stor grad botna i idear i tida, ikkje minst gjennom kontrastane dei reisande oppfatta, noko Fjågesund også såg under arbeidet om britiske reisande i Noreg.

Davies legg vekt på fem aspekt: Han har sett på reisande som individ, og korleis individualismen har spelt ein viktig rolle i korleis dei reisande skildra. Vidare har han sett på skilnaden på det å vere turist opp mot det å vere ein reisande – frå lystreise og danning, til opplysning og vitskap. Det tredje aspektet dreiar seg framveksta av eit klassesamfunn, og korleis nettopp dette med klasse og status har prega dei reisande sitt tankesett og tolking i møte med det framande. Vidare tek Davies også opp problematikken kring nasjonalisme som ideologi, og patriotismen som ein haldningsskapar til «vi» og «dei andre» som fenomen. Det femte og siste aspektet dreiar seg om at dei reisande var *forfattarar*. Davies peikar på at bøker først og fremst handlar om at ein vil nå nokon med ein budskap, og derfor er fleire av skildringane ei form for «a personal narrative».<sup>16</sup>

Etter mi meining har reiseskildringar som kjeldemateriale anten vorte nytta som små, anekdotiske – og gjerne humoristiske – glimt i historikarars publikasjonar, og mindre nytta som hovudmateriale i forskinga. Om dei så har vore nytta som hovudmateriale har dei vorte presentert i typiske oversiktsbøker, som tek for seg kva reiseskildringane generelt handlar om, og korleis reisande førte seg i det besøkte området, eller korleis dei skildra det dei opplevde som «typisk» eller «annleis». I denne masteroppgåva har eg derimot *ikkje* teke for meg skysstasjonane, hestevognene, vegstandarden, dei lange referata dei reisande skreiv om klima, vêr, menneskeleg temperament, eller dei mange, lange naturskildringane. Dette kan ein derimot finne utførleg i ovanfor nemnte verk. Det eg presenterer er alt av funn eg har gjort som har relatert seg til *vurderingane* i skildringar av marknadsretta produksjon og forbruk.

#### 1.4 Kjeldene: kjeldesituasjon, utval og kritikk

I kapittel 2 vil eg gå nærmare inn på, og problematisere, korleis det er å nytte reiseskildringar som kjeldemateriale til å sjå på produksjon og forbruk. Her vert det likevel naturleg å seie noko om kjeldesituasjonen og kvifor eg har teke det utvalet eg har gjort. Eg kunne i prinsippet ha valt italienske, nederlandske eller franske skildringar. Men av språklege årsaker valde eg hovudsakleg britiske, og vidare også to tyske som tidleg vart publisert på engelsk, og der dei

---

<sup>16</sup> Davies, 2000, s. 11–24.

tyske reisande hadde hatt lengre opphald i Storbritannia.<sup>17</sup> Dei reisande frå Storbritannia og Tyskland var i hovudsak interessert i Skandinavia som heilskap; dei skilde mellom landa, men besøkte gjerne fleire enn eitt av dei. Eg har teke utgangspunkt i Schiötz' oversiktsverk over utlendingar på reise i Noreg, men helst dei som også var i Sverige.<sup>18</sup> Eg har likevel valt to som berre var i eit av landa: Thomas Thomson i Sverige, og Robert G. Latham i Noreg.

Reiseskildringane eg har nytta har alle vorte digitalisert, utanom Inglis'. Eg har hatt som tommelfingerregel å nytte eldst mogleg utgåve.<sup>19</sup>

## 1.5 Kjeldekritisk vurdering

At kjeldene mine er problematiske å nytte som materiale for å undersøke historiske hendingar er rimeleg sjølv sagt, samtidig kan ein ha stor nytte av slikt materiale. Likevel er det viktig å hugse på at det er *vurderingane* som har vore utgangspunktet mitt og ikkje reiseskildringane sin reliabilitet. Fjågesund og Symes argumenterer for å sjå etter *oppfatningsevna*, og korleis dei reisande var farga av subjektive haldningar og forforståingar. Fjågesund og Symes poengterer godt problemet med subjektiviteten til dei reisande:

Everything the traveller to Norway experiences is, in a sense, new and will have to be filtered through his or her own individual consciousness before being transformed into a narrative and presented to the reader. Clearly, such a strong element of subjectivity could be seen as undermining the documentary value of the accounts.<sup>20</sup>

Som tidlegare nemnt tek Davies for seg fleire aspekt ved reiseskildringane, og nettopp det siste punktet – dei reisande som forfattarar – gjer reiseskildringane sitt truverde til ei utfordring. Etter kvart som reiseskildringane vart ein populær sjanger i dei lesande kretsar, oppstod det ein konkurranse mellom dei som reiste. Korleis skulle ein vinne forleggarane og

---

<sup>17</sup> Interesse for Norden er også synleg i dei mange skissene og illustrasjonane frå perioden. Til dømes vart kunstmålar Johan F. L. Dreier i 1795 engasjert av Cornelius de Jong til å lage illustrasjonar til ei nederlandsk reiseskildring som kom ut i 1802–03 (*Reizen naar de Kap de Gode Hoop, Ierland en Noorwegen*), der Dreier også laga detaljerte bilete av norske drakter. Seinare måla han også bilete til andre reiseskildringar. Sjå *Norsk biografisk leksikon*, s.v. «J.F.L. Dreier». 02.05.2014. [http://nbl.sn1.no/J\\_F\\_L\\_Dreier](http://nbl.sn1.no/J_F_L_Dreier).

<sup>18</sup> Schiötz, Eiler H. *Utlendingers reiser i Norge. Itineraria Norvegica. En bibliografi*. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget, 1970.

<sup>19</sup> Når det gjeld dei tyske utgåvene har eg nytta dei første engelskomsette utgåvene. Clarkes reiseskildringar kan ein finne i mange «volumes», «sections» og «parts», noko som kan skape forvirring når ein nyttar digitaliserte utgåver. Eg har nytta tre bøker i arbeidet mitt, der to overlappar ein del med kvarandre, for å gjere det mindre forvirrende finn ein lenkar til Clarkes reiseskildringar i litteraturlista. Elles er dei fleste bøkene også å finne ved Nasjonalbiblioteket i Oslo, samt ved Den sorte diamant i København. Bøkene i København fekk eg låne til spesiallesesalen og studert der, særskilt Clarkes store oppslagsverk av nokre bøker var spennande å kikke i, ikkje minst dei forseggjorte teikningane.

<sup>20</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 23.

lesarskarane? Enkelte tok seg nokre kunstnariske fridomar, og blanda inn meir eller mindre fiksjonsbaserte element i tekstane sine.<sup>21</sup>

Eit eksempel på blanding av fakta og fiksjon kan ein finne i ei av dei reiseskildringane eg har nytta i arbeidet mitt, H.D. Inglis' *A Personal Narrative of a Journey through Norway, Part of Sweden, and the Islands and States of Denmark*, gjeven ut i 1829. Advokat og slektshistorikar Otto S. Engelschiøn (1902–1982) skreiv i 1956 ein kritisk tekst nettopp om truverdet til Inglis i reiseskildringa.<sup>22</sup> «I Norge vakte den en viss, men neppe betydelig oppmerksomhet ved sin angivelige gjengivelse av norsk folkløse. Blant britiske turister ble Inglis' ferd regnet for litt av en pionerdåd».<sup>23</sup> Mykje av skildringa er mest sannsynleg sannferdig, ifølgje Engelschiøn, men enkelte parti – nærmare bestemt frå nord for Byglandsfjorden og skildringane frå Telemark – er direkte falsum: «Inglis hadde aldri vært i traktene og har følgelig ikke sett så mye som en flis der», og Engelschiøn konkluderer tydeleg at «grunnen til bedraget er klart nok: Inglis har solgt en reiseskildring og må gjøre den interessant etter datidens smak og begreper».<sup>24</sup> Engelschiøns artikkel er interessant fordi han nettopp sett ljøs på underliggjande «støy» som prega korleis og kvifor reisande skreiv slik dei skreiv.<sup>25</sup> Trass i at eg undersøker *vurderingane* og ikkje har som mål å skilje mellom fakta og fiksjon, er det viktig å stille seg kritisk til kva dei reisande skreiv, nettopp grunna i ei slik form for «støy».

Fjågesund problematiserer reiseskildringane som kjelde til faktiske hendingar, og skriv at reiseskildringar kan vere eit fint *supplement* til å forstå den politiske og økonomiske situasjonen i tida: «They may indeed provide us – as a number of image studies have demonstrated – with a more comprehensive understanding of the past than a more conventional approach is capable of doing».<sup>26</sup> Nettopp ved å nytte eit meir utradisjonelt kjeldemateriale kan ein få meir innsikt i den forstand at dei reisande – trass i eit visst ønskje om å skrive vitskapleg eller opplysande – i all hovudsak skreiv for å underhalde. Det dei fortel

---

<sup>21</sup> Davies, 2000, s. 12, 20–23.

<sup>22</sup> Engelschiøn, Otto Sverdrup, «H.D. Inglis' reise i Norge i 1820-årene. En litterær, folkloristisk og topografisk mystifikasjon.» I *Nordisk Tidskrift för Bok- och biblioteksväsen*, Uppsala: 1956, s. 1–17 [49–65]. Det er interessant å sjå at verken Barton, Davies eller Fjågesund og Symes har sett på artikkelen til Engelschiøn, og at dei heller ikkje har sett spørsmålsteikn ved enkelte områdeskildringar i Inglis' skildring.

<sup>23</sup> Engelschiøn, 1956, s. 50. Engelschiøn skriv ein heil del om at Inglis ikkje kan ha vore i Noreg i 1820-åra, men mellom 1817/1818, men at sjølve skildringa vart skriven ti år etter, altså i 1828.

<sup>24</sup> Engelschiøn, 1956, s. 57.

<sup>25</sup> «På Inglis' tid var det indre Norge like ukjent for den lesende europeiske almenhet som Afrika eller Grønland og et forleggerfirma som spesialiserte seg på reiselitteratur, slik som Inglis' forlegger gjorde, kunde nok godta en Norgesreise. Men det måtte jo være noe mer enn et besøk i de relativt velkjente byene Mandal, Christiansand, Drammen og Christiania. En dristig tur over øde fjell med romantiske borgruiner hvor gamle sagn og selsomme ballader svirret i luften, vilde sette den ønskelige farge på beretningen.» Sjå Engelschiøn, 1956, s. 64.

<sup>26</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 31.

vert dermed i større grad personleg ladd og enkelte får også noko impulsivt over seg.<sup>27</sup> Fjågesund og Symes skriv innleiingsvis at reiseskildringar i liten grad har vorte nytta som kjeldegrunnlag i historiefaget, og vore meir omtala i litterære- og kulturstudiar. Eg trur ein kan gjere interessante observasjonar kring vurderingar som vart gjort og på kva for måte dei vert lagt fram også som historikar. Reiseskildringane gir oss eit blick meir frå «sidelina» til det som elles føregjekk i tida, og bidra med å danne eit bilete av korleis reisande vurderte marknadsretta produksjon og forbruk idet dei ikkje var pålagd til å halde seg til reine fakta, men stod fritt til å kome med eigne synspunkt med dei fordommene – eller kulturelle brillene – dei hadde med seg i bagasjen.<sup>28</sup>

## 1.6 Avgrensing og struktur

Hovudårsaka til å halde seg til dei valde åra 1795–1833 er fordi dei inngår i den perioden der den moderne verda verkeleg vart skapt. I Mikkel Venborg Pedersens nyleg publiserte avhandling om luksus og forbruk i Danmark, skriv han at perioden frå midten av 1700-talet og vidare ut i det nye hundreåret er den historiske perioden vi i dag kan byrje å kjenne oss att i, og der «verden gjennom de europæiske koloniriger [blev] til et sammensvejet hele, som både handelsmanden, godsejeren og bonden fik andel i. Hver på sin måde, hver i sin grad».<sup>29</sup> I denne perioden var derfor tankar og diskusjonar om produksjon og forbruk heilt sentralt, fordi det var så store omveltingar som føregjekk kring det. Derfor vert også reiseskildringar frå perioden eit nyttig materiale.

Eg har bevisst valt å stogge før 1840-åra, med andre ord unnlate å studere reiseskildringar idet den industrielle revolusjonen for alvor byrja å slå om seg i Noreg og Sverige. Eg har bevisst valt å unnlate dei britiske lakselordane som reiste rundt i distrikta frå 1840-åra og seinare, og ikkje minst reisande som hovudsakleg kom for å drive med fjellklatring og anna ekstremспорт. Reiseskildringar frå Skandinavia i perioden eg har valt er det langt færre av generelt.<sup>30</sup> Skildringane frå Skandinavia vart etter kvart populære, men ikkje for alvor før seinare på

---

<sup>27</sup> Malthus kan dog ikkje reknast som ein av dei som ville underhalde, sidan han aldri skreiv notatane sine med ein tanke om utgiving.

<sup>28</sup> Utvalet eg har gjort kan ein også diskutere og kritisere. Eg kunne ha teke med fleire tyske skildringar, eller fleire skildringar generelt. Eg kunne dessutan ha haldt meg til vurderingar gjort berre i Noreg eller berre i Sverige. Eg kunne jamvel ha teke for meg eit annleis geografisk område, eller berre by- eller bygdesamfunn. Ei årsak til særskilt det sistnemnte er at dei reisande ikkje har skrivne detaljerte eller omfattande skildringar direkte om produksjon og handel, eller om forbruk. Inspirert av Maria Halles masteroppgåve frå 2009 gjorde at eg fann vurderingar frå Sverige som ein interessant innfallsvinkel og eit fint supplement til skildringar frå Noreg.

<sup>29</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 22–23.

<sup>30</sup> Trass i at eg skriv «færre» skal ein ikkje kimse av at det vart skrivne ein heil del om Skandinavia gjennom andre halvdel av 1700-talet, men dersom ein skal samanlikne med det som vart produsert gjennom 1800-talet kan ein nytte omgrep som nettopp «færre».

1800-talet. Mangt og mykje er skrivne av skandinavar sjølve, og eg har også unnlate å ta desse med.<sup>31</sup>

Vidare har eg valt å ha – så godt som det lar seg gjere – dei same områda geografisk for alle dei reisande. Dei fleste britane som kom til Skandinavia reiste anten via Helsingør til Helsingborg og kom til Christiania via Gøteborg og Halden, andre reiste direkte til Christiania eller til Sørlandskysten. Mange reisande besøkte gjerne også Vestlandet, og ikkje minst Bergen – byen med flest innbyggjarar under denne perioden – men dette vart meir vanleg seinare på 1800-talet. Eg har likevel valt bort Vestlandet. Det skal nemnast at fleire av dei reisande hadde ei oppfatning om at Austlandet og Trondheim var mest interessante å besøke. Ein kan sjå ei ei lita motvilje til den gamle hanseatbyen blant britane, til dømes var det ikkje mogleg å finne overnattingsstader der.<sup>32</sup> Ikkje minst hadde Austlandet og Storbritannia fått nær handelskontakt. Den britiske etterspurnaden etter tømmer og plank tiltok, og Austlandet på si side hadde fått ein aukande tømmerproduksjon og trelasthandel som plasserte området også på dei britiske karta.<sup>33</sup>

Eg har dessutan valt bort Nord-Noreg og Nord-Sverige, både fordi det ville ha vore for tidkrevjande, men mest grunna at dei reisande meinte, og som den gjengse tanken elles var i samfunnet, at samane ikkje var nordmenn eller svenskar, men altså *samar*. Skildringane av dei er derfor heilt annleis enn dei ein kan finne om nordmenn og svenskar elles, og fell derfor utanfor det oppgåva mi tek for seg.

Når det kjem til reisande i Noreg har alle eg har undersøkt reist på Austlandet, og fleire har teke Gudbrandsdalen og Østerdalen tur-retur Trondheim. Frå Sverige har eg hatt Torneå som nordlegaste endepunkt, og ikkje lenger sør-aust enn Stockholm. Det er reisemoglegheitene til

---

<sup>31</sup> Som Barton skriv i si bok: det *annleise* blikket er noko av det interessante ved å nytte utanlandsk reiselitteratur: «[T]here is much written of this nature by native Scandinavians as well during this time, the foreign visitors observed and described for their unfamiliar readers much that the former naturally took for granted and therefore considered needless to relate. [...] Not only did the foreigners see different things, they also saw them in different contexts, based on their own cultures and experiences», Barton, 1998, s. 168.

<sup>32</sup> «Notwithstanding the opulence of Bergen, and notwithstanding its trade, there are neither inns in the town nor hotels». Latham, Robert Gordon. *Norway and the Norwegian, in two Volumes*. London: Richard Bentley, New Burlington Street, 1840. Bind 1, s. 81. Også andre stader på Vestlandet kan ha vore for mykje utkant til at ein freista seg dit frå Austlandet eller Trondheimsområdet, ikkje minst i krigstider. Til dømes kan ein sjå kva Gustava Kielland skreiv om Stavanger: «Byen '[blev] av Østlændingerne paa den Tid betragtet som et lidet Sibirien. [...] Skibsfarten var kuet af Krigen mod England; naar man skulde til Stavanger, maatte man liste sig langs Kysten paa smaa Sildeskuder.'». Sitert hos Elisabeth Aasen. *1800-tallets kvinner. På vei til stemmerett*. Oslo: Pax forlag, 2013, s. 37.

<sup>33</sup> Britiske og norske band vart knytta både i Christiania og London, blant anna av Bernt og Peder Anker. Sjå til dømes Bård Frydenlund, «Før unionspartiet. Omstridte forbindelser og norske møter om helstatens fremtid 1809–1814», i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013, s. 23–42.

og frå England som har spelt ein viktig rolle her også. Dei fleste som kom til Sverige kom som nemnt frå Danmark og over til Helsingborg i Sverige, for så å reise nordvest-over derifrå.

## 1.7 Metodiske problem og tilnærming

### Å tolke tekst

Vurderingane til dei reisande var ofte basert på korte opphald og få observasjonar. Noko som lett kan føre til at ein tek vurderingane ut av kontekst idet ein undersøker dei. I tillegg kan den personlege skrivestilen dei vart skrivne i føre til at ein lett kan overfortolke meiningsinnhaldet. Hermeneutikken er ikkje så mykje ein metode som det er ein tolkingsprosess, kort fortalt handlar han om det å kunne tolke ein tekst og setje den inn i ein meiningssamanheng. Og nettopp det å vite kva hermeneutikken tek føre seg kan gi ei større forståing av korleis det å nytte reiseskildringar som kjelde er, nett fordi kjeldene mine dreier seg så mykje om *tolking*. Både av dei reisande, og vidare av meg som les deira tolkingar og sjølv tolkar.

Vi har til ei kvar tid med oss ei forståing, eller som filosofen Hans-Georg Gadamer skriv, så *er* vi forståing – det ligg i oss. Ved at det finn stad ei *forforståing* av noko fører igjen til at fordommane vi innehar vert påverka. Med andre ord, Gadamer fråskriv at det finst noko objektiv, føresetnadslaus forståing. Det vi derimot kan gjere er å vere medvitne våre egne forforståingar, då vil ein kunne tileigne seg tekstar på ein anna måte, å vidare kunne få ein modifikasjon av for-dommane.<sup>34</sup> Teksten og forståinga av han, har to ulike perspektiv, *horisontar*. Ein må prøve og føre desse perspektiva saman i ei horisontsamansmelting – på den måten kan ein oppnå større innsikt og kanskje også endre fordommane ein har. Ikkje naudsynt at dette gjer ein meir tolerant, men at ein kan få ei djupare innsikt. Som historikar lyt ein forsøke og gripe tak i det språklege aspektet, samtidig som ein prøver å sjå den skjulte meininga i kjelda.<sup>35</sup>

Er det ikkje nettopp slik ein må stille seg til reiseskildringane idet dei vert nytta som kjeldemateriale til å gi innsikt i ei anna tid og om korleis reisande observerte og omtala marknadsretta produksjon og forbruk? Det handlar ikkje berre om at vi skal forstå andre sine vurderingar skrivne for over 200 år sidan, som åleine er ei utfordring når ein skal tolke, men

---

<sup>34</sup> Sjø Gadamer, Hans-Georg. *Sannhet og metode: grunntrekk i en filosofisk hermeneutikk*. Oslo: Pax forlag, 2012, s. 302–338; Knut Kjeldstadli. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget, 1999, s. 40–41.

<sup>35</sup> Kjeldstadli, 1999, s. 122–125. Sentral innafor hermeneutikken i historiefaget er Robin George Collingwood.

også med tanke på kven som har skrivne, kva samfunn og kultur vedkommande sjølv kom ifrå og situasjonen i Europa under perioden.

Bruk av hermeneutikken som tolkingsgrunnlag i historiefaget har sine svakheiter, og den kan på ingen måte stå som ein fasit når det gjeld tolkingsarbeidet. Men det å vere bevisst sine eigne avgrensingar som tolkar er viktig, samtidig som at det er viktig å vere kritisk til å teksten ein les, som Kjeldstadli skriv: «Hvordan den skrivende plasserer seg i forholdet til stoffet, kan kaste lys over kva slags mening han eller hun har lagt i teksten».<sup>36</sup> I mi oppgåve vert dette tosidig: Der eg på den eine sida må ta omsyn til den skrivande reisande, korleis han plasserer seg i møte med det framande og korleis han uttrykker seg i brev- eller dagbokform, medan på den andre sida må eg sjølv forstå meg som fortolkar av reiseskildring, og korleis eg vidare kritisk nyttar funna i analysane mine.

### Å samanlikne vurderingar i reiseskildringane

Korleis skal vi forstå éi enkelt reiseskildring utan å sjå ho som del av ein sjanger? Ein vil som lesar automatisk samanlikne dei einskilde skildringane med kvarandre, og dette påverkar også tolkinga. Ein kan sjå at dei reisande nytta i stor grad komparasjon, om ikkje så mykje mellom Noreg og Sverige som to ulike land, er det meir mellom det landet dei sjølv kom frå og dit dei reiste. Å samanlikne vil vere ein naturleg del av vurderingane deira; dei møter nye kulturelle og nasjonale sfærar enn dei dei er vant med sjølve. Det er derfor naudsynt å ta stilling til kva alle samanlikningane kan botne i. Både Fjågesund og Symes, og Davies tek opp eit interessant aspekt kring dette. Davies skriv at det komparative ikkje einssidig handla om eit britisk inntrykk av Norden som eit irrelevant og uviktig område grunna deira mangel på det britane oppfatta som sivilisasjon og utvikling, men som ein del av eit større prosjekt for ei samansett verd – og handelsnettverk – av progresjon og modernitet. «Therefore, a study of contrasts and opposites between nations and cultures may well produce the conclusion that ultimately the differences between the Other and the familiar are less striking than the fundamental similarities».<sup>37</sup>

Historikarane Robinson og Gallagher gir eit treffande bilete av perioden og britane, som også viser oss tydeleg korleis komparasjon var ein del av «prosjektet» for dei reisande, og kanskje særskilt for dei britiske. Britane opplevde seg sjølv som sivilisasjonens leiarar, og som pionerar for industri og framgang. Storbritannia var ei handels- og kunnskapsmakt som

---

<sup>36</sup> Kjeldstadli, 1999, s. 190.

<sup>37</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 32.



påverka langt ut over eigne landegrensar. Men «the actual powers of industry however were as nothing compared with the expansive spirit which their discovery inspired.[...] They were sure that their ability to improve the human condition everywhere was as tremendous as their capacity to produce wealth».<sup>38</sup>

### Den komparative metode

Å nytte den komparative metode i historiefaget gir historikaren fleire fordelar. Det er ein metode som ein kan nytte for å gå inn på det ein elles reknar som velkjende fakta på ein litt annan måte, og som derfor kan kaste eit – om ikkje nytt så i det minste eit noko annleis – ljøs over historiske hendingar. Kritikken mot metoden har hovudsakleg dreia seg om at han fort kan føre til ei generalisering og ei forenkling av historiske hendingar. Likevel har historikarar som Heinz-Gerhard Haupt hevda at den komparative metode er nyttig og naudsynt også i historiefaget. Han gjer at ein får lyfta blikket, særskilt over nasjonale horisontar, skriv Haupt, som igjen er med på å skape ei større forståing. Om ein nyttar den komparative metode på riktig måte og på riktige studiefelt vil ein kunne sjå at samanlikning er hensiktsmessig. Så trass i kritikken ved bruk av den komparative metode så er han nyttig så lenge ein stiller seg kritisk til han.

As Nancy Green puts it: «A comparative approach helps render the invisible visible; it aids us in questioning our own generalizations.» As has previously been stated, comparison is not necessarily linked only to social history; it can also be used in other fields of historical research as cultural history.<sup>39</sup>

Eg vel å nytte den komparative metoden på fleire nivå i oppgåva mi. For det første samanliknar eg skildringar hos eit utval reisande, for å vere meir presis og som tidlegare nemnt, så samanliknar eg *ikkje* Sverige og Noreg som land, men meir i retning av korleis dei reisande skilde mellom dei to landa i skildringane sine om det som rørte ved produksjon og forbruk. Dei reisande sjølv nytta stadig samanlikning idet dei skildra dei nordiske landa som tre separate einingar (trass i at Noreg først var i ein union der makta var konsentrert i København). Det er nettopp desse bestemte vurderingane eg vil stille opp mot kvarandre og seie noko om, og ikkje om kor langt Noreg og Sverige var kome når det gjaldt til dømes utvikling, handelsnettverk eller økonomiske tilhøve – dette er faktorar som ligg som grunnlag til forteljinga, men ikkje som er grunnlaget for samanlikninga.

For det andre, og i større grad, så samanliknar eg reiseskildringane med kvarandre. Med det meiner eg at eg er ute etter å sjå om ein kan spore ei ideutveksling eller ei ideendring hos dei

---

<sup>38</sup> Sitert i Davies, 2000, s. 18.

<sup>39</sup> Haupt, Heinz-Gerhard, «Comparative history – a contested method», i: *Historisk Tidskrift* 127, nr. 4 (2007), s. 709. [http://www.historisktidskrift.se/fulltext/2007-4/pdf/HT\\_2007-4\\_697-716\\_haupt.pdf](http://www.historisktidskrift.se/fulltext/2007-4/pdf/HT_2007-4_697-716_haupt.pdf).

reisande i ein svært turbulent periode i Europas historie. Eg har jobba ut frå spørsmål om vi kan sjå spor av at dei observerte hendingane vurderast ulikt gitt ut frå kva for tidspunkt dei vart skrivne ned? Kan det fortelje oss noko om ei endring i haldningar? Og i så måte kvifor?

## 1.8 Oppgåva si oppbygging

I kapitlet som følgjer vil eg gå nærmare inn på reiseskildringane som sjanger, og kva som skil dei frå den topografisk litteratur. I kapittel 3–5 vil eg presentere kjeldefunna mine. Eg har valt å dele kjeldene i tre kapittel for å lettare strukturere funna, samt lettare presentere kven dei reisande var og kva for vurderingar dei gjorde. Kapitteloverskriftene er då som følgjer: 1: «Tre britar på reise i 1790-åra», 2: «To tyskarar observerer i 1798–1808, i åra før og under blokaden» og til sist 3: «Tre britar reiser i nytt politisk landskap, 1812–1833». Kjeldekapitla vil vidare vere inndelt i to delar, éin om funn av vurderingar kring produksjon, og éin om vurderingar kring forbruk. Sidan produksjon og forbruk er gjensidig avhengige har det til tider vore vanskeleg å skilje kva for vurderingar som skal under kva for del.

Ein sentral årsak til at kjeldefunna vert presentert i tre kapittel har for det første vore at funna vanskeleg lar seg presentere i ein tabell eller oversikt, nettopp fordi vurderingane ikkje dreiar seg om strukturerte utgreiingar frå dei reisande si side. For å kunne presentere dei på mest mogleg ryddig vis vil eg derfor nytte ei slik omfattande kapittelindeling. Ei anna heilt sentral årsak har vore at eg vil skilje mellom dei eldste skildringane og dei nyaste, særskilt grunna kva som elles føregjekk i samfunnet med krigføring, blokade, svalt og usikre tider. Trass i at dei reisande ikkje skriv utførleg om krigen direkte, er tekstane – og vurderingane – prega av tida og tendensane. Dette er noko eg også går inn på og drøfter i kapittel 6, som er det overordna drøftingskapitlet. Eg har nytta funna frå reiseskildringane til å sjå på hendingar og omveltingar i samtida. Her har eg problematisert og diskutert korleis dei reisande var prega av tida – med alle dei diskusjonane og debattane som haldt fram kring politiske og økonomiske spørsmål – utan at dei tek dette direkte opp i tekstane sine. Avslutningsvis vil eg kome med nokre betraktningar i kapittel 7.

## 2. Reiseskildringar som sjanger og kjelde

«Voltaire called them the ‘Frenchmen of the North’, and thought he paid them a compliment doing so».<sup>40</sup>

### 2.1 Innleiing

Å reise utanlands var ein aktivitet som for alvor tok til kring midten av 1700-talet. Dette var ikkje noko heilt nytt som oppstod, for også tidlegare hadde ein reist til andre land. *The Grand Tour* hadde vore populær heilt frå byrjinga av 1600-talet. På desse reisene var det hovudsakleg dei adelege og dei velståande frå middelklassa i Europa som drog ut på ei form for dannelsesreise, gjerne til land som Italia og Hellas. Det som vaks fram frå midten av 1700-talet var ei interesse for nye reisemål, ein fekk eit nytt fokus og nye årsaker til å reise. Det nye fokuset var i særskilt grad knytt til ei haldningsendring, synet på Norden hadde fått eit anna innhald: Heilt fram til midten av hundreåret var det ei generell oppfatning om Norden som eit mørkt og barbarisk grenseområde i Europa. I 1748 argumenterte forfattaren og filosofen Montesquieu for korleis klima hadde ein sterk innverknad på folkeferda. Den såkalla klimateorien.<sup>41</sup> Han hevda at dei kalde og tøffe tilhøva nordpå gjorde befolkninga sterke og hardføre, som igjen spegla dei sterke haldningane dei hadde for fridom og demokrati. Det varme og stabile klimaet lenger sør i Europa gjorde befolkninga meir vakre og elskverdige, men førte også til en «softening» av «the morals and ethics of its people».<sup>42</sup> Berre nokre tiår etter Montesquieus klimateori kom den engelske omsetjinga av den sveitsiske historikaren Paul Henri Mallets bok om norrøn mytologi og nordisk historie – boka fekk stor merksemd i heile Europa og interessa for nordbuarane vaks.<sup>43</sup> Ein spurde seg om kven dei var, og korleis tilhøva var i Norden.

### Om reiselitteraturens mange uttrykk

Store omveltingar politisk og økonomisk i hundreårsskiftet mellom 17- og 1800-talet førte også til ei reisetrong nordover. For det første gjorde fleire tiår med krig i Europa mange av dei tradisjonelle reisemåla utilgjengelege. Norden – som fram til Napoleonskrigane i hovudsak haldt seg nøytralt – vart derfor ein fredeleg plett på eit elles konfliktfylt kontinent. For det andre skjedde det ei romantisk oppblomstring i løpet av 1800-talet, som blant anna var ein

---

<sup>40</sup> Latham om korleis europearane, her representert ved Voltaire, såg på befolkninga i Norden som opplyste og danna. Sjølv om Latham sjølv, britisk som han var, ikkje var heilt einig i at det var eit kompliment å høyre at ein likna på franskmenn. Forholdet mellom England og Frankrike var mildt sagt kjøleg først på 1800-talet, i: Latham, bind 1, 1840. s. 14.

<sup>41</sup> Dette var i boka *L'Esprit de Lois* frå 1748.

<sup>42</sup> Sjå Povlsen, 2007, s. 13.

<sup>43</sup> Mallet, Paul Henri. *Northern antiquities: or, a description of the manners, customs, religion and laws of the ancient Danes, and other northern nations; including those of our own Saxon ancestors. With A Translation of the Edda, or System of Runic Mythology, and Other Pieces, From the Ancient Islandic Tongue. In two Volumes.* London: T. Carnan and Co., 1770.

reaksjon på urbaniseringa og industrialiseringa som føregjekk. Denne oppblomstringa førte til ei draging mot det ekte og naturlege, det som ikkje hadde vorte øydelagt av utanlandsk kontakt og utvikling mot det moderne. Seinare på 1800-talet fekk ei slik draging mot naturen etter kvart eit reiseuttrykk i einsame vandringer i naturen, fiske og tindestiging. Ifølgje Fjågesund og Symes var ei slik draging ei form for sjølvrealisering, og at ordet «turist» dermed vart meir negativt ladd enn tidlegare.<sup>44</sup> For det tredje vart transportmoglegheitene stadig fleire og reisa meir komfortabel og gjekk også raskare. På den måten vart dei fjernare strøka meir tilgjengelege.

Det som i tillegg vaks fram i større omfang var litteratur frå desse reisene. At stadig fleire var meir velstående førte også til det oppstod ein større etterspurnad etter nye former for litteratur. *Reiselitteraturen* utvikla seg til å verte ein stor sjanger som dekte alt frå offisielle rapportar, til fleire fiktive og fantastiske reiser eller meir typiske reiseguidar. Sjangeren vaks seg stor gjennom 18- og 1900-talet. Mellom desse ytterpunkta finn ein dei ulike *reiseskildringane*, der det er reisande som «oppdaga» og skildra dei framande landa. Dei såg særskilt på utvikling, natur, kultur og folkeferd. Sjangeren romma mange former å skildre på, og vart skrivne på ulikt vis – både som dagbøker, loggbøker eller som brev. Skildringane var også i hovudsak meint for eit heimleg publikum – «the armchair travellers» – og ikkje for befolkninga i det landet som vart besøkt.<sup>45</sup>

Ifølgje Eiler H. Schiøtzs oversiktsverk *Utlendingers reiser i Norge. Itineraria Norvegica* vart det skrivne fleire tusen reiseskildringar om Noreg og nordmenn frå 1700-talet fram til ut på 1900-talet, av utanlandske menneske som besøkte landet.<sup>46</sup> Det same gjaldt også for Sverige. Frå andre halvdel av 1700-talet kan ein sjå at dei reisande stort sett kom frå resten av Norden, England, Tyskland og Frankrike, og det var ofte dei same reisande som besøkte dei ulike landa. Mange som reiste til Skandinavia opplevde landa som naturlege og reine, med den ville naturen og det enkle mennesket. Reiseskildringane gir oss eit bilete av korleis menneske utanfrå såg på Skandinavia og skandinavar. Dei gir eit innblikk i korleis det norske og svenske samfunnet og kulturen var for fleire hundre år sidan, samtidig som at sjangeren gir eit innblikk i kva for menneske som besøkte Noreg og Sverige, og kva for kulturelle briller dei

---

<sup>44</sup> «As a result the genuine traveller developed a mortal fear of becoming associated with the mob or the masses. It does not come as a surprise, therefore, that a distinction is introduced between the two categories tourists and travellers, and that complaints about the perpetual presence of tourists become a commonplace in the travel literature of the period.» Sjå Fjågesund og Symes, 2003, s. 49.

<sup>45</sup> Sjå til dømes Davies, 2000, s. 11–24.; Barton, 1998, s. 1–4; Povlsen (ed.), 2007, s. 11–24.

<sup>46</sup> Schiøtz, 1970.

hadde i møte med noko og nokon som var annleis. Dette kan vere vel så interessant som det reint innhaldsmessige i reiseskildringane.

Ein lyt problematisere reiseskildringane som sjanger, nettopp fordi vi ikkje har faste sjangerkonvensjonar som fortel oss kva som er ei reiseskildring og kva som ikkje er det. Med andre ord er det viktig å ha eit bevisst forhold til *at reiseskildringane* ikkje er nokon eintydig sjanger, men ein del av ei stor mengd med reiselitteratur vi har frå perioden.<sup>47</sup> På den måten skil han seg frå den topografiske litteraturen.<sup>48</sup>

## 2.2 Å skilje reiselitteraturen og den topografisk litteraturen som sjantrar

Vi kan som sagt sjå på reiselitteraturen som eit samleomgrep på fleire typar sjantrar, der reiseskildringar var ein av dei. I tillegg vart mange skjønnlitterære bøker om reising populære, desse bøkene gav gjerne ei meir fargerik og dramatisk skildring av framande, «ville» menneske og eksotiske kulturar enn det reiseskildringane gjorde.<sup>49</sup> Det kunne derfor verte vanskeleg å skilje det skjønnlitterære frå det ein rekna som sakprosa, nærmare bestemt, det kunne oppstå tvil blant lesarane om dei kunne ta reiseskildringane som oppspinn eller sanning. Reiseskildringa og romanen overlappa på fleire måtar. Til dømes kan ein sjå det i det tematiske: slik som i reiseskildringa, var også den tidlege romanen eit produkt av ei tid der ein for alvor byrja å setje ord på kulturelle skilnader og gjorde forsøk på å samanlikne samfunn og menneskets natur.

Ein annan form for litteratur som skildra folkeliv og økonomi som også vart populær i løpet av andre halvdel av 1700-talet var den topografiske litteraturen. Han vart likevel mindre etter hundreårsskiftet. Denne litteraturen har fleire likskapstrekk med reiseskildringane. For det første handla begge sjanrane om det å skildre noko annleis og framand samanlikna med det ein var vant med. For det andre var forfatarane i hovudsak menn frå den øvre middelklassa. Men det var også skilnader: Til dømes var ikkje reiseskildringane meint som lesestoff for dei som var aktørar i tekstane. Vidare forsøkte topografane å skrive vitskapleg og mest mogleg fagrelatert, noko også – særskilt dei tidlege – reisande også gjorde, likevel var boksal og

---

<sup>47</sup> og som det faktisk vert skrivne ulike variantar av også i dag.

<sup>48</sup> Den topografiske litteraturen var skildringar som i hovudsak vart produsert av danske eller norske embetsmenn. Dei omhandla natur, produksjon og næringsliv, samt samfunnsliv. På 1700-talet tok dei fleste utgangspunkt i meir lokale eller regionale område, samanlikna med dei tidlegaste arbeida der den historisk-topografiske litteraturen omhandla større samleverk om Noreg. Sjå Steinar Supphellen. «Historisk-topografisk litteratur ca. 1750–1800». *Heimen*, bind XVIII, i: Steinar Imsen og Steinar Supphellen. *Studier i norsk historie 1537–ca. 1800. Tvillingriket 1660–ca. 1800. Norske historikere i utvalg VIII*. Oslo 1983, og *Store norske leksikon*, s.v. «Norsk litteraturhistorie», 10.01.2013, <http://snl.no/Norge/litteratur>.

<sup>49</sup> Dei mest kjende er romanane *Robinson Crusoe* som kom ut i 1719, og *Gullivers reise* frå 1726. Det var særskilt av dei kjende britiske diktarane det vart skrive skjønnlitterær reiselitteratur ved sida av det dei elles skreiv. Blant anna Edward Young og Thomas Gray, og skotske James Thomson. Sjå Barton, 1998, s. 3.

lesarskare medverkande til litt meir underhaldande type tekstar frå deira side. Vidare var publikumet til dei reisande meir distansert frå sjølve innhaldet i tekstane, både fysisk, men også når det kom til tankesett og levetilhøve. Topografane skreiv gjerne om eige land eller union, eller besøkte naboland, samanlikna med dei reisande som faktisk kom frå heilt andre land og levetilhøve.

Den topografiske litteraturen var utbreidd allereie tidleg på 1600-talet, og det i langt større grad enn reiseskildringane. Dette var likevel litteratur som var meir retta mot opplysning og forklaring enn det reiseskildringane nokon gong vart, då med eit håp om at lokal kunnskap over tid kunne kome til nytte. Topografane var gjerne embetsmenn, medlemmar i det topografiske selskap,<sup>50</sup> eller utsendingar frå kongen eller andre leiande personar. Dei hadde som *oppgåve* å føre ei oversikt over eit gitt område. Manglar, men også positive utviklingstrekk, som ein kunne spore i andre land og område kunne vere med på å endre eins eige land eller område til det betre.<sup>51</sup> Dei var med andre ord forskarar med ei oppgåve med ei bestemt hensikt; der dei såg arbeidet sitt som «materialsamling til eit større byggverk til ære og forbetring for landet og ‘Rigernes almindelige og Oeconomiske Beste’». <sup>52</sup> Dette er kanskje den største skilnaden mellom topografisk litteratur og reiseskildringar.

### Sjangerkonvensjonar

Heilt kort kan vi seie at sjangerkonvensjonar dreier seg om ulike trekk som er til stades innanfor ein sjanger. Professor i nordisk språkvitskap Jan Svennevig peikar på at «de ressursene en sjanger gir deltakerne, er et repertoar av gjenkjennelige språklige og kommunikative midler man kan bruke for å nå visse konvensjonelle mål». <sup>53</sup> Med andre ord: for å forstå kva som eigentleg vert fortalt til oss, må vi forstå kvifor teksten er skriven slik den er. Ikkje minst må vi vere klar over dei kommunikative midlane som vert brukt i teksten og som skapar dei reaksjonane og haldningane vi som lesarar får idet vi går inn i teksten.

«Betydningen av de forståelsesrammene sjangeren gir oss, ser vi når vi møter tekster der vi ikke kjenner sjangerkonvensjonene, eller der vi ikke forstår hvilken sjanger vi står overfor». <sup>54</sup> Altså må vi forstå *sjangeren* reiselitteratur for å forstå kva innhaldet kan gi oss av informasjon,

---

<sup>50</sup> Dei fleste historisk-topografiske tekstane vart utgjevne som bok eller publisert i *Topografisk Journal*. Bak journalen stod eit Corresponderende Tophographisk Selskab for Noreg, som var etablert i 1791 i Christiania. Dette selskapet føretok innsamling og publisering av det som vart skriven av topografisk litteratur.

<sup>51</sup> Halle, Maria, 2009, s. 11–12.

<sup>52</sup> Supphellen, Steinar, 1983, s. 421.

<sup>53</sup> Svennevig, *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*, Oslo: Cappelen Akademisk, 2009, s. 247.

<sup>54</sup> Svennevig, 2009, s. 249.

både gjennom teksten og gjennom forfatteren. Om ein til dømes ikkje er i stand til å skilje mellom dei skjønnlitterære produkta som ein fekk på 1700-talet frå reiseskildringane frå same periode, kan ein verte utsett for mange mistydingar og i stor grad stereotypiske haldningar som ein gjerne i mindre grad finn i reiseskildringane. I det minste kan ein rekne med at det er lengre mellom dei mest fantastiske historiene i reiseskildringane. No er det likevel den topografiske litteraturen og reiseskildringane som har flest likskapstrekk. Derfor treng ein å forstå kva sjangertrekk som skiljar dei frå kvarandre for å kunne forstå den einskilde litteraturen betre. Saman gir dei oss ei breiare forståing av tida og vurderingane som vert gjort i reiseskildringane, nærmare bestemt: vurderingar om produksjon og forbruk.

Ifølgje Svennevig så inngår ein tekst i ein kommunikativ aktivitet, og på den måten baserer han seg på ei samansetjing av sjangerkonvensjonar. Dette betyr ikkje at teksten må oppfylle alle krav sjangeren har, men at han held seg til dei slik at ein legg merke til dersom det oppstår brot med konvensjonane.<sup>55</sup> Svennevig skiljar vidare mellom det ein kan kalle konstitutive og regulative sjangerkonvensjonar. Konstitutive sjangerkonvensjonar definerer sjølve sjangeren, medan dei regulative sett kvalitetskrav til teksten innanfor den bestemte sjangeren. På den måten vert sjangerkonvensjonane sjølve limet som held aktiviteten og teksten saman.<sup>56</sup>

Maria Halle undersøkte den topografiske litteraturen, og korleis topografane opplevde og skildra produksjon og forbruk blant norske og svenske kvinner på landsbygda i tidleg nytid.<sup>57</sup> Halle nytta sjanger som analytisk verktøy nettopp fordi hovudhensikta hennar var å forstå korleis og kvifor kvinna vart nemnt i dei topografiske tekstane, og ho undersøkte om det var noko mønster blant topografane om når dei valde å skrive om kvinnene. Samanlikna med den topografiske litteraturen hadde ikkje reiselitteraturen eit fastsett skjema å følgje for korleis dei skulle skrive.<sup>58</sup> Sjølv om reglane som topografane haldt seg til ikkje var eit påbod som måtte følgjast til punkt og prikke, var det likevel ein handfast peikepinn til kva ein ønskja at

---

<sup>55</sup> Svennevig, 2009, s. 169.

<sup>56</sup> Svennevig, 2009, s. 248.

<sup>57</sup> Halle, 2009.

<sup>58</sup> Halle skriv at Topographisk Selskab trykka i *Topographisk Journal* eit detaljert skjema som selskapet ønskja at forfatarane skulle følgje. Skjemaet stamma frå presten Hans Jacob Wille og hans skildring over Seljord prestegjeld, men Steinar Supphellen meiner på si side at det opprinnelege skjemaet kom frå Hans Strøms bok om Sunnmøre i 1762 og 1766. Halle, 2009, s. 18.

litteraturen skulle innehalde og kaste ljøs over. Som for Halle er det også for oppgåva mi sentralt å kunne forstå sjangerkonvensjonane i reiseskildringane.<sup>59</sup>

Utan det skjematisk som styrte strukturen til litteraturen, var det likevel ein uskriven regel at ein skulle gripe tak i det ukjende, det særprega og det naturlege i den framande kulturen og samfunnet. Dette er i reiseskildringane den konstitutive sjangerkonvensjonen. Dei detaljane som kjem fram gjennom bruk av eksempel og forklaringar dei reisande har teke med for å byggja opp kring det dei såg og høyrde, gir oss dei regulative sjangerkonvensjonane. Samt sjølv skildringsmengda: kor mykje vekt la dei på likt og ulikt dei observerte, og kva bruka dei plass på i tekstene sine? I dei åtte reiseskildringane eg har undersøkt er det typisk at reiseveg og reisemåte vert nemnde, det same gjeld skysstasjonane, butilhøva, mat og drikke, samt klede. Dei fleste nemner også politiske og økonomiske tilhøve; maktfordeling og handelsverksemd, arbeid i jordbruket og dei stadig veksande industriane. Mengd og observasjonar varierer, og derfor er dei alle eksempel på dei regulative sjangerkonvensjonane. Dei er med på å fortelje oss kva den reisande vektlegg og finn interessant og viktig, og kan på den måte seie oss noko om vurderingane som vert gjort.

#### «Vi» og «dei andre» som grunnlag og problem

Dette leiår oss vidare til problematikken kring reiseskildringar som *kjelde* til å sjå på ulike tilhøve som fann stad i ein periode på om lag 40 år. Fordelen med den topografiske litteraturen i motsetnad til reiseskildringane er at topografane hadde i oppdrag å skrive om tilhøva dei observerte, og derfor la seg mest mogleg opp mot ei vitskapleg skrivestil. Om dei ikkje hadde ein rein objektiv skrivestil, så vart objektivitet likevel eit ideal for skrivinga og innhaldet. Dei reisande derimot hadde som tidlegare nemnt ikkje dette som ein gitt mal, og kunne derfor skrive langt meir fritt.

I fororda til dei åtte eg har valt ut skriv dei sjølv at dei ønskja å gi eit mest mogleg reelt bilete av Skandinavia og menneska der: skildre kva dei såg i størst mogleg grad, og med det mål for auge å kunne opplyse. Samtidig ønskja ein å vise fram noko som var annleis og framand. Forordet til dei fleste viser også ei sjølvinnsett i at mykje av det som vart observert ikkje kan

---

<sup>59</sup> Å seie at det ikkje fanst retningslinjer for korleis ein skulle skrive reiseskildringar er ikkje heilt korrekt, i Charles L. Battens kapittel «Descriptive conventions in eighteenth-century nonfiction travel literature» peikar han på korleis observasjon og refleksjon vart nytta i ulike reiseskildringar frå 1700-talet. Han hevdar at observasjonar er heilt essensielt i reiseskildringane, refleksjonane ikkje. Argumentet byggjar han på kva samtidas omtaler av reiseskildringane framheva. Med utgangspunkt i eit sitat frå *Critical Review* peikar han på dette: «'a book of travels will always be found good or bad' with regard to the author's observations, not his reflections», sjå Charles L. Batten. *Pleasurable Instructions. Form and Convention in Eighteenth-Century Travel Literature*. Berkely/Los Angeles/London: University of California Press, 1978, s. 84. Sjå elles også resten av kapitlet, s. 82–115.



gi eit fullstendig grunnlag for noko typisk for staden eller menneska dei såg, då dei ikkje hadde gjort observasjonar over langt tid. Dei la vidare vekt på kor vanskeleg det var å vere mest mogleg korrekt når ein ikkje alltid visste kva ein snakka om.

For oss som lesarar av litteraturen kan ein lett sjå eit klårt skilje i oppfatninga av «vi» og «dei andre». Historikar Erling Sandmo skriv at oppdaginga av det framande indre fall saman med det framande ytre. Idet verda vart stadig mindre og reiselysta vart lettare å realisere oppdaga ein også dei framande menneska og kulturane. Og med denne oppdaging følgde også ein *konstruksjon* av «dei andre». Ved å oppdage «dei andre» kunne ein gjere desse til interessante studieobjekt, der objektet sjølv ikkje kunne fungere som oppdagar.<sup>60</sup> Bønder og urfolk vart derfor ofte framstilt som framande, underlege og ofte komiske.<sup>61</sup>

Sandmo skriv vidare at oppdaginga av «dei andre» var ein samansett prosess og som ikkje utvikla seg over natta. Kvar det fann stad, på kva nivå det føregjekk og med kva for konsekvensar det enda opp i var av ulik art.

[Konsekvensene] innebar [...] altså en fordeling av posisjoner som kunnskapens subjekter og kunnskapens objekter, av roller som «vi» og «dem», med det oppdagende «vi» som sentralt, mobilt og dynamisk, og det oppdagede «de» som perifert, stasjonært og stabilt. Konstruksjonen av historisk og politisk andre var med andre ord en eksklusjon, og da en eksklusjon som muliggjorde forestillingen om det vitende, subjektive «vi».<sup>62</sup>

Vi finn eit tydeleg vitande og subjektivt «vi» som grunnhaldning hos dei åtte reisande eg har undersøkt, noko som også er med på å farge dei vurderingane ein finn. Og vidare korleis vurderingane kan gi oss eit bilete av haldningane dei innehadde. Dette er ikkje overraskande på nokon måte. Likevel er det viktig å vite om kva som var typisk for tida når det gjaldt møtet med noko nytt og framand, og at dette perspektivet er med når ein sett seg inn i og nyttar reiseskildringane som kjelde til å sjå på noko anna, i dette tilfelle på mangesysle, arbeidsdeling, politiske- og økonomiske idear, i Noreg og Sverige i perioden.

Fjågesund og Symes skriv at det var «national bias» - ei bevisst forforståing – blant britane, der dei sjølv sette ei grense mellom kva som var typisk «dei andre» idet dei samanlikna med seg sjølv.<sup>63</sup> Davies på si side skriv korleis mange av dei britiske reisande såg på seg sjølv som

---

<sup>60</sup> Eriksen, Anne, Anders Johansen, Siv Ellen Kraft og Erling Sandmo. *Kulturanalyse. En teksthistorie*. Oslo: Pax forlag, 2008, s. 103.

<sup>61</sup> Sandmo nyttar her Ludvig Holbergs *Jeppe på Bierget* som eit typisk eksempel, der Jeppe er ein einfaldig bonde som er svak for sterk drikk, og som vert narra av overmakta.

<sup>62</sup> Eriksen, Anne et al., 2008, s. 103–104.

<sup>63</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 15.

oppdagarar av framandt lende, berre på den måten kunne dei reisande presentere «themselves as expert interpreters of this mysterious 'otherness' which their destination represented.»<sup>64</sup>

Skilnadene var likevel ikkje så markante, og dei reisande sine *behov* for å halde på ansleisa var kanskje viktigare enn den faktiske ansleisa. Fjågesund skriv at det paradoksalt nok har vist seg at studiane hans av britiske reisande i Noreg – og korleis dei var opptekne kontrastar og motsetnader mellom nasjonar og kulturar – har ført til ein konklusjon om: «that ultimately the differences between the Other and the familiar are less striking than the fundamental similarities».<sup>65</sup> Behovet for å skilje mellom sin leiande posisjon som verdsborgarar var med andre ord mest ei mental innstilling. Barton gir såleis nokre gode refleksjonane kring korleis dei reisande observerte i skildringane sine: «[T]hey tell us as much about the travellers themselves, and about their attitudes toward their own homelands and toward life in general, as they do about the lands they visited».<sup>66</sup>

### Individoppfatningar

Eit problem som ein lyt merke seg når ein les reiseskildringane er i kor liten grad dei reisande faktisk skildra møta dei hadde med enkeltmenneske, då særskilt allmugen. I møte med dei kondisjonerte finn vi fleire eksempel på detaljerte skildringar av enkeltpersonar.<sup>67</sup> Vurderingar av eller samtalar med enkeltpersonar blant bøndene og arbeidarane finn vi nesten ikkje eksempel på i det heile, og dei ein finn er særskilt frå dei nyare reiseskildringane, blant anna hos Latham og Inglis. Likevel er det generelt mest vanlege å omtale menneske i grupper; gruvarbeidarane, bøndene, kvinnene. Sjeldan finn vi detaljerte skildringar om utsjånad og framtoning, det same er tilfelle når det kjem til skildringar om arbeidet eller forbruket som vert observert – menneska vert omtalt som grupper og ikkje som enkeltindivid. Kva kan årsaka vere til dette og kva gjer dette med reiseskildringane som kjelde?

Ei forklaring kan vere at ei kollektiv forståing av *individet*, enkeltmennesket, vaks for alvor fram i Europa i første halvdel av 1800-talet, med røter til opplysningstida. Tanken var at individet hadde rettigheitar og var i eit sjølvstendig, men samtidig direkte forhold til styresmaktene. Historikaren Sverre Bagge skriv at *likskap* mellom individa var eit heilt sentralt trekk som i større grad enn tidlegare vaks fram på 1800-talet, då i motsetnad til det ein tidlegare såg som eit meir hierarkisk delt system med sterke gruppeinndelingar: Interessene til

---

<sup>64</sup> Davies, 2000, s. 60.

<sup>65</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 32.

<sup>66</sup> Barton, 1998, s. 168.

<sup>67</sup> Collett, Anker-brørne og presten Phil for å nemne nokre. Desse vert omtala, men i tillegg vert fleire samtalar med dei skrive ned, noko som gjer at lesaren opplever å kome enda nærare personane.

individet var underordna fellesskapet det hørde til: slekta, lauset, landsbyen, arbeidsgruppa.<sup>68</sup> Dei nye tankane utvikla seg, og dei samtidige som diskuterte tematikken fekk eit ambivalent forhold til det: Var dette ei utvikling mot noko betre eller var tapet av gruppetilhøyre mest eit problem? Det er viktig å vere bevisst på at dei reisande sjeldan gir oss eit detaljert innblikk i enkeltmenneske dei kom i kontakt med. Dette fører vidare med seg at ein ofte ikkje kan vite for sikkert kven dei reisande faktisk skreiv om. Er det kvinnene i Noreg eller Sverige i heilskap, eller er heile vurderinga basert på ein enkeltobservasjon frå eit område ein bestemt gong? Enkelte gongar vert det spesifisert, men som oftast ikkje, og ein vert derfor nøydd til å foreta gjettingar på eit noko tynt grunnlag.

### 2.3 Om jordbruk i reiseskildringane

Som nemnt i førre kapittel vil eg ikkje ta for meg skildringar direkte knytt til framstillinga av jordbruksartiklar, likevel vert det naturleg å ta noko for seg korleis dei reisande skildra jordbruket dei såg, sidan også dette handlar om å det *produsere*. Overordna kan ein sjå at dei reisande også når det gjaldt jordbruket var opptekne av nyvinningar og effektivisering, som vi skal sjå var tilfelle også i vurderingane av dei meir typiske marknadsretta produksjonsverksemdene.

Ein kan sjå at mange av vurderingane dei reisande gjorde var knytt opp til sjølve landskapet: Korleis var moglegheitene for dyrking i nordlege strøk, og kva for nye vekstar kunne ein finne i Norden? Dei reisande såg på tilhøva i jordbruket, og skildra kor arbeidsame eller kor lite produktive befolkninga var, alt etter kva for geografisk område dei var i.<sup>69</sup> Fleire av dei reisande tok for seg kva odelsrett var, og korleis primogenitur fungerte og kva for konsekvensar dette kunne ha for bøndene.

Samtidig kan ein sjå ei romantisk draging mot det å skildre bondelivet og jordbruket. Ifølgje Fjågesund og Symes er dette noko vi kan sjå på som eit typisk trekk ved reiseskildringane idet jordbruket vert skildra. Noko av årsaka til at ein kom til Norden var nettopp dette å søke mot det opphavlege, det enkle, det naturlege.<sup>70</sup> Dette fann ein på landsbygda og ikkje i byen. Hovudsakleg produserte nordmennene framleis jordbruksvarer til eige bruk, sjølv om bønder nære byane også foredla varene til sal for befolkninga der.

---

<sup>68</sup> Bagge, (red.). *Det europeiske menneske. Individoppfatninger fra middelalderen til i dag*. Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1998, s. 10–11.

<sup>69</sup> Davies skriv at alle dei britiske reisande «took a keen interest in this productive sphere, and, indeed, could personally alternate between an ethereal appreciation of nature and utility-mindedness.» I Davies, 2000, s. 140.

<sup>70</sup> Sjå til dømes Fjågesund og Symes, 2003, s. 162.

Skildringane vert ofte mest detaljert når noko framand og annleis vart skildra. Kulturhistorikar Bjarne Rogan skriv at sjølve *arbeidet* og *folket* i jordbruket ikkje vart skildra så detaljert hos mange av dei reisande, som ein kanskje skulle tru. Som eksempel viser han til engelskmannen Arthur Young som besøkte Frankrike i åra 1787–1789. Young hadde som mål å skildre jordbrukstilhøva på den franske landsbygda og Rogan skriv at «Young was interested in agriculture, but not in those who cultivated the soil; he was interested in the cultivated landscape, but not in the culture of its cultivators. He had hardly ever entered a peasant's abode».<sup>71</sup> Rogan skriv vidare at jordbruket ikkje var noko ukjent for Young, og føregjekk stort sett ikkje på anna vis enn det han hadde sett heime i Storbritannia. Skildringane vert derimot meir omfattande når Young møtte det meir ukjente. Som reising med slede, butilhøve og matvanar. Innanfor jordbruket i Norden var som nemnt dette med primogenitur interessant, sidan dette ikkje var den tradisjonelle ordninga i Storbritannia. Den nordiske modellen vart med andre ord meir *eksotisk*, og derfor langt meir interessant å skrive om både for eigen del og for lenestol-lesarane i heimlandet: Å skrive om det som var annleis og framand vart derfor også ein salsstrategi, og vart stadig meir teke omsyn til utover 1800-talet.

Om vi har dette i tankane er det ikkje rart at det er Malthus som har flest opplysningar om det han såg av jordbruk og dei som jobba i denne næringa: Han skreiv aldri for nokon mottakar. Rogan argumenterer for at det er eit typisk sjangertrekk ved reiseskildringane at vurderingar av menneska er fåtalige på område som ein ikkje såg som eksotiske eller framande. Malthus skilde seg noko ut nettopp ved å skildre landskap og kvinner han møtte på vegen gjennom Noreg. Han opplevde landskapet som vakkert, og kvinnene som flotte og sunne. Han synest dei norske kvinnene såg betre ut enn dei svenske, men var generelt positiv til det jordbruksarbeidet han såg i baae landa.

Kritikken mot jordbruket i Norden dreia seg for det meste om ei oppfatninga av tungvinte og gamaldagse måtar å dyrke jorda på. Eller at ho var dårleg stelt og for lite utnytta, noko både Leopold von Buch og Carl Gottlob Küttner registrerte i dei sørlege delane av Sverige.<sup>72</sup> Nye vekstar gav derimot teikn på kreativitet og framgangstankar. Mark Davies skriv at det i stadig større omfang utover 1700-talet vaks fram ein tydeleg tanke om at det måtte finne stad ei betring av jordbruket: «Improve [was] a key word in the development of a modernizing

---

<sup>71</sup> Rogan, 2007, s. 245.

<sup>72</sup> Buch, Leopold von, *Travels through Norway and Lapland, during the Years 1806, 1807, and 1808*. London: British and Foreign Public Library, 1813, s. 20.

agrarian capitalism».<sup>73</sup> Dei reisande fann det interessant å sjå etter framgang og nyvinningar. I dei nordlege delane av Sverige såg til dømes Clarke ei god handsaming med jorda, der bøndene var arbeidssame: «In all this neighbourhood we saw a numerous peasantry, thus busily employed; and the fruits of their active labour were amply manifested, in the health and cheerfulness by which they were characterized».<sup>74</sup> Medan han var i Noreg fann Clarke glede over at poteten i stadig større grad vart utbreidd i det norske kosthaldet, ikkje minst blant den vanlege nordmannen.<sup>75</sup>

Clarke merka seg særskilt denne utviklinga i Trondheimsområdet: «Within the last ten years, the common people have made great use of potatoes: many grounds about the town are planted with them, and with the *cabbage turnip*, which here attains unusual size and perfection».<sup>76</sup> Det såg generelt ut til at hagebruk vart stadig meir vanleg i Noreg. Då ein tidlegare i hovudsak var nøydd til å importere kulinariske vekstar frå England og Holland, hadde det i langt større grad vorte ein motesak å dyrke fram produkta i eigne hagar. Heimedyrkinga og mindre import opne derfor også opp for at menneske med dårlegare kår fekk moglegheit til å dyrke fram dei nye vekstane, og ta dei i bruk i eige kosthald eller til å kunne selje. Å klare seg sjølv i framstilling av mat, framfor å importere varene, ser ut til at dei fleste oppfatta som ei positiv utvikling.

Robert Gordon Latham som var i Noreg på 1830-talet, hadde på si side klare førestillingar om korleis nordmenn var, og brukte den britiske bonden som modell for å forklare den norske:

Take a fen yeoman, put him in a lone house on the shoulder of a mountain, suspend the law of primogeniture that his brothers may be as good as he is, make his market-town fifty miles farther off than it was before, let his next door neighbour live in a wooden-house about two miles off, supplant his English prejudices with some Norse ones, dress him in a grey frieze coat, subtract a little from his habits of industry (inasmuch as they are superfluous during a northern winter), but nothing from his obstinacy or his honesty, and you have, what I wish to picture for you, a Norwegian *Bonde*.<sup>77</sup>

Latham meinte at det konstant vart produsert for lite korn i Noreg, sjølv når det var gode avlingar fekk ikkje landet samla opp nok til å klare og dekkje behovet til heile befolkninga. Latham la elles merke til at fleire bønder i Noreg leigde jorda dei dyrka, og han meinte at dei

---

<sup>73</sup> Davies, 2000, s. 142.

<sup>74</sup> Clarke, Edward Daniel, *Part the third, Scandinavia, Volume the ninth* (part 3, vol. 9). I fleirbandsverket: *Travels in Various Countries of Europe, Asia and Africa*. London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1824, s. 222.

<sup>75</sup> Poteten kom til Norden tidleg på 1700-talet. Han var ei nyvinning som mange i byrjinga stilte seg skeptiske til, men likevel vart den etter kvart teke inn som ein naturleg del av det nordiske kosthaldet.

<sup>76</sup> Clarke, Edward Daniel, *Travels in Various Countries of Scandinavia; including Denmark, Sweden, Norway, Lapland and Finland*. In two volumes. Volume I (Vol. I). ss. 538–764. London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1838, s. 636.

<sup>77</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 48–49.

som ikkje åtte jorda sjølv mista arbeidslysta. Husmennene sa seg nøgde med å skaffe det heilt naudsynte for å kunne overleve: «The land is not their own; and, in consequence, they are careless about its improvement».<sup>78</sup> Dette var eit problem for produksjonen og arbeidsviljen.

## 2.4 Oppsummering

Reiseskildringar som kjeldegrunnlag for å seie noko om tilhøva i ein gitt periode byr på utfordringar, dette har eg forsøkt å setje fokus på i dette kapitlet. Ved å trekke fram korleis ein kan forstå reiseskildringane som sjanger og framveksten av dei, gir eit grunnlag til korleis ein kan tolke og vurdere dei. I den samanheng har eg trekt fram oppfatninga av «vi» og «dei andre», og korleis denne oppfatninga kan stå som grunnlag for korleis ein observerer og vurderer nye menneske og framande kulturar.

Det er viktig å problematisere og teoretisere kva som skjer når menneske frå ulike bakgrunnar møtast; at uansett kor subjektiv ein ønskjer å vere eller i kor stor grad ein viser kor klår ein er over sin eigen objektivitet, alltid vil vere prisgitt dei kulturelle brillene ein har med seg. Samtidig vert observasjonane som vert nedskrive også påverka av korleis ein trudde forventningane dei samtidige lesarane hadde, og korleis dei opplevde at ei reiseskildring skulle sjå ut. I dei tre påfølgjande kapitla vil eg vise funna eg har gjort av vurderingar om marknadsretta arbeid og forbruk blant nordmenn og svenskar i dei utvalde reiseskildringane.

---

<sup>78</sup> Latham, bind 2, 1840, s. 291.

### 3. Tre britar på reise i 1790-åra

I dette kapittelet vil eg legge fram funna eg har gjort om produksjon og forbruk i reiseskildringane til Mary Wollstonecraft, Thomas R. Malthus og Edward D. Clarke. Eg har jobba ut frå spørsmåla: Kan vi finne negative eller positive vurderingar av marknadsretta arbeid, og kva med det norske og svenske forbruket? Dei alle noterte seg kva dei såg, og skreiv ned dei vurderingane dei gjorde. Wollstonecraft skreiv ei kjenslesterk og personleg brevsamling. Observasjonar og skildringar av menneske ho møtte er likevel – og kanskje noko overraskande – få, ikkje minst med tanke på hennar engasjement for kvinners rettigheter. Malthus skreiv på si side aldri med ein intensjon om at notatane skulle ut i offentlegheita, og var meir faktabasert og i liten grad personleg. Clarke skreiv derimot til ein lesarskare, og langt meir omfattande enn dei to andre. Noko også detaljane i skildringane hans set spor av.<sup>79</sup>

Den britiske filosofen, kvinneforkjemparen og forfattaren Mary Wollstonecraft (1759–1797) var i Danmark-Noreg og Sverige ein kort periode frå juni til september 1795. Ho kom frå det revolusjonsprega Paris, og reiste under namnet Mrs. Imlay.<sup>80</sup> *Letters written during a short Residence in Sweden, Norway and Denmark* kom ut allereie hausten 1796. Boka var basert på dagboksnotatane hennar, og brev som ho bad Imlay returnere tilbake.<sup>81</sup> Kjarleiksorga over Imlay er tydeleg i heile skildringa, og Wollstonecraft gjekk sjeldan i detalj om sjølve reisa, omgivnadene eller tilhøva i landa. Men likevel får vi innblikk i observasjonane hennar kring samfunnstilhøva, den politiske utviklinga og landskapet ho såg. Ho var også klar over at dei fleste av observasjonane hennar var tilfeldige, prega av sinnstilstand hennar og i kva samanheng ho observerte i. Med andre ord vert breva hennar prega av subjektive haldningar og vurderingar med ein svært tydeleg forfattar til stades, dei var meint for eit publikum ho kalla «the armchair traveller».<sup>82</sup> Wollstonecrafts reise gjekk frå Gøteborg mot Risør og tilbake via Christiania.

---

<sup>79</sup> Davies skriv at Clarke framstår truverdig, trass i at han har eit heilt annan baktanke med reisa enn til dømes Malthus; nemleg å gi ut bøker. Sjå Davies, 2000, s. 113.

<sup>80</sup> Dette trass i at forholdet til elskaren Gilbert Imlay var over. Med fullmakt frå han skulle ho undersøke ein forretningssak om ein norsk styrmann som var mistenkt for å ha underslått sølv. Sjølve formålet med reisa, undersøkinga av forretningssaka, skreiv ho derimot lite om.

<sup>81</sup> Anka Ryall, 2004, s.185, og note 12, s. 303.

<sup>82</sup> Ryall, 2004, s. 181–182; Mary Wollstonecraft. *Letters written during a short residence in Sweden, Norway and Denmark*. Surrey: Fontwell, 1970 (1796), s. xvii–xviii. Hos Povlsen kan ein lese at Wollstonecraft var vand med å lese reiselitteratur før ho sjølv reiste og sidan gav ut reiseskildringa. Frå 1788–1792 skreiv ho omtaler av fleire reiseskildringar for Samuel Johnsons *Analytical Review* – der ho ofte kritiserte dei for å vere for empirisk prega. Sjå Povlsen, 2007, s. 14.

Den britiske professoren i historie og økonomi Thomas Robert Malthus (1766–1834) reiste til Skandinavia saman med tre vennar sommaren 1799.<sup>83</sup> Anonymt gav han ut verket om befolkningsutvikling, *An Essay on the Principle of Population* i 1798.<sup>84</sup> Malthus' notatar var skrivne i dagbokform og som nemnt vart dei ikkje tilgjengeleg for ålmenta før på 1960-talet. Derfor ber Malthus' reiseskildring preg av å vere til eige bruk og ikkje med ein tanke om publikasjon.<sup>85</sup> Malthus reiste via Danmark til Helsingborg, og vidare nordvest gjennom Gøteborg og Uddevalla, gjennom Fredrikshald (Halden) og vidare til Christiania. Etter eit besøk i Drammen og Kongsberg reiste han vidare mot Trondheim gjennom Gudbrandsdalen, og frå Trondheim til svenskegrensa gjennom Østerdalen til Magnor.

Den britiske arkeologen og mineralogen Edward Daniel Clarke (1769–1822) drog i 1799 på ei rundreise som tok over tre år.<sup>86</sup> Frå desse reisene vart det eit omfattande materiale som vart gjeven ut ei god tid seinare.<sup>87</sup> Ein kan få inntrykk av at Clarke interessert seg for mykje og kommenterte derfor det meste. For å setje det mindre på spissen kan ein seie at lesaren kan sjå eit interessefelt som strekte seg lengre enn hos andre reisande. Mange konsentrerte seg ofte om eit hovudfelt som anten gruvedrift, næringspolitikk eller liknande, Clarke kommenterte menneska, verksemder, landskap, norske og svenske tradisjonar og vaner, fattige og rike. I Clarkes observasjonar kan ein også sjå fleire kommentarar som gir lesaren eit innblikk i korleis Clarke opplevde det han såg og høyrde.<sup>88</sup> At skildringane vart gjevne ut så lang tid etter sjølve reisa kan ha verka inn på korleis Clarke skildra, og kva for vurderingar han gjorde. Til dømes hadde industrien haldt fram med å utvikle seg, og skuggesidene hadde ikkje vorte mindre med åra. I tillegg måtte Clarke også ha teke stilling til korleis krigen påverka dei økonomiske og sosiale tilhøva både i Norden og Storbritannia.

Clarke tok følgje med Malthus frå Danmark til Helsingborg og vidare nordover til Vänersborg der dei skilde lag.<sup>89</sup> Clarke reiste vidare mot Stockholm, for så å vende ferda nordover via

---

<sup>83</sup> Dette var William Otter og Edward D. Clarke, samt Clarkes elev Cripps, sjå James Patricia, Thomas Robert Malthus, *The Scandinavian Journal, 1799, 1799* [1966].

<sup>84</sup> Som i 1803 kom i ny utgåve der nye erfaringar var komen med, blant anna med grunnlag i observasjonar gjort under reisa i Skandinavia.

<sup>85</sup> Ein finn mange overstrykingar og skriblerier i den originale dagboka, og mange detaljerte notat som til dømes om temperatur og vêr. Han skriv elles om hesteskyss, observasjonar om folk han såg og kom i samtale med, om jordbruk, befolkning, premogenitur og demografi.

<sup>86</sup> Reisa strekte seg frå Skandinavia, Russland, Det osmanske rike og til dei austlege delane av Middelhavet, blant anna Hellas, Krimhalvøya, Konstantinopel, Palestina, Syria og Egypt.

<sup>87</sup> Nærmare bestemt seks bind i perioden 1810–1823 der dei to siste omhandla reisa i Skandinavia (gjeve ut i 1819 og 1823). Clarkes skildringar vart populære og kom ut i fleire opplag og på fleire språk.

<sup>88</sup> Barton, 1998, s. 10–11.

<sup>89</sup> Clarke fekk seinare tillating av Malthus til å nytte notatane hans frå reisa i Noreg og Sverige, derfor kan ein finne nokre parti i reiseskildringa til Clarke som minner om Malthus'.



Sundsvall til Torneå. Frå Torneå mot Noreg, over Brekken ved Aursunden innom Røros og vidare mot Trondheim. Ferda mot Christiania gjekk gjennom Gudbrandsdalen. Vidare reiste han innom Kongsberg for så å dra til Kongsvinger og Magnor, over til Sverige og mot Stockholm. Frå Stockholm reiste Clarke nok ein gong nordover for så å ta båt vidare til Finland frå Grisslehamn utanfor Uppsala.

### 3.1 Produksjon

#### Gruver, verk, tømmerdrift og fiske

Skildringar om gruver, verk, tømmerdrift og fiske er ulike hos dei tre reisande. Medan Wollstonecraft i liten grad nemnte gruver eller verk, var både Malthus og Clarke innom fleire. Særskilt Clarke skildra gravene i detalj. Clarke og Malthus skreiv derimot mindre om fiskenæringa i Skandinavia, men hos Clarke kan ein finne ein kommentar om at det var ei viktig næring for svenskane, då den bidrog til underhald og arbeid for mange: han skreiv at Gøteborg var prega av liv og aktivitet blant anna grunna dette, noko han fann positivt.<sup>90</sup>

#### *Wollstonecraft om samfunnsånd og balanse:*

Om fiske finn vi derimot noko meir utfyllande informasjon hos Wollstonecraft. I løpet av turen til Tønsberg og Risør observerte Mary Wollstonecraft stadig fiskarar som var ute: «The lower class of people in the towns are in general sailors; and the industrious have usually little ventures of their own that serve to render the winter comfortable. With respect to the country at large, the importation is considerably in favour of Norway».<sup>91</sup> Som vi veit var fiskarane gjerne bønder, og dreiv fiske som ein bigeskjeft ved sida av jordbruket. Det kunne ligge mykje fortene i dette, og som Wollstonecraft påpeika ville dei mest arbeidsame kunne sikre seg ein god og komfortabel vinter gjennom næringa.

Men kanskje komforten kunne verte for stor, resonerte Wollstonecraft vidare, og meinte at menneska i hamnebyane fort kunne verte for opptekne av pengar. Noko som ikkje var positivt. Wollstonecraft skildra nordmenn som fornuftige og kloke, men meinte at dei var mest opptekne av høgst mogleg profitt, medan dei i liten grad jaga etter kunnskap og viten. Det harde arbeidet som førte til rikdomar kunne verte nytta til ein god og borgarleg levemåte – men problemet ved det var at det gjekk utover *samfunnsånda*.<sup>92</sup>

---

<sup>90</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 120–121.

<sup>91</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 77–78.

<sup>92</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 112.

Wollstonecraft påpeika motsetnaden som var mellom den sjølvoppteke sløsinga på den eine sida, og ei interesse for kollektiv utvikling på den andre. Ifølgje Wollstonecraft var det sløsinga til eige formål som stod sterkast, noko som førte til ei manglande utvikling og eit fråvær av nyttig kunnskap. Dette vart atterspegla til dømes i dei skandinaviske gruvene, som Wollstonecraft meinte vart drivne tungvint og ulønnsamt. Ho meinte at ein måtte finne ein balanse når det kom til kor mykje lønn ein skulle få utbetalt: Den arbeidande måtte ha ei inntekt som var høg nok til at han kunne leve av ho – og på den måten sleppe å skaffe biinntekter – men likevel ikkje så høg at han vart doven. «It is this want of proportion between profit and labour which debases men, producing the sycophantic appellations of patron and client; and that pernicious *esprit du corps*».<sup>93</sup>

Nettopp dette med *balansen* ho skriv om – mellom det å utvikle seg og oppnå framgang, samtidig som ein må vakte seg for å la det heile gå til hovudet på seg – er noko vi skal sjå står som ei hovudkonflikt, ikkje berre hos Wollstonecraft men også hos dei andre reisande. Vi kan tolke Wollstonecraft dit hen at samfunnsånd er noko skjørt som ein kan øydelegge dersom ein går for langt den eine eller andre vegen.

Under besøket ved Trollhättan kan ein sjå at Wollstonecraft ikkje fann menneskeleg inngrep i naturen som noko positivt, og heller ikkje synte ho særskilt interesse for korleis utbygginga av Trollhättan fungerte.<sup>94</sup> Trass i dette var ho imponert over den menneskelege kløkta og verksemda i arbeidet som vart gjort der. Ho observerte kanalarbeidarane og «the sight of the works, as they advanced, though a grand proof of human industry, was not calculated to warm the fancy».<sup>95</sup> Hos Malthus kan ein sjå noko av det same: han meinte at sagbruka ved Trollhättan var øydeleggjande for det svenske landskapet. Trass i dette var også Malthus positiv til sjølve arbeidet som vart gjort der, han skreiv at han «were pleased with the simplicity of the machinery».<sup>96</sup> Clarke på si side vart ikkje imponert over fossefalla ved Trollhättan, men vurderinga hans liknar Wollstonecrafts, idet arbeidet til kanalarbeidarane vart skildra som effektivt og energisk.<sup>97</sup>

---

<sup>93</sup> *Esprit du corps* tyder moral, eller gruppemoral. Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 112.

<sup>94</sup> Trollhättan var kjent for å vere eit knutepunkt for dei som reiste på elvane og for frakt av eksportvarer, ikkje minst var fossefalla der av stor interesse generelt blant dei reisande, og eit naturleg reisemål for både Wollstonecraft, Malthus og Clarke.

<sup>95</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 189.

<sup>96</sup> Malthus, Thomas Robert. «The Scandinavian Journal, 1799», ss. 28–219 i: Patricia James. *The Travel Diaries of Thomas Robert Malthus*. Cambridge: The University Press for the Royal Economic Society, 1966, s. 76.

<sup>97</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 130–132.

Clarke merka seg også korleis sagbruka ved Trollhättan fungerte, der det var heile ti sager som var i gong på same tid. Vi kan finne ei positiv vurdering hos Clarke, idet han skildra dei som jobba der: «old men, and *even girls*, are employed to guide and to guard these works, which are carried on with *admirable facility*». <sup>98</sup> *Sjølv jenter* jobba med å leie og sikre arbeidet som vart gjort – og det på eit beundringsverdig dugeleg vis, skreiv Clarke. Han merka seg altså at kvinnene jobba i det ein gjerne kan sjå som eit typisk maskulint arbeid, ifølgje Clarke hadde dei også overoppsyn med arbeidet.

### ***Om gruver og verk:***

Om tilgangen på jarn i same område skreiv Clarke at det var av beste sort, men «is certainly owing to no improvement in the process of *forging* the metal; for in the simple machinery necessary for this purpose, the *Swedes* are rather behind than before other nations». <sup>99</sup> Det var sjølve åra som gav svenskane så godt jarn, då derimot teknologien og arbeidet med råvara hang, ifølgje Clarke, etter.

På slutten av 1700-talet var fleire av gruvesamfunna i Skandinavia i ferd med å verte meir moderne industrisamfunn. Men dårlegare tider førte til uteståande utbetalingar av lønn, dette førte også til at det støtt var matmangel – særskilt i overgangen til 1800-talet og utbrotet av Napoleonskrigane – som gav vanskelege og harde tilhøve i mange av gruve- og verksamfunna.

I byrjinga av juli reiste Malthus til Kongsberg der han møtte intendanten i gruvene på staden, professor Brünnich. <sup>100</sup> Malthus opplevde byen som fattigsleg og dystert, der gruvene gjekk med tap og mange måtte ut på gata for å tigge. Ein kan derimot ikkje finne nokre vurderingar hos Malthus om arbeidarane, eller korleis det vart jobba der.

Då Clarke kom til byen ei tid etter same år, var noko av det første som slo han at sjølve byen var vakker, med pene hus og pene gater. Han skreiv vidare om kor lange arbeidsdagane til arbeidarane var, og at det i hovudsak var heile familiar som var tilsett i gruvearbeidet, der barna slapp til frå dei var kring tolv år. Clarke oppdaga etter kvart at det var mykje fattigdom på staden, og både kvinner og barn i gatene tagg pengar og synte fram opne sår og vridde lemmer – noko Clarke fann svært negativt. Clarke la skulda på dei som leia gruvearbeidet eller eigde gruvene. Ikkje minst meinte han at mykje av skulda for fattigdomen han såg var

---

<sup>98</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 133. Mi utheving.

<sup>99</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 227.

<sup>100</sup> Morten Thrane Brünnich (1737–1827), Malthus, 1799 [1966], s. 111.

grunna i det høge talet på intendantar og assessorar, og det låge overskota gruvene hadde. Løysinga meinte han måtte vere:

by dismissing a number of such persons, half of whom can only be considered as *drones*, and augmenting the number of miners, the *working bees*, - that is to say, of those actually employed in useful labour, - the finances of the *Kongsberg* establishment would soon begin to wear a more promising appearance.<sup>101</sup>

I sitatet kan ein sjå eit motsetnadsforhold: Clarke skildra gruvearbeidarane som arbeidsbiar, medan han nytta ordet dronar om det, etter hans meining, altfor høge talet på assessorar og intendantar. Drone er synonymt med ord som lathans, somlekopp og dagdrivar.<sup>102</sup> Såleis får vi eit tydeleg uttrykk frå Clarke om kva han meinte om arbeidsfordelinga han såg på staden: Kritikken mot ei tankelaus utnytting av arbeidarane kan sporast i biletet av late dronar og flittige arbeidsbiar.

Vidare skreiv Clarke at problema botna i at det var kongen som åtte gruvene – derfor følte ingen eit *personleg* ansvar – noko som igjen resulterte i at det førekom underslag, sløseri og tjuveri. Konsekvensane av den ufornuftige pengebruken ville verte alvorleg for gruvearbeidarane på Kongsberg og familiane deira dersom heile drifta skulle bryte saman og gå med konkurs, haldt Clarke fram. Det mest fornuftige ein kunne gjere for å unngå ein slik situasjon ville ha vore å få gruvene over på private og ikkje statlege hender. Positiv var derfor opplevinga av at det vart undervist i mineralogi, kjemi, fysikk og matematikk for gruvearbeidarane, barna deira eller andre interesserte: «We felt, at the moment, an inward sense of shame for our own country, in which such studies have hitherto met with so little encouragement».<sup>103</sup>

Ved bergstaden Røros besøkte Malthus gruvene. Der syntest han arbeidarane likna djevlar grunna dei svarte andleta, men med alt sotet var det ikkje lett å seie om arbeidarane var ved god helse eller ikkje.<sup>104</sup> Forvaltaren i gruva overtydde Malthus om at bergmennene sjeldan vanta noko og at dei heller ikkje ofte vart forkjøla, trass i den fuktige og dårlege lufta. Malthus skreiv vidare at dei fleste bergmennene kunne skaffe seg ekstraintekter ut over arbeidet i gruvene, då dei fleste kunne reise heim på helg der kona og barna stelte dyra og dreiv litt jordbruk. Om Malthus er restriktiv på å skildre inntrykka sine, skreiv han at

---

<sup>101</sup> Clarke, Edward Daniel. *Part the third, Scandinavia, Section the Second.* (part 3. section 2). I fleirbandsverket: *Travels in Various Countries of Europe, Asia and Africa.* London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1823, s. 53.

<sup>102</sup> *Ordnett*, s.v. «drone». 25.09.2013. <http://ordnett.no/search?search=drone&lang=en>.

<sup>103</sup> Clarke, part 3. Section 2., s. 65–66.

<sup>104</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 183.

butilhøva ved gruvene var langt frå gode: Han hadde ikkje sett ein meir ussel tilhaldsplass, der 100 arbeidarar var stua saman i små hytter: «There is certainly an air of poverty both in the houses and people».<sup>105</sup>

Clarke var også innom Røros og fyrsteintrykket av sjølve byen var positivt då han syntest at Røros likna på ein hollandsk by. Ved sjølve gruveområda var han innom hyttene gruvearbeidarane budde i. Her vart han slått av kor usunne og sjuke arbeidarane såg ut; nesten alle var astmatiske. Forvaltaren av gruva som Malthus hadde snakka med, hadde kanskje med overlegg komen med feilaktige opplysingar på dette området. Kanskje for å skape eit glansbilete for framande på besøk? Men direktøren, herr Knoph, som var med Clarke til gruvene bekrefta dei dårlege helsetilhøva til arbeidarane.<sup>106</sup>

Clarke meinte at årsaka til dei dårlege helsetilhøva måtte liggje i dei store mengdene med svovelgassar som kom ut frå gruvene og som la seg som eit teppe over heile området. Clarke skildra vidare arbeidesoppgåvene i gruvene, om kor lange dagar arbeidarane hadde og kva for lønn dei fekk. Han konkluderte med at tilhøva generelt ikkje var gode. Det positive utfallet av arbeidet i gruvene såg ein likevel i dei kringliggjande områda, og ein forstod viktigheita av arbeidet, meinte Clarke; velstanden og blomstringa verksemda førte med seg strekte seg nordover i landet, særskilt til Trondheim, og eksporten gjekk hovudsakleg til Nederland.<sup>107</sup> Men då på arbeidarane sin kostnad.

### ***Dårlege tilhøve i svenske gruvesamfunn, og sterke inntrykk i Persberggruvene:***

I Sverige var Clarke innom Falungruvene på veg mot Stockholm, og var interessert i både drifta og mineralfunna der. I gruvene var det så varmt at arbeidarane måtte arbeide nesten nakne for å kunne halde ut, og Clarke sjølv var ikkje i stand til å vere nede i gruvene særskilt lenge. Det skal nemnast at han var i større grad oppteken av kva for funn ein kunne gjere i gruva, og skildra elles sjeldan menneska han møtte i arbeid. Clarke oppfatta at gravedrifta var i ein nedgangsperiode medan han var innom, og skildra samtidig at byen rundt gruvene var skitten og lite tiltrekkande. Ikkje minst hang byen etter i utviklinga samanlikna med resten av Europa: «*Fahlun* is a dirty town; and, except in the art of mining, is at least two centuries

---

<sup>105</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 185.

<sup>106</sup> Knoph sa det var tre årsaker til at det var slik; for det første var arbeidarane for unge når dei starta i arbeidet, for det andre jobba dei så hardt at dei fort kom til skade under dei store påkjenningane. For det tredje drakk dei ofte store mengder med kaldt vatn medan kroppen var for varm – noko som også framprovoserte astma, påstod Knoph. Clarke, Vol. 1, 1838, s. 604.

<sup>107</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 604, 609–610, 612.

behind the rest of *Europe* in refinement». <sup>108</sup> Noko som kan stå som ein indikasjon på Clarkes oppfatning av eit samfunn som han meinte tapte mykje på å ikkje utvikle eller fornye seg. På vertshuset på staden var dessutan suppa full av hår, og kjøtet som vart servert illeluktande.

Derimot var heimane til assessorane reine og folket som budde der høflege og gjestfrie. Clarke vart fortalt at trass i dei dårlege tilhøva på staden, levde befolkninga unormalt lenge. Dette var noko Clarke ikkje vart overtydd om, då alle han møtte hosta og spytta, og lufta var dårleg å puste i. Innbyggjarane måtte inhalere både det eine og andre, meinte Clarke og undra på om ikkje innbyggjarane sjølv byrja å verte koparfarga:

One might almost fancy that the inhabitants, owing to their *copper-coloured* countenances, had become, in a certain degree, themselves *cupreous*; for they may be considered as actually eating, drinking, and breathing *copper*. They have *copper* above, below, and on every side of them; and smoking heaps of *iron pyrites* impregnate every gale with their suffocating vapours; as if the curses denounced against the disobedient *Israelites* had here been made the means of industry, and the instruments of wealth and happiness[...]. <sup>109</sup>

I Persberg, nordaust for Karlstad, vart Clarke vist rundt i jarngruvene på staden, denne gongen av gruvearbeidarar og ikkje intendanten, som måtte trekke seg frå avtalen. Dette syntest Clarke var positivt, då arbeidarane var, etter hans meining, langt meir skikka til å vise besøkande rundt og var samtidig meir serviceinnstilte enn det intendantar normalt var. Clarke fekk vite at arbeidarane tente to skilling dagen, og at dei vart lønna kvar veke. Det han vidare skreiv er tydeleg gjort ei god tid etter sjølv besøket i Sverige idet han brått omtalar seg sjølv i tredje person, og nemner at han dei siste ti åra hadde besøkt mange gruver, men ingen som desse i Persberg. Skildringa endrar så karakter, og for lesaren opplevast skildringa som meir dramatisk; Clarke tok til å skildre lydar og lukter, personlege inntrykk og utsjånaden på arbeidarane. I desse skildringane nytta han også sterkare bilete enn elles:

The clanking of the chains, the groaning of the pumps, the hallooing of the miners, the creaking of the blocks and wheels, the trampling of horses, the beating of the hammers, and the loud and frequent subterranean thunder from the blasting of the rocks by gunpowder, in the midst of all this scene of excavation and uproar, produced an effect which no stranger can behold unmoved. <sup>110</sup>

Dette er interessant, for dette kan vere ein tydeleg indikasjon på at Clarke fekk sterke inntrykk av det han såg. Han skreiv vidare at han og vennen Cripps måtte saman med bergmennene klatre ned stigar for å kome ned i sjølv gruva. Desse var ikkje laga av tre og jarn slik som i gruvene i Cornwall i England, men av tre åleine der enkelte parti var både morkne og knekt, enkelte stader var dei også dekt av gjørme og is som gjorde det heile vått og glatt, og risikoen

---

<sup>108</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 154.

<sup>109</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 155.

<sup>110</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 102.

stor for å miste fotfeste og falle. Denne bekymringa nemnte Clarke til gruvearbeidarane som var med, som svar fekk han høyre at han måtte vere merksam og ikkje prate. Ein kar fortalde Clarke ei historie:

'It was just so, talking about the staves that one of our women fell [...], as she was descending to her work'. 'Fell!' said our *Swedish* interpreter, rather simply; 'and pray what became of her?' 'Became of her!' continued the foremost of our guides, disengaging one of his hands from the ladder, and slapping it forcibly against his thigh, as if to illustrate the manner of the catastrophe, – '*she became (pankaka) a pancake*'.<sup>111</sup>

Vel nede frå stigen og i gruvegangen var det ikkje mogleg å snakke saman grunna høg støy frå arbeidet som haldt på. Dei vart ført til ei forbløffande stor hole: «Above, below, on every side, and in every nook of this fearful dungeon, glimmering tapers disclosed the grim and anxious countenances of the miners». <sup>112</sup> Desse arbeidarane, med andlet prega av bisterheit og angst, haldt til i hola som Clarke vidare samanlikna med *Pandæmonium*.<sup>113</sup>

[C]lose to us, hags more horrible than perhaps it is possible for any other female figures to exhibit, holding their dim quivering tapers to our faces, and bellowing in our ears. One of the same sisterhood, snatching a lighted splinter of deal, darted to the spot where we stood, with eyes inflamed and distilling rheum, her hair clotted with mud, dugs naked and pendulous; and such a face, and such hideous yells, as it is impossible to describe.<sup>114</sup>

Det tok ikkje lang tid før dei var på veg tilbake til stigen opp frå gruva, då bråk og støy gjorde det nesten umogleg å vere der nede. Dei besøkte også ei anna jarngruve på Persberg, arbeidet minna om arbeidet som vart gjort i saltgruvene i England, meinte Clarke, bortsett frå at saltgruvene ikkje hadde isbrear, fossar eller morkne stigar. For å ikkje snakke om «filthy wretched females doomed to do the work of men». <sup>115</sup>

Dei valdsame inntrykka frå sjølve gruvene hindra ikkje Clarke i å oppleve gruveindustrien som ei velsigning for Sverige, i tettstadene i nærleiken av Persberggruvene kunne ein sjå spor av kva for verdi dei gav området: teikn på velstand og god smak. Gjennom rekrutteringa til gruvene og smeltehusa fekk Sverige ein innbringande verksemd. Det landet hadde fått til, meinte Clarke, kunne stå som eit eksempel for andre land ved at ein gjennom *flittigheit* kunne nytte industriressursar som gav rikdom, særskilt når moglegheitene for jordbruk var dårlege. <sup>116</sup> Slik som Wollstonecraft, opplevde også Clarke flittigheit som heilt avgjerande for

---

<sup>111</sup> Clarke, part 3. Section 2., 1823, s. 103.

<sup>112</sup> Clarke, part 3. Section 2., 1823, s. 104–105.

<sup>113</sup> *Pandæmonium* er helvetes hovudstad i det episke diktet «Paradise Lost» frå 1667 av diktaren John Milton (1608–1674).

<sup>114</sup> «Umogleg å skildre» avslutta Clarke setninga med, men gjer likevel eit forsøk ved å skrive med ei verselinje frå det nemnte dikt «Paradise Lost»: «Black it stood, as Night – fierce as ten Furies – Terrible as Hell», Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 105.

<sup>115</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 106.

<sup>116</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 112.

at ein skulle få til framgang: «a land, it is true, where sluggards might starve, - as they may anywhere; but where a sturdy and active race of men have already found all that is necessary for the comforts and even for the luxuries of life».<sup>117</sup>

I Clarkes reiseskildring er besøket i Persberg-gruvene noko av det mest interessante. Her kjem ein som lesar i direkte nærkontakt med gruvearbeidarane, noko som ein ofte saknar elles. Sitata over viser ein hard livsstil, der forteljinga Clarke vert fortald om kvinna som fall ned frå stigen viser at dauden var ein del av kvardagen. Samtidig viser forteljinga ei rå form for humor – at ho vart flat som ei pannekake – som kanskje var ein av få måtar å takle ein slik kvardag på.

Clarke vart dessutan forbløffa over kvinnene som arbeidde som mannfolk i gruvene, noko han ikkje kunne finne liknande eksempel på i Storbritannia. Ikkje minst er skildringa av denne kvinna med naken overkropp, søle i håret og det vanvitige uttrykket i andletet, den sterkaste skildringa av arbeidarane sine tilhøve blant alle dei reisande eg har undersøkt. Det er mogleg Clarke forsøkte å gi eit skrekkbilete på kor dårlege tilhøva var i dei svenske gruvene, der han vidare skreiv at kvinner var dømt til å gjere det same arbeidet som menn.

### **Tekstilar og anna handverk**

Gruveproduksjonen var hovudsakleg til eksport, når det gjaldt tekstilproduksjonen var han meir til eige bruk og til sals innanlands. Vi kan finne ein del skildringar om tekstilproduksjon hos Wollstonecraft, Malthus og Clarke, men desse er mindre omfattande samanlikna med gruveproduksjonen. Trass i at tekstilproduksjon som regel nemnast kort, ser det ut til at både Wollstonecraft, Malthus og Clarke støtt la merke til det og skreiv det ned. For samanlikna med gruvene som Malthus og Clarke aktivt oppsøkte, møtte dei reisande tekstilproduksjon i større grad som ein kvardagsleg heimeproduksjon hos familiar dei budde hos, eller menneske dei passerte på vegen. Ein observerte ein vev i stova, eller ein rokk, fine tekstilprodukt til sals liggande framme på eit bord. Når det gjaldt anna handverk, som til dømes framstillingar av knivar for sal, var det så å seie på lik line: noko ein såg og noterte seg. Historikar Carl-Johan Gadd skriv at handverk var i lik grad knytt til eigen bruk som til ein marknad.<sup>118</sup> Noko som altså gjer det vanskeleg å skilje kva som faktisk var *marknadsretta* arbeid, om då ikkje dei reisande faktisk noterte seg det.

---

<sup>117</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 112.

<sup>118</sup> Gadd, Carl-Johan. *Självhus håll eller arbetsdelning? Svenskt lant- och stadshantverk ca 1400–1860*. Göteborg: Ekonomisk-historiska institutionen vid Göteborgs universitet, 1991, s. 25.



På veg mot Risør hadde Wollstonecraft ein stopp ved Portør, der ho overnatta. Ho skreiv at heimen var rein og makeleg, og lintøyet var av god kvalitet og krittkvitt. Alle kvinnene spann, og det stod ein vev i kjøkkenet.<sup>119</sup> På reisa tilbake, sjøvegen via Tønsberg og mot Moss, passerte dei ein del storgardar: «The wives and daughters spin; and the husbands and sons weave: so that they may fairly be reckoned independent; having also a little money in hand to buy coffee, brandy, and some other superfluties».<sup>120</sup> Wollstonecraft observerte her det vi kan tolke som heimeproduserande familiar som retta seg mot ein marknad. Årsaka til dette meinte ho var moglegheita familiare hadde til å kunne skaffe seg reine forbruksartiklar som kaffi, alkohol og anna. Dette gjorde dei sjølvstendige, meinte Wollstonecraft. Altså noko ho opplevde som positivt. Det ser heller ikkje ut til at Wollstonecraft meinte at dei reine nyttingsprodukta som kaffi var eit problem.

Seinare, i Moss, slo det Wollstonecraft kor livleg byen var «which seemed to result from industry». Dei rikaste innbyggjarane minna ho om handelsfolk ho hadde møtt i Yorkshire, men i motsetnad verka dei norske meir sjølvstendige.<sup>121</sup> I Christiania byrja Wollstonecraft å skrive om *kremmarånd* som forklaring på kvifor falsk stordom og sjeleleg trongsyn oppstod og vart synleggjort, der ho brukte husfasadane ho såg i byen som uttrykk for dette.<sup>122</sup> Wollstonecraft nytta omgrepet *kremmarånd* med ein negativ undertone, dette vil eg kome tilbake til i kapittel 6.

### ***Tekstilarbeid skildra som kvardagssysle:***

Under opphaldet i Sverige skreiv Wollstonecraft at det kalde klimaet var ei årsak til at den svenske befolkninga var meir late enn andre. Med dette meinte ho at dei bruka altfor mykje tid til å sitje inne og til å beskytte seg mot kulda, framfor å nytte ho til å gjere andre arbeidsoppgåver og gjeremål utandørs. Likevel kom det ein positiv konsekvens ut av å sitje inne, og som Wollstonecraft merka seg, nemleg at kvinnene spann og mennene vov mykje. Dette var arbeid ein kunne gjere inne, særskilt om vinteren, og som involverte heile familien. Og om mykje energi gjekk med i å produsere klede til å halde seg varme i eit kaldt klima, var ei slik sysselsetjing positiv: «I have rarely passed a knot of cottages without seeing cloth laid out to bleach; and when I entered, always found the women spinning or knitting».<sup>123</sup>

---

<sup>119</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 128.

<sup>120</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 147–148.

<sup>121</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 151.

<sup>122</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 164.

<sup>123</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 37.

Malthus kom også inn på korleis svenskane jobba vinterstid medan han var i Gøteborg, her kan vi merke oss at han oppfatta at tekstilprodukta ikkje var til sals, men berre til eige bruk. Likevel gir Malthus eit positivt bilete av eit arbeidande folk, der også dei fleste var i stand til å delta:

Little outdoor work can be done in the winter, and they generally employ themselves during that part of the year either in sleeping, or some home manufactory, at which most of them are able to work. [...] Almost all the peasants are weavers, and employ themselves during the long nights of winter in making their own cloathing.<sup>124</sup>

Seinare skreiv Malthus då han var innom Vänersborg: «we went into a peasant's wooden cottage to get some milk, and found every thing very clean and neat about it, with a weaving machine in the middle. A little field of hemp adjoining[...]».<sup>125</sup> På vegen mot Trondheim gjorde Malthus fleire observasjonar av menneska han møtte på vegen. Ved Elstad var Malthus og Otter innom ei hytte i kveldinga «where a girl was weaving woollen for a petticoat. We saw some cloth that she had woven for shifts and shirts. It was most extremely coarse; but not very hard».<sup>126</sup> På Berkåk kommenterte Malthus kleda til dei norske bøndene, der han skreiv om at dei raude luene dei gjekk med, var produkt frå København, medan «almost every other part of the dress of the peasant is made by them selves, and is in general very neat and tight, and I think superior to the dress of our english labourers».<sup>127</sup> Norske produkt kunne altså måle seg med det som vart produsert heime i Storbritannia, ifølgje Malthus, noko som ser ut til å vere ein positivt ladd kommentar.

Hos Malthus kan vi altså sjå fleire fråsegn om tekstilarbeid. Og sjølv om han ikkje utdjupar det i særskilt grad eller skreiv om det var for å selje eller til eige bruk, er det nettopp dette kvardagslege og *sjølvsgatte* ved arbeidet som er interessant å sjå.

Derimot kan vi finne eit tydeleg eksempel på at det var andre menneske som stilte seg negative til at handel vart drive: Malthus møtte ein general ved namn Mainsback ved Tistedalsfossen utanfor Halden. Det viste seg at generalen opplevde handel som øydeleggjande for moralen til den vanlege innbyggjar:

The General is no friend to commerce. He thinks that it enervates and corrupts the common people, and spoils the soldiers. He seemed to look with a little jealousy on the rich commercial upstarts and

---

<sup>124</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 72–73.

<sup>125</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 80.

<sup>126</sup> Malthus, 1799, [1966], s. 134.

<sup>127</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 145.

complained that the point of honour was nearly lost. Of all folie, he thought the cultivating folie was the most useful».<sup>128</sup>

Dette er tankar som vi skal sjå, i kapittel 6, var typiske blant mange i embetsstanden under perioden.<sup>129</sup> Generalen meinte altså at handel svekka og korrumperte den vanlege innbyggjar, medan soldatar vart bortskjemte. Det er interessant å sjå at Malthus meinte årsaka botna i sjalusi. Med andre ord kan det sjå ut til at Malthus ikkje var einig i at handel øydela den vanlege arbeidar, eller i nokon grad kunne verke negativt.

### ***Andre bruksgjenstandar:***

Medan Clarke var i Trondheim kommenterte han framstillinga av bruksgjenstandar der kniven var den einaste reiskapen som vart teken i bruk, blant dei bøndene han møtte. I sitatet under kan vi sjå korleis Clarke vert slått over arbeidet han såg nettopp med bruk av kniv, og over kor oppfinnsam han syntest bøndene i landet var:

In visting the farm-houses of this country, and observing the manners of the peasants, there is, perhaps, nothing that will strake a traveller more than their marvellous ingenuity in carving of vessels and articles of household furniture with their knives. Their knife-handles are sometimes beautifully inlaid and ornamented with different-coloured wood. Mr. *Horneman* presented to Mr. *Cripps* a knife thus ornamented by a *Norwegian* peasant: it had all the letters of his name inlaid in the handle, with pieces of coloured wood. But they are so skillful with their knives, that they will cut out bowls and cups as if they had been turned; and manufacture the most elegant utensils of all sizes, from a cabinet to a snuff-box, without using any other instrument.<sup>130</sup>

På same vis, ikkje langt frå Gjøvik, besøkte Clarke eit glasverk. Glasverket var eigd av kongen, men vart forpakta av privatpersonar. Varene som vart framstilt vart sendt til Christiania, før det vart skipa vidare til København og Ost-India. Dei fekk observere arbeidskarane som blåste grønne vinflasker og glassylindrar som vidare vart valsa ut til vindaugsglas. Clarke skreiv også her at produkta var klåre og blanke, og han meinte det var av god kvalitet. Her fekk han høyre av direktøren ved verket at arbeidet likevel var av langt dårlegare kvalitet enn det engelske glasarbeidet, og at dei nettopp hadde hatt ein engelsk arbeidar innom til å sette i stand ein smelteomn etter engelsk standard.<sup>131</sup>

---

<sup>128</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 87–88. I den norske oversettinga lyder den siste setninga slik: «Av all galskap mente han at jordbruksgalskapen var den nyttigste», sjå Thomas R. Malthus. *Reisedagbok fra Norge 1799*. Omsett av Thor Bryn. Oslo: J.W. Cappelens forlag, 1968, s. 16.

<sup>129</sup> Sjå til dømes Bjerke, Ernst. «Selskabet for Norges Vels program. Selvstendighet gjennom kunnskap», ss. 61–73 i: Ernst Bjerke og John Petter Collett. *Vekst gjennom kunnskap. Det Kongelige Selskap for Norges Vel 1809–1814*. Oslo: Det kongelige selskap for Norges vel, 2009; Rasmus Glenthøj. *Fælles kultur – forskellige nationaliteter. De borgerlige eliters skabelse af en national identitet i Danmark og Norge 1807–1830*. Odense: Syddansk Universitet, 2010.

<sup>130</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 674.

<sup>131</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 736–737.

Dei to sitata viser Clarke i møte med to produksjonseiningar. Ho i Trondheim vart drive av bønder som sjølv hadde teke initiativ til å lage utskorne trevarer, kanskje for ein marknad? Utanfor Gjøvik var ein statleg, altså kongeleg eigd, glasverksemd som etter slik Clarke forstod det, produserer gode glasvarer, men som direktøren forklarte var noko feilaktig observert.

Eksempelet frå Gjøvik kan fortelje oss at Clarke ikkje satt inne med kunnskap om kvalitetsnivået av det han såg: varene samsvara ikkje naudsynt med dei krava marknaden hadde til dei. Etter mi meining kan det sjå ut til at Clarke stilte seg positiv til det han såg av lokal produksjon, nesten uansett kvalitet. Clarke kan ha vurdert produkta han såg ut frå flittigheit og arbeidsinnsats, med andre ord: Arbeidet ka ha vorte tolka positivt reint ut frå *innsatsen* som vart lagt ned. I så måte kan det sjå ut til at Clarke meinte produkta i seg sjølv ikkje var det viktigaste, men verdien i arbeidet og den marknadsinteressa som stadig vart sterkare. *Ønskje* om å produsere varer for sal – som igjen gav eit overskot – kunne vere stimulerande for moral og utvikling.

### ***Arbeidsame menneske i Nord-Sverige:***

Av Wollstonecraft, Malthus og Clarke var det berre sistnemnte som reiste i dei nordlege delane av Sverige.<sup>132</sup> At eg tek med Clarkes skildringar frå desse områda er fordi det er interessant å sjå korleis denne delen av Sverige gjennomgåande gav eit positivt inntrykk hos Clarke: «The country north of *Upsala* appeared better cultivated, and further improvements were taking place; inclosures becoming numerous as we proceeded in our route».<sup>133</sup> Naturen gjorde inntrykk, men det er særskilt skildringa av befolkninga som er det mest interessante for vår del, skildra i gode ordelag som dei var: «the industrious habits, the moral disposition, the cleanliness, and the opulence, of the inhabitants».<sup>134</sup>

Clarke la også merke til menneska han passerte på vegen nordover, og «the extraordinary sight of men employed in knitting stockings, so common in *Sweden*, is, perhaps, not to be seen elsewhere».<sup>135</sup> Eit særskilt syn, skreiv Clarke, om dei strikkande svenske mennene. Det er mogleg dette var noko Clarke også tidlegare hadde observert at svenske menn gjorde, og som han ikkje fann typisk for sitt eige heimland. Når det er sagt kjem det derimot ikkje heilt

---

<sup>132</sup> Årsaka til at Clarke var interessert i å legge turen om dette området var fordi han ønska å oppleve midnattssola, og etter eit kort opphald i Stockholm og Uppsala reiste Cripps og han vidare mot Torneå.

<sup>133</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 220–221.

<sup>134</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 237.

<sup>135</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 220.

tydeleg fram om Clarke opplevde dette som noko einseitig positivt. Men at menn gjekk langs vegen og strikka er ei skildring som gir inntrykk av produktive og til ei kvar tid arbeidsame menneske.

Nett dette med arbeidsame menneske vert meir tydeleggjort av Clarke medan han er i Yvre. Der tok han inn hos ein bonde,<sup>136</sup> og inntrykket av staden var så godt at reisefølge bestemte seg for å vere der til middag: «The women were spinning wool, weaving, heating the oven, and teaching children to read, all at the same time. [...] For our fare, they speedily set before us a service consisting of bacon, eggs, cream, curd, milk, sugar, bread, butter, &c».<sup>137</sup> Her skildra Clarke aktive damer, sysselsett med fleire arbeidsoppgåver på same tid. For lesaren vert dette ei vurdering som speglar arbeidssemd og flid. Clarke skreiv vidare at ei sunn og glad framtoningen var grunnlagt i den flittigheita dei viste i arbeidet sitt.

Eit anna eksempel på Clarkes positive vurderingar av nordlege Sverige kan vi sjå då han kom rett nord for Sundsvall. Der møtte han ei sterk og sunn befolkning: «In their habits, they are cheerful, honest, and industrious: they manufacture baskets, ropes, and even musical instruments, such as pipes and trumpets, from the bark of trees».<sup>138</sup> Samtidig var alle i Sundsvallområdet vevarar, skreiv Clarke vidare, og då var det særskilt lin som vart brukt til ulike tekstilprosjekt – mesteparten av dei ferdige tekstilane vart så sendt til Sundsvall for å verte eksportert vidare til kjøparane.

Ved ein overnattingsstad mellom Sundsvall og Umeå la Clarke merke til eit bord med salsartiklar laga av familien i huset, og som stod framme i stova då han kom inn. Dette var tekstilar av lin, og i like god kvalitet som dei ein fekk tak i frå Nederland, meinte Clarke. Husfrua forsikra dei om at nokre av dei beste familiane i Sverige sette stor pris på produkta deira, og Clarke skreiv at han var viss på at så var tilfelle. Gjennom sitatet som følgjer kan ein sjå at Clarke var imponert over arbeidet som vart gjort i huset:

They go through the whole process of making this linen, from the seed to the cloth. They sow and gather the flax upon their own land; and dress, spin, weave, bleach, and sell it, all themselves. It surprised us very much to meet with such a manufacture upon the borders of *Lapland*. In a room adjoining, we saw two looms at work; and the women employed at them where uncommonly beautiful.<sup>139</sup>

---

<sup>136</sup> Sidan Clarke omtalar han som «farmer» må vi rekne med at dette dreia seg om ein storbonde framfor ein småbonde, som Clarke til gjengjeld ville ha kalla «peasant».

<sup>137</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 221.

<sup>138</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 265.

<sup>139</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 279.

Gjestehus, eller gjestgjevargardar, vaks fram i Norden på 1600- og 1700-talet. I førstninga – midt på 1600-talet – var det hovudsakleg ein del av skyssvesenet som tok imot reisande. Seinare, særskilt grunna i at det var stadig fleire reisande – men og grunna nye handelsformer – fekk ein i denne perioden eit auka tal med gjestgjevargardar rundt om i landet. Etter kvart dreiv dei stadig meir med sal av varer, ikkje berre til reisande, men også til den lokale befolkninga.<sup>140</sup> I Sverige hadde ein gjennom 1700-talet strenge reglar for kven som skulle kunne drive med handel. Ein måtte vakte befolkninga frå å «'öfvergifva sin opatriotiska kärlek till utländska varor'». Og her, som i Noreg, hadde ein bestemte privilegium gitt til enkeltpersonar og høge tollsatsar og «införselsförbud» for utanlandske varer.<sup>141</sup>

Ut frå det Clarke skriv frå overnattingsplassen – som er vanskeleg å vite om var ein gjestgjevargard eller ikkje – i nord-Sverige ser det ikkje ut til at det var nokon mellommann i handelsverksemda som vart drive der. Kanskje nettopp ved at familien tok imot reisande kan det hende at dei baserte salet sitt på denne gruppa, samt at dei hadde kontaktar med nokre finare familiar kring om i Sverige. Som Hutchison skriv fekk fleire av dei norske gjestgjevarane handelsprivilegium, dette var mest vanleg for dei som dreiv landhandel, og sjølv om ikkje «något genomslag för mera renodlat ekonomisk-liberala tankegångar kommer knappast före mitten av 1800-talet» i Sverige, ser det ut til at gjestgjevargardar, slik som Clarke skildra, fekk større økonomisk spelerom, også i Sverige.<sup>142</sup>

Om det er vanskeleg å seie noko om handelskontaktene på overnattingsstaden Clarke skildra, tydeleggjer han på den andre sida at heile familien var engasjert i tilverkinga av råvara og ferdigstillinga av salsvarene i lin. Det ser ut til at familien såg moglegheitene i å tene ekstra nettopp ved å tilverke tekstilprodukt som dei kunne leggje ut for sal, samtidig som dei hadde fått til avtalar med enkeltpersonar, som dei mest sannsynleg var faste leverandørar hos. Clarke var positiv til ei slik form for heimeindustri, ikkje minst i måten han skildra det han såg. Særskilt interessant er skildringa av kvinnene som sat ved veven; som var, ifølgje Clarke, så sjeldant vakre. Biletet Clarke skapar ved å skildre utsjånaden på kvinnene, gir lesarane – både no, men kanskje også dei britiske lesarane midt på 1800-talet – ei førestilling om flittige menneske som skapte vakre varer med vakre hender; heile prosessen vert einskild til noko positivt og vakkert. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.

---

<sup>140</sup> Hutchison, Ragnhild. 2012, s. 89–93.

<sup>141</sup> Magnusson, Lars. *Sveriges ekonomiska historia*. Stockholm: Bokförlaget Prisma, 1999, s. 250. Det skal likevel nemnast at det under Fridomstida i Sverige (1718–1772) føregjekk ein sterk økonomisk debatt, der ein problematiserte dei strenge reguleringane og monopolordninga.

<sup>142</sup> Magnusson, 1999, s. 257.

Også lenger nordvest i Sverige kan vi finne fleire eksempel på positive vurderingar hos Clarke. Under reisa frå Torneå mot grensa til Noreg, møtte Clarke nokre av dei mest arbeidssame menneska ifølgje han sjølv.<sup>143</sup> Befolkninga, som i hovudssak levde av jordbruk og elles jakta fugl i vinterhalvåret for marknadssal i Stockholm, hadde i tillegg funne seg ei anna form for inntektskjelde; medan Clarke var der vart han tilbydd å kjøpe ei klokke som ein av bøndene hadde produsert. Ho såg ut til å vere like godt framstilt som dei klokkene ein fekk tak i heime i England, skreiv Clarke. I neste sitat kan ein sjå at Clarke opplevde undring, nærmare bestemt noko som ser ut til å vere ei overraska undring, over kva for storstilt handelsverksemd desse bøndene i skogane langs grensa mellom Noreg og Sverige dreiv med:

Such an instance of ingenuity in a peasant led us to inquire further concerning the statistics of this straggling assemblage of huts; when we discovered that their owners carry on a more considerable commerce, than a traveler, from a mere view of the place, would have imagined; and a stranger would be greatly at a loss to conjecture the nature of it.<sup>144</sup>

Eit anna eksempel på flittigheit som Clarke undra seg over finn vi frå Dalarna. Der fekk Clarke moglegheit til å kjøpe stearinljøs som vart støypte på garden. Både i Noreg og i Sverige var det vanleg at kvinna i huset støypte ljøs, skreiv Clarke, og medan dei var ved vertshuset vart dei budd fram ljøs som dei kunne kjøpe. Dei var kvite og fine å sjå til: «But what is more curious, they are often not made until after the traveller arrives. [...]they were made and sent in almost as quickly as they could have been procured at the great inns of *Salt Hill* or *Marlborough*, by an order given to a waiter».<sup>145</sup>

Skildringa Clarke legg fram for lesaren gir oss ei førestilling om at menneska han møtte både langt nord i Sverige og i innlandet, var handelsbevisste menneske som såg ein marknad i omreisande som kom til skystasjonar og gjestehus. Clarke plasserer dei kategorisk som *bønder*. Om det ikkje kjem fram om dette dreia seg om rike eller fattige bønder, var det likevel ein markør på at dette ikkje gjaldt kjøpmenn eller borgarar først og fremst.

Sjølv om Clarke generelt viste positive haldningar til det meste han såg av produksjon og verksemd, er det mogleg å finne nokre negative vurderingar også. Blant anna skriv Clarke frå eit besøk sør-aust for Falun at han vart skuffa over arbeidet han såg av utforminga og bearbeinga av jarn og kopar. Det var ikkje vert å nemne ein gong, meinte han, om ein ikkje då hadde i tankane å skrive om korleis handverk vart drive på ein grov og uforbetra måte. Arbeidet låg langt etter det ein kunne observere i England, det meste vart gjort manuelt, med

---

<sup>143</sup> Desse menneska møtte Clarke i ein landsby han kalla Luongosby.

<sup>144</sup> Clarke, vol. 1, 1838, s. 576–577.

<sup>145</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 120.

andre ord både tungvint og lite lønnsamt, meinte Clarke.<sup>146</sup> Generelt har vi sett at vurderingane om arbeidet i gruver, verk og med metall vart opplevd som bakstreversk og tungvint, ikkje minst at det føregjekk under uverdige tilhøve for arbeidarane.

Eit anna eksempel ein kan finne om meir negativt ladde vurderingar hos Clarke var under eit besøk i Sala, der han vart oppfordra til å kjøpe utskorne elfenbeinfigurar «with infinite minuteness of detail, and in the worst taste[...] The arts are at a low ebb indeed, when works of this kind are in request».<sup>147</sup> Her skal ein merke seg at det er ikkje berre arbeidet Clarke reagerte på, men i vel så stor grad kor lite smakfulle desse elfenbeinsfigurane var. For trass i at Clarke møtte mange som han skildra som arbeidssame, hadde framstilt gode matvarer og som såg glade og tilfredse ut, meinte han likevel at mange ikkje åtte god smak når det kom til detaljar i heimen. Dette er noko eg vil kome tilbake til.

### 3.2 Handels- og forbruksvarer

I Fjågesund og Symes' studiar om kva reisande til Noreg på 1800-talet gjerne skreiv om i skildringane sine, fann dei ut at ei stadig sterkare romantisk draging fann stad i vurderingane til dei reisande.<sup>148</sup> Dette førte til at ein gjerne ikkje noterte så mykje om forbruksvaner eller handelsverksemd i den skandinaviske befolkninga.<sup>149</sup> Idealet om ein fornuftig og rasjonell forbrukar stod sterkt, ikkje minst etter Napoleonskrigane og blokaden som hadde gjort tilhøva så dårlege for mange. Krigen og blokaden var ein tydeleg indikasjon på problema som oppstod når ein i for stor grad støa seg på utanlandshandel. Oppfatninga var gjerne at han som dreiv med naturen var meir heiderleg enn han som dreiv med handelsverksemd. Eit tidleg eksempel på dette kan vi sjå under Malthus' besøk i Østerdalen, der han kom i kontakt med ein «Mr. Leeson».<sup>150</sup> Malthus omtala han som ein godt underretta og fornuftig mann, og av han fekk Malthus høyre at:

[T]he reason of the great preference that people in general gave to Osterdale, was on account of the richness of the farmers and the cleanness and neatness of their houses; and that they were besides reckoned more honest, not being much in the habit of buying and selling, from dealing in nothing but timber like the gentlemen who have large woods. They seldom or never sell corn, butter, cheese and c. – all they have of this kind they consume at home.<sup>151</sup>

---

<sup>146</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 163.

<sup>147</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 171.

<sup>148</sup> Tolkingane viser gjerne ei stadig sterkare interesse for naturen, og for det sterke, flotte, enkle mennesket som lever i pakt med han.

<sup>149</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 41–42; Barton, 1998, s. 3.

<sup>150</sup> Dette var mest sannsynleg Niels Lasson, som var Bernt Ankers representant, sjå fotnote hos Malthus, 1799 [1966], s. 206.

<sup>151</sup> Malthus, 1799 [1966], s. 215.



Sitatet fortel at ein hadde meir tillit til menneska som budde i Østerdalen, nettopp fordi dei vart sett på som meir heiderleg fordi dei ikkje dreiv med sal og kjøp av varer, men haldt seg til tømmerdrifta; lik stormenn med gode skogar.<sup>152</sup>

Elles i 1700-talsreiseskildringane til Wollstonecraft, Malthus og Clarke kan ein sjå at dei mest detaljerte vurderingane om forbruk var når dei vitja meir velstående menneske i byane. Det kan vi tydeleg sjå både hos Clarke og Malthus, til dømes når dei var hos «plankeadelen»; familiane Anker og Collett. Det kan sjå ut til at vurderingane til dei reisande under desse fine besøka hovudsakleg munna ut i ein rein fascinasjon for det dei fekk sjå av prakt og rikdom. Dette kan ha noko med kva bakgrunn dei reisande sjølv hadde, og kva dei derfor kjende att og kunne samanlikne seg med i det norske borgarskapet og blant kjøpmennene.

Ein finn likevel nokre interessante eksempel både hos Wollstonecraft og Clarke som gjeld forbruk og handelsverksemd med typiske nyttingsprodukt eller overflødigheitsvarer blant allmugen i Sverige og Noreg. Det ser det ut til at dei reisande har skrive om forbruksvanane dei har sett idet den observerte forbrukaren – eller forbruksvara – på eit eller anna vis gjorde eit *inntrykk* på dei.

### **Tankelaust og smaklaust forbruk**

«[T]he people have an evident taste for gaudiness, which rarely associates with extreme neatness: they paint their walls, and even the ceilings, of different showy colours; working flowered counterpanes, or patch-work coverlids, for their beds».<sup>153</sup> I dette sitatet skildra Clarke det han kalla for glorete heimar, noko som han særskilt kommenterte medan han var i Nord-Sverige. Ved overnattingstaden ved Bjästa – som positivt nok var «surrounded by all the marks of increasing cultivation and the most active industry»<sup>154</sup> – såg miserabelt ut med sine glorete fargar på veggane. Clarke viste til fleire eksempel på at god økonomi, eller flittige hender ikkje var synonymt med god smak. Vi kan tolke Clarke dit hen at menneska nord i Sverige var opptekne av å pynte og ha det fint, men at måten dei gjorde det på var – for ein engelskmann – meir glorete og stygt enn eit teikn på velstand og god smak.

På same vis kommenterte Clarke nordmenn. Dei han møtte søraust for Trondheim skildra han som glade i tant og fjas, noko som kom til syne i dei glorete fargane på bord og vindaug, tak og takbjelkar. Andre stader i Noreg kunne Clarke finne spisebord som vart måla i mønstre

---

<sup>152</sup> Noko paradoksalt kanskje, sidan tømmerdrifta i stor grad var skuldig i kontakta med utlandet, eksport og import.

<sup>153</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 237.

<sup>154</sup> Clarke kalla staden Brösta, som mest sannsynleg er dagens Bjästa, eit lite område om lag midt mellom Sundsvall og Umeå. Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 278.

som etterlikna oljelerretsmønstre, eller så var veggane dekt av måla dukar.<sup>155</sup> Likevel var det mindre glorete måling på veggane i Noreg enn i Sverige, men desto meir jugl å finne på vertshusa: «wretched engraved portraits, daubed with the most glaring colours, hung about the walls, together with small mirrors in gaudy lackered leaden frames, the tawdry manufacture of those wandering *Italians*,[...] who hawk these wares all over Europe».<sup>156</sup> Clarke påsto at dette var ein tydeleg indikasjon på kva for lågt utviklingstrinn landet framleis var på når dei fylte heimane sine med slike utanlandske varer utan å tenkje seg om. Paradoksalt nok kanskje, for medan Clarke var på Røros fekk han auge på «the statue of a Negro as large as life, in the true *Dutch* taste»,<sup>157</sup> stilt opp på kvar si side av inngangspartiet hos apotekaren dei skulle overnatte hos. Trass i den primitive utforminga av skulpturane, meinte Clarke at dette var eit bevis for at Noreg var i ferd med å verte eit meir sivilisert land, noko som var eit godt teikn.<sup>158</sup>

Dette sagt, om så Clarke ikkje i det store og heile hadde så mykje til overs for dei glorete produkta dei italienske kramkarane prakka på resten av Europa, stilte han seg langt meir positiv til det engelske steintøyet som hadde fått ein naturleg plass hos nordmennene, ifølgje Clarke: kaffikanner, punsjbollar, samt mugger med bilete av glade sjømenn og kjærastane deira var eit positivt skode.<sup>159</sup> I tillegg hadde ein familie han besøkte ein skjenk med glassdører der det vart oppbevart sølvtøy, glasfigurar og nokre gamle porselenskoppar – noko som også vart skildra i positive vendingar.

### Good Old Times som ideal

Dette leiar oss vidare til det som kan sjå ut til å handle om vurderingar prega av kulturelle briller, og som vi vidare kan sjå også ser ut til å vere ein kritikk mot dei negative konsekvensane av eit meir industrialisert samfunn som ein var på veg til å bevege seg mot. Då Clarke kom til Noreg frå Sverige ved ein stad kalla Brakken, skreiv han at han fekk eit *betre* inntrykk av Noreg enn nabolandet. Det kan sjå ut til at Clarke såg mykje som minna om «*good old times*» i kva hushaldsartiklar han såg i dei ulike norske heimane:

polished pewter dishes and earthenware plates, set in rows along the walls; rows of brown mugs for beer; burnished kettles and saucepans; bright wooden benches, bedsteads, chairs and tables, bleached with frequent scowering; pails and ladles, white as the milk they were to contain. And besides this, a

---

<sup>155</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 701.

<sup>156</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 732.

<sup>157</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 602.

<sup>158</sup> Clarke samanliknar Clarke med Sverige, og ordlegg seg slik: Statuene «exhibited the dawning of arts characteristic of more civilized life than could be found in the savage scenes of the *Swedish* forests; and we therefore hailed their appearance with joy». Sjå Clarke, Vol. 1, 1838, s. 602.

<sup>159</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 732–733.

great improvement in the condition of the natives; better clothes, better bread, and many even of the luxuries of life.<sup>160</sup>

Dei luksusartiklane han nemnte til slutt dreia seg blant anna om brandy og tobakk, som igjen vart selt til småbøndene i Härjedalen då dei – i motsetnad til nordmennene – hadde stor mangel på slike produkt. Også seinare skreiv Clarke at Noreg minna han om dei gode gamle dagar i England: på veg ned Gudbrandsdalen skildra han gamle balladar som var klistra opp på veggane, eventyrbøker om hekser og troll, utskjeringar på skap og møbel, skinnande tinnfat og steintøy, brune ølmugger. Kan det vere ei melankolsk lengt hos Clarke mot korleis det ein gong var også i Storbritannia før industrien tok overhand? Og kvifor kan vi ikkje finne eksempel på at han opplevde det same i Sverige? Om vi går til Fjågesund og Symes kan vi finne forklaringa på at dei sosiale skilnadene stadig vart større i Storbritannia, i Sverige hadde ein framleis adelskapet. I Noreg var adelskap derimot avskaffa, og trass i at ein hadde ein sterke embetsmannklasse, var skilnadene mellom folk flest i Noreg langt mindre synleg i samanlikning med særskilt Storbritannia, men også Sverige.<sup>161</sup> Det dreia seg kanskje om at stilen var enklare og mindre prangande.

Det var likevel ikkje slik at alt som minna om Storbritannia var vurdert som bra. Det kan sjå ut til at det Clarke ikkje kunne plassere i kategorien «*Good Old Times*» fall utanfor dei positive vurderingane. Dette var britiske varer som vart seld i Christiania, til dømes Manchester-bomull eller varer frå Birmingham og Sheffield, som ifølgje Clarke var av billigaste og verste sort. Ullstoff, jarnvarer, hengslar og låsar, og andre varer som ein kunne finne i dei uslaste landsbybutikkane i England.<sup>162</sup> Det kan sjå ut til at Clarke meinte at jaget etter høgst mogleg profitt gjekk på kostnad av kvalitet. Ei utvikling som han altså meinte skilde seg frå kva som tidlegare var drivkrafta, med tanke på at han nettopp nyttar orda «*Good Old Times*». Det handla kanskje også om eit tap av yrkesstoltheit og moral. Hos Clarke dreia «*Good Old Times*» seg om varer av god kvalitet, der profitt såg ut til å kome i andre rekke. Clarkes reiseskildringane kom som tidlegare nemnt fleire år etter sjølve reisa. Kanskje vart Clarkes kritikk av dei dyre og dårlege produkta han meinte var komen på marknaden, påverka av det han såg av utvikling i industrien ut på 1800-talet. Han var etter alt å døme klar over alle skuggesidene industrien førte med seg.<sup>163</sup>

---

<sup>160</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 598.

<sup>161</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 51–52. Fjågesund og Symes skriv om det dei kallar ein kritikk av «cockneyfication», altså mot ei «vulgært kravstor».

<sup>162</sup> Clarke, part 3. section 2., 1823, s. 37.

<sup>163</sup> Dette er vanskeleg å vite, i og med at ein ikkje veit kva Clarke føyde til å skildringa *under* reisa, og kva som vart føydd til å ettertid.

Clarke la vidare merke til at kvinnene i den norske overklassa i Christiania var svært opptekne av engelsk mote. Om nokon kom i eit selskap i Christiania kledd i sist skrik frå Londons kondisjonerte kretsar, ville dei andre kvinnene flokke seg rundt medan dei beundra og misunnte. Dei var så ivrige etter å adoptere den engelske moten, at det var reint underhaldande å sjå på, skreiv Clarke. Dette hadde kome ut i reint tankelause tendensar, og ein kunne lett drive lureri med dei norske kvinnene om ein ville: «nothing would be easier than to practise the most extravagant hoax, by making it to be believed that some strange grotesque mode of attire had been introduced among the fashionable belles of *London*». <sup>164</sup>

Clarke meinte at noko av årsaka til dette tankelause forbruket var at så få av dei kvinnene las noko særskilt, det var også sjeldan ein kunne finne norske menn som var kunnskapsrike. Dei lærde som var i landet var hovudsakleg utlendingar, skreiv Clarke, og utan kunnskap kunne etterspurnad og overskot av innkøpst fort munne ut i tankelaust forbruksjag. Nettopp slik vi også har sett i Wollstonecrafts tankar om samfunnsånda. Wollstonecraft meinte at ein var nøydd til å finne ein balanse mellom det å få eit overskot til å handle varer for, samtidig som ein ikkje måtte få for mykje mellom hendene så forbruket gjekk til hovudet på ein. Dette kan vi også sjå i vurderinga hennar av Gøteborg. Byen var rein og luftig, med fleire store handelshus som sette sitt preg på byen. Handelen med Frankrike «has been very lucrative, and enriched the merchants, I am afraid, at the expence of the other inhabitants, by raising the price of the necessaries of life». <sup>165</sup>

Wollstonecraft meinte at handelsmennene levde eit egoistisk liv, der pengane var eit viktig statussymbol medan det for befolkninga elles var stive prisar på naudsynnte varer dei trong. Wollstonecraft var generelt meir oppteken av klasseskilnadene som ho såg i Gøteborg enn kva handelsnæringa dreiv med. Særskilt merka ho seg tilhøva blant tenarstanden, ikkje minst for dei kvinnelege: «In fact, the situation of the servants in every respect, particularly that of the women, shows how far the Swedes are from having a just conception of rational equality». <sup>166</sup> Wollstonecraft meinte at det var skuggesider i det svenske samfunnet, og handelsstanden var medverkande til dette. Kanskje det var noko av same grunn til at Clarke mislikte dei dårleg produserte og dyre varene som kom frå Storbritannia. Sidan befolkninga både i Noreg og Sverige var interessert i og følte behov for å kjøpe framande – og gjerne britiske – varer vart dei lette å lure til å betale for mykje for dei.

---

<sup>164</sup> Clarke, part 3. Section 2., 1823, s. 75–76.

<sup>165</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 19.

<sup>166</sup> Wollstonecraft, 1970 [1796], s. 27.

Clarke observerte også handelsverksemdas skuggesider medan han var i Trondheim: Året han var der var Trondheim inne i det ein reknar som byens gullalder.<sup>167</sup> Clarke meinte at byen nesten var sjølvberga med korn, og derfor hadde gode moglegheiter for å drive med anna import: «and luxuries, rather than food, were becoming articles of importation».<sup>168</sup> Clarke var for det meste saman med dei kondisjonerte i byen, men la likevel merke til at det var mange fattige i gatene, og at verken hospitalet eller arbeidshuset fekk til å fange opp alle. Dette var baksida av Trondheims framgang. Noko av grunnen til talet på fattige meinte Clarke måtte vere dei stive prisane på naudsynte varer som brød, kjøt, smør, tekstilar, hestar og anna. Sjølve arbeidet blant dei fattige på arbeidshuset gav eit godt inntrykk hos Clarke, der han vart presentert for flittige, arbeidssame menneske:

[W]here any person may find employment, and receive an adequate price for his labour. [...] a certain number of young persons are instructed in weaving and in making stockings, and are paid a dollar a week. [...] all whom we saw in the latter were employed in spinning, weaving, and making stockings; and most of the old women in the Hospital were spinning.<sup>169</sup>

Vidare kan det sjå ut til at Clarke skildra Gøteborg slik Wollstonecraft gjorde. Byen var eit viktig handelspunkt for svenskane. Av eksportvarer frå byen observerte Clarke at det var særskilt jarn og fisk som vart sendt frå hamnebyen og «commerce alone engrossing all the employment, thoughts, and hopes of each individual».<sup>170</sup> Altså la handel åleine beslag på alt av sysselsetting, tankesett og håp hos den enkelte, meinte Clarke. I møte med handelsmennene i byen observerte Clarke at det var profitt og lite anna det heile handla om for dei, idet han ikkje møtte nokon som hadde interesse for litteratur eller politikk, og om dei så *var* interessert i politikk, var det kun når det røra ved handelsinteressane deira.

Clarke omtala også ein noko uventa luksus i eit perifert område. Ein stad i Sverige kalla Halby – som var ein liten plass, bestående av tre-fire trehytter – konkluderte Clarke at bustadene måtte vere skitne og ugjestmilde ut frå korleis inntrykket var frå utsida. Dette hadde dei allereie opplevd fleire andre stader. I staden for å gå inn, sette dei seg til utanfor for å vente på ny hesteskys. Dette tok noko meir tid enn venta, og dei gjekk til slutt inn i eitt av husa for å be om mat:

Our surprise was great, upon being immediately conducted into a neat little apartment; the floor of which, as usual, was strewed with juniper; but the table was covered with a white damask linen cloth,

---

<sup>167</sup> Der rike flensburgske kjøpmenn og storstilte byggeprosjekt prega bybiletet. Steinar Supphellen.

*Innvandernes by 1537–1800*, bind 2 i: Jørn Sandnes, Rolf Grankvist og Anders Kirkhusmo (red.). *Trondheims historie 997–1997*. Oslo: Universitetsforlaget, 1997, s. 10–12.

<sup>168</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 631.

<sup>169</sup> Clarke, Vol. 1, 1838, s. 635.

<sup>170</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 120.

besides being provided with clean damask napkins, silver-handled knives and forks, silver spoons, and a pewter tureen, polished as bright as a mirror.<sup>171</sup>

Clarke utbroderte ikkje inntrykket ytterlegare, men gir oss likevel eit innblikk i ein tilsynelatande fattigsleg heim i periferien av Sverige som hadde kome i kontakt med luksusartiklar, det er kanskje finstova som vert skildra som «a neat little apartment»? Slike vart stadig meir vanleg også blant dei mindre velhavande bondefamiliane både i Noreg og Sverige.

### Nye matvaner: Eit tankelaust forbruk og som utnyttingsmetode blant kjøpmenn

I Vänersborg var Clarke misnøgd med at svenskane stadig blanda sukker i maten: «[T]he Swedes being so fond of sweet sauces, here and elsewhere, that even *Rhenish* wine is not drunk by them without sugar». <sup>172</sup> Sjølv om han ikkje kjem direkte inn på sukkerbruken i maten seinare er det tydeleg noko som var til irritasjon og som Clarke opplevde fleire gongar, idet han held fram med å skrive om saknet etter mat som samsvara meir med maten dei hadde i England. I Gävle møtte han ein mann, Mr. Hennis, som dreiv eit sukkerraffineri på staden, av han fekk Clarke vite at sukkeret kom frå Storbritannia og vart selt til stive prisar i Sverige. Den svenske befolkninga måtte likevel ha vore viljuge til å kjøpe trass i prisane, held Clarke fram, sidan Mr. Hennis var ein velhalden mann: «He had in his stable a young bear, which he was engaged in fattening for his table; and spoke of *bear's flesh* as a great luxury». <sup>173</sup>

Det er interessant å sjå dette i samanheng med det Clarke elles skreiv om glorete og tankelaust forbruk, og som vi også har sett hos Wollstonecraft. Sukkeret var – i alle høve i britiske auge – ei overprisa vare for den vanlege mann og kvinne i Sverige, trass i at ho vart stadig meir tilgjengeleg. <sup>174</sup> Det kan sjå ut til at kjøpmenn såg at befolkninga både i Noreg og Sverige tok seg råda til å nytte pengar på nyttingsproduktet, sjølv om dei pressa opp prisene til det urimelege, nett slik Clarke skildra om Mr. Hennis. For befolkninga var bruken av blant anna sukker eit uttrykk ovanfor andre at ein sat godt i det. Sukker var eit produkt som utover

<sup>171</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 157.

<sup>172</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 143.

<sup>173</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 230.

<sup>174</sup> Under andre halvdel av 1700-talet vart sukkerimporten til Sverige fordobla, berre kaffi-importen auka raskare. Müller skriv at sukker allereie var ei etablert forbruksvare i landet, hovudsakleg råsukker – kanskje ikkje så rart at Mr. Hennis kunne drive sukkerraffineri og tene så gode pengar, med andre ord. På slutten av 1700-talet auka den svenske sukkerkonsumering til 2–3 skålpund, altså nær det europeiske gjennomsnittsforbruket (som var på 2,6 per capita). Britane låg likevel langt framfor, med sine 18 pund. Slike tal seier likevel lite om kven som konsumerte sukkeret, og det var nok store regionale og sosiale skiljer, skriv Müller, «Kolonialprodukter i Sveriges handel och konsumtionskultur», i: *Historisk Tidskrift*, Svenska Historiska Föreningen 124, nr. 2 (2004), s. 241–242. Sjå også gjerne Klas Rönnbäck. «Flexibility and protectionism. Swedish trade in sugar during the early modern era», i: Christer Ahlberger og Pia Lundqvist (red.). *Varans vägar och världar. Handel och konsumtion i Skandinavien ca. 1600–1900*. Skrifter från Historiska institutionen i Göteborg, nr. 9. Göteborg: Göteborgs Universitet. Historiska Institutionen, 2007, s. 116–131.

hundreåret vart ein stadig større trend, og eit symbol på velstand. Den stadig meir storstilte handelsverksemda utover 1800-talet sette ikkje bremsar for denne utviklinga, etter kvart vart søtingsmiddelet så sjølvstøtt blant dei fleste at ein byrja å argumentere for at sukkeret måtte setjast inn i kategorien for varer ein ikkje kunne klare seg utan.<sup>175</sup> Dette vil eg kome nærmare inn på i kapittel 6.

Dette med at småbøndene vart utnytta, også i arbeidet sitt, var eit stadig tilbakevendande tema hos dei reisande: kjøpmennenens makt over handelen og varesalet var sterkt, samtidig som at befolkninga hadde generelt lite kunnskap om prissetjing og etterspurnad på varene som dei framstilte eller kjøpte. Med andre ord var dei ei arbeidskraft og ei kjøpargruppe som var lett å utnytte. Lovverket gjorde det heller ikkje enkelt då privilegia sette ein stoppar for kjøp og sal direkte mellom bonde og kjøpar. Clarke kommenterte også problema som lite kunnskap om handel førte med seg for bøndene:

By the laws of *Sweden*, no person was allowed to buy *tar* of the peasants who made it: application must first be made to the merchants of the country, who fix the price, and have their profit upon it, before it is exported. The peasants, being uninformed, know little of the value of their labours.<sup>176</sup>

Clarke kom attende til problemstillinga medan han er i Torneå. Han såg at innbyggjarane i byen – som var dei som skaffa råvarene og foredla dei til forbruksvarer – ikkje var kyndige i forretningsspekulasjonar, om dei hadde vore det ville dei på dette tidspunkt ha vore rike, hevda Clarke. For Torneå var på denne tida ein viktig handelsby som eksporterte råvarer og ferdige artiklar framstilt på både finsk og svensk side, samt at byen også hadde ein marknad i Noreg. Kvart år reiste handelsmennene med eit stort følgje til Noreg for å selje varene sine; «This consists of *silver plate*, in the form of drinking-vessels, spoons, &c. They also carry *cloth, linen, butter, brandy, and tobacco*».<sup>177</sup> Av ein så storstilt og mangesidig verksemd var det altså «the merchant, who conveys away these commodities, that reaps the greatest share of profit».<sup>178</sup>

Byen hadde eit stort vareutval til Torneås befolkning, som klede, tobakk, smykke av dårleg kvalitet, barnebøker og leikar. Clarke nemnte ikkje kva for prisar det var på desse, men til gjengjeld skreiv han at alle hushaldningsvarene som var til sals var overprisa: te, sukker, korn, salt og medisinar. Produkta var i tillegg av heller dårleg kvalitet, teen smakte ikkje godt og medisinen var utvatna: «We paid twenty-four shillings, *English*, for a pound of *bark*: but

---

<sup>175</sup> Hutchison, 2012, s. 198.

<sup>176</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 331.

<sup>177</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 345.

<sup>178</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 343.

when we came to use it, there was not a grain of genuine *bark* in the whole pound. The imposition, however, was not of *Swedish* origin; it bore this inscription, ‘*Fine English Bark*’». <sup>179</sup> Med andre ord føregjekk det både ei utnytting av arbeidarane med tanke på kva dei fekk for produkta dei lagde og selde til handelsmennene, samtidig som at dei fekk kjøpe overprisa hushaldsartiklar som i tillegg var av dårleg kvalitet.

Same tilhøve fann Clarke i Sundsvall, der «the native inhabitants know so little of their own resources, that bold adventurers from other countries make rapid fortunes here». <sup>180</sup> Men til gjengjeld var ikkje dette ein-sided negativt, meinte Clarke. Handelsmenn som kom til byen var med på å skape eit stort handelsnettverk med resten av Europa. I løpet av besøket møtte Clarke ein *Mr. Mutzell*, som hadde starta ein sukkerfabrikk, eit malthus – der malt vart tilverka og lagra – og eit tobakkshus der importert tobakk vart seld. Alt dette i eitt og same hus. Tidlegare hadde desse føretaka vore eigd av kongen, men vart kjøpt opp billig av Mutzell, som igjen hadde senka prisene på sukkeret enn andre stader i Sverige, skreiv Clarke. <sup>181</sup>

### ***Kaffiforbod:***

Clarke skildring av vertshuset i Torneå kan gi eit tydeleg bilete av ein by som hadde mange handelssambindingar, nettopp på matvareutvalet: Clarke skreiv at han vart servert laks, sjokolademjøl, suppe, pannekaker, brød, rugkjeks og reinsdyrost. Øl og vin vart drukke, samt te og kaffi der sistnemte berre vart drukke «in the condition that, if called upon, we would not confess of whom we had bought it; being a prohibited article». <sup>182</sup> Dette var den første gongen Clarke fekk servert kaffi i løpet av opphaldet i Sverige. Vi får ikkje høyre så mykje om kaffidriking korkje av Clarke, Malthus og Wollstonecraft. Dette er kanskje ikkje så uventa, då det i Storbritannia var meir vanleg med kaffi blant folk flest allereie på midten av 1700-talet, og dei reisande fann kanskje ikkje det så naturleg å nemne eksakt kaffien? Kritik av kaffidrikkande bønder også frå reisande var nok tilfelle. Men at Clarke, Malthus og Wollstonecraft ikkje skreiv særskilt om det kan likevel ha noko å gjere med at Sverige i fleire omgangar hadde kaffiforbod på 1700-talet, også medan Clarke, Wollstonecraft og Malthus

---

<sup>179</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 347.

<sup>180</sup> Her kan ordvalet til Clarke gi tolkinga ulike mening, då «bold» kan tyde både modig, men også frekk/uforskamma – val av ord kan gi ulik tolking. Med tanke på kva Clarke tidlegare har skrive, kan vert ein freista til å velje sistnemte tyding av ordet. Clarke, vol. 1, 1838, s. 546.

<sup>181</sup> Clarke, vol. 1, 1838, s. 546–547.

<sup>182</sup> Clarke, part 3, vol. 9, 1824, s. 348.



var der.<sup>183</sup> Den einaste skildringa som konkret handla om kaffiforbodet var når Clarke var ved Malmagen i Härjedalen, og observerte korleis kontrollen av kaffiforbodet føregjekk.<sup>184</sup>

### 3.3 Oppsummering

I dette kapitlet har eg presentert funna mine av vurderingar kring produksjon og forbruk hos Mary Wollstonecraft, Thomas R. Malthus og Edward D. Clarke. Fellestrekk som eg særskilt meiner vi kan sjå hos Clarke og Wollstonecraft er korleis dei oppfatta dei økonomiske tilhøva i både det svenske og norske samfunna kom mest til gagn for embetsmenn og kjøpmenn; det er dei som tek det meste av fellesskapet si kake, medan arbeidarane – som jobbar som bier – sit igjen med lite. Om ein gir bønder og arbeidarar meir kunnskap, vil samfunnet som heilskap vinne. At medverknad skapar tilknytning, som igjen fører til flittigheit er kanskje den mest tydeleg budskapet til Clarke.

Med andre ord kan ein sjå liberale haldningar i den økonomiske tenkinga deira, og ein tydeleg kritikk av eit merkantilistisk økonomisk tankesett. Samtidig lyt ein merke seg at alle tre ser behovet for kunnskap til befolkninga: det er einaste vegen for at utvikling skal finne stad for landet, og at ein kvar person vert bevisst forbruket og livsførsla si. Ufornuftig kjøping av matvarer, klede og utanlandsk jugl var å finne både i Noreg og Sverige. Men samtidig er det kanskje nett vurderingane kring forbruk som viser oss ei form for ambivalens hos dei reisande; mellom det nye og det gamle, det nostalgiske og romantiske, mot industrialisering og liberalisering, utvikling og stillstand. Dette vil eg drøfte nærmare i kapittel 6.

---

<sup>183</sup> Det var kaffiforbod i landet frå 1794–76, så ein ny runde frå 1799–1802, og seinare frå 1817–23. Sjå Magnussons kapittel 7 «Reglering, avreglering, omreglering», 1999, s. 243–268.

<sup>184</sup> På overnattingsstaden kom det ein lokal fiskarmann innom vertshuset og ville selje dei fisk, men så viste det seg at han var oppsynsmann som rapporterte brot på lovverket til kongen personleg. Clarke fekk høyre at det føregjekk byttehandel mellom Noreg og Sverige; der nordmennene fekk krut i bytte med kaffi. Bakmennene skulle visstnok vere guvernøren i Härjedalen, samt eigaren av jarnverket i Ljusnedal. Altså leiande menneske i samfunnet. Befolkninga på staden såg likevel ikkje på oppsynsmannen som ein svikar, slik tilfelle ville ha vore i England, skriv Clarke. Det såg meir ut til at det fann stad ei respekt bygd på ærefrykt. I den tru at oppsynsmannen handla med rein patriotisme som motiv, skriv Clarke. Sjå Clarke, Vol. 1, 1838, s. 586.

#### 4. To tyskarar observerer i 1798–1808, i åra før og under blokaden

«These people possess that spirit of freedom and independence which is generally found in manufacturing towns».<sup>185</sup>

Det hadde allereie vore konflikhtar på kontinentet nokre år då Storbritannia i 1803 erklærte krig mot Napoleon. Frankrikes førstekonsul, og seinare keisar, hadde teke for seg både i Italia og Austerrike, og Storbritannia såg med uro på det som føregjekk. Preussen og Russland stilte seg på britisk side. Det same gjorde Sverige, medan Danmark-Noreg i 1807 hamna på fransk side. Rett før og under hendingane i 1803 reiste tyskarane Carl Gottlob Küttner og Leopold von Buch til Skandinavia. Førstnemnte i 1798–99, sistnemnte i åra 1806–1808.

Reiseforfattar og omsetjaren Carl Gottlob Küttner (1755–1805) frå Wiedemar utanfor Leipzig reiste hovudsakleg i Danmark og Sverige, men også med eit kort opphald i Noreg. Reiseskildringa vart gjeve ut i 1805. Küttner hadde – i tillegg til å vere reiseforfattar – arbeid som lærar i Storbritannia og Irland i fleire år. Som forfattar var han kjent for å skrive skildringar som hadde ein meir subjektiv og personleg stil enn mange av dei tidlege 1700-talsreisande.<sup>186</sup> Han var ein av dei reisande som fann seg i ein overgangsfase i reiselitteraturen; ved å veksle mellom ein encyklopedisk skrivemåte med mest mogleg fakta, til ein meir individualistisk og subjektive skrivemåte med fokus på opplysning, samtidig som ein fekk stadig sterkare innslag av romantiske tilnærmingar.<sup>187</sup>

Den tyske geologen og paleontologen Christian Leopold von Buch (1774–1853) frå Stolpe an der Oder (dagens Angermünde i Brandenburg) i Tyskland var ikkje hovudsakleg på oppdagingsferd for å sjå korleis den nordiske befolkninga levde, men meir for å gjere geologiske undersøkingar som vitenskapsmann. Sidan han reiste i nokre svært konfliktfylte år – både då flåteranet skjedde i København i 1807, og vidare idet Russland invaderte Finland i 1809 – vart dagboksnotatane hans prega av desse hendingane. Når det er sagt, så er det få direkte utgreiingar å spore i skildringa om konfliktane i Europa.

---

<sup>185</sup> Küttners skildring om innbyggjarane i gruvebyen Eskilstuna. Küttner, Carl Gottlob. *Travels through Denmark, Sweden, Austria and part of Italy in 1798 and 1799*. London: Printed for Richard Phillips, 6, Bridge Street, 1805, s. 75.

<sup>186</sup> Sächsische Biografie, s.v. «Carl (Karl) Gottlob Küttner». 07.03.2014.  
[http://saebi.isgv.de/biografie/Karl\\_Gottlob\\_K%C3%BCtner\\_\(1755-1805\)](http://saebi.isgv.de/biografie/Karl_Gottlob_K%C3%BCtner_(1755-1805)).

<sup>187</sup> Küttner trakk ofte fram innleiingsvis i kvart brev detaljar omkring dei sjarmerande små husa og den storslåtte naturen han var vitne til, samtidig vil ein sjå at Küttner har fleire edruelege og reflekterte tankar med få romantiske detaljar idet han tek for seg produksjon og levestandard, då særskilt frå Sverige.

Von Buch kom til Sverige frå Helsingør og reiste vidare nordvest mot Noreg. Han vart verande ei tid i Christiania før han i 1807 reiste nordover til Trondheim via Hedmark og over Dovre. Ferda gjekk vidare nordover til Nord-Noreg og Nord-Sverige før han reiste sørover til Torneå der han var i september 1807. Han reiste innom Uppsala og Stockholm og kjem i november 1807 tilbake til Christiania. Ferda vidare går til Sørlandet der han gjer fleire forsøk på å kome seg sjøvegen til Danmark – som var vanskeleg grunna krigen – der han til slutt hadde lukka med seg i 1808.

### Situasjonen i Tyskland

Küttners og Buchs Tyskland var i perioden 1795–1833 langt frå det landet vi kjenner som Tyskland i dag. Før 1800 var området eit lappeteppje av fyrstestatar som formelt sett framleis var underlagt Det tysk-romerske riket. Historikar Kåre Tønnesson skriv at den prøyssiske stat treffande har vorte kalla ein stat fundert på eit «makkerskap» mellom kongen og godseigaradelen (junkere) i dei austlege delane. Fredrik den store hadde inga interesse for å avskaffe adelen eller arvesystemet, snarare tvert om. Med landslova av 1791 vart det slått fast at Preussen bestod av stender, og at medlemmane av kvar stand hadde bestemte pliktar og rettigheitar.<sup>188</sup> Den prøyssiske konservatismen møtte liten motstand, noko som tyder på at ordninga hadde skapt ein sterk stat og ei sterk militærmakt, skriv Tønnesson. For Fredrik den store hadde plikt og teneste større verdi enn «borgarleg lukke».<sup>189</sup>

Med Den franske revolusjon og Napoleons invasjon av Austerrike og Preussen braut derimot den prøyssiske hæren fullstendig saman. I kjølvatnet av det overraskande nederlaget kom det samfunnskritiske utbrot. Reformatorar kritiserte den strenge oppdelinga i stender, dei «hevde at liv og initiativ måtte lide når undersåttene ble holdt stramt på pliktens vei av ein autoritær og faderlig regjering. ‘Hvilke uendelige krefter slumrer ikke utviklet og ubrukt i nasjonens kjød!’ skrev reformmannen August Gneisenau i 1807».<sup>190</sup> I tida som følgde vart liveigenskap avskaffa, og reforma «den prøyssiske vei til kapitalisme» gjorde bøndene frie frå arbeidsplikt ovanfor godseigaren, og til sjølveigarar.<sup>191</sup> Etter Den franske revolusjonen og under Napoleonskrigane vaks det fram ei stadig sterkare anti-fransk haldning, og nasjonalistiske strøymingar byrja å spreie seg. Under krigføringa hadde fleire av landa på kontinentet følt seg som reiskap for Napoleon sin maktkamp mot Storbritannia, noko som vakte motstand. Det

---

<sup>188</sup> «Landslov for dei prøyssiske statane». Kåre Tønnesson. *To revolusjoner, 1750–1815*, bind 10, *Aschehougs verdenshistorie*, 1985, s. 181–182.

<sup>189</sup> Tønnesson, *To revolusjoner, 1750–1815*, 1985, s. 182.

<sup>190</sup> Tønnesson, *To revolusjoner, 1750–1815*, 1985, s. 252.

<sup>191</sup> Tønnesson, *To revolusjoner, 1750–1815*, 1985, s. 252.

vaks fram ein idé om ei stordomstid politisk og nasjonalt, nettopp fordi ein mangla dette i eit fragmentert fyrstestatsområde. Ein ønskja å finne fram til noko felles tysk, som det tyske folk kunne samle seg om. Mange tyske intellektuelle hadde først prisa Den franske revolusjon, men snudde om idet Napoleon tok grep først på 1800-talet. Ideen om den tyske *Volksgeist* vart no eit nasjonalistisk prosjekt, mot det franske og for det tyske fellesskap.<sup>192</sup>

Med andre ord var Napoleons okkupasjon medverkande til ei veksande tysk nasjonalisme, som også ei romantisk strøyming var med på å forsterke. Saman med dette kom ei meir liberalistisk grunntanke kring økonomi og handel.

I førre kapittel presenterte eg tre britiske reisande som reiste før og på nesten same tid som Buch og Küttner. I dette kapitlet vil eg sjå kva type vurderingar tyske reisande hadde om produksjon og forbruk. Kan vi sjå at tyskarane vurderte dette annleis enn britane? Eit interessant aspekt ved dette er at Tyskland er kjent som eit føregangsland for den romantiske strøyminga som seinare på 1800-talet eskalerte i store delar av Europa. Kanskje dette også påverka korleis dei vurderte. Å berre nytte Buch og Küttner for å undersøke vurderingar om produksjon og forbruk er vel å merke ikkje representativt for tyske reisande generelt, hovudpoenget mitt er likevel ikkje å samanlikne tyske og britiske reisande. Undersøkinga mi handlar om å sjå etter vurderingar – positiv eller negativ – hos eit utval reisande til Sverige og Noreg, og om konvensjonane for å skrive reiselitteratur var dei same. Buch og Küttner hadde i tillegg vore lengre periodar i Storbritannia, og hadde dermed fått observere og delta i det britiske samfunnet, noko vi vil legge merke til i funna.

## 4.1 Produksjon

### Gruver, verk, tømmerdrift og fiske

I motsetnad til Clarke og Malthus, skreiv ikkje Buch noko om norske eller svenske gruver og verk. Dette var kanskje ikkje så merkeleg, i og med at Buchs fagområde ikkje dreia seg om mineralogi – slik det til dømes var for Clarke – men geologi. Likevel var gruveverksemda så viktig i Sverige i denne perioden, at ein kan undre seg over at ho ikkje vart kommentert i det heile.

I gjennomlesingane mine av Buchs reiseskildring har eg funne to eksempel på vurderingar kring tømmerdrift og fiske. I Christiania kommenterte Buch tømmernæringa, der han meinte at tømmeret var av god kvalitet og hadde eit godt omdøme også utanfor Noreg. Sjølve

---

<sup>192</sup> Palmer, R.R., J. Colton og L. Kramer. *A History of the Modern World, Since 1815*. New York: McGraw-Hill Higher Education, 2007, s. 418–419.

sagbruka var heilt like dei Buch elles hadde sett andre stader i landet, men «that the deal exported from it are more skilfully sawed than elsewhere».<sup>193</sup> Dette var årsaka til at engelskmenn ikkje ville ha tømmer frå Trondheim – som dei meinte var av dårlegare kvalitet, og vart skipa vidare til Irland – og såg seg heller vinst i å skipe tømmer frå Christiania og Fredrikstad til langt større kostnader.<sup>194</sup>

Buch er gjennomgåande i skildringa ikkje særskilt detaljrik om menneske eller folkeliv. Derfor er det interessant å sjå korleis Buch etter å ha skrive om tømmerdrifta i Christiania, skildra det yrande livet av sledar som kom vinterstid til Christiania: Det vart frakta tømmer til eksport, og ein høyrde menneska i livlig prat og arbeid. Å frakte tømmer til byen var ein aktivitet som heldt på heile vinteren gjennom. Buch såg at etter at varene var levert, vart bøndene skrivne på med kritt av oppsynsmannen. Det vart notert kor mykje plank bøndene hadde kome med, og kor tømmeret skulle fraktast til. Vidare måtte bøndene gå til lønningskontoret der dei synte fram kva oppsynsmannen hadde notert på kleda deira, for deretter verte betalt for varene. På lønningskontoret fekk dei ikkje gi frå seg ein lyd, skreiv Buch, ein skulle berre syne seg fram, få betalt av kasseraren for så å gå.<sup>195</sup>

I Sverige var Buch innom Falkenberg og kommenterte at hamna var godt nytta, og at sildefiske var som skapt for byen. Trass i dette fekk han inntrykk av at dette var ein ressurs svenskane ikkje såg seg nytten i og derfor var «the herring and other fisheries [...] never been profited by».<sup>196</sup> I Varberg, rett nord for Falkenberg, var det i så måte betre; byen var større og staden vakrare, og fleire skip kom innom i motsetnad til Falkenberg der dei berre såg éin båt i hamna. Om det Buch såg i Falkenberg kunne ha samanheng med situasjonen på kontinentet eller at det var dårleg sildefiske då han besøkte staden, skreiv han ingen ting om. Det Buch derimot skreiv var at fisking ikkje hadde vorte ein stor inntektskjelde i Falkenberg *nokon gong*. Noko han fann underleg sidan alt låg til rette for å drive med fiske.<sup>197</sup> Kva årsaken til dette kunne vere gjekk ikkje Buch nærmare inn på.

---

<sup>193</sup> Buch, 1813, s. 33.

<sup>194</sup> Bård Frydenlund skriv om korleis plank og tømmer frå Austlandet gjorde nordmenn til attraktive handelspartnarar i Storbritannia. Omgrepet «Christiania Deals» var eit kvalitetsstempel i handelskvarteret Wellclose Square i den britiske hovudstaden. Sjå Frydenlund, 2013, s. 28–29, eller Stein Tveite, «Trelasthandelen og Christiania-patrisiatet», ss. 47–59, i: John Petter Collett og Bård Frydenlund (red.). *Christianias handelspatrisiat. En elite i 1700-tallets Norge*. Oslo: Andresen & Butenschøn, 2008.

<sup>195</sup> Buch, 1813, s. 34.

<sup>196</sup> Buch, 1813, s. 19.

<sup>197</sup> Buch, 1813, s. 19–20.

### *Styresmaktene skuld i det bakstreverske*

Hos Küttner kan vi finne nokre fleire vurderingar kring produksjonssituasjonar i verk- og gruveverksemda, samt i fiske- og tømmernæringa. Om enn ikkje i same grad som vi har sett hos til dømes Clarke, men så var Küttner heller ikkje ein mineralog.<sup>198</sup> Alle vurderingane eg har funne er frå Sverige.

Som så mange andre reisande drog Küttner innom Trollhättan. Han meinte at problema svenskane stod ovanfor – då hadde han særskilt det pågåande arbeidet med kanalutbygginga i tankane – for lengst ville ha vore løyst dersom det var engelskmenn som hadde ansvar for oppgåva. Küttner forklarte det på denne måten:

But it should be considered, in the first place, that the Swedes are not so rich, highly civilized, enterprising, and mechanical a nation, as the English; and in the second, that the ground here is such as is seldom found in the vicinity of a great river; and for the most part of the hardest kind, being granite.<sup>199</sup>

Küttner plasserte på den måten svenskane langt etter engelskmennene både økonomisk og intellektuelt, og påsto at svenskane ikkje var initiativrike. Likevel la Küttner delar av forklaringa også i dei *ytre* forholda, nemleg naturtilhøva svenskane levde under.

Det eg elles har funne av vurderingar hos Küttner dreiar seg i stor grad om ei form for ambivalent kjensle ovanfor det han ser av verksemd i gruver. Gruvesamfunna hadde eksistert i lang tid, men behovet for og etterspurnaden etter råmateriale hadde auka i Europa, noko som la press på produksjonen også i Sverige. Eigarane av gruvene, då som regel kongen, såg profitt i drifta og fann ein marknad utanfor eigne landegrensar.

Küttner oppdaga i utkanten av Stockholm ein landsby med hagar og udyrka jord. Her var også jarnhuset, som var den staden i Sverige der det vart lagra mest jarn. Her såg Küttner eit yrande folkeliv. Han skildra det som ei sterk oppleving idet han såg travle menneske i ustanselig arbeid og hørde klang av metall som vart hamra. Heile scena utspann seg i eit område som var omkransa av eit mørkt og dystert ytre.<sup>200</sup> Küttner fekk eit ambivalent forhold til dette område og også Stockholm som låg like ved; han skildra område som vakkert og spesielt, men reagerte på at det var så mange som levde i tronge kår og i miserable hytter, som igjen prega bybiletet i stor grad: «This is that renders Stockholm perhaps *unique* in its way. I never

---

<sup>198</sup> I tillegg kom Küttner med ei forklaring på kvifor han ikkje tok for seg så mykje om gruver, kanalutbyggjingar og anna: «Mr. Coxe, indeed, came from Norway, by the same road as we; but his attention is so entirely occupied with mines, canals, and the statistical details, that he takes very little notice of the beauties which nature presents». Küttner, 1805, s. 81.

<sup>199</sup> Küttner, 1805, s. 66.

<sup>200</sup> Küttner, 1805, s. 80.

beheld from one point of view any thing so beautiful, so magnificent, and so sublime, nor yet any thing so mean, so rude, and so wilde, within the circumference of a metropolis».<sup>201</sup>

Slik vi har sett Clarke gjere, la også Küttner vekt på kva rolle konge og regjering spelt. Küttner kritiserte styresmaktene sine luksusvaner og det store pengeforbruket, som han meinte ruinerte befolkninga. Befolkninga var allereie utarma av å betale høge skattar og avgifter, og kongehuset hadde vidare hemma moglegheita til å drive med handel: I tillegg til å ha svekka kvaliteten på produkta som vart produsert i landet, var dei svenske gruvene forsømt og produksjonen dårleg. Økonomien måtte betrast, og Küttner meinte ansvaret først og fremst låg hos styresmaktene og kongen. Om dei var bevisst det sjølv, var det likevel eit godt stykke att:

They have not been able, for a considerable time, to open any new channels of trade, and have even lost some which they formerly possessed. [...] Economy is therefore the highest virtue which a King of Sweden can exercise; and this his present Majesty possesses without, however, relinquishing his ideas of royal dignity, and a certain degree of splendour.<sup>202</sup>

Küttner skreiv meir om utvikling og styresmaktene si rolle for økonomisk vekst, noko som kan vitne om at han engasjerte seg i tematikken. Han fekk inntrykk av at styresmaktene oppmuntra folket til å produsere varer, men at det i hovudsak var to ting landet hadde behov for, men som styresmaktene ikkje var i stand til å gjennomføre: for det første nok kapital der befolkninga kunne drive med dei mest nødvendige næringane: «With regard to manufactures the Swedes are still very far behind; Sweden will long continue to send her iron to England, and to import the hardware of that country».<sup>203</sup> For det andre kjøpte ikkje dei velhaldne inn svenskproduserte møblar og andre varer, men fekk tak i importerte varer frå England. Dette fordi «native production are in general course, clumsy, and far from cheap».<sup>204</sup> Küttner meinte at forbodet mot å ta inn utanlandske varer var håplaut, for ein hadde ingen vanskar med å få dei inn i landet uansett. Enkelte kjøpmenn hadde nærmast monopol på dei utanlandske varene og selde dei i butikkane sine til stive prisar. Nettopp fordi mykje var smugla inn i landet vart prisane stive, sidan smugling innebar ein viss risiko.

Ei av Sveriges største jarngruver låg i Dannemora. Küttner påpeika at både denne og gruva i Falun skilde seg ut frå dei gruvane han elles hadde sett i Europa. I staden for å ha ei nedstiging til gruvane, slik som det stort sett var andre stader, var opninga inn til den største gruvesjakta like stor som ein tysk marknadsplass. Der var det ei stor mengd med menneske

---

<sup>201</sup> Küttner, 1805, s. 81.

<sup>202</sup> Küttner, 1805, s. 85.

<sup>203</sup> Küttner, 1805, s. 86.

<sup>204</sup> Küttner, 1805, s. 86.

som arbeida – i dagsljós – og oversiktleg å halde auge med for dei som dreiv staden. Her skildra Küttner både menn og kvinner fullt sysselsett med arbeidet. Det meste av jarnet vart sendt til England.

I Falun var Küttner innom kopargruva, denne skulle vere ein av dei eldste i Europa, men Küttner på si side fekk ikkje noko godt inntrykk av staden: «Here truly reigns the abomination of desolation. What accumulated mountains of stone, on which for ages, not a single blade of grass will appear!».<sup>205</sup> Røyk og støy fylte området, og det var lite kopar å finne i gruvene. Dessverre skreiv ikkje Küttner noko om arbeidarane på staden, men nemnte i staden at hestane såg dagslys berre éin gong i året – nemleg rundt juletider.

### *Industriens konsekvensar*

Trass mindre mengder med skildringar av kvinner og menn i arbeid, er det likevel eitt fellestrekk hos dei to tyske som er verdt å trekke fram, nemleg måten dei skildra eit yrande folkeliv på. Buch frå tømmerleveransar til Christiania, Küttner frå gruvene. Medan dei begge elles er tilbakehaldande med informasjonen om menneske i arbeid, nyttar dei ei felles form for skildring for å vise til det dei oppfatta som arbeidsame menneske. For lesaren vert dette oppfatta som einskild positiv. Davies skriv at dei britiske reisande kom frå ein «Culture of Capitalism», og at dei som reiste såg etter liknande haldningar i befolkninga dei besøkte.<sup>206</sup> Interesse for å jobbe for å kunne skaffe seg eit overskot var eit teikn på ein slik kultur, og yrande folkeliv ei illustrerande skildring. Likevel var kritikken i like stor grad knytt opp til korleis ein uttrykte den kapitalistiske kulturen. Ikkje minst, som vi har sett hos Küttner, gjaldt dette styresmaktene si kontrollstyring og regulering. Davies skriv at:

Whether beholding a subsistence-based peasant household in rural isolation, irritatingly bare shelves in an urban emporium, or a café-devoid resort, the progress-minded traveler invariably concluded that these were outward manifestations of economic inertia, engendered by restrictions. A 'traditional' culture of self-sufficiency among both high and low, far from indicating self-determination and the exercise of free choice, was instead perceived as the result of control and constraint in a stubbornly archaic corporate society.<sup>207</sup>

Eg vil kome nærmare inn på dette i kapittel 6, men det er eit punkt som er sentralt i Davies' sitat – ikkje minst med tanke på Küttners kritikk ovanfor av styresmaktene – ifølgje Davies kunne ein drive så tungvint eller så nytenkjande som helst, det dårlege utfallet ein kunne sjå var eit resultat av eit hardnakka og forelda samfunn. Noko var gale i det økonomiske systemet, og det var dette som hadde råka både Noreg og Sverige, og det i lang tid.

---

<sup>205</sup> Küttner, 1805, s. 98.

<sup>206</sup> Davies, 2000, s. 154.

<sup>207</sup> Davies, 2000, s. 154–155.



## Tekstilar og anna handverk

Buch skreiv ned langt fleire vurderingar om denne forma for produksjonen enn den førre. Her kan vi sjå at Buch resonnererte kring det same som Küttner, om kvifor Noreg og Sverige hang etter, og kven si skuld det var. Ved Vang i Noreg besøkte Buch ein prest ved namn Pihl som hadde mange interessefelt.<sup>208</sup> Under besøket noterte Buch seg dette:

His house resembles a manufactory, and his example and exortations have had the most powerful effect on the surrounding country. Pieces of mechanism are every where to be met with; and throughout the whole of Hedemarcken, in a short time, a clock or watch will not be found which were not manufactured in the province.<sup>209</sup>

Det kan sjå ut til at Buch opplevde observasjonane som inspirerende, og at verdien i det han såg burde stå som eksempel på dei moglegheitene landet hadde til å drive med meir storstilt manufaktur:

How excellent would it be if this were the first sort of industry which took root in the vallies of Norway! It is highly suitable to the inventive talents, the mode of living, and the climate of the Norwegians, to whom the long winter evenings afford so much easier procured and conveyed up to them than any of those which are wrought up in great manufactories.<sup>210</sup>

Som hos Wollstonecraft og Malthus nytta Buch klimaet til å forklare det arbeidet som han såg vart gjort. Utbrotet var derimot sterkare enn det vi såg hos Wollstonecraft og Malthus, idet Buch såg den store moglegheita til industri og vareproduksjon i området. For det andre er det også interessant å sjå at Buch ikkje opplevde at manufakturen verkeleg hadde gjort eit inntog i det norske bondesamfunn, idet han skriv at dette kunne vere den første industrien som vaks fram i norske dalstrok. Dette treng ikkje vere noko ein stiller spørsmålsteikn ved; Buch kom frå Tyskland og hadde dessutan vore i Storbritannia, og samanlikna med desse landa var det nok lite som tyda på at industri i det heile hadde fått noka utstrekning i Noreg.

### ***Kunnskapsmangel og forbruk:***

Buchs skildring går etter dette inn i ein meir reflekterande del, han stilte spørsmål ved kvifor Noreg hang etter med industriverksemd og vareframstilling. Han forsøkte sjølv å forklare dette då han vidare stilte spørsmål kring kvifor ikkje det fanst byar rundt om i landet som samla innbyggjarane i dei einskilde områda kring ein felles produksjon: «Why is there no central point here [Hedmark], which, like a mighty spring, might every where give rise to a

---

<sup>208</sup> Von Buch nemnte ikkje fornarnet til presten, men vi kan rekne det som sikkert at det her var snakk om Abraham Phil, sjå til dømes Knut Imerslund, *Abraham Phil – prest, prost og tusenkunstner*. Hamar: Oplandske bokforlag, 2010.

<sup>209</sup> Buch, 1813, s. 77.

<sup>210</sup> Buch, 1813, s. 77.

brisker circulation, and create life and activity in this present dead mass of produce?». <sup>211</sup> Buch meinte han såg ei trong hos bøndene etter å gjere sitt beste, men når «no town offers the people as yet a hand to assist them in their praise-worthy endeavours» fekk ikkje bøndene moglegheit til å få skapt ei positiv og målretta utvikling. <sup>212</sup>

Buch kunne ikkje sjå noko teikn til at dei leiande i byane ville hjelpe bøndene til utvikla ferdigheitene sine til det som var til det beste for heimlassen deira. Samtidig høyrde Buch rykte av andre nordmenn – uvisst med kva for klassetilhøyre – om at befolkninga i Hedmark hadde hamna uti skadeleg og fordervande luksus: «The men consume their superfluity in entertainments: the women dress themselves like the merchants' daughters of Brügge». <sup>213</sup> Kjøpmenn i Christiania overtydde Buch om at det var varer som silke og fin bomull som vart selt frå Christiania til Hedmarksområde.

Buch høyrde vidare eit anna rykte om at bøndene nesten aldri skaffa seg bruksartiklar frå byane, det vart for langt å reise. Alt dei trong vart derfor tilverka i heimen. Bøndene var sjølv smedar, snekkarar, møbelsnekkarar, taumakarar, vevarar, skomakarar og skreddarar, alt på same tid. Buch forsto at denne heimeproduksjonen fekk lovord, og at ein hadde ein felles tanke om at dette gagna bøndene godt, men likevel stilte Buch seg noko uforståande til: «Whoever makes so many things must make them badly, and will never be able to do with the bad what he could have done with better». <sup>214</sup> Bøndene var heilt nøydd til å produsere alt sjølv dersom dei skulle oppretthalde livsgrunnlaget som var naudsynt, men derfor vart alt dei produserte av dårlegare kvalitet enn om dei hadde konsentrert seg om nokre frå varer. Det var ikkje befolkninga sjølv som stilte seg negative til endring, meinte Buch og skreiv at:

The Hedemarckian would willingly purchase better cloth, better wheels, iron ware, tables, and chairs, in Hammer; he would willingly take the pains to manufacture a single article, that he might make it better when he found he was always sure of disposing of it in Hammer, were such a town as Hammer exist. What activity and refinement would it not be the means of creating in the interior of the kingdom, for this district has not nearly reached the highest degree of population of which it is capable! <sup>215</sup>

I sitatet kan vi sjå at Buch peika på at hedmarkingane med glede ville ha hatt tilgang på betre klede, hjul, jarnvarer og møblement. Dei ville også med glede ha gjort seg umaken med å produsere éi vare, og då mest sannsynleg ha gjort jobben betre med ei visse om at dei hadde fått selt produkta på Hamar, om denne hadde hatt bystatus. For korleis kunne utkantområde i Sverige, som Skåne og Uppland, ha eit langt høgare innbyggjartal enn i Hedmark, spurde

---

<sup>211</sup> Buch, 1813, s. 79.

<sup>212</sup> Buch, 1813, s. 79.

<sup>213</sup> Buch, 1813, s. 79.

<sup>214</sup> Buch, 1813, s. 80.

<sup>215</sup> Buch, 1813, s. 80.

Buch. Der var det dårlegare dyrkamark og mindre avkastning av korn enn i Hedmark-traktene. Forklaringa låg i at dei områda Buch viste til i Sverige var «there[...] no want of towns, communication, and collision. What fertility alone cannot do is there produced by mutual assistance and industry».<sup>216</sup> I fellesskap kunne ein bu i område som i utgangspunktet hadde karrige tilhøve for jordbruk, men der eit bysamfunn og bøndene i fellesskap dyrka og produserte til felles nytte og verdi. Alt dette vil eg vidare diskutere i kapittel 6.

### ***Føregangspersonar naudsynt for utvikling:***

I Trondheim kommenterte Buch i liten grad det han såg av handverk eller anna type arbeid, i eit avsnitt nemnte han at innbyggjarane var sysselsett i nokre få manufakturar, som kanskje med tida ville kunne slå om seg. Det han derimot kommenterte som ein innbringande geskjeft var «*stathauptmann*» herr Lysholm si satsing på utvinning av fargestoff frå lav. Både arbeidet med å utvinne sjølve fargestoffa, men også innsamlinga av sjølve lavet, syntest Buch var interessant. Positivt var det også at haustinga av lav hadde sysselsett fleire bønder på Oppdal. Dette var på ingen måte ein liten geskjeft, og eksporten frå Kristiansand til England var storstilt, hevda Buch. Herr Lysholm dreiv også ein salpeterfabrikk, i tillegg til framstilling av bordsalt.<sup>217</sup> På tukthuset i byen vart det sauma lintøy og teppe, det same vart også produsert på arbeidsanstalten – ingen av desse institusjonane hadde nokon storstilt produksjon, skreiv Buch.

Küttner hadde høyrte rykte om at Eskilstuna var ein by vel verdt eit besøk, då innbyggjarane der dreiv med storstilt framstilling av fleire typar salsprodukt. Küttner uttrykte at han var glad for å ha vore i byen: han meinte at han på den måten hadde fått eit godt bilete av korleis det stod til med produksjonen i Sverige.<sup>218</sup> Byen var ein fristad, nemnte Küttner, der alle hadde sveinebrev og i tillegg hadde jobba i over tre år kunne starte opp for seg sjølv. På den måten vart handverkarane til ein viss grad frigjorde frå dei avgrensingane handelsnæringa og handelsprivilega tradisjonelt sette opp for arbeidarane i Sverige. Dei trong ikkje betale for fridomen sin, og dei vart i liten grad utsette for overgrep. Heile staden var faktisk full av verkstadar, skreiv Küttner.<sup>219</sup>

---

<sup>216</sup> Buch, 1813, s. 80.

<sup>217</sup> Denne herr Lysholm kan vi rekne med er Nicolay Lysholm (1761–1814). Fabrikk det er snakk om må vere ein del av fabrikkannlegget *Lysholmsminde*, som stod ferdigstilt i årsskiftet 1806–1807. Der føregjekk det storstilt foredling av naturprodukt, og fabrikk fekk ord på seg for å vere nyskapande, og fekk god omtale. Sjå Norsk biografisk leksikon, s.v. «Nicolay Lysholm». 24.04.2014. [http://snl.no/Nicolay\\_Lysholm](http://snl.no/Nicolay_Lysholm).

<sup>218</sup> Küttner, 1805, s. 74.

<sup>219</sup> Küttner, 1805, s. 74.

Trass i dette registrerte han at det var lite varer i omløp, og ved å spørje i butikkane fant han «that English commodities of the same kind are better, or at least neater and cheaper»<sup>220</sup>. Ei årsak til dette, ifølgje Küttner, var at arbeidet ikkje var delt: alle handverkarane og sveinane var skolert til å gjere heile jobben – altså alle prosessane – åleine, som dermed førte til dårlegare kvalitet på sjølve produktet. Nettopp det same som Buch kommenterte frå Hedmark. Ei anna årsak var at innbyggjarane ikkje tok i bruk nye reiskap i produksjonen. Sjølv om det fanst poleringsmaskiner der, vart ikkje desse tekne i bruk. Küttner undra seg over at alt vart gjort for hand, noko han fann tungvint og gamaldags. «I saw a needle-maker who has divided his work among his children and two other persons; but the Swedish needles are clumsy, and indeed more so than in any other country that I have seen».<sup>221</sup>

I løpet av opphaldet i Eskilstuna besøkte Küttner ein stålarbeidar som han skildra som talentfull og arbeidsam. Han fekk høyre av mannen at det likevel ikkje var så lett å få selt produkta han laga, og arbeidaren opplevde seg sjølv som taparen i det svenske samfunnet:

I saw a great number of very neat and tasteful productions: as steel buttons, with portraits or landscapes on them; ornamental works, and even etching on iron, from which he takes impressions like copper-plates. He, however, told me, that he was a loser by them; as the people of Sweden could only afford to pay for articles that are perfectly plain, and of the first necessity; and I can easily believe him.<sup>222</sup>

Sitatet fortel at produkta var vakre og forseggjorte, men ei manglande kjøpekraft i den svenske befolkninga gjorde det vanskeleg å få noka særskilt omsetjing av produkta. Küttner fekk sjå gullbelagde knivar og sakser, som også var laga av arbeidskaren. Küttner syntest det var eit fint arbeid, men meinte han at det var for utsmykka og at det heller ikkje ville selje til «*people of taste*» i England. Kondisjonerte engelskmenn var meir oppteke av dei enkle produkta med fin poleringsglans, hevda han, og derfor kunne ikkje produkta som den svenske arbeidaren hadde laga konkurrere med dei engelske. Derfor, konkluderte Küttner, sjølv om Eskilstuna var ein viktig plass for produksjon og handel i Sverige, kunne ikkje produkta samanliknast med det ein kunne få av jarn- og stålprodukt i England: Eskilstuna var knapt verdt å nemne i det høve.<sup>223</sup>

I Buchs reiseskildring er det sjeldan vi får innsyn i kva for tekstil- eller handverksproduksjon han møtte i Sverige, men ved Bjästa, sør for Umeå, får vi eit innblikk: På vertshuset vart Buch vist til ein stort rom der fine varer av lin låg framme på eit bord. Det var dukar og tørkle «all

---

<sup>220</sup> Küttner, 1805, s. 75.

<sup>221</sup> Küttner, 1805, s. 75. Samfunnsøkonomen Adam Smith nyttar nettopp nåleproduksjonen som eksempel på kor tungvint ei verksemd kan vere dersom ho ikkje vert drive med god arbeidsinndeling. Sjå Smith, Adam. *Nasjonenes velstand I*. Omsett av Åshild Sonstad. Oslo: Bokklubbens kulturbibliotek, 2012, s. 16–17.

<sup>222</sup> Küttner, 1805, s. 75.

<sup>223</sup> Küttner, 1805, s. 75.

fine and beautiful to appearance». <sup>224</sup> Varene var laga i fjellområda i landsdelen, der Bjästa var eit samlingspunkt for desse flittige arbeidsmennene. Kvaliteten var god, men ikkje så god som den nederlandske, meinte Buch:

So high in the north, can such industry be produced and attended with success? Tuneld, who is always out of all bounds in his praise, affirms that this linen is equal to the best Holland. This may well be doubted, but what we saw on the tables was certainly very possessing. <sup>225</sup>

Generelt opplevde Buch innbyggjarane i Nord-Sverige som meir velståande og handgripelege, ikkje minst meinte han at dei var flittigare og meir arbeidssame enn svenskane lenger sør, noko vi har sett at også Clarke meinte. Dette var dei trass i at svenskane nordpå opplevde eit klima som aktivt jobba mot dei, skreiv Buch.

## 4.2 Handels- og forbruksvarer

At Norden var prega av Napoleonskrigane – ikkje minst etter flåteranet i København i 1807, og Danmark-Noregs sympatiserte med fransk side – kan ein sjå spor av i Buchs reiseskildring. Dette kan ein sjå mest av mellom linene enn i direkte klårtekst. Ikkje minst er dette tilfelle medan han var i Christiania, og når han skreiv om handelsnæringa. Eksempla under viser Buchs oppleving av innanlands- og utanlandshandelen.

### Bysamfunnas internasjonalisering i strid med nasjonale særtrekk

Buch opplevde Christiania som ein delt by med fleire ulike bydelar med tydelege grenseliner mellom: «in these [bydelar] the exterior, the houses, trades, and manner of living, are very different from one another. [...] There is an exact boundary between the part of the town occupied with the inland trade and that where the foreign trade is carried on». <sup>226</sup> Dei som hald på med utanlandshandelen var kapitalistane, grosserarane, skipseigarane og embetsmennene. Dei var rikare, finare og meir danna enn innbyggjarane i dei andre bydelane, skreiv Buch. Likevel var det lite liv i desse gatene, direkte knyststilt. <sup>227</sup>

Då var det langt meir liv og rørsle i dei andre bydelane. Buch undra seg over myriaden av små butikkar og boder: «How is it possible, said I to myself, that so many people can derive a living in so small a town from the same trade?». <sup>228</sup> Av ei lista Buch hadde over næringane i Christiania frå 1801 var det av 9005 innbyggjarar; 110 butikkeigarar, 220 detaljforhandlarar og 242 handverkarar. Med andre ord 572 i talet. Overraskande mange, meinte Buch, og forsto

---

<sup>224</sup> Buch, 1813, s. 391.

<sup>225</sup> Buch, 1813, s. 392.

<sup>226</sup> Buch, 1813, s. 29.

<sup>227</sup> Buch, 1813, s. 29.

<sup>228</sup> Buch, 1813, s. 29.

ikkje korleis dette kunne vere lønnsamt. Han følte likevel han fann svaret då han såg at både svenskar og danskar kom inn til marknaden i byen som var kvar veke, for å drive handel. Ein kvar som ville sjå Noreg gjorde vel i å få med seg marknadene i Christiania, skreiv Buch. Både for å observere den menneskelege natur, men også det å kunne spore korleis menneska vart forma og gjorde framsteg i «the progress of cultivation».<sup>229</sup>

Den årlege store marknaden i byen var av enda større interesse å observere, meinte Buch. Då var heile byen full av alle slags menneske frå fjern og nær. Buch skildra dei ulike menneska han såg, og kva for særtrekk dei hadde, som han vidare relaterte til kva for område i landet dei kom ifrå. Til dømes meinte Buch det var så store skilnader på gudbrandsdølen og valdresingen at ein kunne tru at dei var frå ulike land. All denne ulikskapen var det bysamfunna som var skulde i, meinte Buch: «it, and it alone, has effected this diversity among the country people». For observerte ein til dømes folket frå Moss såg ein menneske som i langt større grad likna på innbyggjarane i Christiania, og dei hadde også eit skarpare blick for gode varer. Byen viska ut skilnadene og mangfaldet, og rykka opp med rota «all nationality through so great an extent».<sup>230</sup>

Kleda som vart brukt i byen var likevel ikkje av siste mote, meinte Buch, det var tre-fire år gamal mote frå London og Paris. I Hedmark derimot kunne kleda vere av tysk mote, og godt over 20 år gamle. Det heile dreia seg om *the national character*. Buch meinte at dei største byane i Noreg hadde sterke internasjonale handelsnettverk som igjen hadde sterk verknad på dei meir perifere delane av landet også. Buch stilte fleire spørsmål kring kva som eigentleg var problemet med den ytre påverknaden: «But why? Are men to remain for ever stationary like insects?».<sup>231</sup> Buch stilte spørsmål ved om kontakta med omverda eigentleg var så sterkt inngrepande at nordmennene mista sine nasjonale særtrekk.

For Buch var tydeleg positiv til den utviklinga som fann stad innanfor varehandelen. Han såg det som fordelaktig for befolkninga at dei – ved å tilverke varer og få dei selt på ein marknad – kunne oppleve å få større tilgang på nye varer. Samtidig kunne ein utnytte område som elles hadde vore folketomme og aude. «How many conveniences, nay, almost necessaries of life, they can now have in exchange for their produce, to which formerly they were strangers!»,<sup>232</sup> skreiv Buch medan han var i hovudstaden. I sitatet kan vi sjå at Buch tek seg i at det ikkje

---

<sup>229</sup> Buch, 1813, s. 30.

<sup>230</sup> Buch, 1813, s. 31.

<sup>231</sup> Buch, 1813, s. 32.

<sup>232</sup> Buch, 1813, s. 32.

berre er snakk om komfort lenger, men at det faktisk var snakk om livsnødvendigheter nordmennene no kunne ha moglegheit til å skaffe seg, som tidlegare hadde vore framande for dei. Vi skal sjå i kapittelet 6 at varehandel og endra forbruksvaner gjekk frå å vere – i førstninga – luksuriøse gode for dei få, til å etter kvart dreie seg om naudsynte behov som vart dekkja for dei mange. Som Venborg Pedersen skriv: «luksus [...] mistede sine tidlige og kristent funderede betydninger som lastefuld og moralsk korrumperende og gik over til at inkludere produktion, handel og forbrugets civiliserende indflydelse på menigmands manerer og omgang, ja i samfundet som sådan».<sup>233</sup>

Buch såg med stor glede alle dei fullasta sledane som kom til byen med smør, ost og talg – han kunne ikkje forstå at det var mogleg å få seld alt saman: «But every landlord and householder waits for the time of the sledges: the boors are seldom embarrassed in the disposing of their tallow; and they have it generally in their power to set their own price on their commodities».<sup>234</sup> Bøndene kunne altså sjølv setje prisen på varene dei selde, og med seg frå byen kjøpte dei korn, malt til ølbrygging, jarn og jarnvarer, nokon gongar fisk og «some other small articles, which serve more for comfort than necessary support».<sup>235</sup> Buch nemnte ikkje kva desse småvarene var for noko, men dette kunne vere reine nyttings/luksusprodukt som ikkje hadde ein direkte fornuftig funksjon i hushaldet heime. Buch konkluderte det han såg med at saman så utgjorde bybefolkninga og bøndene ein symbiose «that every situation may be applied to what is most suitable to it, and that the surplus may be exchanged for wants which other places can more easily supply».<sup>236</sup>

Buchs reiseskildring kan gi oss tydelege indikasjonar på positive vurderingar til det nye forbruksmønsteret og den store handelverksemda som stadig større utstrekning var ein naturleg del også blant allmugen i Noreg. Det kan sjå ut til at Buch peika på heilskapen som det positive utfallet: at landområde kunne verte teke i bruk for å drive med anna verksemd enn rein dyrking av jord og fedrift. Buch kritiserte dei som haldt bøndene tilbake frå å kunne spesialisere seg, eller hindre moglegheita til ny viten og kunnskap om handel, økonomi og næringsliv. Rykta Buch høyrde om sløseriet blant bøndene i Hedmark tok han ikkje direkte stilling til, det er ingen indikasjon på at han fann dette negativt. Hovudsakleg ser det ut til at Buch var mest kritisk til maktkonsentrasjon og kunnskapsmangel. Saman med kunnskap ville også eit medvit om dei nasjonale særtrekka vere naudsynt. Då ville ikkje befolkninga stille

---

<sup>233</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 242–243.

<sup>234</sup> Buch, 1813, s. 33.

<sup>235</sup> Buch, 1813, s. 33.

<sup>236</sup> Buch, 1813, s. 33.

seg blåøygd for alt dei kom i kontakt med av varer utanfrå, men samtidig finne nytten i mykje av det, utan at det ville føre til sløseri eller eit tankelaust forbruk.

### **Trondheim – ein framtidsretta by**

For trass i dei positive skildringane av Christiania; Trondheim overgjekk hovudstaden, meinte Buch, og det på fleire område. Som vi såg hos Clarke, kan vi også spore hos Buch ei overtyding om at i Trondheim hadde ei sterkare tilknytning til Noreg som nasjon, og at det var ei meir ekte patriotisme og folkeleg ånd i befolkninga; «May Heaven grant that this character of the noble inhabitants of Drontheim remain long uncorrupted!»<sup>237</sup>

Kva var det Buch brukte som forklaring på at Trondheimsbebuarane var meir patriotiske og uforderva? Det heile hadde med handel å gjere, nærmare bestemt kva for konsekvensar handelen tok med seg. Buch nytta tilhøva i Christiania og Bergen til å forklare Trondheim sin status: Christiania sendte panel og plank til England. Ei slik kontakt førte til at norske kjøpmenn fekk innblikk i engelsk levesett med den komfort og prakt som var typisk i Europa i perioden. Gjennom ei slik tiltrekking oppstod det eit behov hos kjøpmennene i Christiania for å oppnå velstand. Gjennom handelen var derfor handelsinteressene i Christiania vakse til å gjelde stadig fleire luksusartiklar då helst engelske av opphav, eller noko som var så godt som det engelske. Bergen på si side sendte fisk til Nederland, og forventa å få hageartiklar tilbake, i forlenginga av dette kunne ikkje befolkninga i Bergen stille seg likegyldig til kva som rørte seg i Nederland – då nederlandske artiklar vart viktig for identiteten til befolkninga i Hansabyen. Men, skriv Buch, i Trondheim derimot: «these foreign relations are not so determinate: their view is alone fixed on the country, in which they live in security and repose; and every attempt to disturb that repose awakes most powerfully in them the spirit of self-defence, and repulsion of foreign attacks by which their peace may be endangered».<sup>238</sup>

Innbyggjarane i Trondheim fokuserte på heimlandet, og ikkje handelskontaktene. På den måten, held Buch fram, hadde byen ei patriotisme og ein samfunnsånd som bygde opp kring eit sjølvstendig land. Christiania på si side hadde handelsånd som knytta band til eit omfattande nettverk over landegrensar.<sup>239</sup> Trondheim dreiv med handel, men hadde i langt større grad ein innanlandsmarknad å halde seg til, og som dei også utnytta. Særskilt samanlikna med Christiania, der kjøpmennene ikkje gav dei moglegheitene dei burde til

---

<sup>237</sup> Buch, 1813, s. 109.

<sup>238</sup> Buch, 1813, s. 109.

<sup>239</sup> Buch, 1813, s. 109.



bondebefolkninga rundt byen, som igjen hemma vekst. I Trondheim var store område kring byen delaktige i produksjon og sal. Gruvene på Røros spelte i så måte ein nøkkelrolle.

### *Te og porselen i Sverige:*

Küttners korte opphald i Noreg etterlet ikkje vurderingar særskilt knytt til forbruk eller marknadsretta handelsverksemd i reiseskildringa hans. Det som er å finne er frå Sverige. Etter eit korte opphald i Noreg drog Küttner vidare mot Stockholm. Kristinehamn – som ligg nordaust for Väneren – var eit knutepunkt der alle varer som skulle fraktast over innsjøen måtte passere gjennom. Küttner meinte innbyggjarane naut godt av å jobbe med frakt: «the inhabitants in general are in easy circumstances. Most of them concerned in commission-business».<sup>240</sup>

På gjestgivargardane og skysstasjonane i Sverige opplevde Küttner gode butilhøve. Betre te enn den han fekk servert i Sverige hadde han ikkje opplevd andre stader på kontinentet, og han fann også mange nye og moderne bruksartiklar hos dei han budde hos. Noko han fann positivt om vi ser på følgjande vurdering:

Porcelain is in general use, which is more than we find in France; silver utensils are common, and the plates and dishes are Staffordshire ware. Scarcely has a man ever existed who has created such an extensive branch of trade for his country as Wedgwood: he improved this ware, and brought it into general use at the tables both of the rich and the poor, from one end of Europe to the other. It is one of the greatest things ever accomplished by *one* man.<sup>241</sup>

I sitatet vert vi førespegla at bruk av porselen i Sverige var meir utbreidd enn det som var vanleg i Frankrike. Küttner nemnte varer av Staffordshire porselen, men kjem i tillegg med lovord om Josiah Wedgwood, mannen som er rekna som ein av dei første som bevisst nytta marknadsføringsstrategiar.<sup>242</sup> Det er verdt å merke seg at Küttner skriv så positivt om Wedgwood, det kan sjå ut til at Küttner – slik som Buch – stilte seg positiv til føregangspersonar som tenkte nytt og annleis. Å ha porselensservice frå Storbritannia var nok ein statusmarkør for dei som eigde det: eit uttrykk for velstand og danning.

Buch hadde liknande opplevingar av dei norske gjestgivargardane og skysstasjonane. Etter å ha overnatta på eit skittent og ekkelt vertshus ved Vik, rett nordvest for Hamar, var tilhøva ved vertshusa i Lillehammer, Moshus, Losna og Oden langt betre. Og det viste seg at dei

---

<sup>240</sup> Küttner, 1805, s. 70.

<sup>241</sup> Küttner, 1805, s. 56.

<sup>242</sup> Wedgwood laga både dyre og eksklusive produkt av steintøy, men også billegare og mindre detaljerte varer som han selde til dei som hadde dårleg råd, men som ønska seg fine ting. Hutchison, «Wedgwood kaffekopp» s. 97–101, i Jørgen Bøckman, Marlen Ferrer, Dag Hundstad, Ragnhild Hutchison og Hallvard Notaker, *Norges historie i 25 ting*, Oslo: Cappelen Damm, 2012.

fleste vertshusa heilt nord til Trondheim heldt ein god standard: Maten vart servert på stein- og sølvtøy, og trass i at maten ikkje var storslått, fekk ein ved alle overnattingsstader servert kinesisk te og kaffi til slutt, skreiv Buch.<sup>243</sup>

Buch besøkte Torneå på veg sørover og opplevde byen som vakker, men heilt fullstendig aude, med tomme gater og berre nokre få båtar i hamna. Dette som kontrast til Clarke si oppleving av staden i 1799 då han observerte langt meir livlige tilstander, om ikkje i gatene så i det minste ved hamna. Befolkninga såg likevel nógde ut, meinte Buch, dei møtte kvarandre ofte; om morgonen ved marknadsplassen, i middagstider ved vertshuset, om ettermiddagane drikkande brennevin og på kveldane ved kaffi-huset. Buch meinte at dei vart lite prega av rørsle som føregjekk elles i verda – det var sjeldan noko gjekk inn på innbyggjarane i byen.<sup>244</sup> I skildringa av Torneå-bebuarane tok Buch fram eit svensk nidvers han hadde lært, om dei fire byane kring Västerbotten, og kva som var typisk trekk for befolkninga på dei ulike stadene: «*Umeo the fine; Piteo the needle making; in Luleo nothing is done; but in Torneo they get drunk*».<sup>245</sup> Buch meinte at karakteristikken om innbyggjarane i Torneå var rettferdig.

### 4.3 Oppsummering

I dette kapitlet har eg presentert korleis to tyske reisande vurderte produksjon og forbruk i Noreg og Sverige. Både Küttner og Buch skil seg i liten grad frå dei tre britiske reisande i førre kapittel. Dette kan blant anna ha med å gjere at både Küttner og Buch hadde kjennskap til Storbritannia, og korleis tilhøva var der. For det andre skreiv dei også for *britiske* lesekreisar, dette gjaldt særskilt Küttner. I skildringane kan ein sjå at det ikkje er samanlikningar eller liner knytt til Tyskland, men derimot trekk dei liner mot britiske tilhøve og arbeidsmoral. Dette kunne vi sjå til dømes i skildringane frå Trollhättan, der Küttner meinte at britiske arbeidarar ville ha gjort det langt betre med kanalutbygginga.

I dette kapitlet har vi også sett at Küttner og Buch var opptekne av *liv og rørsle* på stadene dei besøkte. Det kan sjå ut til at det å skildre at det er livleg er ein indikasjon på produktivitet og flittigheit. Eksempel på dette har vi sett i skildringane av gruver og verk frå Küttners side, og Buch skildringar av det yrande folkelivet i Christiania. *Liv og rørsle* er i reiseskildringane satt som positive markørar på samfunnsutvikling. Det motsette kan ein til dømes sjå når Buch er i Torneå, som han skildra som aude og folketom. Innbyggjarane der var likevel glade i å

---

<sup>243</sup> Buch, 1813, s. 88.

<sup>244</sup> Her kommenterte Buch i ei fotnote at likevel hadde Torneå vorte russiske (1809), og meinte kanskje med det at befolkninga likevel vart prega av hendingar på makronivå.

<sup>245</sup> Buch, 1813, s. 379.

møtast, drikke og samtale på kaffi-husa, noko ein gjerne kan førestille seg som livlege aktivitetar. Det som Buch kanskje ville markere var at produksjonen og arbeidet mangla, byen mangla det pulserande, noko også nidverset som Buch refererte til syner.

Som i førre kapittel kan vi også i dette sjå ein sterk kritikk av privilegium og monopol som var med på å redusere moglegheitene til dei allereie dårlegare stilte i samfunnet; bøndene og arbeidarane. Dette finn vi både hos Küttner og Buch. Begge viser positive vurderingar til at ein burde fremje marknadsretta arbeid blant ein kvar innbyggjar, og at nye varer burde vere tilgjengelege. Ikkje minst fremma både Küttner og Buch meir spesialisering i produksjonsprosessane, som var naudsynt for å få opp kvaliteten på dei norske og svenske produkta. Så lenge ikkje dette skjedde, ville ikkje Sverige og Noreg vere i stand til å følgje med i utviklinga, eller vere i stand til å konkurrere mot til dømes britiske varer.

Samtidig finn ein også kritikk på all den manglande kunnskapen både i det norske og det svenske samfunnet, dette gjaldt både bøndene, men også styresmaktene. Kunnskap og vitskap var nøkkelen til at ein vart initiativrik og arbeidssam. Küttner problematiserte tilhøva som var indikasjonar på at Sverige hang etter på handelsmarknaden – og der stramme produksjonsvilkår, samt den storstilte smuglinga av varer på grunn av strenge privilegium hindra at ei positiv utvikling kunne finne stad i nærmaste framtid. Samtidig kunne lite kunnskap tæra på patriotismen og samfunnsånda. Nye impulsar var i utgangspunktet positivt, men det ser likevel ut til at både Küttner og Buch framheva det patriotiske som eit viktig grunnlag for identitet og stoltheit. Dei nye impulsane frå utlandet kunne kvele samfunnsånda dersom ein ikkje var bevisst på det.

## 5. Tre britar reiser i nytt politisk landskap, 1812–1833

Etter 1815 auka interessa for å reise i Europa. Ein årsak var at Napoleonskrigane var over og reising mellom landa på kontinentet vart lettare nett på grunn av fredstid, men det nye hundreåret hadde også andre årsaker til at ein reiste meir: Det var til dømes billegare å gjennomføre ei reise, og samtidig enklare og raskare sidan stadig betre kommunikasjonsmiddel vart utvikla. Likevel var det framleis mellomklassa, aristokratiet og dei høgt utdanna som reiste mest. Med andre ord; det var framleis ei homogen gruppe som møtte andre kulturar og samfunn, og skreiv om desse.

Den skotske kjemikaren og mineralogen Thomas Thomson (1773–1852) reiste rundt i Sverige i 1812 – skildringa kom ut året etter – tre år før Napoleonskrigane var over. Han tok ikkje turen til Noreg. Han var hovudsakleg oppteken av å observere geologi og mineralogi, men skreiv likevel om livet i Sverige og dei ulike institusjonane han møtte. I forordet til Thomson opnar han med å unnskyldde dette «vågestykket» han har bevega seg ut på ved å publisere resultatet av ei kortvarig reise i Sverige.<sup>246</sup> Thomson meinte at Sverige var uansett eit interessant land å lese om for engelskmenn, sidan det svenske landskapet skilde seg så sterkt frå det engelske.<sup>247</sup>

Thomson kom sjøvegen til Gøteborg og reiste vidare gjennom Västergötland med eit besøk ved Trollhättan før ferda gjekk vidare til Stockholm. Etter eit opphald i Stockholm reiste han til Uppsala og Falun. Etter dette gjekk ferda vidare til Södermanland med eit besøk i Tunaberg, vidare til Norrköping, Jönköping, Helsingborg og attende til Gøteborg.

Adelsmannen Henry David Inglis (1795–1835) og språkforskar og etnolog Robert Latham (1812–1888) reiste på si side etter at freden var eit faktum, og krigsoppgjeret var over. Danmark mista Noreg til Sverige i 1814, sidan Danmark-Noreg hadde stått på fransk side og Frankrike var den tapande parten i krigen. Unionen med Sverige var derimot lausare enn han Noreg hadde vore med i saman med Danmark. Den norske grunnlova vart godteken frå svensk side, så lenge Noreg var tru mot Sverige og den samanbindinga dei no hadde saman.

---

<sup>246</sup> Reiseskildringa var basert på eit opphald på seks-sju veker i landet, og ei så rask reise «enable me to lay in any great stock of accurate information.» Etter å ha samanlikna sine egne notatar med tidlegare engelske bøker om Sverige såg han likevel at han kunne kome med ny informasjon for lesaren. Her var det særskilt mineralogiske funn som var i tankane hans. Thomas Thomson. *Travels in Sweden During the Autumn of 1812*. London: Printed for Robert Baldwin, Paternoster-row, 1813, s. V.

<sup>247</sup> All informasjon kring befolkning, jordbruk, manufaktur, handel, statsinntekter, gruvedrift og liknande er teken frå presise tabellar henta i Stockholm frå Vitskapsakademiet og er med andre ord viktige og korrekte fakta, skriv Thomson. Desse opplysningane kan vere med å kaste ljøs over tilhøva i Sverige og rørslene i Europa elles, argumenterte han vidare, og kanskje vere med på å atterreise maktbalansen på kontinentet. Thomson, 1813, s. VI.

Som nemnt i kapittel 1 er det ein del som er uvisst kring den skotske adelsmannen Inglis sitt besøk i Skandinavia. Når fann til dømes reisa stad? Og kor sannferdig er eigentleg skildringa? Det som er sikkert er at reiseskildringa kom ut i 1829, då under pseudonymet Derwent Conway.<sup>248</sup> Eg vil i oppgåva halde meg til det rettmessige namnet hans, altså Inglis.<sup>249</sup> Inglis skreiv ikkje sjølv kva årstal han var på reise i Skandinavia, men den gjengse tanken har vore at ho fann stad i midten av 1820-åra, med utgiving nokre år etter.<sup>250</sup> Elles er reisa truverdig nok, meiner Engelschiøn.

Inglis kan på fleire måtar vere ein representant for den typiske 1800-talsreisande: Han hadde til dømes ikkje byane som hovudreisemål, men ville heller halde seg til utkantstroka i Noreg, gjerne dei som var langt frå allfarveg. Målet var å oppleve naturen og dei innfødde – det ekte norske.<sup>251</sup> Trass i dette kan ein finne fyldige skildringar av menneska som Inglis kom i kontakt med.<sup>252</sup> Inglis kom til Noreg sjøvegen til Mandal, og reise vidare til Kristiansand, Bykle, og over austheiene til Telemark. Så gjekk ferda til Christiania, Drammen, Mjøsen, Østerdalen og Kongsvinger før han sette kursen tilbake mot Christiania, Fredrikstad og Svinesund.

Latham var i Noreg mellom 1832 og 1833, medan skildringa kom ut i 1840. Han besøkte ikkje Sverige. I forordet skreiv Latham at mange tidlegare reisande skreiv ned både positive og negative observasjonar om nordmennene, men at undertonen uansett var den same: nordmenn skilde seg frå dei siviliserte engelskmennene. Dette hadde den norske befolkninga sjølv reagert på, meinte Latham, då de meinte at dei reisande plasserte dei saman med

---

<sup>248</sup> Årsaka til at Inglis gav ut førsteutgåva av boka under pseudonym kan vere fleire. Det kan tenkast at ønsket om å stå fram som truverdig var ein avgjerande faktor: Inglis kan ha hatt ein tanke om å opptre så objektiv som mogleg, utan å verte kopla til skotsk adelskap. Ei anna årsak kan vere dette med kor sannferdig skildringa faktisk *ikkje* var, dersom mykje av ho var oppspinn kunne ein lettare kome unna med å nytte eit pseudonym.

<sup>249</sup> Sjølv om Fjågesund og Symes konsekvent nyttar namnet Conway, følgjer eg heller Engelschiøns og Schiötz' eksempel og nyttar det rettmessige namnet, nemleg Inglis. Sjå Schiötz, 1970, s. 222; Engelschiøn, 1956.

<sup>250</sup> Engelschiøn peikar på at Inglis sjølv skreiv at reisa fann stad «noen år etter slaget ved Waterloo», altså etter 1815. Engelschiøn hevdar vidare at alle reisande som kom til Christiania måtte registrere seg, dei hadde alle meldeplikt hos politimeisteren. Dette var noko *Morgenbladet*, etter oppstarten i 1819, følgde opp ved å annonsere namna i eigen spalte. Her er det ingen Inglis å finne mellom 1819–1828, skriv Engelschiøn, og hevdar dermed at reisa mest sannsynleg fann stad i 1817 eller 1818. Med andre ord var det nesten ti år mellom sjølve reisa og den første utgivinga i 1828/1829. Dette er kanskje detaljar, men Engelschiøn meiner at dette kan vere ei årsak til at det finst ein del feilopplysningar i skildringa. Desse var likevel av liten art, bortsett frå når det gjaldt skildringa frå Setesdalen og Telemarkområde, «resten av fjellturen er bare 'løgn og forbandet dikt', og det er meg nesten ufattelig at den hittil har vært godtatt som sannferdig [...]», skriv Engelschiøn og siterer slik P.A. Munch. Engelschiøn, 1956, s. 5–6 [53–54].

<sup>251</sup> For det andre meinte Inglis at mange som reiste var for opptekne av å sjå på samfunnet, medan han på si side ville fokusere i større grad på den vakre naturen. Dermed er enkelte parti av boka spekka med skildringar av naturen, og som kan sjå ut til har ein del fiktive element ved seg.

<sup>252</sup> Han er den som har flest detaljerte notatar av menneska han møtte samanlikna med dei sju andre reiseskildringane eg har studert. Inglis samanlikna også ofte tilhøva i Noreg med det han sjølv hadde sett og opplevd i Storbritannia.

«uncultivated nations». «They wish to be known as something better than hardy peasants and hospitable mountaineers». <sup>253</sup> Lathams reise gjekk gjennom Fredriksvern og vidare til Christiania. Han hadde også fleire besøk hos familien Wergeland på Eidsvoll. Han var innom Østfold, men hadde altså hovudbase i Christiania. <sup>254</sup>

For Storbritannia var sluttåra av 1700-talet og dei første tiåra av 1800-talet innhaldsrike, på godt og vondt. Krig og uro var ein fellesnemnar, både krigen mot Napoleon og i Amerika, men også ein meir nærværande uro i dei heimlege områda. Fjågesund og Symes skriv at det viktorske samfunnet på 1800-talet også internt var i konstant og radikal endring: Det var ei vedvarande frykt for konflikter som kunne verte ein trussel mot den allereie skjøre sosiale og politiske balansen. <sup>255</sup> Ein byrja blant anna å merke dei mørkare sidene ved den stadig veksande industrialiseringa. Menneska jobba under forferdelege tilhøve, svalt og var sjuke. Gjennom inngjerdingsprosessar gjekk langt fleire område som tidlegare var allemannseige over på private hender – noko som igjen særskilt råka småbøndene, sidan utmark var viktig for matforrådet deira. Trass i at dette var tiltak som hadde starta allereie på 1500-talet, vart dei utover 1700-talet så omfattande at dei vart samla under *Inclosure Consolidation Act* i 1801. Stadig fleire bønder og landarbeidarar vart tvinga inn til byane for å finne jobbar i industrien. Fleire år med dårlege avlingar gjorde heller ikkje situasjonen betre, og mange byrja å murre etter reformer. I 1830-åra fekk ein fleire av dei; for fattige, stemmerett, slaveri og barnearbeid. <sup>256</sup>

I dette kapitlet skal vi merke oss at Thomson berre var på reise i Sverige, og altså ikkje på norsk side. Inglis og Latham var derimot ikkje på svensk. Om dette hadde mykje med sjølve krigen og det seinare oppgjeret etter konflikten å gjere, spesifiserte ingen av dei. Eg vil heller ikkje spekulere i dette, i og med at det er såpass lite samanliknande vurderingar og kontrasteringar mellom Noreg og Sverige gjort av dei reisande, at dette ikkje gjer reiseskildringar frå eitt land mindre verdifulle som kjelde.

---

<sup>253</sup> Nordmennene ville altså verte assosiert med noko anna enn storslått landskap og ein hardføre livsstil, meinte Latham, og peika på at Noreg som nasjon var meir lik Storbritannia enn det som ofte vart hevda tidlegare. Det handla meir om at Noreg og Storbritannia var «two countries [...] on different steps of the same ladder». Latham, bind 1, 1840, s. 2.

<sup>254</sup> I bind 1 skreiv han om Bergen og Trondheim, men dette var opplysningar han hadde teke frå professor Hansteen om førstnemnte by, og William Otter om sistnemnte. I bind 2 er det ein god del opplysningar om Noregs historie, litteratur, økonomi og ulike omsetjingar av dikt skrivne av Wergeland. Han sluttar skildringa med reisa til Drammen, Holmestrand, Tønsberg, Larvik, Fredriksvern og Ny Hellesund.

<sup>255</sup> Situasjonen i Storbritannia med *enclosures* og rasinga av naturområde dreiv mange bønder inn til byane, der dei fleste hamna i industrien. Mange levde trongt og dårleg, ikkje minst var det elendige arbeidstilhøve. Mange av dei reisande var vitne til dette, og om dette hadde betydning for vurderingsgrunnlaget til dei reisande vil eg kome nærmare inn på i neste kapittel. Fjågesund og Symes, 2003, s. 55.

<sup>256</sup> Palmer, 2007, s. 433–482.

Det eg derimot meiner er ei synbar og interessant endring i kjeldene i dette kapitlet – samanlikna med dei to førre – er *årsaka* til reisa, og kva for formål ein hadde med å gi ut reiseskildringa. Som vi såg i kapittel 2 skjedde det ei utvikling av reiselitteraturen som sjanger gjennom 1800-talet; ein vart meir bevisst at ein hadde eit publikum og ein visste at ein kunne gjere gode pengar på boksalet. Ikkje minst hadde interessa for å kjøpe reiselitteratur også auka utover det nye hundreåret. Britane vart meir bevisst Norden etter 1814, ikkje minst grunna grunnlova Noreg fekk dette året.<sup>257</sup> At ein stadig vart meir bevisst at ein hadde eit publikum å skrive for, gjer at ein til ei kvar tid må vere kritisk til kva som vert skildra og korleis. Samtidig er det interessant å sjå kor like alle reiseskildringane er når det gjeld vurderingar knytt til produksjon og forbruk. Det kan sjå ut til at nye tankar og kritiske haldningar til styresmaktane si rolle, og tankar om den økonomiske politikken er til stades hos alle dei reisande.

Vi kan sjå at skildringane ut på 1800-talet dreia seg mindre om reine faktaopplysningar om jordbrukstilhøve, levestandard og reise- og bumoglegheiter, og i staden fekk fleire anekdotar og skildringar av møte med menneske. Det er ikkje snakk om ein brå overgang – dei fleste reisande hadde framleis ein god del faktaopplysningar til lesaren og små historier – men sidan stadig fleire tok reisa til Norden, og seinare gav ut ei reiseskildring frå turen, måtte den einskilde finne nokre kreative grep for å få merksemd. Som eksempel kan ein sjå at medan Thomson var ein meir «typisk» opplysningsreisande, som hadde vitskapen og faktaopplysningar som hovudårsak til besøket i Sverige og for sine skildringar i boka, ser det ut til at Inglis og Latham reiste meir for å skrive for eit publikum, og med det mål for auge å gi ut reiselitteratur.

## 5.1. Produksjon

### Gruver og verk, tømmerdrift og fiske

Eit teikn på at Latham og Inglis ikkje var på reise i Noreg hovudsakleg for å observere produksjonssituasjonen i landet, kan ein blant anna sjå av dei få skildringane ein finn om gruver, verk, tømmerdrift og fiske. Korkje Inglis eller Latham nemnte gruve- og verksamfunna særskilt. Og om dei skildra arbeid dei såg, var det få konkrete observasjonar, men meir overordna opplysningar om korleis nordmenn generelt levde.

Til dømes kan vi sjå at Inglis var positivt overraska over tømmerdrifta i Østerdalen, og var frampå med lovord om dei norske arbeidarane som stod på for at trevirke skulle verte

---

<sup>257</sup> Fjågesund og Symes skriv at Noreg vart oppdaga som ein destinasjon for *fritidsreiser* i 1820-åra. Ikkje minst hadde dette med omtalen Noreg fekk i Storbritannia å gjere. I *The Times* kunne ein lese berre 65 artiklar om Noreg i åra 1804–1813, medan for det eine året, 1814, kunne ein lese 125. Sjå Fjågesund og Symes, 2003, s. 64.

«applied in distant lands to the wants and luxuries of mankind».<sup>258</sup> Han skildra dei ulike arbeidsoppgåvene han såg ved Glomma, og avslutta med desse orda: «The scene was equally curious and novel; and the labourers seemed to me to be wonderfully expert in their different departments».<sup>259</sup> Seinare skildra Inglis Moss som «the most noisy little town I ever entered, but clean, and prettily situated». Bråket kom frå jarnsmia, fossen og sagbruket, som sjølv i nedgangstida hadde eit visst omfang, «if therefore, the export trade shall ever revive in Norway, Moss will be in readiness to take immediate advantage of the change».<sup>260</sup>

### ***Thomsons interesse for gruver og verk:***

Om Inglis og Latham ikkje gav opplysningar eller vurderingar frå gruve- og verksamfunn, var derimot Thomson på besøk i så mange han kunne i Sverige. Gruvedrift var viktig for Sverige, og ikkje minst vart mykje av metallet dei fann i gruvene eksportert til Storbritannia. Den stadig aukande industrien i Storbritannia hadde behov for dette. Thomson var særskilt fagleg engasjert, og om vurderingane av sjølve arbeidet ikkje var detaljrikt, fekk han derimot tak i mange opplysningar om kva som fanst i gruvene, kva nytte dei hadde og elles andre liknande opplysningar. Eg vil vise til dei vurderingane som seier noko om sjølve arbeidet eller om arbeidarane.

Ved dagens Älvdalen observerte Thomson arbeidet med store blokkar av porfyr.<sup>261</sup> Thomson syntest at den polerte porfyren var vakker, og skreiv at mange forseggjorde ornament i landet var framstilt nettopp av denne bergarten. Det vart også laga produkt som lysestakar, vasar, målingsboksar og ei rekke reiskap av dette metallet. Produkta vart seld i Stockholm, der ein Mr. Hjelm hadde hovudansvaret for utsalet, noko som kan vere teikn på at Mr. Hjelm hadde privilegium til dette. Thomson meinte at kanskje den enkle utforminga av porfyren var den mest gjennomførte industrien i Sverige.<sup>262</sup>

I Falun fekk Thomson gleda av å undersøke samlinga av mineral som gruveselskapet i Falun åtte. Dette viste seg å vere ei skuffande oppleving, då det viste seg at minerala ikkje var godt teke vare på. Dei var skitne, og Thomson fann ikkje noko ordentleg system i dei, det kunne

---

<sup>258</sup> Inglis, Henry David. *A Personal Narrative of a Journey through Norway, Part of Sweden, and the Islands and States of Denmark*. Edinburgh: Constable and co. and Hurst, Chance and co. London, 1829, s. 166–167.

<sup>259</sup> Inglis, 1829, s. 190.

<sup>260</sup> Inglis, 1829, s. 272.

<sup>261</sup> Vulkanisert bergart, og består av feltspat og kvarts. Grunna høg hardheitsgrad kan porfyr slipast og polerast til glansfulle produkt. Store norske leksikon, s.v. «porfyr». 30.04.2013. <http://snl.no/porfyr>.

<sup>262</sup> «Perhaps this porphyry work may be styled, without impropriety, the most complete manufactory in Sweden». Sjø Thomson, 1813, s. 207.



sjå ut til at kvart mineral var plassert der det var mest praktisk å plassere det. I tillegg såg det ut til at gruvearbeidarane ikkje hadde tilgang til samlinga, noko Thomson fann svært negativt:

Such cabinets, if they were properly arranged, and if those young miners, who felt any desire to make themselves acquainted with mineralogy, had free access to them, would be of considerable service to the country. But locked up as they are at present, and open only to the eyes of strangers, who make a visit to Fahlun of a few days, they can hardly be considered as of any use whatever.<sup>263</sup>

Dette er interessant nettopp fordi Thomson ser ut til å sjå verdien av at gruvearbeidarane også skulle få moglegheit til å tileigne seg kunnskap om faget dei dreiv med. Dette var etter Thomsons meining naudsynt for landets utvikling. På besøk inne i sjølve gruvene fekk Thomson tak i eit type mineral som berre ved sjeldne tilfelle dukka opp der.<sup>264</sup> Thomson skreiv:

Complete octahedral crystals of iron ore, of a considerable size, occasionally occur in the Fahlun mine; but they are scarce, and sell at a comparatively high price. The only way of procuring them is to buy them from the miners, who sometimes make collections of them. I bought some in this way, at the rate of about two shilling sterling each.<sup>265</sup>

Ut frå sitatet kan det sjå ut til at gruvearbeidarane hadde moglegheit til å samle og selje unna denne typen jernmalm som dei sjølv ønskja, og det til ein relativt høg pris. Her kunne dei som jobba i gruvene få seg ei biinntekt til det dei elles tente. Kva for ordning dette var, og om den var legitimert frå dei som åtte gruvene er eit anna spørsmål. Ein kan nemleg også merke seg det Thomson skreiv om at dette var *den einaste måten* ein reisande kunne få tak i mineralet på. Med andre ord kan vi tolke dette som at arbeidarane hadde særrett, altså eit privilegium, frå gruveeigarane til å gjere dette? Ein mogleg årsak til at gruveeigarane godtok ei slik verksemd kan vere at sjølve produksjonen handla om å smelte om jarnet, ikkje selje malmen slik den vart funne i gruvene. I så tilfelle måtte dei vere uinteresserte i eller kanskje uvitande om kva for verdi malmen med ein bestemt geometrisk utsjånad hadde for mineralogar, altså for vitskapen. Derimot hadde gruvearbeidarane på si side oppfatta kva for ekstraintekter dei kunne skaffe seg av besøkande i gruva. Davies skriv at gruvebesøk ut over 1800-talet i aukande grad vart ein turistindustri, der ein som reisande – ved sida av å oppleve sjølve gruveområda – kunne kjøpe seg suvenirar.<sup>266</sup> Kanskje var Thomson sine observasjonar av handelsverksemda til gruvearbeidarane eit teikn på at dette var i emning.

---

<sup>263</sup> Thomson, 1813, s. 224.

<sup>264</sup> Nærmare bestemt dreia dette seg om den *geometriske utsjånaden* av jernmalmen som var interessant, då den var åttekanta – noko som ikkje var vanleg: «Complete octahedral crystals of iron ore», sjå Thomson, 1813, s. 257.

<sup>265</sup> Thomson, 1813, s. 257.

<sup>266</sup> Davies, 2000, s. 101.

I byen Sala, mellom Falun og Uppsala observerte Thomson slitne bustader og elendige vegar. Under besøket i gruvene, meinte Thomson at gruveeigarane var for opptekne av å få tak i sølvet i staden for å satse på bly, som det var større førekomstar av og som gav meir i inntekt.<sup>267</sup> Gruvene var eigd av byen sjølv, og var altså ikkje kongens. Den var i dårleg stand og arbeidsforholda var også kummerlege. Einaste vegen ned i gruva var å verte firt ned i ei bømte.

Også i gruvene ved Tunaberg dreiv dei ei tungvint og gamaldags drift, og Thomson spurte direktøren for gruvene om kvifor dei hadde så avleggs system for å få ut vatnet, det måtte vere enklare å bruke pumpe slik som dei gjorde i Falun og Sala. Mannen han snakka med såg ikkje ut til å vere interessert i å svare på dette, ei heller i å forstå problemstillinga:

Nor would it be possible to make any improvement in the working of this mine, without changing the persons who have the management of it. A certain degree of knowledge seems absolutely necessary before mankind are susceptible of improvement. The great difficulty is to bring them to that state. After they reach it, they acquire an avidity for additional knowledge, and improvement goes on without any impediment. By what means mankind are brought into this state is a problem of very difficult solution.<sup>268</sup>

Med denne opplevinga som bakgrunn tok Thomson nærmare opp kor vanskeleg det var å få gjennomført forbetringar og utvikling, mykje av det var avhengig av at arbeidarane engasjerte seg. Thomson skreiv om bade bøndene og gruvearbeidarane si innstilling: «The same observation applies to miners, who not infrequently persist in absurd methods of working, with amazing obstinacy, even after the absurdity has been demonstrated to their own apparent conviction».<sup>269</sup> Så trass i at ein prøvde å vise kor tungvint alt vart drive, vart ikkje arbeidarane meir overtydd om at det fanst betre og meir produktive måtar å gjere ting på.

På sett å vis kan det sjå ut til at Thomson meinte gruverdrifta var dårleg stilt i Sverige. På den eine sida skulda han på eigarane av gruvene som ikkje tenkte lønnsemd, men på mengd sølv. På den andre sida dreia det seg om at det ikkje var satsa på opplysning og kunnskap blant arbeidarane, samt at arbeidarane på si side motsette seg nye tankar og nyvinningar innanfor faget. Dei gamle og tungvinte måtane å drive arbeidet på var derfor framleis til stades, og moralen låg. Kanskje kom nettopp dette av mangelen på kunnskap. Dette er tankar vi allereie har sett hos både Clarke og Wollstonecraft i kapittel 3, og hos dei tyske reisande i kapittel 4. Det ser ut til at vi kan finne ein felles tanke hos dei reisande om kunnskapsmangel og

---

<sup>267</sup> Førekomstar av blyglans innheld ofte ei rekke andre metall, deriblant nettopp sølv. Blyglans er derfor ei viktig sølvkjelde. Store norske leksikon, s.v. «bly». 30.04.2013. <http://snl.no/bly>.

<sup>268</sup> Thomson, 1813, s. 257.

<sup>269</sup> Thomson, 1813, s. 258.

kapitaljakt som ei felles forklaring på dei dårlege tilhøva i produksjonen. Dette vil eg kome tilbake til i kapittel 6.

## Handverk og tekstilar

### *Vakkert handverk, men manglande arbeidsmoral og utviklingsånd:*

Hos Thomson kan vi også finne eksempel på vurderingar om andre marknadsretta produksjonsmåtar enn i gruvene. Gjennom heile Thomsons tekst kan ein sjå eit utprega positivt syn på alle former for utvikling og framtidstru. Nærmare bestemt utvikling i form av auka produktivitet og meir handel, med ein jamn balanse mellom eksport og import. Om ein skulle auka produksjonsnivået, var det like fullt viktig å sikre kvaliteten på produkta. Thomson skreiv fleire gongar at kvaliteten på dei svenske varene ikkje samsvara med den høge prisen produsenten ville ha, dette er tankar vi også finn att hos tyske Küttner i førre kapittel. Hos Thomson kan det sjå ut til at kvaliteten var ein viktigare faktor enn mengd produsert vare. Dette handla om kvalitet, men kanskje også om ærekjensle for handverket sitt? Thomson fekk derfor ei positiv oppleving under besøket i glasverket ved Vänern: «Their mode of making their panes is different from that practised in Britain and France, and is much slower; but on the other hand, they are much more beautiful».<sup>270</sup> Vidare skreiv han at velståande engelskmenn med fordel kunne kjøpe svenske vindaugsglas dersom det var vanskeleg å skaffe glasprodukt frå Böhmen. Dei svenske var også gode.

Inglis skreiv positivt ladda vurderingar til det han såg av produksjon og arbeidsliv i Mandal. Det var trevareproduksjonen som interesserte og imponerte han i særskilt grad:

It [Mandal] has a small export trade in fish and timber, and there is in it a workshop, from which beautiful specimens of turner-work, made from the root of the birch-tree, find their way into most of the northern towns. I had very great pleasure in examining these, and have no hesitation in saying, that the beauty of the boxes which were shown to me, much exceeded that of any I have ever seen made of either mahogany or rose-wood.<sup>271</sup>

Trevareprodukt, blant anna treøskjer som Inglis nemnte særskilt, var altså produkt som vart produsert for sal. Produksjonen måtte ha vore av ein viss storleik sidan varene vart seld på ulike marknader i fleire nordiske byar. Inglis syntest arbeidet var vakkert, og skildra produkta som meir flatterande enn liknande produkt i mahogni og rosetre, som då var meir typiske for den britiske produksjonen.

---

<sup>270</sup> Thomson, 1813, s. 40.

<sup>271</sup> Inglis, 1829, s. 23.

Medan Inglis var i Østerdalen meinte han sjølv at han fekk eit betre innblikk i den *typiske* nordmannen. «We are told, in geographical books, that the Norwegians are a simple, inoffensive race, extremely obliging, and willing to learn; but the very opposite of this is the truth».<sup>272</sup> Trass i at nordmenn ikkje var villige til å lære, var dei flinke til å lage vakre gjenstandar. Noko Inglis såg i heimane til bøndene i Østerdalen, som han trudde «would have done credit to the most celebrated furnishing house in London».<sup>273</sup> Og vidare skreiv han:

Smaller articles, such as bowls, the handles of forks and spoons, are often carved with such beautiful minuteness, that I have sometimes thought, when looking at them, that if it were desired to construct in these days a Gothic chapel, which should equal the olden models in the exquisite minuteness of its ornaments, Norwegian workmen would be the most likely to accomplish the task.<sup>274</sup>

Inglis har med andre ord mange lovord å kome med om det arbeidet han såg nordmenn gjorde, problemet låg ikkje i det at dei ikkje var i stand til å lage vakre gjenstandar. Ofte omtalte Inglis produkta som meir forseggjorde og vakrare enn liknande produkt framstilt i England. Spørsmålet som Inglis derimot stilte var om korleis ein skulle gå fram for å nå inn til nordmennene om kunnskap om forbetring og utvikling. Han meinte sjølv at han hadde svaret: Nordmenn var eit flittig og arbeidsamt folkferd dersom dei fekk vere i fred og halde seg til dei gamle tradisjonane sine. Ein måtte ikkje introdusere nye løysingar eller røkke ved stoltheita deira, for då ville dei berre slå seg vrage, og ein ville verte avvist. «[B]ut a Norwegian in his own cottage, with his few goats, his cow, his rye-field, his potatoe-patch, and, above all, his fir log, is an industrious and an ingenious member of society».<sup>275</sup> For eigentleg var det ikkje måte på kor mykje ein nordmann kunne jobbe:

One day, you will find him building or repairing his boat; another day, constructing a little cart, or a sledge; a third day, he will be employed making a table, or carving a bowl, or thatching the roof of his cottage with turf or bark, or making a pair of boots, or mending a jacket, or embroidering a button-hole; or, if not in his cottage, or at the door, he is employed in the culture of his bit of land, or feeding his live stock, or catching fish for dinner. The old proverb, that 'necessity is the mother of invention,' is well exemplified in the interior of Norway; for the Norwegian find a use in every production of nature.<sup>276</sup>

Og trass i at nordmennene fann nytte i alt frå naturen, og også i stor grad nytta alt dei fann av stort og smått, fanst det til dømes ikkje ein mekanisk lærestad i Noreg. Då vart det straks meir vanskeleg å effektivisere og satse på større avkasting. Interesse for å lære det teoretiske og interessa for å produsere varer for ein marknad såg for Inglis ut til å vere så godt som fråverande i dei perifere områda i Noreg. Det var dette Inglis sakna, og ikkje såg for seg skulle kome til ei endring med det første.

---

<sup>272</sup> Inglis, 1829, s. 181.

<sup>273</sup> Inglis, 1829, s. 184.

<sup>274</sup> Inglis, 1829, s. 184–185.

<sup>275</sup> Inglis, 1829, s. 184–185.

<sup>276</sup> Inglis, 1829, s. 185–186.

Thomson meinte at ein situasjon han hadde med ein øydelagt karjol kunne illustrere den svenske arbeidsmoralen. På vegen frå Jönköping vart Thomsons karjol øydelagt, og det tok si tid å finne nokon som kunne eller ville hjelpe. Når hjelpa først var der gjekk arbeidet sakte, og Thomson meinte at det ikkje var rart at svenskane hang etter og at «they will always be undersold by their more industrious neighbours». <sup>277</sup> Thomson kom ofte inn på denne problemstillinga, slik som Inglis om nordmennene. Det kan sjå ut til at han ikkje hadde trua på at svenskane var nært føreståande ei utvikling, og ikkje minst grunna han dette i at svenskane ikkje var disponert for at det skulle skje:

The disposition of the Swedes does not appear to adapt them for a manufacturing nation. From every thing that I could perceive they were rather given to indolence than otherwise. The young men at Stockholm complained of the distances between different parts of the town, and assigned the distance as a reason for not regularly returning visits. Every man of business in London walks at least ten times as much as the same class of people do in Sweden. <sup>278</sup>

Framsteg kravde hardt arbeid og slit, men svenskane klaga over at berre avstandane innad i Stockholm var eit problem i seg sjølv. Slike haldningar botna i latskap, meinte Thomson, og med slike grunnhaldningar ville det ikkje vere rom for framsteg verken i produksjon eller handel. Thomson meinte at folk og varer i rørsle var heilt naudsynt for at ein skulle fremje kjøp og sal. Ikkje minst for å skaffe fleire kundar, men også fordi det ville stimulere produksjonsmengda og kvaliteten. <sup>279</sup> Om ikkje det var latskap var det ein anna hemske Thomson meinte var enda sterkare til stades i den svenske manufakturen. Dette handla om at ein sette som det høgste mål å oppnå størst mogleg inntekt på varene, dette tok fokuset i så stor grad at det gjekk ut over kvaliteten på produkta. «Wherever such a spirit exists we may be certain that manufactures are not in a flourishing state, that a sufficient number of rivalship do not exist in the same branches of manufacture to keep each other in check, and prevent them from attempting to realize immoderate profits». <sup>280</sup> Ein mangla konkurrentar som kunne vere med å styre prissettinga på varene, slik at dei var riktige i forhold til etterspurnad og kvalitet.

Vidare på vegen mot Stockholm var Thomson innom byen Örebro, som blant svenskane var kjent for produksjon av både våpen, klede og biletkunst. Ifølgje Thomson var det lite som kunne tyde på at dette var tilfelle hausten 1812. Han besøkte både våpenfabrikken og tekstilfabrikken og skildra det slik:

---

<sup>277</sup> Thomson, 1813, s. 297.

<sup>278</sup> Thomson, 1813, s. 431.

<sup>279</sup> Thomson, 1813, s. 431.

<sup>280</sup> Thomson, 1813, s. 431.

On asking for the manufactory of fire-arms, we were carried into a small room where we saw an old man and three old pistols. On asking for the cloth manufactory, we were taken to the house of industry, where we found fifty boys and girls employed in spinning wool. We admired the fineness of the thread which they span, and the cleanness and neatness of the place. In short all its manufactures seem to have completely abandoned Örebro.<sup>281</sup>

Sitatet fortel at all produksjon hadde forlatt Örebro. Det vesle Thomson såg – dei 50 gutane og jentene som spann fine ulltrådar – var likevel ei positiv oppleving for Thomson. Han merka seg også at det var både reint og ryddig hos dei. Noko som var eit godt teikn.

Under opphaldet i Stockholm skreiv Thomson at trass i at det hadde skjedd ei befolkningsvekst hadde det ikkje ført til at fleire personar dreiv med ulike typar forretningar eller fag i byen, snarare var det meir snakk om eit fråfall enn vekst. Thomson skulda på styresmaktene, og på dei lovar og restriksjonar dei hadde innført for å kontrollere kva som vart produsert i landet. Konsekvensen av dette var at dei ulike lauga med sine privilegium satt med for stor makt, som igjen førte til ein einssidig handel og dyre varer grunna monopol på dei ulike produkta. «[A] power when it exists which proves injurious to every place».<sup>282</sup> Thomson meinte med dette at den forma for handelssystem var skadeleg uansett kor ein fann han, og at ein kunne sjå denne utviklinga i alle dei svenske byane.<sup>283</sup>

Hos Latham kan ein meir indirekte sjå ei interesse for kva sterke føregangspersonar hadde å seie for utviklinga til eit land. Latham nyttar eit heilt kapittel om Hans Nielsen Hauges arbeid, ikkje minst korleis han fungerte som føregangsperson for nye idear og verksemder.<sup>284</sup> Det kan sjå ut til at Latham, slik også Buch i førre kapittel, såg verdien i korleis enkeltpersonar med kunnskap og drivkraft kunne påverke landet si utvikling og sysselsetting. Latham om Hauge og Buch om Lysholm og Phil.

---

<sup>281</sup> Thomson, 1813, s. 75.

<sup>282</sup> Thomson, 1813, s. 94.

<sup>283</sup> Her kjem Thomson med eit konkret eksempel frå ein liknande situasjon i Storbritannia, som han meiner illustrerer kor ille det heile kan utvikle seg: «The town of Berwick-upon-Tweed is remarkably well situated for trade. It is in the centre of a rich corn country, thinly inhabited, and obliged therefore to export a great deal of corn. But the inhabitants of Berwick have hit upon a very simple method of preventing their town from becoming a trading town. They have passed a law that none but a citizen of Berwick can become a merchant in the place. As the town has an extensive landed property, it is the apparent interest of the citizens to prevent their number from increasing. Thus every spirited merchant is in fact prohibited from settling in the place». Sjå Thomson, 1813, s. 94. Folkeleg sagt kan det sjå ut til at Thomson meinte at den engelske byen, men også *heile* Sverige skaut seg sjølv i foten ved å hindre energiske handelsmenn i å utvikle landet.

<sup>284</sup> «Bearing out this, Hauger [Hauge] not only made his fortune as a merchant, but was also the originator of many national improvements. [...] [H]e was not contented with merely pointing out the capabilities of a place. He liberally advanced money to such as chose to adventure in the suggested speculations. So thoroughly was the wealth that he amassed at the service of his country». Latham, bind 2, 1840, s. 125–126.

## Observasjonar og vurderingar av kvinner

Eit fellestrekk hos både Latham, Inglis og Thomson er korleis dei skildra kvinnene. Dei skildra dei ikkje naudsynt oftare enn dei andre reisande, men særskilt Inglis ser ofte ut til å inneha tydelege kulturelle briller i sine vurderingar. Det vert derfor interessant å trekke fram korleis dei vurderte det dei såg av arbeid og forbruk blant kvinnene.

### *Kvinna si rolle – ulike kulturelle føresetnader:*

Eit fellestrekk hos både Inglis, Latham og Thomson var at dei skildra kvinnene som dreiv med båt, anten om dei var med på fiske, eller dreiv skyss over fjorden i Christiania og Stockholm. Medan Inglis var i Kristiansand møtte han nokre fiskarar då han vandra langs stranda, dei var i full sving med arbeidet nede ved vasskanten. Saman med mennene var det også mange kvinner:

whose strength and exertions seemed little inferior to that of the men, and whose perceptions of delicacy were scarcely more acute; the women did not confine their aid to launching the boats, they accompanied their lords to sea; and I could perceive, that they were equally active in managing the boats and drawing the nets, as they had been in the preliminary operations of preparing them for service.<sup>285</sup>

Her kan vi sjå ei positiv vurdering av kvinnene sitt fiskearbeid. Dei var like gode på å manøvrere båtane som mennene, og dei hadde dei same arbeidsoppgåvene. Også seinare skildra Inglis kvinner som dreiv med båt, den hendinga føregjekk i Østerdalen. Inglis nemnte at å drive med båt vart sett på som eit arbeid og eit naudsynt onde i Noreg, i motsetnad til Storbritannia der båt i langt større grad var knytt til underhaldning og konkurranse. Vidare opplevde Inglis at kvinnene hadde sin naturlege plass i arbeidet med båten og frå båten: «I was not a little surprised at the first discovery I made of this talent».<sup>286</sup> Etter kvart konkluderte Inglis med at det var like naturleg at norske kvinner hadde båtkunnskapar som at engelske kvinner visste korleis ein skulle nytte pisk og tømmer.

Både Thomson og Latham kommenterte også kvinnene si deltaking i å drive med båt. Til dømes skreiv Thomson medan han var i Stockholm at alle båtane i byen vart rodd av kvinner:

Towards the east, the inlet of the Baltic stretches itself before the eye covered with ships, and thick scattered with barges plying from place to place under the direction of women; for the boats at Stockholm are all rowed by women.<sup>287</sup>

Medan Latham var i Christiania, noterte han seg at: «Those that wish to reach them from the fortress or its neighbourhood may, instead of walking round, be rowed across, occasionally by

---

<sup>285</sup> Inglis, 1829, s. 36–37.

<sup>286</sup> Inglis, 1829, s. 180.

<sup>287</sup> Thomson, 1813, s. 120.

female ferrywomen».<sup>288</sup> Det fanst altså kvinnelege roarar som tok folk over Oslofjorden frå Akershus festning, sjølv om bruken av ordet «occasionally» kan vise til at det som oftast var menn som rodde, var det likevel fleire kvinner som dreiv med dette.

At både Thomson, Latham og Inglis skriv om kvinnene i båtane er interessant. Inglis er tydeleg den som skreiv mest detaljert og som knytta det direkte til fiskenæringa og arbeid, men likevel er det noko som alle tre tek seg tid til å nemne. Dette kan ha noko med at britane sleit med å skilje mellom kva for klassetilhøyre dei ulike kvinnene dei møtte hadde. Tradisjonen var slik at kvinner i Storbritannia som hørde til mellomklassen eller dei finare kretsar opererte i den private sfæren. Dette i motsetnad til den norske kvinna av same rang, som i større grad hadde moglegheit til å bevege seg i den offentlege. Det kan sjå ut til at særskilt dei norske kvinnene fekk ord på seg å vere maskuline og barske, sjølv kvinner av embetsstand kunne gjere mykje kroppsleg arbeid, dette gjaldt også bondefruene på storgardane. Dei svenske – som budde i eit land der adelskap framleis fanst – vart derimot ikkje skildra i same ordelag. Fjågesund og Symes meiner at britar generelt på denne tida var opptekne av å plassere menneske i dei klassene dei hørde til, og dermed tolke kva rolle dei hadde i samfunnet. Fjågesund og Symes skriv at den maskuline og barske kvinna sjeldan var å finne i dei betre laga i Storbritannia, medan det i Noreg var eit meir utbredt fenomen i alle samfunnslag. Det vart derfor ikkje like enkelt å skilje mellom kvinnene og kor dei hørde til, og det kan vere noko av forklaringa på at dei norske kvinnene ofte vart omtala som arbeidssame og sterke.<sup>289</sup>

Med fiskenæringa kan vi sjå ei positiv vurdering av kvinnene hos Inglis. Men han reagerte annleis på det han opplevde som «unfeminine» arbeidsoppgåver, og då kanskje særskilt ikkje feminine for den observerte kvinns klassetilhøyre. Under eit besøk i Østerdalen kring slaktetida overhørde han at dottera på garden takka nei til å reise bort med ein venn fordi ho skulle hjelpe til under arbeidet, og med matproduksjonen som følgde med: «what should we think in England of a young lady who should make such an apology?»<sup>290</sup>

---

<sup>288</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 44.

<sup>289</sup> Fjågesund og Symes skriv at det ut på 1800-talet var ei generell lovprising blant utanlandske reisande om den norske kvinna som stod utanfor det fordervande miljøet i dei høgare sosiale lag. Samtidig fann ein eldre kvinner utan sminke og venskap som groteske. Sjå delkapittelet i Fjågesund og Symes, «Women and Their Role in Society», 2003, s. 208–226.

<sup>290</sup> Inglis, 1829, s. 174.



Eit anna eksempel på korleis kvinna si rolle i hushald og produksjonsverksemd vart oppfatta av dei reisande, kan vi også sjå seinare hos Inglis. Sitatet under er om norske matvanar, som vidare førte han inn på kva rolle kvinna hadde i hushaldet:

eating and drinking is the great business of the Norwegians, the sole occupation of many, and the chief luxury of all; and it is owing to this that the condition of the Norwegian females is so much lower than it is in any other of the European countries. I have heard an English lady, married and settled in Norway, say, (not from her own experience, but from what she saw around her), that she would rather be a maid-servant in England, than a *Frou* in Norway.<sup>291</sup>

Sitatet fortel oss at Inglis tolka eting og drikking som den mest tydelege indikasjonen på luksus i det norske samfunnet, og at det var det nordmenn sjølv var svært opptekne av også. Som forklaring på det viste han til tilhøva for dei norske kvinnene, slik vi har sett i sitatet over og som Inglis vidare skreiv: «Women even of the highest rank in Norway are slaves; the greater the establishment, the greater the slavery, which is precisely the reverse of the condition of females in England».<sup>292</sup> Også andre reisande, som Clarke og Malthus, reagerte på korleis det var for kvinner i det norske hushaldet, men Inglis tok det meir utførleg.

Vi kan tolke Inglis dit hen at dei norske kvinnene hadde, gjennom si stilling i hushaldet, vore med på å skape mat og drikke til eit symbol på luksus. Problemet låg i at norske velhaldne kvinner ikkje hadde tillit til tenarskapen dei hadde i heimen. «The cook-maid in Norway is not intrusted with any of the great operations in the art; - her duties are precisely those of the menial, who, in England, is designated a scullion».<sup>293</sup> På norsk kan vi oversetje *scullion* med tufs eller stakkar, og eit slikt uttrykk kan fortelje oss at tilhøva for norske tenestejenter ikkje kan ha vore av det lettast; i møte med menneske som ikkje har tiltru til det de driv med og som heller ikkje let ein ha ansvar for noko. Inglis kommenterte også at det vart sett på som uhøflig ovanfor gjestar å la tenestejentene servere under middagen, denne jobben tok frua i huset på seg. Då også oppdekking og rydding.<sup>294</sup>

Det som er interessant ved korleis ein oppfatta kvinna og hennar klassetilhøyre og arbeidsoppgåver, er nettopp korleis vurderingane var skrivne. Hos Inglis, Latham og Thomson har ikkje vurderingane om kvinner vore knytt direkte til marknadsretta arbeid, men det er interessant å sjå om vurderingane er positivt eller negativt ladd. Ulike kulturelle briller påverkar korleis dei reisande observerte, noko som ein kanskje også har sett meir av hos Inglis.

---

<sup>291</sup> Inglis, 1829, s. 171.

<sup>292</sup> Inglis, 1829, s. 173.

<sup>293</sup> Inglis, 1829, s. 173.

<sup>294</sup> Inglis, 1829, s. 173–174.

### *Sysselsette kvinner hos Latham:*

Latham skriv som nemnt lite om arbeidsliv og produksjon. Men medan han var på Eidsvoll noterte han seg dei norske kvinnene si interesse i broderi og saum:

I know not how the mania for worsted work may have been in England, but in Norway such things as embroidered cushions and German patterns, and many-coloured ball of yarn, and wooden frames, and assiduous young ladies, as continuously employed upon a single flower, as Narcissus was in gazing upon himself, and whose web gets on more tardily than even Penelope's, were rife and common in 1833. An English mechanic may consume his life in making the twentieth part of a pin, and an English lady may pass her's in working the thirtieth part of an ottoman.<sup>295</sup>

Flittige unge kvinner var opptekne med broderte puter, tyske mønstre, mangefarga garnnøste og trerammer, skriv han. Dette opplevde Latham var typisk og svært utbredt i Noreg i 1833. Siste del av sitatet kan vere vanskeleg å tolke, men kanskje poenget til Latham var at ein britisk mannleg arbeidar berre kunne få til ein tjuandedel med nåla samanlikna med norske kvinner? Det er usikkert om dette var observasjonar som Latham gjorde heime hos familien Wergeland på Eidsvoll, eller om dette var eit meir generelt inntrykk av staden.

Tydelegare vert det i ei seinare vurdering gjort av Latham: «Great and manifold is the feminine industry of the humbler Norwegians. The spinning-wheel is rarely still. The flax for it is grown on the man's own farm. Carding wool is an equally common occupation».<sup>296</sup> Blant allmugen – og her skal ein leggje merke til at Latham *ikkje* meinte dei betre stilte som han til gjengjeld var mest i kontakt med – var den *kvinnelege* produksjonen stor og mangfaldig. Og som vi vidare kan sjå: rokken stod aldri stille, lin vart produsert på garden og karding av ull var ei jambyrdig sysselsetjing der både mann og kvinne gjorde ein innsats. Også i Drammen la Latham merke til at kvinnene jobba med spinning og karding av ull, men denne gongen såg han berre kvinner sysselsett med arbeidet.<sup>297</sup>

## **5.2. Handels- og forbruksvarer**

Når det kjem til reisande sine vurdering kring forbruk har vi i dei to førre kapitla sett vurderingar som ikkje kritiserte det nye forbruksmønstre som eit problem i seg sjølv. Det som dei opplevde som problematisk var derimot det kunnskapslause jaget etter reine nyttingsprodukt – statusmarkørar – som fort kunne føre til eit tankelaust forbruk. Kan vi finne vurderingar kring dette hos Latham, Inglis og Thomson også, eller har dei som reiste til Noreg og Sverige i førstninga av 1800-talet ei anna tilnærming?

<sup>295</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 159–160.

<sup>296</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 189.

<sup>297</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 248–249.

## Eit unnnverleg naudsyn

Nett når det gjeld Thomson var han på dette området bevisst krigssituasjonen Sverige var i. Han synest det var vanskeleg å seie noko om handelssituasjonen så lenge det var ein konflikt gåande, både med Russland og med Danmark.<sup>298</sup> Thomson set vidare eit interessant fokus på korleis restriksjonar og forbod dei svenske styresmaktene hadde innført likevel ikkje hadde stoppa *behovet* for dei nye varene som stadig vart meir populære, og derfor ikkje stoppa folk frå å skaffe seg dei uansett. Varene var derfor også overalt i det svenske samfunnet. Dette kunne ikkje styresmaktene vere anna enn fullt klar over: «for every where you meet with porcelain vessels, of British or French manufacture; all the genteel people are dressed in British broad cloth; and cotton of all kinds (obviously British manufacture) is just as common in Sweden as in England».<sup>299</sup> Kvifor då ha desse forboda? Spurde Thomson, som ikkje nokon vinn noko på. Anna enn dei som fekk inntektene av den høge tollen, og handelsmennene med privilegium.

Eit anna misbruk Thomson meinte han såg øydela landet var Ostindiakompaniet som Gustav III hadde gitt monopol til for alle varer importert frå Ostindia. Kompaniet – som var plassert i Gøteborg – hadde ikkje nokon skip gåande til Austen, men fekk varene levert frå andre utanlandske skip, som dei vidare tok høge tollsatsar for av den svenske befolkninga: «The only effect of such a monopoly is to oblige the Swedes to pay a high price for articles of indispensable necessity, which they might have had at a cheaper rate, and thus to enrich a few individuals at the expense of the nation at large».<sup>300</sup> Og kjøpmennene i byen gav inntrykk av å inneha store rikdomar, noko som særskilt kom til uttrykket i levesettet deira, nemnte Thomson på eit tidlegare tidspunkt.<sup>301</sup> I dette siste sitatet skildrar Thomson eit poeng som eg meiner er viktig, og som vil verte nærmare drøfta i neste kapittel: nemleg at eksotiske varer på dette tidspunktet vart karakterisert av Thomson som *indispensable necessity*: ei unnnverleg nødvendighet. Også tanken om at det ikkje var riktig at handel og tilgang på varer skulle gagne få, men mange, har vi også sett hos blant anna Buch som også viste at mange varer hadde gått frå komfort til å vere livsnaudsynte gode for folk flest.

---

<sup>298</sup> Her skriv Thomson Danmark, og nemnte ikkje Noreg. Vidare skriv han: «During the summer of 1812 Gottenburg was the great depot of British goods, and Sweden the great thoroughfare between Great Britain and Russia. The Gottenburg merchants have been greatly enriched by this state of things, but how far it has redounded to the benefit of Sweden in general, I had no means of determining».

<sup>299</sup> Thomson, 1813, s. 434.

<sup>300</sup> Thomson, 1813, s. 435.

<sup>301</sup> Thomson, 1813, s. 9.

### Kvinnerens lidenskap til kaffi, menn til brennevin og tobakk

Vurderingar kring forbruk hos Latham, Inglis og Thomson er ofte relatert til drikking, då gjerne alt frå kaffi og te til brennevin. Til dømes kan ein sjå hos Inglis at han merka seg kaffidrikkande kvinner, og medan han var inne på tema tok han eit oppgjær med alle dei nye nyttingsprodukt som vart stadig meir vanleg i landet. Det ser ikkje ut til at Inglis fann kaffi som ei naudsynt vare for befolkninga. Ut frå sitatet under kan det sjå ut til at Inglis meinte at særskilt kvinnene var dei som stod i størst fare for å fortape seg i dei nye nyttingsmidla:

[T]here were several women drinking coffee; and let me remark here, that coffee-drinking among the Norwegian women is almost as great a vice as spirit-drinking among the men. Norwegian women, of whatever rank, must have their strong coffee at least twice a day; even although they should be obliged, in consequence, to forgo the common necessaries of life, and to keep their children in rags.<sup>302</sup>

Sitatet fortel oss at kvinnene drakk like ofte kaffi som mennene drakk brennevin, og her var det alle samfunnslag som var råka. Kaffien var så fordervande at den fekk kvinner til å gi avkall på det heilt naudsynte ein trengte for å overleve, samt at dei let barna heller gå i filler, for å kunne skaffe seg den mørke drikken. Inglis tek oss rett inn i 1700-talets luksusdebatt om det nye forbruksmønsteret, og korleis nyttingsprodukt førte til umoral og dårleg dømmekraft. Ikkje minst var det bønder og arbeidarar som var i faresona. Dei var meir sårbare og kunnskapslause: ein meinte dei ikkje var i stand til å halde seg i skinnet. Denne frykta for kva nyttingsprodukt kunne gjere med moralen var altså særskilt utbreidd på 1700-talet.<sup>303</sup> Ut på 1800-talet vart derimot både kaffi, te og sukker så vanlege ingrediensar i kvar manns kost at debatten etter kvart stilna. Gamle haldningar stod likevel ved lag hos enkelte, at kritikken var der – som då i ei reiseskildring frå 1820-åra – er kanskje ikkje så merkeleg.

Inglis såg for seg den einaste moglege løysinga på problemet, nemleg å forby både alkohol, tobakk og kaffi. Om dette skjedde ville Noreg verte «a richer and a happier country». Sverige hadde innført kaffiforbod, og Inglis oppfordra Noreg til å følgje nabolandet. Tobakken på si side hadde av «the head of the Celestial Empire» vorte bannlyst, men Inglis var redd for at ikkje nokon kom til å forby den billige, heimeproduserte alkoholen, så utbreidd og sjølvsgatt han var i det norske levesettet.<sup>304</sup>

---

<sup>302</sup> Inglis, 1829, s. 204.

<sup>303</sup> Sjå blant anna Roger Mason. *The Economics of Conspicuous Consumption. Theory and Thought since 1700*. Cheltenham, UK/Northampton, USA: Edward Elgar, 1998, s. 1–12.

<sup>304</sup> Inglis, 1829, s. 204.

### ***Kaffistover:***

Eit par gongar skildra Inglis det han kalla kaffistover, *coffee-rooms*, som ut i frå skildringane gir sterkare indikasjon på det vi vil kalle ei kro. Han møtte ingen kvinner der, og mennene dreiv tida med «playing at dominos, and smoking and drinking punch at the same time». <sup>305</sup> Dette var like utanfor Kristiansand. Seinare var han innom ei kaffistove i Kongsvinger, der hadde ryktet om at ein reisande var i byen spreia seg raskt, og mannfolka var nyfikne på kven Inglis var for ein. Dei som var der vart overraska over at Inglis ikkje var i Noreg «without a commercial object», vidare sukka og klaga nordmennene over at «'no one comes to us now-a-days to buy our product'». Inglis meinte at det kunne ikkje stemme for han hadde sjølv sett all aktiviteten med tømmerdrifta langs Glomma. Som svar fekk han «that wood must be sold, else the people would starve; but the question was, how much profit was made by it». <sup>306</sup>

Inglis merka seg at nordmennene vart meir gjestfrie og meir interessert i han då dei hadde vorte overtydd om at han ikkje hadde nokon baktanke med besøket sitt: «one addressed me by the title of Baron; another took my pot and got it refilled for me; and a third offered me some tobacco of a very superior kind». <sup>307</sup> Alt ølet han drakk fekk han på huset fordi alle meinte at «it would be a scandal to Kongsvinger to allow a stranger to pay for a pot or two of beer». <sup>308</sup> Kva kan dette seie oss? Årsaka til at eg tek med denne hendinga er fordi Inglis merka seg at gjestfridomen vart langt større idet nordmennene forsto at han ikkje hadde eit handelsrelatert formål med reisa. Nordmennene som Inglis møtte var vant til engelske handelsmenn som kom til gjestgivargardane og kroene for å gjere forretningar, men ikkje berre reisande som kom for å sjå på landet deira. Nordmennene viste samtidig bekymring for at dei ikkje fekk seld så mykje varer som før, tømmernæringa gav ifølgje dei sjølv berre mat på bordet og det mest naudsynte.

Latham noterte seg også ofte drikkevanane til nordmennene. Han syntest at konsumet var stort og meinte at alkoholen gjorde dei late og uverksame, som igjen førte til at all mogleg ugagn kom krypande fram. Latskapen førte til at ein vart skitten og uflidd: «Seriously speaking, it is no more true than melancholy, that intellect after intellect, year after year, gets drunk away in Norway». <sup>309</sup> Latham meinte vidare at klimaet i Noreg måtte ha noko av skulda for drikkekulturen som fann stad, saman med tobakken sjølvst: «Their isolated habits send

---

<sup>305</sup> Inglis, 1829, s. 28.

<sup>306</sup> Inglis, 1829, s. 256.

<sup>307</sup> Inglis, 1829, s. 256.

<sup>308</sup> Inglis, 1829, s. 256–257.

<sup>309</sup> Latham, bind 1, s. 1840, s. 201.

them to the pipe for company, and to the spirit-bottle as an accompaniment to the tobacco-box. Books, &c. are rare».<sup>310</sup> Latham meinte at den beste måten å få slutt på det heile var å oppfordre til import av «light wines», fruktviner, og auke brygginga av godt øl. Om menn må drikke – og det må ein rekne med er tilfelle – bør ein i det minste la dei drikke den minst skadelege alkoholen, meinte Latham.

Under besøket i Moss såg Latham at jarnverket til grev Wedel gjekk dårleg, og at eksporten dei siste åra var sterkt redusert, «however, of domestic consumption, brandy and tobacco, it stands high».<sup>311</sup> I Moss, med om lag 1300 innbyggjarar, var det ifølgje Latham 14 brenneri, fullt sysselsett. I tillegg var det fire tobakksfabrikkar i byen. Latham var skuffa over staden, og hadde eit kort opphald før han reiste vidare.

Thomson kommenterte også tobakksbruken i Sverige, som han meinte var uvanleg utbreidd, medan det var dårleg med potet i landet, hadde eit kvart hushald tobakksplantar i hagen. I sitatet under skriv han om hestegutaner røyking:

This plant [tobakk] is cultivated to a considerable extent in Sweden, where every body smokes with scarcely a single exception, and where the pipe is as constant a companion on a journey as a staff or a great coat in this country. Nothing was more common than for our post boys to smoke their pipes during the whole time of the stage; and not unfrequently, when the day happened to be a littly windy, they chose, of their own accord, to sit behind the carriage, that they might not incommode us with the smoke.<sup>312</sup>

Latham skildra Drammen som ein av dei største handelsbyane i landet, med den strategiske plasseringa ved elva for tømmerfløyting. Mange handelsmenn hadde tent store pengar på tømmerdrifta, og også jarn og kobolt vart eksportert frå byen. Det Drammen importerte tilbake var korn, og om lag ein like stor del av det importerte kornet vart brukt til destillering av sprit, som det som vart brukt til bakst. I tillegg nytta ein også potetar til framstillinga av alkohol. Nok ein gong tok Latham opp problematikken kring alkoholforbruket han såg i Noreg, talet på brenneri hadde auka markant berre på seks år, meinte han, og samtidig auka også forbruket av tobakk.<sup>313</sup>

### **Klede og mote**

Ingles reiste frå Mandal til Kristiansand med båt, der møtte han to menn og ei kvinne han kom i prat med. Mennene var handelsreisande, medan kvinna var gift med den eine. Ho var med for å:

---

<sup>310</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 202.

<sup>311</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 239.

<sup>312</sup> Thomson, 1813, s. 65.

<sup>313</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 253–254.

assist him[ektemannen] in his choice of female apparel, such as ribbons, caps, bonnets, gown-pieces, and other articles in which there is a fashion, – for Mandahl, as well as its betters, has its tastes and fashions, – which the purveyors are obliged to consult as attentively as if they had to minister to the caprices of May-fair.<sup>314</sup>

Dette kan seie oss to ting: For det første at kvinna hadde ein sentral rolle som medansvarleg for innkjøpa mannen hadde til butikken sin, og at mannen derfor hadde tillit til dei innspel kona eventuelt hadde. For det andre fortel det oss at Mandal – som den store sjøfartsby den var på den tida – hadde innbyggjarar som hadde kontakt med utlandet, og som var interessert i mote og smak. Byen hadde altså ein marknad for dei nyare forbruksvarene, luksusprodukta. Kva vurderingar Inglis gjorde på området kjem derimot ikkje særskilt fram, men opplevinga av Mandal som by skilde seg på ein positiv måte frå mange andre handelsbyar rundt om i Europa: «No whiskered sentinels – no wrangling porters – no impertinent waiters – no important and insolent public officers – no groups of lingering strangers – no busy and bustling natives. At Mandahl all is stillness»).<sup>315</sup> Samanlikna med andre europeiske handelsbyar var nok dette overraskande, då dei gjerne var prega av liv og rørsle og påtrengande menneske som var ut etter økonomisk vinning.

Latham gjorde seg også tankar om kva klede som vart nytta i Noreg, og kommenterte at dei grove, heimelaga av grå ull framstilt på heimgardane var gode nok klede for Stortingsmennene i landet. Dei som fann glede i utanlandske klede fekk likevel tak i dette frå Belgia eller England. I Stockholm derimot, der det var «the strictest prohibition against anything not Swedish», gjekk likevel ein kvar snobb i gatene med engelske klede – anti-proteksjonistane fortalde Latham at dei fekk smugla det inn i landet gjennom varehusa.<sup>316</sup> Kva Latham meinte om dette veit vi ikkje.

Latham merka seg også at mennene i Noreg kledde seg i pels på same måte som kvinnene i England kledde seg i fjær. Latham meinte at gjennom den luksuriøse livsstil hadde ein som mål å vise seg fram for å tydeleggjere kva for status ein hadde.<sup>317</sup> Professor i forbruksteori Roger Mason skriv at varer har ein sosial dimensjon, og at andre si oppfatning av vara er ein vel så viktig del i «the pleasure of consumption». Ut frå sitatet over kan ein sjå at Latham også oppfatta dette.<sup>318</sup>

---

<sup>314</sup> Inglis, 1829, s. 31.

<sup>315</sup> Inglis, 1829, s. 17.

<sup>316</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 230.

<sup>317</sup> Latham, bind 1, 1840, s. 246.

<sup>318</sup> Mason, 1998, s. 10.

## Tilgang på eksotiske produkt

I Telemark var det derimot andre tilhøve enn i kystbyane, då det i langt større grad var sjølvbergingsøkonomien som dominerte. Inglis besøkte ein gard ikkje så langt frå Rjukan, der alt i heimen var laga av familien:

All these articles were manufactured by the different members of the family; and, upon inquiry, I found that only one single article in the room – a clock – was not produced from the wright's shop, or smithy in the farm-yard. The tablecloth was grown and spun upon the farm; and even the jacket of the old man was made of cloth (such as it was), the work of his own hands. The spirit, too, which we drank, was distilled in the house; and during the time I spent there, I neither ate nor drank of any thing which was not produced upon the farm, with the single exception of coffee, and the sugar which sweetened it.<sup>319</sup>

Alt i heimen var altså heimeprodusert, utanom klokka, skriv Inglis. Likevel skal ein merke seg at dei både hadde kaffi og sukker i heimen, og at det eitt år tidlegare hadde vore ein handelsreisande frå Skottland innom som selde tøy til kvinnene. Vidare skapte det undring hos Inglis då han fekk sjå åkrane til mannen i huset, her var det mykje frukt og grønt som vart dyrka. Inglis fekk høyre at ein bonde i område hadde seld kirsebær på marknad i Trondheim.<sup>320</sup> Av dette kan vi sjå at trass i at Inglis fortel om eit samfunn som i liten grad var prega av produksjon for ein marknad, er det element der som tyder på at også dei grisgrendte strøka hadde meir kontakt med omverda og varer utanfrå. Utanlandske kramkarar kunne finne vegen til gardstun langt frå allfarveg, og om ikkje innkomsten var av dei beste, måtte det ha vore ei interesse for varene i den norske befolkninga. Samtidig såg bøndene ein marknad i å selje frukt og grønt til andre. Kirsebær var, ifølgje Inglis, det mest populære å dyrke. Bæra var lett å konservere, samtidig som bøndene fekk godt betalt på marknadsplassen.

I Østerdalen fann Inglis molter, noko som vakte interesse. Han undra seg over kvifor Storbritannia ikkje hadde fått importert den norske molta sidan den i smak overgjekk den mykje brukte tranebæra. Forklaringa måtte ligge hos nordmennene; dei hadde ikkje auge for kva som kunne gi overskot eller forska på kva etterspurnad ein kunne finne i andre land. Her stod til dømes Russland sterkare, meinte Inglis: «The Russian, too, are more a commercial people, and are more apt to look around for articles of commerce, than the Norwegians are».<sup>321</sup>

Som nemnt skreiv ikkje Thomson mange vurderingar knytt direkte til forbruket han såg i Sverige, men kom med nokre merknader. Til dømes skriv han om at det alltid er engelskimportert kaffi servert etter middag, som merkeleg nok er mykje betre enn all form for

---

<sup>319</sup> Inglis, 1829, s. 96–97

<sup>320</sup> Inglis, 1829, s. 98–99.

<sup>321</sup> Inglis, 1829, s. 199.



kaffi han til då hadde fått i Storbritannia: «You can get coffee in the meanest peasant's house, and it is always excellent».<sup>322</sup> Thomson meinte svenskane hadde større kunnskap om korleis ein laga til god kaffi. Men om kaffien var god var teen dertil heilt elendig, der ein følte ein drakk varmt vatn med fløyte og sukker.<sup>323</sup> Kaffien hadde raskt spreidd seg i Sverige, til dømes er det få spor av kaffidrikking i Gøteborg på 1750-talet, enda mindre på bygda. Men medan utbreiinga av te framleis gjekk trått på den svenske landsbygda, vart kaffien på si side raskt populær – og det innanfor alle sosiale sjikt.<sup>324</sup>

### 5.3. Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett færre vurderingar hos dei tre reisande som vi kan knytte direkte opp mot marknadsretta arbeid og forbruk. Thomson er han som i størst grad diskuterer situasjonen han ser i Sverige, medan Latham har langt mindre.

Jamvel om det er færre vurderingar som ein kan knytte direkte til produksjons- og forbrukstilhøva, er det mykje som ligg meir implisitt i historiene dei reisande kom med. Thomson er oppteken av kunnskap som inngangsdør til forbetring og utvikling, og kritiserer haldningane til at fortieneste er det viktigaste. Med kunnskap og lærestader vil ein kanskje også kunne vekke interessa hos bøndene og arbeidarane, skriv både Thomson og Inglis. Latskap botnar i utvitskap og mangel på inspirasjon og framtidsutsikter. Ein kjem ikkje langt dersom ein berre tenkjer mest mogleg fortieneste for eigen del. Latham på si side skriv eit heilt kapittel om Hans Nielsen Hauge, og verksemda hans for å få i stand ei utvikling og ei sysselsetjing, då også i meir gravgrendte strøk. Det kan sjå ut til at desse tre reisande såg på fellesskapet som ein ressurs til utvikling, men samanlikna med dei tyske reisande ser det ut til at Latham, Inglis og Thomson hadde mindre tru på at befolkninga sjølv var i stand til å forstå at dei trengte ei utvikling og ei endring i korleis ein dreiv industri og verksemd.

Kritikken mot styresmaktene og privilegieordninga er likevel synleg også hos desse tre, noko som vi har funne hos alle dei reisande. I neste kapittel, drøftingskapitlet, vil vi sjå nærmare på denne kritikken. Samtidig skal vi sjå korleis Adam Smiths økonomiske tenking var synleg i dei reisande sine vurderingar, både innanfor produksjon og forbruk.

---

<sup>322</sup> Thomson, 1813, s. 13.

<sup>323</sup> Thomson, 1813, s. 13. Historikar Leos Müller nyttar same sitat i artikkelen «Kolonialprodukter i Sveriges handel och konsumtionskultur, 1700–1800», 2004, s. 225.

<sup>324</sup> Müller, 2004, s. 244.

## 6. Samfunnsøkonomiske diskusjonar: Tankar om produksjon og forbruk hos dei reisande

Når vi no har sett kva for vurderingar åtte reisande i underkant av førti år skreiv om produksjon og forbruk blant nordmenn og svenskar, vil eg i dette kapitlet løfte funna vidare i ei overordna drøfting der eg både forsøker å vise kva dei reisande sine vurderingar eigentleg fortel oss om arbeidsliv og forbruk, samtidig som eg vil stille funna mine fram i ljøs av dei økonomiske ideane som var sentrale i perioden. Vi skal sjå av vurderingane at dei kan fortelje oss noko om generelle *haldningar* til produksjon og forbruk, som også var med på å påverke dei reisande. Kan vi vidare seie noko om *kvifor* dei reisande sine vurderingar tek den retninga dei gjer? Kan vi sjå kva for økonomiske ideal dei reisande hadde, og kva for rolle desse eventuelt spelte for korleis dei vurderer?

### 6.1 Om økonomiske idear til debatt

Som nemnt i kapittel 1 var Europa i åra 1795–1833 på veg inn i ein periode med store politiske omveltingar. 19 år hadde gått frå Den amerikanske frigjeringskrigen, seks frå Den franske revolusjon. Så kom Napoleon til makta i Frankrike, og i tida etter Napoleons fall flørte nye forfatningar og styreformar på kontinentet. I 1830 fann julirevolusjonen i Frankrike stad. Slike politiske omveltingar hadde skjedd tidlegare, men ikkje i så hurtig tempo som no. 1700-talet utvikla seg til å verte hundreåret der ein *diskuterte*, naturleg nok haldt diskusjonane fram ut over det turbulente 1800-talet også. Nye idear om politikk og økonomi stod heilt sentralt i det som vart diskutert.<sup>325</sup>

#### Om Skandinavia, 1795–1833

Fleire historikarar på 1900-talet har diskutert kven som *eigentleg* hadde sjølvberging som økonomisk førebilete. Teorien var lenge prega av at ein såg embetsmennene som forkjemparar for sjølvberging, dette fordi dei meinte at bøndene ikkje ønskja vere ein del av pengeøkonomien, sidan det var naturaløkonomien som tradisjonelt sett var grunnfesta i landbruket.<sup>326</sup> Frå siste halvdel av 1950-talet byrja ein derimot å sjå at det var *embetsmennene* som i utgangspunktet var negative til at bøndene skulle ta del i pengeøkonomien, medan bøndene sjølve søkte mot det som gav dei mest mogleg avkastning – noko som derfor også innebar handelverksemd.<sup>327</sup>

---

<sup>325</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 238.

<sup>326</sup> Sjø utdrag av sitatet til Simen Skappel hos Maria Halle, 2009, s. 41.

<sup>327</sup> Stein Tveite tok opp dette i *Jord og gjerning* i 1959, Monica Aase og Rolv P. Amdam på 1980-talet, sjå Maria Halle, 2009, s. 41.

Dansk-norsk eksport hadde særskilt i siste halvdel av 1700-talet hatt gode år. Blant anna ved å stille seg nøytrale til alle konfliktane og krigane som elles prega kontinentet. Fleire flytta til byane, og befolkninga vaks. Økonomisk vekst førte til at fleire kom på banen til det marknadsrelaterte arbeidet, om så ved å gå heilt frå primærnæringane og ut i marknadsretta arbeid, eller om ein dreiv med mangesyssleri. I 1797 vart tollforordninga innført, som var ei liberalisering av tollpolitikken merkantilistiske line: Tollen på importvarer vart redusert, og satsane vart mindre.

Flåteranet i 1807 sette derimot ein midlertidig strek for denne utviklinga. I historikar Håkon Andreas Evjus artikkel «Velstandens forbannelser» tek han for seg krisesituasjonen i Noreg etter krigsutbrotet i 1807, framstilt av den norske offentlegheita. Særskilt skriv han om kritikken av handelsånda.<sup>328</sup> Evju skildrar reaksjonane som kom etter at den økonomiske veksten stagnerte. Etter at meir liberalistiske økonomiske liner i siste halvdel av 1700-talet vart innført, var mange framleis skeptiske til korleis den nye samfunnsstrukturen fekk utløp, ikkje minst korleis den nye handelsverksemda fekk utløp i befolkninga.<sup>329</sup>

I Sverige stod *produktplakatet* sentralt i den svenske økonomien, og var mellom 1724 og 1827 den gjeldande økonomiske lova i landet, med eit kortvarig brot mellom 1772–1773. Det var ein proteksjonistisk forordning med utspring frå merkantilismen og med den engelske *navigasjonsakten* (1651) som førebilete.<sup>330</sup> Det var ei sjøfartsforordning som forbaud utanlandske skip å frakte andre varer enn dei som kom frå eige land og koloniane deira. Tanken bak var å styrke det merkantilistiske strevet etter å stramme inn utanlandsk import, samtidig som ein ønskja å styrke si eiga handelsflåte. Historikar Stefan Carlén diskuterer *produksjonsplakatet* sin innverknad på den svenske økonomien i sin studie av den svenske saltmarknaden. Carlén understrekar at det ikkje var einskild negativt å få ei proteksjonistisk lov, til dømes fekk nye næringar større moglegheit til å slå rot når tollbarrierane var så høge. Carlén hevdar vidare at *produktplakatet* ikkje åleine skulle ha skulda for saltbrest og høge saltprisar i perioden, enda mindre for nedgangen i jarneksporten og den dyre kornimporten.

---

<sup>328</sup> Evju, Håkon. «Velstandens forbannelser. Kriseforståelsen og synet på forholdet mellom rikdom og moral i Norge, 1807–1813» i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013, s. 57–76.

<sup>329</sup> Evju skriv korleis sjølve krigen var med på å påverke dei negative haldningane til den nye handelsverksemda. Kornmangelen viste kor sårbare nordmennene var under krigstid. Evju skriv også om antikk og kristen kritikk kring haveshjuka, grådigskap og luksusforbruk. Jamnvel om dette gjorde seg gjeldande, var kritikken av handelstanden og handelsverksemda eit allment trekk, hevdar Evju, og som også var ei generell haldning i resten av Vest-Europa. Sjå Evju, 2013, s. 64.

<sup>330</sup> Carlén, Stefan, *Staten som marknadens salt, Staten som marknadens salt. En studie i institutionsbildning, kollektivt handlande och tidig välfärdspolitik på en strategisk varumarknad i övergången mellan merkantilism och liberalism 1720–1862*. Stockholm: Almqvist & Wiksell, 1997, s. 248.

Likevel var det dei store kjøpmennene som hovudsakleg tente på lovgivnaden om å stengje ut utlendingar frå frakt av varer. Kjøpmennene var «nära lierade med de statliga ämbetsmännen» og «de ämbetsmän som var mest drivande för produktplakatet var rent av själva ägare till fartyg».<sup>331</sup> Taparane var derfor hovudsakleg bøndene som måtte betale meir for varene dei kjøpte, og som fekk dårleg betalt for det dei produserte.<sup>332</sup>

Økonomihistorikar Lars Magnusson skriv at det i 1734 kom ei klår skiljelinje for kva som var tillate, og kva som ikkje var det av handelsverksemd på landsbygda i Sverige. Bonden skulle få lov til å selje eigen avl, men alle produkt framstilt av bøndene skulle ikkje seljast på landsbygda. På 1800-talet vart moglegheitene fleire for å drive som bondekjøpmann, men likevel var bøndene pliktig heilt fram til 1860-åra å få utskrive ei fullmakt for å få lov til å dra på handelsreise rundt om i bygdene. Dette var ei ordning som slo rot for å tryggje bynæringane, då myndigheitene gjennom store delar av 1700-talet var overtydd om at bynæringane ville verte råka dersom bøndene skulle få drive handel så mykje som dei sjølv ville på landsbygda. Trass i lovverket var det mange som dreiv illegal verksemd, og handelen blant bøndene vart av mange kritisert til ut på 1800-talet, skriv Magnusson.<sup>333</sup>

Med utgangspunkt i Magnussons teori kan ein finne fleire eksempel på dette i reiseskildringane. Dei fleste av dei reisande opplevde Noreg som friare jamført med korleis tilhøva var i Sverige. Dei som kom med kritikk mot styresettet i Noreg eller at det fann stad maktkonsentrasjon på få hender, retta han særskilt mot Danmark og kongen som sat i København, og etter unionsoppløysinga mot embets- og kjøpmenn.<sup>334</sup> Trass i at ingen av dei to landa hadde ei sterk framtidretta utvikling, hadde nordmennene færre forbod og restriksjonar. Vi har blant anna sett dette illustrert i Clarkes kommentarar om kaffiforbodet i Sverige, og om smuglinga av kaffi og krut på grensa mellom Noreg og Sverige.

1700-talet i Sverige var prega av sosiale spenningar: Fleire bondeopprør fann stad i 1770-åra, og misnøya mot kongen var stor, først mot Gustav III, seinare mot sonen Gustav IV Adolf. I 1809 opplevde Sverige både å tape finskekrigen – og dermed dei finske område sine til Russland – og seinare same år fann det også stad eit statskupp, om enn ikkje av det blodige slaget. Gustav IV Adolf og det gustavianske eineveldet vart avsett. Sverige fekk etter

---

<sup>331</sup> Carlén, 1997, s. 250.

<sup>332</sup> Carlén, 1997, s. 248–250, 252–253, 269–270.

<sup>333</sup> Magnusson, 1999, s.224–230.

<sup>334</sup> At engelskmennene som besøkte Skandinavia var kritiske til Danmark samanlikna med korleis dei stilte seg til både Noreg og Sverige, kan forklarast med at England og Danmark hadde fleire konflikter gåande i perioden. Både når det gjaldt deportasjonen av dronning Caroline Mathilde, men også konflikten under Napoleonskrigane.

statkuppet ei ny regjeringsform, og utarbeida samtidig ein «riksdagsordning, en successionsordning, en tryckfrihetsförordning och ett förslag till en omfattande representationsform».<sup>335</sup> 1809 års regeringsform skapte ei maktfordeling mellom konge og riksdagen. For eit land som framleis bestod først og fremst av bønder, og eit fåtal betrestilte, var dette viktig. Samtidig var dette ei brytningstid der handelsmennene både prøvde å utnytte privilegieordninga, samtidig som dei forsøkte å dra nytte av den veksande marknaden.<sup>336</sup> Historikaren Pia Lundqvist skildrar perioden 1790–1864 som ei tid prega av raske og dramatiske omveltingar, samt at det var ei blomstringstid for den vestgötske gårdfarihandelen.<sup>337</sup> Framleis var Sverige eit typisk privilegiesamfunn, men dette var på veg til å endrast, men omveltingane var likevel «knappast någon revolution».<sup>338</sup>

Som så mange andre under denne perioden, diskuterte også svenskane kva for fridomar og rettigheitar som no skulle gjelde i nasjonen og blant borgarane. Diskusjonen var eit utspring frå dei proteksjonistiske ideala landet hadde følgd, og kva for konsekvensar dei hadde hatt. Historikar Anders Sundin skriv at «de nya grundlagarna uppgavs vara att på sikt skapa en medborgerlig anda bland befolkningen, en anda genomsyrad av medborgerliga dygder som en känsla för det allmänna och vördnad för författningen».<sup>339</sup> Reint overordna var likevel både Danmark-Noreg og Sverige generelt statleg strengt kontrollert, med reguleringar, privilegium og sterk proteksjonisme av innanlandsproduserte varer i siste halvdel av 1700-talet og dei første tiåra av 1800-talet.<sup>340</sup>

### Om tida etter 1814

Trass i store endringar gjennom 1700-talet og inn i det nye hundreåret – der både Noreg og Sverige hadde fått nye grunnlover, gamal union oppløyst og ny danna, politiske reformer og diskusjonar – var mykje det same som før idet året 1814 gjekk inn i historia. Diskusjonane haldt fram også i tida som følgde, ein var framleis redd for konsekvensane for kva

---

<sup>335</sup> Sundin, Anders. «Regeringsformen 1809 i riksdagens förhandlingar», i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013, s. 77.

<sup>336</sup> Lundqvist, Pia, *Marknad på väg. Den västgötska gårdfarihandeln 1790–1864*. Göteborg: Göteborgs Universitet, Avhandlingar från Historiska institutionen i Göteborg nr. 52, 2008, s. 20. Lundqvist problematiserer omgrepet liberalisme, og korleis ettertidens historikarar gjerne plasserer økonomiske og politiske omveltingar på ideologiske knaggar ut ifrå si samtid. Det er derfor viktig å ikkje tolke økonomisk liberalisering som synonymt med ein liberalistisk tanke generelt, i alle høve ikkje ut frå vår tids målestokk, sjå Lundqvist, 2008, s. 55–58.

<sup>337</sup> Med «gårdfarihandel» meinte Lundqvist det som vi i Noreg kjenner som kramkarar. Altså bønder som framfor å drive jorda, heller farta land og strand og dreiv handel med ulike typar varer. Dei reiste gjerne eit par gongar i året, og kunne vere borte i fleire månader. Sjå Lundqvist, 2008, s. 19.

<sup>338</sup> Gustafsson, Harald. *Nordens historia. En europeisk region under 1200 år*. Lund: Studentlitteratur, 2007, s. 168.

<sup>339</sup> Sundin, 2013, s. 78.

<sup>340</sup> Gustafsson, 2007, s. 159.

samfunnsendringar ville kunne føre med seg, samtidig som ein såg det som problematisk å ikkje fremme endring.<sup>341</sup> Tradisjonelt har det vore eit syn på åra etter 1814 og fram til 1870 som ein periode prega av stagnasjon, dette var i så måte ikkje tilfelle. Bondestanden var i rørsle, industrialiseringa var for alvor på veg inn i Norden, og ein fekk ein sterk embetsstand. Ikkje minst prega dette også tankane til ein kvar i sær. Alle bøndene i heile Norden merka stadig meir til – og ikkje minst tok del i – den marknadsretta produksjonen og forbruket.

I perioden var Noreg og Sverige med andre ord på veg frå ein proteksjonistisk økonomisk struktur til ein meir liberalistisk. Ei rekke økonomiske reformer kom som nemnt på banen og desse var meir i tråd med dei liberalistiske ideane.<sup>342</sup> Og nettopp i ljøs av meir liberalistiske økonomiske idear var også ein sterk stat – med forbod og strenge retningsliner for handel og produksjon – meir eit hinder enn ei opning for større handelsverksemd og utvikling. Også kjøpmenn med monopolistiske privilegium og økonomisk utnytting av bønder og arbeidrar vart i større grad uglesett. Napoleonskrigane ser ut til å ha bremsa dei nye tankane og reformene i nokon grad. Krigene var med andre ord medverkande til at ein diskuterte konsekvensane av dei liberale dreinga i politikk og handelsverksemd. Det verbale angrepet på styresmakter, kjøpmenn og embetsstand blant dei reisande, kan kanskje forklarast i ljøs av opplysningstida og eit meir liberalistisk tankesett.

Om liberale økonomiske tankar var i emning i Skandinavia ved inngangen til det nye hundreåret, var dei langt meir framskridne i Storbritannia, og hadde allereie haldt på ei tid. Som nemnt i kapittel 5 hadde dei britiske øyer vore i ein turbulent periode frå midten av 1700-talet, noko som gav rom for kritikk og nye idear. At landet var ei stormakt var så si sak, like fullt var problema og samfunnskritikken også til stades. Vi har sett, og skal sjå nærmare på korleis dei reisande i stor grad var prega av dei kritiske haldningane til merkantilismen, men ikkje minst korleis dei stilte seg til dei nye tankane kring enkeltindividets lukke.

Dersom ein skal halde dei økonomiske *ideane* fram i ljøset også når det gjeld dei reisande på besøk i Sverige og Noreg, kan ein ikkje då sjå at økonomisk tenking kan stå som mogleg årsak til den sterke interessa for og den dei kritiske vurderingane til handelen og produksjonen dei såg i Noreg og Sverige? Diskusjonar som gjekk føre seg i Storbritannia gjennom 1700-

---

<sup>341</sup> Gustafsson skriv om den svenske filosofiprofessoren N.F. Biberg i 1823 og om korleis han klaga over: «tidens dårskap att vilja söndermala massorna til atomer». Sjå Gustafsson, 2007, s. 177.

<sup>342</sup> Ein bør likevel hugse at mange vart skremt av rørslene i Frankrike i 1789 og i åra som følgde, noko som var medverkande til at ein innførte reformer og gav meir spelerom for innbyggjarane. Likevel vann Adam Smiths økonomiske teoriar raskt innpass hos mange i Danmark-Norge. Sjå Ståle Dyrvik. *Norsk historie, 1536–1814. Vegar til sjølvstende*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2011, s. 196–197.

talet handla blant anna om økonomiske ideal og enkeltindividets verdi, slike tankar følgde heilt klart med når dei reisande var i Skandinavia. Kjeldefunna mine viser at dei reisande i større grad *diskuterte* enn *poengterte* økonomisk utvikling, der alle eg har undersøkt hadde ei liberalistisk tanke sett, og kritiserte styresmaktene for korleis tilhøva var.

### Om reaksjonar. Nye idear og ideal i Storbritannia

Industriens mørke bakside kom stadig meir til syne i Storbritannia, ikkje minst fram mot midten av 1800-talet, då ein fekk sterke reaksjonar på nye lover og reformer. Tema som «the factory question» var ein kritikk retta mot kornlovane, klasseskilnadene og kapitalismen. Mange menneske levde under stor fattigdom, og jobba under uverdige tilhøve.<sup>343</sup>

I 1776 publiserte den skotske økonomifilosofen Adam Smith verket *An Inquiry into the Nature and Causes of the Wealth of Nations*. Prosjektet hans var hovudsakleg å vise kva for stilling han tok i spørsmåla kring og debatten om økonomiske ideal og samfunnets rolle. Og ikkje minst: det einskilde mennesket si rolle i arbeidsliv og konsumering. Allereie på midten av 1700-talet – og ikkje minst i kjølvatnet av Den amerikanske frigjeringskrigen – hadde tankane om den frie, uavhengige borgaren vakse fram: Ein skulle gi rom for at enkeltindivid skulle kunne utfolde seg, til den enkelte og samfunnets beste. Denne grunnleggjande demokratitanken høva godt til Smiths hovudargument, som dreia seg om at eit lands velstand ikkje var fundamentert i edelmetallførekomstar eller eit lands andeleg verdigheit, men derimot i arbeid, produksjon og forbruk.<sup>344</sup> Velstand og vekst var noko essensielt positivt for eit samfunn.<sup>345</sup>

Smith var tidleg ute med eit liberalistisk tankegodt; han meinte staten i minst mogleg grad burde blande seg inn i økonomisk åtferd. Dette opna også for at ressursane ein hadde ikkje naudsynt var avgrensa, men at ein gjennom fornuftig forvaltning kunne auke bruken av dei, som gjennom arbeidsfordeling og marknadsproduksjon.<sup>346</sup> Smith var med andre ord kritisk til den merkantilistiske ideen, han meint at sjølv den mest lågtstående og fattigaste kunne ved å vere nøysom og flittig få tilgang til nyttingsprodukt. Ei kan med andre ord sjå ei omdreining:

---

<sup>343</sup> Simmons, Richard Jr., «Industrial and 'Condition of England' Novels», i: Patrick Brantlinger og William B. Thesing (ed.), *A Companion to The Victorian Novel*, s. 336.

<sup>344</sup> Smith, Adam. *Nasjonenes velstand I*. 2012, s. 9–11; Venborg Pedersen, 2013, s. 258. Smith hadde med seg tankane frå både David Hume, dei franske encyklopediane og fisiokratar.

<sup>345</sup> Kurrild-Klitgaard, Peter. *Adam Smith. Økonom, filosof, samfundstænkner*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlag, 2004, s. 89.

<sup>346</sup> Dyrvik, 2011, s. 196; Jan de Vries. *The Industrious Revolution, The Industrious Revolution. Consumer Behavior and the Household Economy, 1650 to the Present*. Cambridge: Cambridge University Press, 2008, s. 68–72; Berg og Eger (red.), 2003, s. 12–13.

«Den, hidtil så uglesete, selvkærlighed er blevet til økonomiens omdrejningspunkt»,<sup>347</sup> skriv Venborg Pedersen om Smiths rokkering av grunnleggjande tankegodt om fellesskapets beste. Smith meinte at jakta på eiga lukke også kunne bidra til at andre kunne skaffe seg eit betre liv. Merkantilismen var med andre ord øydeleggjande for dei fleste, men velgjerande for dei få, der den vesle gruppa med kjøpmenn og styresmakter var dei som sat att med goda: «For å fremme de snevre interessene til en liten klasse mennesker i ett enkelt land, ofrer monopolet interessene til de øvrige klassene i dette landet og til alle mennesker i alle andre land», konkluderte Smith.<sup>348</sup>

Etter mi meining er det desse tankane vi kan finne att hos dei reisande. Alle åtte stilte kritiske spørsmål til styresmaktene sin maktbruk, og den manglande interessa for at forbetringar i det marknadsretta arbeidet skulle skje. Dette skulle ein kanskje ikkje tru, då dei reisande kom frå dei betre klasser – om det var adel eller akademia – og som også hadde forkjærleik for det komfortable og meirsmakelege medan dei var på reise i Skandinavia.<sup>349</sup> Det kan sjå ut til at dei reisande – som Maria Halles topografar – såg det ideelle i eit produksjonsoverskot, som stimulerte til handel og framgang.<sup>350</sup> Halle viser til korleis innlandshandelen vart oppmuntra av topografar i heimlandet, medan dei reisande kan vere med å vise korleis ein stilte seg til større frihandel og den ytre marknaden. Samtidig er det ikkje handelen med ein ytre marknad som står som den mest sentrale vinninga hos dei reisande, men det grunnleggjande positive med ei arbeidsam og flittig befolkning, som gjennom eit behov for eiga lukke stimulerte veksten for samfunnet som heilskap. Her er det vinst for alle som står som det ideelle.

## 6.2 Om produksjon

### Om Culture of Capitalism, og Adam Smith som argumentasjon i reiseskildringane

I kapittel 4 presenterte eg omgrepet Mark Davies nytta i arbeidet sitt om britiske reisande i Sverige, *Culture of Capitalism*, som peikar på at ein gjennom eit individuelt strev kan oppnå ei felles kollektiv velferd.<sup>351</sup> Eit teikn på ein slik kapitalismekultur kunne ein blant anna sjå ut frå interessa for å produsere med eit mål om å kunne få eit overskot, som ein igjen kunne nytte til varer ein hadde behov for. Davies meinte at britiske reisande undra seg over kor lite konkurranseinteresse som fanst hos dei svenskane som vart observert, samanlikna med det ein kunne sjå i Storbritannia. Eg meiner at dei reisande eg har undersøkt har ulike synspunkt til

---

<sup>347</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 259.

<sup>348</sup> Smith, Adam. *Nasjonenes velstand II*. Omsett av Åshild Sonstad. Oslo: Bokklubbens kulturbibliotek, 2012, s. 160.

<sup>349</sup> Dette med å ha det komfortabelt på reisa kan ein lese meir om hos Fjågesund og Symes, og i Poulsen.

<sup>350</sup> Halle, 2009, s. 94.

<sup>351</sup> Davies, 2000, s. 153.



interessa for sal og kjøp. Ein indikasjon på at det fanst konkurranseinteresser kan ein sjå idet arbeidsvilje og strev etter overskot vart skildra. Dei reisande nytta omgrep som «folkeliv» eller «rørsle» når dei meir indirekte skildra god arbeidsånd og flittig verksemd i enkelte område, medan vurderingar frå andre område kunne skildre befolkninga som late og lite framsynte. Eksempel frå begge hold har vi sett i vurderingar om både nordmenn og svenskar.

Eit anna aber hos Davies er at han ikkje nemner at dei reisande var kritiske til styresmaktene idet dei møtte menneske som jobba under dårlege tilhøve og arbeidsvilkår, noko eg meiner var heilt avgjerande for at det fann stad kritiske vurderingar hos dei reisande. Ein såg verdien av at befolkning i heilskap kunne utvikle seg: Drivkrafta for å oppnå eiga lukke gav også god arbeidsmoral. Det beste for fellesskapet var viktigare enn den einskilde si lukke, nett slik som Smith var ein talsmann for på 1700-talet.

Problema ifølgje dei reisande eg har undersøkt botna mykje i korleis styresmaktene kontrollerte, vi finn med andre ord same kritikk som den Adam Smith kom med i 1776. Ifølgje dei reisande var styresmaktene ei brems for den utviklinga som kunne ha funne stad i både Noreg og Sverige, ei utvikling av liberalistiske tankar. Det har ikkje vore spor av nokre negative vurderingar som har omhandla problema kring ein meir liberal økonomisk tankegang i produksjonen i dei reiseskildringane eg har undersøkt. Vi har sett at Clarke skildra gruvearbeidarane som arbeidsbiar, medan intendantane og assessorane var samanlikna med dronar. Clarke skreiv vidare at så lenge det var kongen som åtte det meste av verksemdene, ville ingen føle eit personleg ansvar og derfor gjekk det ut over motivasjon og arbeid. Ein fekk eit tap av samfunnsånda, som var naudsynt for at utvikling skulle finne stad i heile befolkninga.

På same vis har vi sett at Wollstonecraft skreiv at dei som jobba flittig og arbeidsamt kunne gå ein komfortabel vinter i møte. Medan Malthus på si side kommenterte – etter ein samtale med ein general som var kritisk til handelsverksemd og som meinte at det hadde gått ut over det ærlege arbeidet – at ei slik haldning måtte botne i sjalusi. Frykta for at velstand og overskot blant arbeidarar og bønder skulle auke vart nok opplevd som ein trugsel for mange av dei betre stilte fordi det kunne føre til latskap og eit tankelaust sløseri. Dei reisande fann det derimot meir kritikkverdig at styresmaktene og embetsmennene var så seine til å kome med nyvinningar og til å fremje opplysning og kunnskap.

I Trondheim har vi sett at Clarke peika på dei nytenkjande bøndene som hadde funne ei nisje i utskorne treprodukt som dei kunne selje, medan han i Sverige gav lovord om kor arbeidsame

og marknadsretta mange menneske var nordpå. Hos Küttner har vi sett kritikken av korleis kongen og styresmaktene i Sverige levde i overflod, medan dei haldt befolkninga att i det gamle strevet, og var delaktige i at dei produserte varer av dårleg kvalitet. Vi har sett at Buch skreiv at det ikkje var den norske befolkninga som stilte seg negative til friare marknad og endringar i korleis ein produserte, det var derimot styresmaktene. Vidare meinte Buch at befolkninga med glede ville ha hatt betre tilgang på klede, jarnvarer og møblement. Samtidig som dei gjerne ville ha arbeida meir spesialisert.

### Om flittigheit og reinsemd

På den andre sida kan ein sjå at dei reisande hadde *forventningar* om flittigheit blant bønder og arbeidarar. Å vere arbeidsam var sjølve nøkkelen til vekst og framgang. Fleire av dei reisande nytta ord eller skildringar som «industrious», «marvellous ingenuity», «skillful», «moral disposition» og «cleanliness». Det siste, nemleg reinsemd, er eit interessant ord teken i bruk for å skildre arbeid. Kan vi seie noko om kva dei reisande la i eit slikt ordval? Historikaren Keith Thomas skriv at «In mid-nineteenth-century Britain it was widely assumed by reformers and moralists that physical cleanliness was the route to virtue as well as to health; and that soap was an instrument of moral piety».<sup>352</sup> Om reinsemd var religiøst ladd, var likevel det ytre uttrykket viktig. Thomas skriv at ein britisk reisande i Amerika i 1821 konkluderte med at: «Cleanliness is connected with health, and health with morals».<sup>353</sup> Ikkje minst vert ei disiplinering av kroppen eit uttrykk for disiplin og fornuft, skriv professor i etnologi Jonas Frykman. Det vi finn støytande gir vi eigenskapar som skittent, ekkelt og ureint.<sup>354</sup> I Storbritannia hadde distansen til naturen vorte større grunna industrialiseringa som føregjekk, og ein fekk også sjå dei negative følgjene som forureining, og ei umenneskeleggjering av allmugen. Til dømes byrja mange av dei betre stilte å sjå at det å ikkje bu i tette bymiljø var vegen til privatliv, komfort og reinsemd.<sup>355</sup> Vi har sett at både Clarke og Malthus skildra gruvearbeidarane på Røros som djevlar. På nær same vis skildra Clarke Falunområde som dekkja av koparfarge, der til og menneska likna på kopar. Desse nye

---

<sup>352</sup> Thomas, Keith. «Cleanliness and godliness in early modern England», i: *Religion, Culture, and Society in Early Modern Britain*, Cambridge: Cambridge University Press, 2006, s. 56.

<sup>353</sup> Thomas, 2006, s. 64.

<sup>354</sup> Frykman, Jonas og Orvar Löfgren, *Det kultiverte mennesket*. Oslo: Pax forlag, 1994, s. 138. Boka tek utgangspunkt i svensk kultur, men forfattarane nyttar også britisk antropologi i arbeidet sitt.

<sup>355</sup> «Reactions changed as society and the environment changed. [...] Bodies and minds swiftly became used to improved conditions and wanted more. Previously overlooked nuisances were noticed as the threshold of decency changed. Many people also harked back to fabled days a couple of generations back when life was idyllic and people were better behaved. Some developments did create a more unpleasant environment. For example industrial expansion led to greater exposure to pollutants in many urban areas». Sjå Emily Cockayne, *Hubbub. Filth, Noise and Stench in England*, New Haven and London: Yale University Press, 2007, s. 231.

opplevingane av reinsemd fekk derfor eit noko nytt innhald, mindre religiøst, men kanskje desto meir relatert til det naturlege og enkle, det danna og flittige.

For i reiseskildringane vil eg hevda at nettopp dei ryddige og reine heimane var ein indikasjon på arbeidsdyktige menneske og flid i heimen, idet vi vert presentert for omgrepet av dei reisande. I same kategori kan ein plassere Clarkes skildring av dei – etter hans utsegn – usedvanleg vakre jentene som sat og vov i Nord-Sverige. Reinsemd og utsjånad kunne forsterke korleis lesaren tolka dei situasjonane han vart presentert for. Å stelle seg sjølv, og å halde heimen i orden vert synonymt med orden, flid og danning, og dermed eit bilete av flittige, arbeidsame og reflekterte menneske. Vi har også sett at Thomson skildra gutane og jentene som spann ull i Örebro som flinke, og at dei gjorde eit vakkert arbeid. Omkring dei var det reint og ryddig.

Samtidig kan ein finne fleire vurderingar der dei reisande viser at det var problem også med befolkninga si innstilling, og at det ikkje berre var styresmakter og kjøpmenn som hadde skuld i at utvikling ikkje fann stad. Clarke kommenterte at svenskane låg langt bak andre nasjonar i kunnskap og arbeidsmoral. Küttner skreiv frå si reise i Sverige at svenskane var intellektuelt langt bak dei britiske, og dessutan var ikkje svenskane initiativrike. Thomson skreiv om kor viktig arbeidarane si innstilling var for at forbetringar og nyvinningar kunne finne stad. Framleis var det mange som knua seg til dei gamle teknikkane og framstillingsmåtane, og stilte seg skeptiske til nye idear og hjelpemiddel. Dette såg Thomson førte til ei tungvint og seindrektig produksjon: Framsteg kravde hardt arbeid og slit, meinte han. På same vis skreiv Inglis om nordmenn som helst ikkje vil få nye idear tredd over hovudet på seg: Så lenge dei får halde på slik dei sjølv vil er dei alle nøgde, skreiv han. Ein måtte ikkje rokke ved stoltheita deira. Dette peikar på eit anna heilt sentral og gjennomgåande vurdering hos dei reisande: behovet for kunnskap.

### **Om kunnskap: Eit grunnlag for utvikling og spesialisering**

«Den langsomme glidning bort fra merkantilisme og i retning af liberalisme, som handelsstanden støttede, blev effektivt stoppet med krigsudbruddet i 1807»,<sup>356</sup> skriv Glenthøj om korleis dei europeiske rammene for økonomi og politikk også prega Skandinavia. Frankrike førte ein økonomisk krig mot Storbritannia med blokade og fastlandssperring. Dermed vart det sjølvsagt at konsekvensane av blokaden mot Storbritannia – som på den tida var sjølve omgrepet på ei stormakt i handel og økonomi – fekk sitt å seie for korleis resten av

---

<sup>356</sup> Glenthøj, 2010, s. 80.

Europa reagerte. «Det er en logisk konsekvens af krig og blokade, at økonomien måtte vendes indad» argumenterer Glenthøj.<sup>357</sup>

På 1700-talet hadde det vakse fram fleire hundre nasjonalpatriotiske selskap i Europa og i Amerika, og nye kom til i kjølvatn av Napoleonskrigane; i 1809 vart til dømes Det Kongelige Selskab for Norges Vel danna, inspirert av tyske og britiske variantar. Desse selskapa sette kunnskap og opplysning som eit mål for å stimulere til innanlandsk produksjon.<sup>358</sup> Ifølgje Glenthøj var derimot selskapa som vart danna først på 1800-talet annleis enn tidlegare patriotiske selskap. For det første var dei ikkje eit regjeringsinitiativ, men meir eit embetsmanninitiativ, der embetseliten ønskja å erstatte utanlandshandelen med innanlandsk produksjon. Dei ville med dette utnytte nasjonens eigne råstoff, forbetre produksjonsmetodane og bygge industri, ikkje minst drive folkeopplysning. Med andre ord var ein ikkje heilt tilbake til den gamle konge- eller regjeringsstyrte merkantilismen. For det andre hadde patriotiske selskap på 1700-talet eit meir regionalt, lokalt etter statleg nivå, medan ein no fekk selskap som var fokusert på landet i heilskap, altså på eit *nasjonalt* nivå. Med andre ord byrja ein no å ane emninga av nasjonale rørsler, forbundet med «idéer om autonomi, enhed og identitet».<sup>359</sup>

Så var altså dei nye tankane kring utvikling av meir marknadsretta arbeid i stor grad grunnfest i kunnskap, gjerne det ein kan kalle eit folkeopplysningsprogram. I tillegg til eit prosjekt om ei meir nasjonal økonomisk utvikling, hadde også tankar med utspring i opplysningstida framleis ei tyngd: Tankane om den frie borgaren, der opplysning stod som ein inngangsport nettopp til denne fridomen.<sup>360</sup> Vi har sett at grunntanken om opplysning og kunnskap har stått sterkt i alle reiseskildringane som eg har undersøkt, at dei også var prega av hendingane i tida er heller ingen tvil. Dei reisande sette eit krav om kunnskap, og på den måten også eit krav om kvalitet på kva som vart produsert, og eit krav om kritisk tenking til forbruk.

Etter mi meining ser det ut til at opplysning og kunnskap dreia seg om to aspekt for dei reisande: For det første opplæring i og kunnskap om nye framsteg i produksjonsmetodar, og med dette meir effektive og mindre tidkrevjande løysingar. Det andre aspektet dreia seg om

---

<sup>357</sup> Glenthøj, 2010, s. 81.

<sup>358</sup> Bjerke, Ernst, 2009, s. 73. Dei patriotiske selskapa fremma likevel utvikling og utdanning med ein *lukka* økonomi, skild frå handel med utlandet. Dei lange krigsåra påverka i stor grad ei slik kameralistisk økonomisk tenking, der Noreg hadde hamna i ein ufriviljug isolasjon og dernest kornmangel og svolt.

<sup>359</sup> Glenthøj, 2010, s. 81. For meir om opprettinga av dei meir nasjonale patriotiske selskapa i Danmark-Noreg, sjå Glenthøjs kapittel 9 «Patriotiske selskaber og kampen mod luksus», 2010, s.80–91.

<sup>360</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 268. Pedersen argumenterer for at dette var tankar allereie tidleg på 1700-talet, som ein til dømes kan finne i Holbergs diktning.

kunnskap om forbruk: ved å ha kunnskap vert ein i stand til å sjå kva ein har bruk for og kva som er naudsynt, men samtidig vere i stand til å sjå når det bekkar over mot overflod og forfengelegheit. Det siste aspektet vil eg kome tilbake til seinare i kapitlet.

Kring det første aspektet var ikkje dei reisande milde i omtalen. Dei var alle inne på kva årsakene til fattigdom og det bakstreverske botna i: det dreia seg om latskap, men ikkje minst kunnskapsløyse blant bøndene. Dei måtte få opplæring og verte introdusert for nyvinningar i dei ulike næringane. Maria Halle skriv at topografane meinte embetsmennene hadde i oppgåve å gi lærdom til bøndene.<sup>361</sup> Dette kan ein også sjå i reiseskildringane eg har undersøkt, men eg meiner kunnskap var noko dei reisande meinte var naudsynt på alle nivå: både blant husmenn, arbeidarar og bønder, men *også* for kjøpmenn, embetsmenn og styresmakter. Det ser dessutan ut til at dei reisande vanskeleg fekk til å eine kunnskap og opplysning med eit tankesett om maksimal kapital. Korleis kunne ein betre tilhøva og samtidig drive opplysning dersom styresmakter og kjøpmenn tenkte berre på mest mogleg profitt for eigen vinst?

Statleg finansiert utdanning var noko ein i større grad opna moglegheit for i opplysningstida ånd. Målet for auge var å auke kunnskapsnivået samt forbetre kvaliteten i dei ulike næringane. Dette føregjekk likevel ikkje i stort omfang.<sup>362</sup> I reiseskildringane har eg funne eit par eksempel på at undervisning vart gitt, då både Malthus og Clarke skreiv at gruvearbeidarane ved Kongsberg fekk undervisning nokre gongar i veka i kjemi, fysikk og mineralogi. Begge opplevde dette som positivt, og Clarke skreiv: «we felt, at the moment, an inward sense of shame for our own country, in which such studies have hitherto met with little encouragement». Vi har også sett at Thomson opplevde nett det motsette i Falungruvene i Sverige – at det ikkje fanst undervisning – og han kritiserte leiinga for at mineralsamlinga ikkje var tilgjengeleg for gruvearbeidarane.<sup>363</sup> Inglis på si side skreiv at styresmaktene burde opne opp for mekaniske lærestader i Noreg. Ved å få innsikt i det teoretiske ville ein samtidig kunne få interesse for å skape aukande produksjon. For Inglis såg dette ut til å vere så godt som fråverande i dei perifere områda i Noreg.

På 1700-talet vart det gjort forsøk på å opprette tekstilfabrikkar i Noreg. Tanken var at ein frigjorde seg frå å vere avhengig av importerte varer, i tillegg var dette ein manufaktur som i stor grad tok sikte på å sysselsetje fattige, samtidig som ein ønskja å auke kunnskapen om og

---

<sup>361</sup> Halle, 2009, s. 72.

<sup>362</sup> Hutchison, 2012, s. 53.

<sup>363</sup> Clarke, part 3. section 2., s. 65–66. Sjå også s. Thomson, 1812, s. 224.

ferdigheitene i handverket. Profitten var det heller dårlegare stilt med, men «their role in developing human capital and spreading knowledge of textile production was important», skriv Ragnhild Hutchison. Ho skriv vidare at forsøket på å drive fulltidssysseletjing i manufakturen auka tilgangen på varer, men førte til at kvaliteten vart dårlegare, som igjen – på sikt – førte til prisnedgang.<sup>364</sup>

Vi har sett at reisande i Noreg kritiserte den dårlege kvaliteten på handverksprodukt, og fleire etterspurte arbeidsdeling og spesialisering for at produkta skulle verte betre og dermed føre til større omsetting. Nett slik argumenterte også Adam Smith i 1776: Om arbeidet vart oppdelt slik at ein kvar fekk gjere det ein var best til å gjere og ved stadig gjentakning kunne gjere enda betre, ville ein kunne oppnå ein produksjon som også heva etterspurnaden, og dernest forbruksmoglegheitene til menneska. Alt grunnfest i eit strev etter lukke, komfort og nyting.<sup>365</sup>

Det var ein sterk kritikk av privilegium og monopol blant dei reisande, dei meinte dette reduserte moglegheitene til dei dårlegare stilte i samfunnet; bøndene og arbeidarane. Vi har sett at både Buch og Küttner fremma meir spesialisering i produksjonsfasen, og at nye varer burde verte meir tilgjengelege. Meir spesialisering hadde også mykje å seie for kvaliteten på produkta, då ville varene også verte konkurransedyktige. Tollforbod, monopol og privilegium fremma ikkje tryggleik, men skapte ein einsidig handel, og dyre varer. Når reisande på kortare opphald i Noreg og Sverige i så stor grad la merke til dette, må det vere ein indikasjon på kor mykje regulering som faktisk fann stad som vidare gjorde ei økonomisk utvikling vanskeleg og tungtrått.

Det meir liberale tankegodset til Adam Smith er med andre ord tydeleg i reiseskildringane. Medan Wollstonecraft, Clarke, Malthus og Buch legg noko av skulda for den manglande flittigheita og den seine utviklinga i Sverige og Noreg på klimatilhøva og det harde vinterhalvårets utfordringar, kan ein derimot hos Inglis sjå ein peikefinger som var retta mot den norske befolkninga generelt, der klima ikkje var medrekna som ein årsak til korleis tilhøva var:

---

<sup>364</sup> Hutchison, 2012, s. 54–55.

<sup>365</sup> «[I] den grad det er mulig med en arbeidsdeling, medfører denne en tilsvarende økning av arbeidets produktive krefter innenfor alle håndverk. Oppdelingen i forskjellige profesjoner og yrker er trolig kommet som en følge av denne fordelingen. Denne oppdelingen er også vanligvis mer fremtredende i land som har kommet lengst i forhold til industriutvikling og jordforbedringer: Det som er arbeid for én enkelt person i et primitivt samfunn, utføres vanligvis av flere personer i et mer utviklet samfunn». Smith, *Nasjonenes Velstand I*, 2012, s. 17. Sjå generelt Smiths bok 1 «Om årsaker til forbedret arbeidsproduktivitet, og om det systemet som ligger til grunn for hvordan arbeidsproduktet naturlig blir distribuert til de ulike klassene i samfunnet», i Smith, *Nasjonenes Velstand I*, s. 13–147. Sjå også Venborg Pedersen, 2013, s. 259.

The poverty of Norway is to be attributed neither to the climate nor to the deficient capabilities of soil, but to want of energy among the natives. They are certainly indolent in mind, and, particularly in the interior, remarkably obstinate, and averse from every species of improvement, or rather they despise it. The crops are bad, not I believe from the nature of the soil, but from want of energy in the husbandman. Weeds are not of themselves any proof of a bad soil, the richest soil, if left to nature, will produce the most abundant crop of weeds; in proportion in fact to the energy of the soil, will be the productiveness. It is only by the labour of cultivation, that the useful are substituted for the useless productions; but this labour, the Norwegian farmer does not employ; indolence and prejudice together stand in the way of improvement; he will neither take the trouble to clear the ground of stones, nor to clear and sift the seed which he throws into the ground; so that it would be a miracle were his grain crops better than they are, or his crop of weed less.<sup>366</sup>

«and averse from every species of improvement, or rather despise it» skreiv Inglis, ikkje var nordmenn berre uviljuge, dei *forakta* all form for betring. Slike ord er sterkt ladde, som igjen kan fortelje oss at Inglis engasjerte seg sterkt i tematikken. Mest sannsynleg provoserte det han at nordmenn ikkje kunne forstå sitt eige beste.

Vidare skreiv han om ein engelskmann som hadde vore i Drammen for å introdusere eit betre landbruksystem,<sup>367</sup> mottakinga hos befolkninga var derimot lunken:

[B]ut the greatest, or rather indeed insurmountable difficulties were experienced in the obstinacy and prejudice of the country people. It was in vain to speak to them of improvements, or tell them how things were managed in other countries; they would say, ‘O yes, such things may do very well in other countries, but they will never do in Norway’; and if asked why, they would assign a sufficient reason, that things have always been managed thus, their fathers did so before them, and it would never do for them to be making alterations.<sup>368</sup>

Inglis forklarte det heile med at dette var typisk bøndene sitt språk, eit språk som også var vanleg blant storbøndene. Det er lett å skulde på klima og jordsmonn, men i Noreg var mangelen på «a spirit of industry» ei meir korrekt forklaring på tilhøva. Andre stader der slike hinder var fråverande var også produksjonsnivået eit heilt anna, hevda Inglis vidare.

Alle var ikkje like kritiske som Inglis, som tidlegare nemnt meinte til dømes Buch at befolkninga i Hedmark var positive til å produsere meir spesialisert, og på den måten drive produksjon og ikkje alt kvar for seg på kvar sin gard. Kunnskap var inngangsporten til meir spesialisering og til fleire produkt på marknaden, som igjen ville gi høgare avkastning til dei som produserte.

---

<sup>366</sup> Inglis, 1829, s. 100–101.

<sup>367</sup> Ordet Inglis nytta var «system of husbandry».

<sup>368</sup> Inglis, 1829, s. 101.

## 6.3 Om forbruk

### Om den industriøse revolusjon – eit ønskje om ei individuelle lukke

På 1990-talet lanserte historikaren Jan de Vries teorien om den «industriøse revolusjon», som han nytta til å forklare intensiveringa av hushaldet kring marknadsretta arbeid og produksjon som var relatert til den aukande etterspurnaden etter marknadsbaserte varer og tenester.<sup>369</sup> Dette var endringane som føregjekk i hushalda og i den økonomiske åtferda i Europa og det koloniale Amerika i tidleg nytid (1650–1800). Sjølve omgrepet *industriøs* er synonymt med flittig eller verksam. De Vries meiner å kunne påvise at ein i større grad ønskja å evne og kunne utnytte si eiga arbeidskraft saman med resten av familien i eit større omfang enn gjennom det reint tradisjonelle sjølvbergingsarbeidet. Produksjonsnivået i hushalda med varer seld *til* andre, og konsumnivået i hushaldet med varer erverva *frå* andre, auka simultant.<sup>370</sup> Gjennom dette skjedde det ei økonomisk vekst, og bøndene var ikkje lenger berre produsentar, dei vart også forbrukarar. Dette, meinte de Vries, var forløparen til Den industrielle revolusjon – den industriøse revolusjon kan med andre ord kaste ljøs over den industrielle som altså ikkje var ei utvikling som brått og heilt utan forvarsel oppstod.<sup>371</sup>

De Vries peikar også på at både samtidige, men også seinare historikarar, stridast om moglegheitene for at ein kan hevda at ein industriøs revolusjon fann stad i tidleg nytid. På 1700-talet vart det stadig retta ein peikefinger mot arbeidsfolkets dovenskap, hjelpeløyse og ansvarsløyse. Dette fortel oss kva for haldningar ein hadde til bøndene og arbeidarane i perioden, og korleis ein ønskja at den einskilde skulle kjenne plassen sin i samfunnet.<sup>372</sup>

---

<sup>369</sup> De Vries, Jan. «Between purchasing power and the world of goods: understanding the household economy in early modern Europe», i: Pamela Sharpe (red.). *Women's Work. The English Experience 1650–1914*. London: Routledge, 1998, fotnote 65, s. 126.

<sup>370</sup> «where it can be identified as a *simultaneous* rise in the percentage of household production sold to others and a rise in the percentage of household consumption purchased from others». De Vries, 2008, s. 71.

<sup>371</sup> «[A] broad range of households made decisions that increased *both* the supply of marketed commodities and labor *and* the demand for goods offered in the marketplace. This combination of changes in household behavior constituted an 'industrious revolution'. Driven by a combination of commercial incentives (changes in relative prices, reduced transaction costs) and changes in tastes, this 'industrious revolution' emanating to a substantial degree from the aspirations of the family, preceded and prepared the way for the Industrial Revolution. This industrious revolution, a change in household behavior with important demand-side features, began in advance of the Industrial Revolution, a fundamentally supply-side phenomenon». De Vries meiner at det ikkje var eit individorientert nivå, ei heller dei store føretaka som stod i fokus under denne endringa i økonomisk åtferd; det var hushaldet, *det vesle familiære felleenskapet*, som var gjeldande. Familiane sikte meir på marknadsproduksjon, og overskotet vart omsett i etterspurnad etter nye produkt. Sjå de Vries, 1994, s. 255–256.

<sup>372</sup> «It functioned as part of an ideology that defined the working population's otherness and incapacity for self-governance. [...] What had served the original tellers as a trope to justify the subordination of the lesser orders because of their lack of self-control and weak spirit of improvement came to be used by 'moral economy' advocates as evidence of the precapitalist natural innocence of common folk». Sjå de Vries, 1994, s. 258.



Ifølgje Venborg Pedersen var Adam Smiths prosjekt meir ei samfunnslære enn ein økonomisk modell: målet var å stogge fattigdomen og fåkunna hos massane, for så å fremje velstand og moral. Smith meinte at skattesystemet også burde endrast, slik at ein ikkje skatta på det som vart produsert, eller etter formue, ein burde heller skatte etter forbruk: «Ikke mindst luksusforbrug burde beskattes, da det dels ville skabe store indtægter for landet, eftersom folk ville stræbe efter komfort og nydelse, dvs. Luksus. Også for Smith var spillet mellem nødvendighed og overflødighed et grundlæggende dilemma».<sup>373</sup>

I skandinavisk samanheng har fleire historikarar undersøkt om det skjedde ein industriøs revolusjon i hushalda.<sup>374</sup> Fleire har meint at dette var tilfelle. Varer både produsert lokalt og regionalt, samt utanlandske varer importert inn, var i aukande grad ein realitet. Fleire jobba meir for å kunne få eit overskot som ein igjen kunne nytte til innkjøp av andre produkt. Varene vart først tilgjengelege i byane, seinare på landsbygda. I tillegg var det eliten som først fekk tilgangen på og naut av luksusprodukt – eit tydeleg velstandsbilete av familiane Collett og Anker finn ein blant anna hos Clarke og Malthus – men ut over midten av 1700-talet fekk også andre samfunnsgrupper større tilgang. Historikar Leos Müller skriv: «Hela 1700-talets politisk-ekonomiska debatt präglades av kampen mellan den goda konsumtionen och det skadliga slöseriet eller frosseriet».<sup>375</sup> Då også i Sverige og Noreg. Varer som krydder, kaffi, te, vin og brennvin, sjokolade, tekstilar, steintøy, porselen, tobakk og bomull er eksempel på nye varer som kom utanfrå og som fleire fekk moglegheit til å eige. Og som nemnt; for å kunne skaffe seg slike produkt måtte ein ha eit overskot ein kunne handle for, og for å få eit overskot måtte ein sjølv produsere og selje unna meir. Konsum, og produksjon og handel var vekselverkande på kvarandre.

Slik som Halle vil eg ikkje spekulere i om det fann stad ein industriøs revolusjon eller ikkje i Noreg og Sverige. Korleis reisande såg og vurderte ein slik mogleg prosess som forbruket i Noreg og Sverige gjennomgikk, er meir interessant, samt om det er mogleg for oss å seie noko om kva som påverka vurderingane deira. Kan vi sjå vurderingar som fortel oss at nordmenn og svenskar intensiverte arbeidet sitt med ein tanke om å få eit overskot til å kjøpe

---

<sup>373</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 260–261.

<sup>374</sup> Sjå til dømes Maria Halles masteroppgåve, «Her er Qvindfolkene meget drivtige», 2009; Ragnhild Hutchisons doktoravhandling, *In the Doorway of Development*, 2012; Christer Ahlberger og Pia Lundqvist (red.). *Varans vägar och världar*, 2007; Pia Lundqvist, *Marknad på väg*, 2008; Müller, «Kolonialprodukter i svensk handel och konsumtionskultur», 2004; Leif Runefelt skriv om den merkantilistiske debatten på 1700-talet, «Från yppighets nytta til dygdens försvar – den frihetstida debatten om lyx», 2004. Gudrun Andersson og Klas Nyberg. *Kommers. Historiska handelsformer i Norden under 1700- och 1800-talen*. Uppsala: Swedish Science Press, 2010.

<sup>375</sup> Müller, 2004, s. 227.

varer og forbruksartiklar? Det er nettopp *i vurderingene* til dei reisande vi kan forstå om samtida hadde ei reflektert tilnærming til en slik industriøs revolusjon, eller om dette berre er et abstrakt, analytisk omgrep.

For det var fleire som fatta ei sterk interesse for materiell kultur og endringar i arbeidslivet i samtida, noko som ein kan finne spor av i romanar, dagbøker og essay, skriv de Vries. Og, som vi kan sjå i reiseskildringar frå perioden. De Vries nemner tekstar av Daniel Defoe, Arthur Young, Samuel Pepys og Bernard de Mandeville som skildra intensivt arbeid grunnfesta i eit begjær etter det ein vil definere som luksus.<sup>376</sup> Dette leiar oss vidare til eit av dei store diskusjonstema gjennom 1700-talet som vart kalla *luksusdebatten*.

### Om luksusdebatten

Kvifor oppstod det vi kan kalle ein luksusdebatt på 1700-talet?<sup>377</sup> Venborg Pedersen skriv at luksusdebatten var ein debatt om det meste, vidare skriv han at luksusdebatten var «både et svar på og en skaber af den efterhånden gennemgribende forestilling, at kirkens orden og de gamle fyrstesamfunds indretning burde ændres til samfund, som havde deres formål i det folk, som levede i dem».<sup>378</sup> Ein kan sjå det heile i samanheng med det vi nettopp har vore inne på, nemleg at varemarknaden gjennom 1700-talet auka både i omfang og i mengd. I Noreg og Sverige, som i Storbritannia og Europa elles, oppstod debatten fordi det kom ein reaksjon på den raskt veksande konsumpsjonen, ikkje minst av kolonialvarer.

Det skjedde altså endringar i åtfærd og handling, som vidare førte til ulike syn på den endra hushaldsøkonomien og kjøpetrongen som ramma «alle». *Luksus* var i lang tid assosiert med noko framand; det utanlandske og eksotiske.<sup>379</sup> Mykje botna i at varer som kom frå fjerne strok gjerne var sjeldne og vanskelege å få tak i, samtidig som det ikkje var mogleg å produsere liknande av råvarene ein hadde heime. Ved å tileigne seg desse varene skapte ein eit attraktivt symbol ovanfor dei ein hadde rundt seg; med andre ord fekk vara verdi ikkje

---

<sup>376</sup> De Vries, 1994, s. 258–259.

<sup>377</sup> Luksus har alltid vore ein debatt: «Overdådighedens rædselsvækkende følger udmaledes med stor energi. Intet begreb er blevet mer udførligt beskrevet og analyseret end dette. Overdådigheden er som en rød tråd, der går gennem den økonomiske litteratur – og det endda uden at der overhovedet tages stilling til de moralske konsekvenser. Overdådigheden er det økonomiske samfunds værste fiende.» Sjå Erik Oxenbøll. *Dansk økonomisk tænkning, 1700–1770*. København: Universitetsforlaget, Akademisk Forlag, 1977, s. 68.

<sup>378</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 240, s. 258.

<sup>379</sup> I ordboka er luksus synonymt med «ovlivnad» eller «overdriven prakt». *Ordnett*, s.v. «luksus». 05.05.2014. <http://ordnett.no/search?search=luksus&lang=no>.

berre i kostnad, men også i ein sosial kontekst – ho kunne vere med på å definere personen som åtte vara.<sup>380</sup>

Sjølv debatten dreia seg om ulike haldningar kring kva den nye forma for luksus førte med seg, og kva for påverknad han hadde på befolkninga generelt. Kva for haldningar ein hadde til luksus, og kva eit overdådig forbruk gjorde med mennesket var også noko ein forsøkte å svare på så tidlig som i Antikken, men i tidleg nytid fekk luksus ei ny tyding – eit nytt uttrykk – no dreia debatten seg om luksus gjennom handel, nytte, smak og komfort. Luksusartiklar hadde også nådd fleire mottakarar enn dei kondisjonerte.<sup>381</sup> Jan de Vries, samt Berg og Eger meiner det heile tok til idet Bernard de Mandeville gav ut diktet «Fables of the Bees» i 1705. Reaksjonane kom raskt etter publisering, då Mandeville på provoserande vis argumenterte for at luksus var ein allmenn fordel og vidare at alle menn og kvinner «are by nature self-interested pleasure-seeking and vain», og med dette søker luksusgode for å tilfredsstille desse behova. Og nettopp fordi desse behova måtte verte tilfredsstilt gjennom å tileigne seg luksusvarer, stimulerte det handelsverksemda i inn- og utland og sysselsette på den måten også fleire menneske enn tidlegare.<sup>382</sup>

Mykje av debatten som følgde dreia seg om korleis ein definerte omgrepet luksus.<sup>383</sup> Venborg Pedersen skriv om korleis behov er noko som endrar seg over tid, og korleis det derfor er vanskeleg for oss å seie noko om kva dei typiske behova var i tidleg nytid. At menneske fekk eit ønskje om å eige gjenstandar utan særskilte funksjonar i det daglege virke, er eit trekk som vart typisk ut over 1700-talet. At ein derfor fekk *behov* for dette, var drivkraft nok i seg sjølv til å faktisk skaffe seg det. Behovet botna gjerne i ein gjenstands sosiale verdi. Eit «iaugefallande forbruk» hadde eksistert hos dei betrestilte, kongelege og adelege på kontinentet i lang tid, det som skjedde for alvor ut over 1700-talet var at alle samfunnslag vart ein del av denne kulturen.<sup>384</sup> Ein kvar på sitt vis, og etter sine evner.<sup>385</sup> Diskusjonen i hundreåret handla om ei førestilling om at ein vart meir arbeidsam idet ein hadde som

---

<sup>380</sup> Berg og Eger, 2003, s. 8–9, s. 11ff.

<sup>381</sup> Berg og Eger skriv om eit skilje mellom ny og gamal luksus, eller moderne og fortidig luksus: «New luxuries were created out of the division of labour and the expansion of commerce, in contrast to old luxuries, which relied on excessive displays of large bodies of retainers. The luxury of aristocratic profligacy and associations with wealth, status and power shifted to a discussion of commerce, utility, taste and comfort. The language of luxury evolved to redefine 'excess' as 'surplus', 'vanity' as 'refinement'.» Berg og Eger, 2003, s. 9.

<sup>382</sup> Berg og Eger, 2003, s. 10; de Vries, 1994, s. 258–259.

<sup>383</sup> Fleire hundre engasjerte seg i dette, skriv Berg og Eger, og det kom ut alt frå polemiske pamflettar til politiske teoriar, balladar og episk diktning, politisk journalistikk og romanar. Kjente namn gjorde seg gjeldande og ikkje berre britiske; Melon, Montesquieu, Diderot og Rousseau for å nemne nokon. Sjå Berg og Eger, 2003, s. 10–11.

<sup>384</sup> Ordet kjem frå «conspicuous consumption», sjå til dømes Mason, 1998.

<sup>385</sup> Venborg Pedersen, «Luksusdebatten», 2013, s. 242–268.

motivasjon eit oppelda behov for varer, som de Vries skriv: «so that the carrot rather than the stick would suffice to elicit greater effort.»<sup>386</sup>

Korleis utvikla tilnærminga til luksus og forbruk seg mot slutten av hundreåret og inn i det nye? Behov endra seg, slik Venborg Pedersen skriv, og det kan sjå ut til at mange varer fall etter kvart inn i kategorien naudsynt i staden for luksusgode. Det vert til dømes hevda at bruken av sukker i Storbritannia vart så vanleg gjennom 1700-talet, at ein etter kvart gjekk meir mot å sjå på sukkeret som ein naudsynt og heilt naturleg del av konsumet til både høg og låg.<sup>387</sup> Kanskje vert dette spegla i reiseskildringane også?

Dei reisande skriv ikkje særskilt detaljert om forbruket som dei måtte ha sett medan dei var i Sverige og Noreg. Noko av forklaringa kan vere at mykje av det forbruket dei såg ikkje var reint ulikt det som i Tyskland eller Storbritannia vart sett på som naudsynte og vanlege varer. Med andre ord daglegdags varer, og ikkje så interessant å kommentere for ein lesarskare som ikkje opplevde dette som annleis og spennande. Drakk ikkje ein kvar i England te kring år 1800? På den andre sida vart skildringar om forbruk gjerne teke inn i ein større samanheng, til dømes som uttrykk for uvitskap og forfengelegheit, utan at vi av den grunn finn mange direkte negative vurderingar om konsum blant svenskar og nordmenn.

Vi har i alle høve sett den same diffuse grensa mellom kva som var naudsynt og kva som var overflødig i reiseskildringane. Til dømes har vi sett korleis Buch under opphaldet i Christiania skreiv mest som i eit utbrot: «How many conveniences, nay, almost necessities of life, they can now have in exchange for their produce, to which formerly they were strangers!»<sup>388</sup> Buch reflekterte med andre ord over korleis varer hadde gått frå å vere komfortprodukt, til å faktisk kategoriserast som naudsynte varer. På om lag same vis har vi sett Thomson kritisere korleis den einaste effekten til det merkantile handelssystemet var at den vanlege svenske innbyggjar vart tvungen til å betale ein altfor høg pris for varer som var – med Thomsons ord – *uunnverleg naudsynt*.

---

<sup>386</sup> De Vries, 1994, s. 259.

<sup>387</sup> Mintz, Sidney W., *Sweetness and Power. The Place of Sugar in Modern History*, s. 118–121. Mintz skriv om korleis søt te vart ein dagleg del også blant arbeidarane, som fann sukker som ein god kjelde til raske karbohydrat og energi. Eit auka forbruk av sukker fekk mykje å seie i den veksande vestlege industrialiserte verda. For handelsmenn og kolonialistar vart sukker eit maktmiddel. På midten av 1800-talet uttrykte sukkeragenten George R. Porter: «Without being one of the absolute necessities of life, long habit has in this country led almost every class to the daily use of it, so that there is no people in Europe by whom it is consumed to anything like the same extent.» Sjå Mintz, 1985, s. 174.

<sup>388</sup> Buch, 1813, s. 32.

Alkoholkonsumet har vi sett vart opplevd som eit problem blant fleire. Å nyte alkohol vart stadig større eit sosialt problem, enn luksus. Dette kan vi kanskje sjå mest tydeleg hos dei som reiste i krisetider, kring midten av 1700-talet og fram mot 1830: Vi har sett eksempel på dette hos både Inglis, Latham og Thomson. Dyrka mark vart nytta til produksjon av råstoff til alkohol og tobakk i krisetider. Vi har sett korleis Inglis kritiserte produksjonen av brennevin «Which wastes the produce of the land without creating any return, excepting one that is positively prejudicial to health».<sup>389</sup> Destillering av brennevin var sett på som eit stort problem i Noreg, særskilt etter at produksjon og sal av brennevin vart friggitt i 1816. Inglis kom ofte tilbake til alkoholproblematikken i reiseskildringa. Han skreiv vidare: «were it not for this wasteful consumption» kunne ein ha brukt god dyrkamark til å produsere korn for marknadsal. Tapet av innkøst «is almost incredible».<sup>390</sup>

Kritikk av kaffi og te finn ein derimot færre eksempel på, bortsett frå kanskje det mest kraftfulle utbrotet, dette også skildra av Inglis: Han skreiv om korleis kvinner heller lét barna gå i filler, for å kunne få drikke kaffi. Han opplevde dette som dårleg dømekraft.

Var altså luksusdebatten framleis aktuell ved inngangen til 1800-talet og i tiåra som følgde, eller hadde eit stadig meir utbreidd forbruksmønster stilna diskusjonen? Glenthøj meiner at mykje tyder på at luksuskritikken vart revitalisert av Napoleonskrigane,<sup>391</sup> om enn kanskje ikkje med like dystopisk innhald som før. Luksusdebatten stod framleis kring korleis komfortvarer gav eit bestemt uttrykk – var ein statusmarkør – for eit *iaugefallande forbruk*. Ein frykta framleis eit moralsk forfall blant befolkninga. Med krigsåra hadde i så måte sitt å seie for at debatten blussa opp på ny, om enn han ikkje var den einaste forklaringa.

Til dømes var Inglis' kritikk av kaffidrikkande kvinner mest sannsynleg skrive kring 1820, kritikken dreia seg tydeleg om eit moralsk forfall på kostnad av barna. Evju skriv om kritikken av handelsånda som kom i kjølvatnet av krigen, der Evju meiner ho var skuldig i at handelsmennene rørte seg i eit moralsk grenseland. Handel i seg sjølv vart tolka som moralsk suspekt. Egoismen kunne raskt overvinne ein kvar som innlét seg i handelsverksemda, og dermed gå ut over fellesskapet. Venborg Pedersen skriv at debatten endra innhald i løpet av 1700-talet, der forboda mot luksusartiklar i mindre grad vart relatert til forfall og umoral, med

---

<sup>389</sup> Inglis, 1829, s. 102.

<sup>390</sup> Inglis, 1829, s. 102.

<sup>391</sup> Glenthøj, *Skilsmissen. Dansk og norsk identitet før og efter 1814*, 2012, s. 127–140. Sjå også Evju, «Velstandens forbannelser», 2013, s. 68.

rettigheitar berre etter stand og formue, til ein meir økonomisk fundert tankegang.<sup>392</sup> Pedersen, samt Berg og Eger, skriv at forbruk rørte seg frå velstand, status og makt til handel, nyttetenking, smak og komfort.<sup>393</sup> Frå overflod og forfengelegheit til overskot og forfining. Dette var tilfelle til godt ut på 1800-talet, men då med ein bevisst kunnskapsbasert forbrukstanke som grunnlag. Handelsånd måtte ikkje stå åleine, det måtte vere i samspel med kunnskap, og ikkje minst; det gjaldt å ha eit heiderleg hjarte.<sup>394</sup> Det er nettopp vurderingar om ærlegdom i handelen vi ser hos dei reisande.

Dei patriotiske selskapa som oppstod i kjølvatn av Napoleonskrigane forsvann sakte men sikkert, etter nokre år eller dei endra innhald.<sup>395</sup> Skeptisisme mot framande varer og luksus varte til nokre år etter krigen, men så vendte derimot befolkninga tilbake til «deres tidlige ødselhed og lyst til det fremmede til skade for de indenlandske fabrikker».<sup>396</sup> Igjen vart ein utsett for britisk varekonkurranse. Evna til å stå i mot slik konkurranse har vi sett i reiseskildringane var vanskeleg, både før og etter krigen. Trass i at eldsjeler blant anna i Noreg stilte seg kritiske til utanlandsk luksus, var det eit faktum, også dette illustrert av dei reisande, at framande – britiske så vel som koloniale – varer hadde kome for å bli.

### **Kunnskap, patriotisme og moral som grunnlag for klokt forbruk**

Som nemnt tidlegare i kapitlet kan ein etter mi meining sjå ei tosidig tilnærming til kunnskap; ein retta mot kunnskap i produksjonsverksemd, og ei i høve forbruk. Kunnskap og ei kritisk haldning ser ut til å vere eit kriterium dei reisande meinte var heilt naudsynt for eit fornuftig forbruk. Ingen av dei reisande stilte seg ikkje negative til forbruk – ei heller av den meir luksuriøse sorten – så lenge ein hadde ei reflektert tilnærming til det.

Wollstonecraft nytta omgrepet *kremmarånd*, eit ord som i ordboka vert forklart som «sterkt materialistisk, smålig eller grådig innstilling».<sup>397</sup> Handelsånda som Evju skriv om kan minne om kremmarånda som Wollstonecraft kritiserte, særskilt medan ho var i Christiania. For Wollstonecraft dreia kremmarånd seg om falsk stordom og sjeleleg trongsyn – altså eit behov

---

<sup>392</sup> Dette til trass for at innbyggjarar i Sverige stadig vart pålagd nye kaffiforbord, og det opptil fleire gongar i løpet av hundreåret.

<sup>393</sup> Venborg Pedersen, 2013, s. 244; Berg og Eger, 2003, s. 9.

<sup>394</sup> Evju, 2013, s. 64–65. Evjus artikkel tek blant anna opp embetsmenns kritikk og skepsis til handelsverksemda til kjøpmennene. Om kor råka norsk økonomi og samfunn vart av krigføring, ikkje minst grunna den låge produksjonen av korn i landet, der import hadde vorte heilt naudsynt, ikkje minst på Austlandet.

<sup>395</sup> Som Glenthøj skriv: «Selskab for Norges Vel længe førte en henslumrende tilværelse [etter freden]. Dette skyldes ikke kun økonomisk og mental træthed, men også at selskabet havde sejret sig i hjel. Det havde stræbt efter at være en norsk skyggeregering, der kastede sig ind på stort set alle felter af samfundslivet.», sjå Glenthøj, 2010, s. 89.

<sup>396</sup> Glenthøj, 2010, s. 89.

<sup>397</sup> *Nynorskordboka*, s.v. «kremmerånd». 11.10.2013. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=kremmer%C3%A5nd&begge=+&ordbok=begge>.

for iaugefallande forbruk, som Wollstonecraft meint var uttrykt gjennom prangande husfasadar i Christiania. Wollstonecraft var i Skandinavia før krigføringa til Napoleon tok til og problema i Norden var eit faktum, så kritikken mot kremmarånda kom kanskje tidleg. Likevel må ein hugse at ho kom frå eit turbulent Frankrike, der ho mest sannsynleg hadde sett store klasseskilnader og det prangande forbruket til kongemakta. Ein skulle kanskje tru Wollstonecraft ville skrive meir om kvinnes tilhøve i Norden, men vi har sett at ho i vel så stor grad var oppteken av samfunnsånda: Om ein fekk eit overskot ved å vere flittig var dette positivt, men at ein måtte vakte seg for den sjølvopptekne sløsinga. Ifølgje Wollstonecraft var sjølvoppteken sløsing ei fallgruve, der ein fort gløymte å drive fram kunnskap og framsteg, noko som var heilt naudsynt dersom ein skulle oppnå utvikling. Ein måtte oppretthalde gruppemoralen for at ein skulle kunne halde i hevd ei form for balanse.

Buch skildra korleis dei som dreiv med utanlandshandel var rikare, finare og meir danna, men sidan krigen hadde ført til blokade var deira område av byen prega av stillstand. Buch såg derimot at dei bydelane i hovudstaden som dreiv med innanlandshandel og marknader framleis var prega av liv og rørsle. Dette var teikn på framgang og kultivering, meinte Buch. Han stilte vidare spørsmål om kontakt med omverda førte til eit tap av nasjonalkarakteren. Buch meinte at med kunnskap og opplysning ville ikkje befolkninga – uansett klasses tilhøyre – stille seg blåøygde til varer utanfrå, men vere kritiske til kva dei hadde nytte og glede av. Snakkar ikkje også Buch om ei form for balanse?

På same vis har vi sett hos Clarke at ein gjerne tapte samfunnsånda idet ingen følte eit personleg ansvar i arbeidsliv og produksjon. Når kongen og styresmakter sat på eigedom og rettigheitar ville ein oppleve eit moralsk forfall: underslag, sløseri og tjuveri. Ein måtte ikkje halde igjen drivkrafta i overskot og varehandel hos arbeidar og bonde. Ved å gi dei meir spelerom og rettigheitar ville også forbrukarmoralen auke. Vi har også sett at Küttner kritiserte forbodet mot import av framande varer, som gjekk ut over moralen ved at befolkninga nytta smugling til å likevel skaffe seg utanlandske varer. Vidare har vi sett at Küttner lovprisa Wedgwood-porselenet som var mogleg for både «rich and poor, from one end of Europe to the other» å få tak i, og skildra vidare kor vanleg det var å finne porselen i Sverige.

Eit anna sentralt trekk ved forbruk og moral var dette med det patriotiske samspelet. Som vi har sett hos Evju vart ein særskilt under krigsåra og tida etter oppteken av å halde ei patriotisk glød, kornmangelen var eit tydeleg og katastrofalt uttrykk for å fokusere på sitt eige og på dei

moglegheitene ein hadde til å produsere i eige land. Hos dei reisande har eg ikkje funne særskilte trekk for framsnakk av ein meir proteksjonistisk samfunnsmodell. Men viktigheita av nasjonal stoltheit, og patriotisme er likevel viktige samfunnstrekk, blant anna har vi sett dette hos dei tyske reisande. Vi har sett at Buch meinte at Trondheim overgjeikk Christiania og Bergen, nett ved at trønderstaden var sterkare knytt til Noreg som nasjon; ei meir ekte patriotisme og folkeleg ånd i befolkninga. Samanlikna med dei andre to handelsbyane i Noreg var Trondheim mindre avhengig av utlandet, men var meir sterke i si nasjonalkjensle. Slik vart dei også meir kritiske.

Tydlege eksempel på tankelaust forbruk har vi sett hos Clarke. I skildringane finn vi kritikk av glorete og prangande fargar, med blomstrande vegg- og sengeteppe i Sverige. Clarke meinte at god økonomi og flittigheit ikkje var synonymt med god smak, ei kanskje heller eit fornuftig forbruk. I Noreg fann han mindre glorete fargar og blommar, men desto meir jugl, då gjerne kjøpt av utanlandske handelsmenn. Idet Clarke skriv om varer som minna han om *Good old times* i Storbritannia kan det sjå ut til at han meinte produkt av god kvalitet og utan eit prangande uttrykk. Produkt av dårleg kvalitet til sals for ein altfor høg pris var ikkje skildra som noko positivt hos Clarke. Kanskje fann han det kritikkverdig å selje nordmenn og svenskar dårlege produkt som dei opplevde som eksklusive luksusartiklar? Liten tvil er det at nytta av kunnskap til sjølv utanlandske varer, og ei kritisk haldning til desse var viktig å få inn i norsk og svensk tankegang, ikkje minst hos arbeidarar og bønder i Norden. Clarke kritiserer til dømes svenskane sin bruk av sukker som for han verka heilt medvitslaus; dei sukra det meste, til og med søt rieslingvin. Samtidig gjorde Clarke narr av overklassa sine luksusvaner blant anna då han kritiserte kvinnene i Christiania si hang til britisk mote. Heilt tankelaust lét dei seg styre av kva som vart fortald og presentert som siste mote frå London. Kor lett var det ikkje å lure dei, skreiv han.

### **Frå overflod til overskot, frå forfengelegheit til forfining<sup>398</sup>**

Så var kanskje idealet nettopp rørsla frå overflod til overskot, frå forfengelegheit til forfining, som Berg og Eger skriv om, og som også Venberg Pedersen diskuterer. Historikar John Crowley skriv at Malthus i *An Essay on the Principle of Population* skreiv om kor vanskeleg det var å skape eit skarpt skilje mellom det naudsynte og det luksuriøse. Ein måtte derfor ha ei form for aksept for det populære forbruksmønsteret.<sup>399</sup> Etter Europareisa reviderte Malthus *An*

---

<sup>398</sup> Berg og Eger, 2003, s. 9.

<sup>399</sup> Malthus' arbeid representerte «[T]he impossibility of precise distinctions between necessity and luxury, the acceptance of popular consumption patterns, the philanthropic impulse to establish minimal entitlements to comfort, and the demonstrability of respectable family life by comfortable domestic environments». John



*Essay on the Principle of Population* etter observasjonane han hadde gjort i utlandet. Han skreiv: «[T]hroughout a very large class of people [in Britain], a decided taste for the conveniences and *comforts* of life, a strong desire of bettering their condition, that master-spring of public prosperity, and, in consequence, a most laudable spirit of industry and foresight, are observed to prevail».<sup>400</sup> Alle burde, uansett samfunnslag, ha tilgang på eit minimum av varer og gode, for det var ikkje snakk om luksusvarer berre til eit fåtal lenger. Mange varer hadde fått eit endra symbolsk innhald, og vart rekna som naudsynt.

Samtidig var det i praksis framleis vanskeleg å forstå den sosiale markøren til mange av dei ulike varene. Vi har til dømes sett korleis Clarke opplevde negerstatuane på Røros som eit utviklingstrekk, altså som noko positivt. Likevel må figurane ha vore vel så prangande som mykje av det andre Clarke kritiserte som glorete og unyttig. Og nettopp kor denne overgangen var – mellom det glorete og sløsende på den eine sida, og det som var utviklingstrekk og eit naudsynt kvardagsgode – ser generelt ut til å vere vanskeleg å tolke, også for dei reisande.

Halle skriv at det er interessant å sjå korleis både menn og kvinner vart skildra som ivrige forbrukarar i den topografiske litteraturen, og at det ikkje var så mykje eit problem kven som kjøpte, men *kva* som vart kjøpt.<sup>401</sup> Halle har funne eksempel på det topografane kalla «en stor Hob unyttig stas», som allmugen drog til byane for å kjøpe. Dette var gjerne utanlandske varer, som vart sett på som unyttige.<sup>402</sup> På same måte som Halle ser det ut til at både topografane og dei reisande opplevde *varene* som problemet, samtidig var det eit problem at allmugen hadde manglande kunnskap som bidrog til at dei kjøpte unyttige gjenstandar. Det var derimot ikkje eit problem kven som kjøpte, eller at folk i det heile kjøpte seg ting. I skildringane kan det i tillegg sjå ut til at dei reisande hadde Napoleonskrigane i tankane når dei vurderte forbruket dei såg, dei fleste skildringane var jo også gjeven ut etter krigens utbrot og der nedgangstidene var eit faktum.

Håkon Evju skriv om korleis ein i dei politiske og økonomiske kriseåra frå og med 1807 oppstod ei idéutforming blant enkelte: Etter mange gode år, opplevde mange ein slik kriseperiode som ei straff for luksuslivet ein hadde ført, og ei åtvaring om sosialt og kulturelt forfall i Noreg. At dei britiske og tyske reisande sakna eit fornuftig og kritisk tankesett kring

---

Crowley. «From Luxury to Comfort and Back Again: Landscape Architecture and the Cottage in Britain and America», i: Maxine Berg og Elizabeth Eger. *Luxury in the Eighteenth Century*. New York: Palgrave Macmillan, 2003, s. 146.

<sup>400</sup> Sitatet er henta frå *An Essay on the Principle of Population*, og sitert i Crowley, 2003, s. 146.

<sup>401</sup> Halle, 2009, s. 91.

<sup>402</sup> Halle, 2009, s. 91.

kva ein skaffa seg, og kva ein nytta pengar på kan etter mi meining nettopp vere ei etterdønning frå krigen. Kanskje var det derfor dei reisande såg utanlandske varer som eit problem dersom dei vart nytta medvitslaust.

#### 6.4 Oppsummering

Eg meiner at undersøkingane av dei åtte reisande sine vurderingar mellom 1795–1833 gir oss eit bilete av ei gruppe som fremja kunnskap som det heilt grunnleggjande for nordmenn og svenskars arbeidstilhøve og arbeidsmoral, og ikkje minst forbruksvaner. Kritikkk mot forbruk botnar ikkje så mykje i sløseri og moralsk forfall i seg sjølv, for gjennom eit medviten forbruk kunne sjølv luksusprodukt, uansett samfunnslag, vere uproblematisk. Idet ein ikkje hadde ei grunnleggjande kritisk haldning til forbruket ville derimot det moralske forfallet vere eit nærliggjande faktum.

Vidare viser alle dei reisande eit meir liberalt tankesett – lik Smiths samfunnslære – enn ein meir proteksjonistisk variant. Dette er ikkje overraskande, då dei reisande kom frå handelsmakta Storbritannia eller frå tyske statar, der eit liberalt økonomisk tankesett var naudsynt for å drive storstilt handelsverksemd elles i verda. Kritikken mot styresmaktene og kongemakta botna i at befolkninga ikkje fekk dei moglegheitene, og derfor verte late og uverksame med alle restriksjonar og forbod som haldt dei att.

Samtidig vaks det fram ein patriotisme – og seinare ein romantisk nasjonalisme – som gjerne hadde ei proteksjonistisk haldning til handel og forbruk som eit grunnprinsipp. Ikkje minst krig og krisetider påverka dette tankesettet. Dei reisande, som Buch og Latham, fremma ein nasjonalkarakter eller nasjonale særtrekk som viktig; alt i alt kan det sjå ut til at kunnskap, kritiske haldningar og stoltheit også her var eit viktig grunnlag i møte med ytre påverknad gjennom handelsverksemd.

## 7. Avslutning

I denne oppgåva har eg undersøkt dei reisande sine vurderingar innanfor eitt område: vurderingar av marknadsretta produksjon og forbruk i gruver, verk, tømmerdrift og fiske, tekstilar og anna handverk. Tidlegare forskning har hatt eit langt større og meir omfattande perspektiv på kva dei reisande vurderte generelt, for både Barton, Fjågesund og Symes, Davies, Povlsen og Rogan har vore interessert i vurderingane til dei reisande. Arbeidet mitt vil likevel vere eit supplement i forskinga på reiseskildringar ved å tilføre kunnskap på eit avgrensa område: Vurderingar av marknadsretta produksjon og forbruk i gruver og verk, tømmerdrift og fiske, samt tekstilar og anna handverk i perioden 1795–1833.

Å studere reiseskildringar i det tidsrommet eg har valt gir eit nytt perspektiv: Barton har fokusert på overgangen frå opplysningstidas reisande til den stadig meir typisk romantiske reisande: «The ‘philosophic’ increasingly gives way during these years to the ‘sentimental’ and the ‘picturesque’». <sup>403</sup> Barton byrjar med reisande alt frå 1765, og stoggar med dei som reiste i 1815, der han har eit tydeleg fokus på den romantiske strøyminga som byrja å feste seg i den europeiske mentaliteten. Eg meiner at undersøkingar mine – som går fram til 1833 – viser at periodane gjekk meir *i* kvarandre enn at dei gjekk frå det eine *over* i noko anna: I mitt arbeid har eg sett romantiske innslag i dei tidlegaste skildringane, og like fullt typiske filosoferande «opplysningstidtankar» i dei seinaste. Samtidig er publikasjonstidspunkt viktig for korleis vi forstår vurderingane. Fleire av dei reisande var vitne til samfunnsendingar og krigføring frå tida reisa vart teken til sjølve skildringa kom ut.

Interessa mi har vore reisande sine vurderingar av marknadsretta produksjon og forbruk i typiske produksjonseiningar som var retta mot ein marknad. Å velje denne typen produksjon var med tanke på samtidas debatt om den meir produserande allmugen som retta seg mot eit marknad, der det å kunne skaffe seg nye former for nyttingsprodukt av overskotet var ein indre drivkraft – med andre ord ein industriøs revolusjon. Dei reisande var dessutan hovudsakleg embetsmenn og medlemmar av overklassa i sine respektive heimland, og var derfor den gruppa som gjerne stilte seg kritiske til det endra produksjons- og forbruksmønstret som vaks fram på 1700-talet. Samtidig var dei interesserte i å sjå produksjonseiningar som dei sjølv kjende til, og som landet dei kom frå hadde nytte av. Ikkje minst påverka den industrielle revolusjonen – som føregjekk for fullt i Storbritannia – interessa for å sjå andre lands

---

<sup>403</sup> Barton, 1998, s. 168.

produksjon og forbruk, ikkje minst i nettopp gruver, verk, tømmerverksemd og fiske, tekstilar og handverk.

Innleiingsvis stilte eg fleire spørsmål. Somme var tematiske, som retta seg mot vurderingar gjort av reisande kring marknadsretta produksjon og forbruk, korleis dei oppfatta individet og korleis *vurderingane* deira vart uttrykt. Vidare stilte eg sjangerspesifikke spørsmål, der eg har diskutert reiseskildringane opp mot den topografiske litteraturen som blant anna Maria Halle har undersøkt. Vidare har eg stilt spørsmål om det er mogleg å sjå fellestrekk mellom funna mine og Halles.

### **Vurderingar av produksjon og forbruk**

Dei reisande sine vurderingar kring produksjon har i stor grad handla om kvalitet, kunnskap, privilegie-samfunnet og nyskaping. Vurderingane gir ikkje noko negativt bilete av at Sverige og Noreg var på veg mot ein meir marknadsretta produksjons- og handelsverksemd i seg sjølv. Dei negative vurderingane deira dreia seg meir om tungvinte framstillingsmåtar og negative haldningar blant allmugen, samtidig som dei kritiserte styresmaktene sine restriksjonar og reguleringar ovanfor befolkninga, og vidare deira manglande engasjement for nyskaping og effektivisering. Det at befolkninga produserte for å oppnå eit overskot som dei nytta til å kjøpe varer til seg sjølv ser ikkje ut til å ha vore eit problem etter vurderingane å døme. Etter mi meining har Adam Smith og hans teoriar om ei liberalistisk økonomisk styring som grunnlag for utvikling vorte spegla i reiselitteraturen.

Vurderingane kring forbruk er heller ikkje negativt ladde i høve at allmugen skaffa seg ulike varer og gode som dei ikkje hadde hatt tilgang på tidlegare. Kritikken som ein derimot finn dreia seg meir om *vara* enn om kjøparen. Det kan sjå ut til at ein kvar som hadde eit tankelaust forbruk – fattig som rik – stod i fare for å tape både moral og samfunnsånd. Vi har sett eksempel på at allmugen vart oppfatta som den gruppa som var mest «svake» for dei nye produkta, men funna er elles så lite knytt til samfunnsgruppe at det er vanskeleg å sjå noko reint eintydig blant dei reisande. Overordna ser det likevel ut til at dei reisande etterspurde forbruk grunnfest i kunnskap, nett som vurderingane av den marknadsretta produksjonen.

Éi av utfordringane i vurderingane av vurderingane har vore det å kunne peike på om dei har endra innhald eller ikkje. Fleire av skildringane vart given ut ei god tid etter sjølve reisa, som kunne vere avgjerande for at ein vurderte annleis enn det ein kanskje først gjorde. I tillegg var den romantiske blomstringa noko meir synleg i dei seinaste skildringane, idet dei reisande sitt prosjekt i større grad var å oppdage det fredelege og ekte i Norden før nokon andre kom og

forstyrra ho, slik Fjågesund og Symes treffande skriv.<sup>404</sup> Derfor kan ein sjå fleire skildringar av naturen, enn om produksjonen.

For dei reisande handla kanskje reisa i vel så stor grad om å forstå seg sjølv som det å forstå nordmenn og svenskar. Hundreårskiftet var ei brytningstid, der ein i vel så stor grad såg bakover mot det enkle, som ein såg framover mot moglegheitene og nyvinningar.<sup>405</sup> Etter mi meining er det ikkje dei store skilnadene å finne i vurderingane. Marknadsretta produksjon vart sett på som viktig og naudsynt, og kritikken kring kunnskapsmangel og manglande drivkraft er å sjå hos dei alle. På same vis meiner eg vi kan sjå positive vurderingar av forbruk, så lenge befolkninga hadde ei medviten tilnærming til det som forbrukar. Når det gjeld mengd vurderingar er desse ulike blant dei reisande, og det uavhengig av reiseår. Men reaksjonar på styresmaktene sine reguleringar og restriksjonar vert kritisert like fullt i dei seinaste skildringane som i dei tidlegaste.

### **Sjangermessige spørsmål. Reiseskildringane og den topografiske litteraturen**

Undersøkingane til Halle og meg syner mykje av det same. Trass i sjangerskilnadene – som eg skreiv om i kapittel 2 – kan vi sjå at både britiske og tyske reisande i perioden 1795–1833 og topografane som reiste mellom 1750–1800, vurderte mykje av det dei såg på same måte. Den mest merkbare skilnaden dreier seg om dei reisande sitt blikk «utanfrå», medan topografane hadde meir eit blikk «innanfrå». Halle skriv at topografane var positive til auka innanlandsproduksjon, men derimot meir negative til varer utanfrå. Topografane var embetsmenn frå Sverige og Noreg, og det er kanskje ikkje så rart at dei var meir skeptiske til varer utanfrå enn britiske og tyske reisande som opplevde heimlandet som eit føregangsland for andre. Det dei reisande var negative til når det gjaldt utanlandske forbruksvarer var for det første varer som til dømes var øydeleggjande for det patriotiske prosjektet – altså gjekk ut over nasjonalkjensla. For det andre kan vi sjå negative vurderingar til britiske varer der produsentens hovudmål var profitt og ikkje kvalitet. Etter mi meining var dette noko fleire av de reisande såg på som ei form for forfall av yrkesstoltheit.

Trass i at topografane ikkje opplevde forbrukarane som eit problem, var derimot varene det, skriv Halle.<sup>406</sup> Etter mi meining er dette noko av det same som vi finn hos dei reisande. Det ser ut til at dei reisande hadde ei stor tiltru – og nesten eit krav om – kunnskap og danning som avgjerande for korleis ein skulle få eit reflektert forbruk. Noko som også spegla

---

<sup>404</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 46.

<sup>405</sup> Fjågesund og Symes, 2003, s. 32.

<sup>406</sup> Halle, 2009, s. 91.

vurderingane av arbeid og arbeidsmoral. At befolkninga i Noreg og Sverige var ivrige etter å kjøpe varer var altså ikkje eit problem i seg sjølv.

Ifølgje Steinar Supphellen er ikkje den topografiske litteraturen nasjonalistisk: «kanskje kunne det kallast eit slag kulturnasjonalisme, men det er ikkje nasjonalisme dersom ein vil leggja det minste av politisk medvit i retning av ønskje om å løysa banda til Danmark inn i ordet». <sup>407</sup> Supphellen meiner det er meir snakk om ei *fornuftig norsk patriotisme*, der ein framleis er tru mot den danske kongen. Fornufta kom likevel fram gjennom opplysningstida og rasjonalismen si ande, som i fellesskap peika ut ei line mot opplysning gjennom kunnskap og vitskap. Den patriotiske delen var nedfelt i at ein ønskja å framheve det norske fedrelandet, ein rik nasjon i seg sjølv. <sup>408</sup> Etter mi meining har reiseskildringane nettopp på dette området eit sterkt likskapstrekk med den topografiske litteraturen. Trass i at den fornuftige norske patriotismen *ikkje* var ein del av dei reisande si føresetnad for reisa, <sup>409</sup> var dei likevel opptekne av at eit kvart land fremja sine moglegheiter for å kunne auke livstilhøva til dei fleste. Dette var eit patriotisk prosjekt som kvart enkelt land måtte fremje, og som særskilt var ein argumentasjon etter Napoleonskrigane.

### Betraktningar

Det hadde vore spennande å undersøkt fleire reiseskildringar og over ein lengre periode, for å sjå korleis andre reisande stilte seg til marknadsretta produksjon og forbruk. Under arbeidet med oppgåva har det vore interessant å sjå etter tilnærmingar til marknadsretta produksjon og forbruk, og korleis vurderingar kring dette vart gjort av utanlandske reisande i Noreg og Sverige. Samtidig er det ut frå mengd vurderingar i skildringane tydeleg at dei reisande ikkje var mest interessert i skrive særskilt relatert til dette temaet. Dei fleste av funna mine er vovne saman med den store forteljinga om nordmenn og svenskar, landskapet dei levde i og det samfunnet dei høyrde til. Dette har gjort arbeidet noko meir utfordrande enn først venta. Likevel har eg gjennom arbeidet mitt funne ut at dei reisande generelt stilte seg positive til ei produserande befolkning, og at forbruk i seg sjølv ikkje var problematisk. Noko av det mest sentrale etter mi meining er korleis *kunnskap* spelte ein sentral rolle i vurderingane dei reisande gjorde. Kunnskap førte til ei forbetring i produksjonen med betre framstillingsmåtar og arbeidsmoral, og vidare betre kvalitet og konkurransedyktige varer. Kunnskap i forbruket gjorde ein til ein kritisk og fornuftig forbrukar.

---

<sup>407</sup> Supphellen, 1984, s. 425.

<sup>408</sup> Supphellen, 1984, s. 426.

<sup>409</sup> Dei reisande kom ikkje for å byggje opp kring norsk patriotisme, dei trong ikkje vere kongetru og var heller ikkje sendt på oppdrag av kongen eller andre.

## Kjelde- og litteraturliste:

### Trykte kjelder:

BUCH, Leopold von. *Travels through Norway and Lapland, during the Years 1806, 1807, and 1808*. London: British and Foreign Public Library, 1813.

CLARKE, Edward Daniel. *Part the third, Scandinavia, Volume the ninth*. I fleirbandsverket: *Travels in Various Countries of Europe, Asia and Africa*. London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1824.

———. *Travels in Various Countries of Scandinavia; including Denmark, Sweden, Norway, Lapland and Finland*. In two volumes. Volume I. ss. 538–764. London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1838.

———. *Part the third, Scandinavia, Section the Second*. I fleirbandsverket: *Travels in Various Countries of Europe, Asia and Africa*. London: Printed for T. Cadell Strand, by R. Watts Crown Court Temple Bar., 1823.

INGLIS, Henry David/Derwent Conway. *A Personal Narrative of a Journey through Norway, Part of Sweden, and the Islands and States of Denmark*. Edinburgh: Constable and co. and Hurst, Chance and co. London, 1829.

KÜTTNER, Carl Gottlob. *Travels through Denmark, Sweden, Austria and part of Italy in 1798 and 1799*. London: Printed for Richard Phillips, 6, Bridge Street, 1805.

LATHAM, Robert Gordon. *Norway, and the Norwegian, in two Volumes*. London: Richard Bentley, New Burlington Street, 1840.

MALTHUS, Thomas Robert. «The Scandinavian Journal, 1799», ss. 28–219 i: Patricia James. *The Travel Diaries of Thomas Robert Malthus*. Cambridge: The University Press for the Royal Economic Society, 1966.

———. *Reisedagbok fra Norge 1799*. Omsett av Thor Bryn etter Patricia James redigeringar. Oslo: J.W. Cappelens forlag, 1968.

THOMSON, Thomas. *Travels in Sweden During the Autumn of 1812*. London: Printed for Robert Baldwin, Paternoster-row, 1813.

WOLLSTONECRAFT, Mary. *Letters written during a short residence in Sweden, Norway and Denmark*. Surrey: Fontwell, 1970 (1796).

**Nettkjelder av Clarkes skildringar av Skandinavia:**

CLARKE, Edward Daniel. *Part the third, Scandinavia, Volume the ninth* (part 3, vol. 9):  
[http://books.google.no/books?id=118GAAAAQAAJ&printsec=frontcover&source=gbs\\_ge\\_summary\\_r&cad=0#v=onepage&q&f=false](http://books.google.no/books?id=118GAAAAQAAJ&printsec=frontcover&source=gbs_ge_summary_r&cad=0#v=onepage&q&f=false)

———. *Travels in Various Countries of Scandinavia; including Denmark, Sweden, Norway, Lapland and Finland*. In two volumes. Volume I. ss. 538–764:  
[http://books.google.no/books?id=jZ2p\\_VFd7UoC&printsec=frontcover&source=gbs\\_ge\\_summary\\_r&cad=0#v=onepage&q&f=false](http://books.google.no/books?id=jZ2p_VFd7UoC&printsec=frontcover&source=gbs_ge_summary_r&cad=0#v=onepage&q&f=false)

———. *Part the third, Scandinavia, Section the Second* (part 3, section 2):  
<http://books.google.no/books?id=J8IIAAAacAAJ&pg=PP9&dq=Travels+in+various+countri+es+of+Europe,+Asia+and+Africa.+3.+ed&hl=en&sa=X&ei=xilhU5m9J4f-ygPvtoH4Dg&ved=0CCoQ6AEwAA#v=onepage&q&f=false>



## Sekundærlitteratur:

AASEN, Elisabeth. *1800-tallets kvinner. På vei til stemmerett*. Oslo: Pax forlag, 2013.

AHLBERGER, Christer og Pia Lundqvist (red.). *Varans vägar och världar. Handel och konsumtion i Skandinavien ca.1600–1900*. Skrifter från Historiska institutionen i Göteborg, nr. 9. Göteborg: Göteborgs Universitet. Historiska Institutionen, 2007.

ANDERSSON, Gudrun og Klas Nyberg. *Kommers. Historiska handelsformer i Norden under 1700- och 1800-talen*. Uppsala: Swedish Science Press, 2010.

BAGGE, Sverre. *Det europeiske mennesket. Individoppfatninger fra middelalderen til i dag*. Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1998.

BARTON, H. Arnold. *Northern Arcadia. Foreign Travelers in Scandinavia, 1765–1815*. Carbondale and Edwardsville: Southern Illinois University Press, 1998.

BATTEN, Charles L. *Pleasure Instruction. Form and Convention in Eighteenth-Century Travel Literature*. Berkely/Los Angeles/London: University of California Press, 1978.

BERG, Maxine og Elizabeth Eger (red.). *Luxury in the Eighteenth Century. Debates, Desires and Delectable Goods*. New York: Palgrave Macmillan, 2003.

BJERKE, Ernst. «Selskabet for Norges Vels program. Selvstendighet gjennom kunnskap», ss. 61–73 i: John Petter Collett og Ernst Bjerke, *Vekst gjennom kunnskap. Det Kongelige Selskap for Norges Vel 1809–1814*. Oslo: Det kongelige selskap for Norges vel, 2009.

CARLÉN, Stefan. *Staten som marknadens salt. En studie i institutionsbildning, kollektivt handlande och tidig välfärdspolitik på en strategisk varumarknad i övergången mellan merkantilism och liberalism 1720–1862*. Stockholm: Almqvist & Wiksell, 1997.

COCKAYNE, Emily. *Hubbub. Filth, Noise and Stench in England*. New Haven and London: Yale University Press, 2007.

COLLETT, John Petter og Bård Frydenlund. *Christianias handelspatrisiat. En elite I 1700-tallets Norge*. Oslo: Andresen & Butenschøn, 2008.

CROWLEY, John. «From Luxury to Comfort and Back Again: Landscape Architecture and the Cottage in Britain and America», ss. 135–150 i: Maxine Berg og Elizabeth Eger (red.). *Luxury in the Eighteenth Century. Debates, Desires and Delectable Goods*. New York: Palgrave Macmillan, 2003.

- DAVIES, Mark. *A Perambulating Paradox. British Travel Literature and the Image of Sweden C. 1770–1865*. Ph.D.avhandling. Lund University, 2000.
- DICKENS, Charles. *A Tale of Two Cities*. Oxford: Oxford University Press, 2008.
- DOLAN, Brian. *Exploring European frontiers: British travellers in the age of Enlightenment*. Basingstoke: Macmillan, 2000.
- DUNCAN, James og Derek Gregory. *Writes of Passage: Reading Travel Writing*. London: Routledge, 1999.
- DYRVIK, Ståle. *Norsk historie, 1536–1814. Vegar til sjølvstende*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2011.
- ENGELSCHIØN, Otto Sverdrup. «H.D. Inglis' reiser i Norge i 1820-årene. En litterær, folkloristisk og topografisk mystifikasjon», ss. 1–17 [49–65] i: Nordisk Tidskrift för Bok- och biblioteksväsen. Årgang 43 (1956): nr. 2. Uppsala, 1956.
- ERIKSEN, Anne, Anders Johansen, Siv Ellen Kraft og Erling Sandmo. *Kulturanalyse. En teksthistorie*. Oslo: Pax forlag, 2008.
- EVJU, Håkon Andreas. «Velstandens forbannelser. Kriseforståelsen og synet på forholdet mellom rikdom og moral i Norge, 1807–1813», ss. 57–76 i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013.
- FJÅGESUND, Peter og Ruth A. Symes. *The Northern Utopia. British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century*. Amsterdam: Editions Rodopi, 2003.
- FRYDENLUND, Bård. «Før unionspartiet. Omstridte forbindelser og norske møter om helstatens fremtid 1809–1814», ss. 23–42 i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013.
- FRYKMAN, Jonas og Orvar Löfgren. *Det kultiverte mennesket*. Oslo: Pax forlag, 1994.
- GADAMER, Hans-Georg. *Sannhet og metode: Grunntrekk i en filosofisk hermeneutikk*. Oslo: Pax forlag, 2012.
- GADD, Carl-Johan. *Självhushåll eller arbetsdelning? Svenskt lant- och stadshantverk ca 1400–1860*. Göteborg: Ekonomisk-historiska institutionen vid Göteborgs universitet, 1991.

GLENTHØJ, Rasmus. *Fælles kultur – forskjellige nationaliteter. De borgerlige elites skabelse af en national identitet i Danmark og Norge 1807–1830*. Odense: Syddansk Universitet, 2010.

———. *Skilsmissen. Dansk og norsk identitet før og efter 1814*. Odense: Syddansk Universitetsforlag, 2012.

GUSTAFSSON, Harald. *Nordens historia. En europeisk region under 1200 år*. Lund: Studentlitteratur, 2007.

HALLE, Maria. «Her er Qvindfolkene meget drivtige.» *Topografenes syn på markedsrettet arbeid og forbruk i Norge og Sverige 1750–1800*. Masteroppgåve i historie. Universitetet i Oslo, 2009.

HAUPT, Heinz-Gerhard. «Comparative history – a contested method», ss. 697–716 i: *Historisk Tidskrift*, Svenska Historiska Föreningen 127, nr. 4 (2007).  
[http://www.historisktidskrift.se/fulltext/2007-4/pdf/HT\\_2007-4\\_697-716\\_haupt.pdf](http://www.historisktidskrift.se/fulltext/2007-4/pdf/HT_2007-4_697-716_haupt.pdf)

HUTCHISON, Ragnhild. *In the Doorway to Development. An Enquiry into Market Oriented Structural Changes in Norway ca. 1750–1830*. Ph.D.avhandling. Leiden: Brill, 2012.

———. «Wedgwood kaffekopp, (ca. 1800)», ss. 97–101 i: Jørgen Bøckman, Marlen Ferrer, Dag Hundstad, Ragnhild Hutchison og Hallvard Notaker, *Norges historie i 25 ting*. Oslo: Cappelen Damm, 2013.

IMERSLUND, Knut. *Abraham Phil – prest, prost og tusenkunstner*. Hamar: Oplandske bokforlag, 2010.

JAMES, Patricia (red.). *The Travel Diaries of T.R. Malthus*. Cambridge: The University Press, 1966.

———. *Population Malthus. His Life and Times*. London, Boston and Henley: Routledge, 1979.

KJELDSTADLI, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget, 1999.

KURRILD-KLITGAARD, Peter. *Adam Smith. Økonom, filosof, samfundstænkner*. København: Jurist- og Økonomforbundets Forlag, 2004.

- LEASK, Nigel. *Curiosity and the Aesthetics of Travel Writing, 1770–1840. 'From an Antique Land'*. Oxford: Oxford University Press, 2002.
- LUNDQVIST, Pia. *Marknad på väg. Den västgötska gårdfarihandeln 1790–1864*. Göteborg: Göteborgs Universitet, Avhandlingar från Historiska institutionen i Göteborg nr. 52, 2008.
- MALLET, Paul Henri. *Northern antiquities: or, a description of the manners, customs, religion and laws of the ancient Danes, and other northern nations; including those of our own Saxon ancestors. With A Translation of the Edda, or System of Runic Mythology, and Other Pieces, From the Ancient Islandic Tongue. In two Volumes*. London: T. Carnan and Co., 1770.
- MAGNUSSON, Lars. *Sveriges ekonomiska historia*. Stockholm: Bokförlaget Prisma, 1999.
- MASON, Roger. *The Economics of Conspicuous Consumption. Theory and Thought since 1700*. Cheltenham, UK/Northampton, USA: Edward Elgar, 1998.
- MINTZ, Sidney W. *Sweetness and Power. The Place of Sugar in Modern History*. New York: Viking Penguin, 1985.
- MORGAN, Marjorie. *National Identities and Travel in Victorian Britain*. Basingstoke: Palgrave, 2001.
- MÜLLER, Leos. «Kolonialprodukter i Sveriges handel och konsumtionskultur, 1700–1800», ss. 225–248 i: *Historisk Tidskrift*, Svenska Historiska Föreningen 124, nr. 2 (2004).
- OTTER, William. *The life and remains of Edward Daniel Clarke, Professor of mineralogy in the University of Cambridge. In two Volumes*. London: George Cowie and Co., 1825.
- OXENBØLL, Erik. *Dansk økonomisk tænkning, 1700–1770*. København: Universitetsforlaget i København, Akademisk Forlag, 1977.
- PALMER, R.R., J. Colton, L. Kramer. *A History of the Modern World, Since 1815*. New York: McGraw-Hill Higher Education, 2007.
- PEDERSEN, Mikkel Venborg. *Luksus. Forbrug og kolonier i Danmark i det 18. århundrede*. København: Museum Tusulanums Forlag, 2013.

POVLSEN, Karen Klitgaard (ed.). *Northbound. Travels, Encounters, and Constructions 1700–1830*. Århus: Aarhus University Press, 2007.

ROGAN, Bjarne. «Travelling – Between Materiality and Mental Constructs: Encounters in Norway in the Eighteenth and Nineteenth Centuries», ss. 243–264 i: Karen Klitgaard Povlsen (red.). *Northbound. Travels, Encounters, and Constructions 1700–1830*. Århus: Aarhus University Press, 2007.

RUNEFELT, Leif. «Från yppighets nytta til dygdens försvar – den frihetstida debatten om lyx», ss. 203–224 i: *Historisk Tidskrift*, Svenska Historiska Föreningen 124, nr. 2 (2004).

RYALL, Anka. «Mary Wollstonecraft. Nordens oppdagelse», ss. 181–193 i: Anka Ryall, *Odyssevs i skjørt. Kvinners erobring av reiselitteraturen*. Oslo: Pax forlag, 2004.

RÖNNBÄCK, Klas. «Flexibility and protectionism. Swedish trade in sugar during the early modern era», ss. 116–131 i: Christer Ahlberger og Pia Lundqvist (red.). *Varans vägar och världar. Handel och konsumtion i Skandinavien ca. 1600–1900*. Skrifter från Historiska institutionen i Göteborg, nr. 9. Göteborg: Göteborgs Universitet. Historiska Institutionen, 2007.

SCHIÖTZ, Eiler H. *Utlendingers reiser i Norge. Itineraria Norvegica. En bibliografi*. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget, 1970.

SIMMONS, James R. Jr., «Industrial and ‘Condition of England’ Novels», ss. 336–352 i: Patrick Brantlinger og William B. Thesing (ed.). *A Companion to The Victorian Novel*. Oxford: Blackwell Publishing, 2007.

SMITH, Adam. *Nasjonenes velstand I*. Omsett av Åshild Sonstad. Oslo: Bokklubbens kulturbibliotek, 2012.

———. *Nasjonenes velstand II*. Omsett av Åshild Sonstad. Oslo: Bokklubbens kulturbibliotek, 2012.

SUNDIN, Anders. «Regeringsformen 1809 i riksdagens förhandlingar», ss. 77–86 i: Bård Frydenlund og Odd Arvid Storsveen (red.). *Veivalg i Norden. 1809–1813*. Oslo: Akademika forlag, 2013.

SUPHELLEN, Steinar. «Historisk-topografisk litteratur ca. 1750–1800». *Heimen*, bind XVIII i: Steinar Imsen og Steinar Supphellen. *Studier i norsk historie 1537–ca. 1800. Tvillingriket 1660–ca. 1800. Norske historikere i utvalg VIII*. Oslo/Bergen/Stavanger/Tromsø: Universitetsforlaget, 1983.

———. *Innvandrerne by 1537–1800*, bind 2, Jørn Sandnes, Rolf Grankvist og Anders Kirkhusmo (red.), *Trondheims historie 997–1997*. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.

SVENNEVIG, Jan. *Språklig samhandling. Innføring I kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Cappelen Akademisk, 2009.

THOMAS, Keith. «Cleanliness and godliness in early modern England», ss. 56–83 i: Anthony Fletcher og Peter Roberts (ed.), *Religion, Culture, and Society in Early Modern Britain*. Cambridge: Cambridge University Press, 2006.

TØNNESSON, Kåre. «Regjeringsmakt og reform», ss. 178–191 i: *To revolusjoner, 1750–1815*, bind 10, Knut Helle, Jarle Simensen, Sven Tägil og Kåre Tønnesson (red.), *Aschehous verdenshistorie*. Oslo: Aschehoug og Co, 1985.

———. «Revolusjon, Napoleon og Europa», ss. 241–253 i: *To revolusjoner, 1750–1815*, bind 10, Knut Helle, Jarle Simensen, Sven Tägil og Kåre Tønnesson (red.), *Aschehous verdenshistorie*. Oslo: Aschehoug og Co, 1985.

VRIES, Jan de. «The Industrial Revolution and the Industrious Revolution», ss. 249–270 i: *Journal of Economic History*, vol. 54, nr. 2. Cambridge University Press, 1994.

———. «Between Purchasing Power and the World of Goods: Understanding the Household Economy in Early Modern Europe.» ss. 85–132 i: Pamela Sharpe (red.). *Women's Work. The English Experience 1650–1914*. London: Routledge, 1998.

———. *The Industrious Revolution. Consumer Behavior and the Household Economy, 1650 to the Present*. Cambridge: Cambridge University Press, 2008.

## Nettsteder:

*Allgemeine Deutsche Biographie*, s.v. «Leopold von Buch». 07.03.2014.

<http://www.deutsche-biographie.de/sfz6191.html>

*Norsk biografisk leksikon*, s.v. «J.F.L. Dreier». 02.05.2014. [http://nbl.snl.no/J\\_F\\_L\\_Dreier](http://nbl.snl.no/J_F_L_Dreier).

*Norsk biografisk leksikon*, s.v. «Nicolay Lysholm». 24.04.2014.

[http://snl.no/Nicolay\\_Lysholm](http://snl.no/Nicolay_Lysholm).

*Nynorskordboka*, Institutt for lingvistiske og nordiske studiar ved Universitetet i Oslo, i samarbeid med Norsk språkråd, s.v. «vurdere». 24.04.2014. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=vurdere&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>.

*Nynorskordboka*, s.v. «kremmerånd». 11.10.2013. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=kremmer%C3%A5nd&begge=+&ordbok= begge>.

*Ordnett*, s.v. «drone». 25.09.2013. <http://ordnett.no/search?search=drone&lang=en>.

*Ordnett*, s.v. «luksus». 05.05.2014. <http://ordnett.no/search?search=luksus&lang=no>.

*Sächsische Biografie*, hrsg. vom Institut für Sächsische Geschichte und Volkskunde e.V., bearb. von Martina Schattkowsky, s.v. «Carl Gottlob Küttner». 07.03.2014. [http://saebi.isgv.de/biografie/Karl\\_Gottlob\\_K%C3%BCttner\\_\(1755-1805\)](http://saebi.isgv.de/biografie/Karl_Gottlob_K%C3%BCttner_(1755-1805)).

*Store norske leksikon*, s.v. «Norges litteraturhistorie». 10.01.2013.

<http://snl.no/Norge/litteratur>.

*Store norske leksikon*, s.v. «porfyr». 30.04.2013. <http://snl.no/porfyr>.

*Store norske leksikon*, s.v. «bly». 30.04.2013. <http://snl.no/bly>.


## **Kartet i vedlegg I er henta frå Wikimedia commons:**

[http://commons.wikimedia.org/wiki/File:1827\\_Finley\\_Map\\_of\\_Scandinavia,\\_Norway,\\_Sweden,\\_Denmark\\_-\\_Geographicus\\_-\\_Scandinavia-finley-1827.jpg?uselang=nb](http://commons.wikimedia.org/wiki/File:1827_Finley_Map_of_Scandinavia,_Norway,_Sweden,_Denmark_-_Geographicus_-_Scandinavia-finley-1827.jpg?uselang=nb).

**Vedlegg I, kart:**

**«Denmark, Sweden, and Norway» frå 1827. Anthony Finley (1790–1840), amerikansk kartograf.**





Kartet identifiserer byar, skogar, vassdrag, myrer og kanalar. Det er fargekoda etter dei regionale politiske områda.